**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Formannskapet** |
| **Møtestad:** | **Voldsfjorden, Volda rådhus** |
| **Dato:** | **19.03.2019** |
| **Tid:** | **12:00** |

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar

VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 27/19 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 28/19 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 29/19 | **Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular** |
| PS 30/19 | **Volda ungdomsskule - Vidare prosess** |
| PS 31/19 | **Temaplan trafikktrygging 2020 - 2023, Volda kommune** |
| PS 32/19 | **Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre – Prosjekt** |
| PS 33/19 | **Flaggreglement for Volda kommune** |
| PS 34/19 | **Klage på søknad om å få nytte kommunal flaggstong.** |
| PS 35/19 | **Organisering av lærlingordninga i Volda kommune** |
| PS 36/19 | **Overføring av investeringsrammer frå 2018 til 2019** |
| PS 37/19 | **Årsmelding og skatterekneskap 2018** |
| PS 38/19 | **Løyving til Voldsfjordkryssing AS - Kommunestyret 13. desember 2018, Sak PS 137/18** |
| PS 39/19 | **Volda svømmehall - Tilbod om teknisk vurdering.** |
| PS 40/19 | **Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2018** |
| PS 41/19 | **Orienteringssaker** |
| OS 26/19 | **Undervisningskompetanse i Voldaskulen** |
| OS 27/19 | **Oversendingsframlegg til administrasjonen vedrørande budsjetthandsaminga** |
| OS 28/19 | **Uro over urealistiske økonomiske rammer i heile Møre og Romsdal** |
| OS 29/19 | **Trondheim kommune står fult og heilt bak prosjektet** |

# VOLDA KOMMUNE

| | |
|---|---|
| | **Helseplattforma** |
| OS 30/19 | **Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum** |
| OS 31/19 | **Statens vegvesen - vidare arbeid med felles samferdselspakke Volda og Ørsta** |
| OS 32/19 | **Referat ordførar rådmannsmøte 08.02.19** |
| OS 33/19 | **Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 21.02.19** |
| OS 34/19 | **Høyring - Endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting** |
| OS 35/19 | **Ønske om samarbeid mellom vennskapskommunene Volda og Latvia** |
| OS 36/19 | **Ørsta kommune - Melding om politisk vedtak om brøyting i Aldalen - Støttar ikkje** |
| OS 37/19 | **Tilbakemelding på varsel om nedlegging av telesentralar i Volda kommune** |

## PS 27/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

## PS 28/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Ivar Kongsvik | Arkivsak nr.: | 2018/1976 |
| | | Arkivkode: | A20 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 11/19 | Tenesteutval for oppvekst og kultur | 13.03.2019 |
| 29/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | 28.03.2019 |

## SAMLOKALISERING AV BRATTEBERG OG VIKEBYGDA SKULAR

**Handsaming:**
**Røysting (seks røysteføre)**:

Med leiar si dobbelrøyst fall administrasjonen sitt framlegg med fire røyster. Rebecca Riise Bjerknes, Henning Holsvik og Eiliv Halkjelsvik.

Tre røysta for administrasjonen sitt framlegg. Anne Lise Fredly, Idar Flo og Anne Grete Eiken

**Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.03.2019**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. ***Drifta ved Vikebygda skule vert avvikla 31.07.2019.***

2. ***Elevar som skal ta til i 1. klasse i sentrum vert frå 01.08.2019 fordelte mellom Bratteberg skule og Øyra skule.***

3. ***Bratteberg skule vil nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021. Elevar som går i 3. og 4. klasse komande skuleår vil fullføre 4. klasse i lokala til Vikebygda skule.***

   ***Elevar som komande skuleår går i 2. klasse, vert overført til Bratteberg skule når dei skal ta til i 4. klasse.***

***Så lenge elevane nyttar lokala til Vikebygda skule, vil dei ha skulefritidstilbodet sitt der.***

4. ***Viss situasjonen tilseier det, skal rådmannen vurdere om alle elevane kan førast over til Bratteberg skule på eit tidlegare tidspunkt enn skissert i punkt 3. Dette etter drøfting med FAU og SU.***

5. ***Midlar til trafikksikring kring skulen skal leggast inn i investeringsbudsjettet for 2020.***

6. ***Skulemodulane som no er lagra ved Øyra skule, skal nyttast til utviding av kapasiteten til Bratteberg skule viss ein finn det naudsynt.***

**Vedleggsliste:**

1. Høyringsdokument: *Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular 2019*
2. Vedlegg til høyringsdokument
3. Høyringsbrev m liste over mottakarar, ds 07.01.2019
4. Refleksjonsnotat frå O J Ertresvåg
5. Elevrådet ved Øyra skule
6. FAU ved Bratteberg skule
7. Engeset, Klepp, Nordal grendalag
8. Vikebygda grendautval
9. Tilsette ved Vikebygda skule
10. SU ved Bratteberg skule
11. Vedlegg til uttalen frå SU ved Bratteberg skule
12. Vedlegg til uttalen frå SU ved Bratteberg skule
13. FAU ved Øyra skule
14. SU og SMU ved Vikebygda skule
15. Elevrådet ved Bratteberg skule
16. FAU ved Vikebygda skule
17. Utdanningsforbundet Volda

**Uprenta saksvedlegg:**
Opplæringslova

**Samandrag av saka:**
I formannsskapet vart det den 27.11.2018 gjort slikt vedtak:

***1. Administrasjonen vert bede om å greie ut konsekvensane ved samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular.***

***2. Ein bed om at denne utgreiinga i tillegg til dei økonomiske og pedagogiske aspekta særs behandlar :***

- ***Barnetalsutviklinga i området opp mot framlegg til utbygging slik det ligg føre i arealplanen***
- ***Den reelle muligheita Bratteberg har for å ta i mot den nye elevgruppa med omsyn til dei fysiske omgjevnadene***
- ***Dei trafikale utfordringane som alt er på Bratteberg og dei miljømessige utfordringar knytt til den auka køyringa av elevar ein må forvente***
- ***Konsekvensar for bruken av SFO som i dag er monaleg større i Vikebygda enn på resten av Voldaskulane.***

***Saka skal leggast fram til politisk handsaming etter at den har vore til høyring.***

I samsvar med formannsskapet sitt vedtak, har administrasjonen utarbeidd eit høyringsdokument som vore ute på høyring.

I høyringsdokumentet la administrasjonen fram følgjande forslag til endring i grunnskuledrifta i Volda sentrum og som høyringsinstansane vart bedne om innspel og kommentarar til:

***1. Vikebygda skule vert nedlagt frå 01.08.2019 og elevane vert å høyre til Bratteberg skule.***

***2. Elevar som skal ta til i 1. klasse vert frå 01.08.2019 fordelte mellom Øyra skule og Bratteberg skule.***

***3. Bratteberg skule vil nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021. Elevar som går i 3. og 4. klasse komande skuleår vil fullføre 4. klasse i lokala til Vikebygda skule.***

***Elevar som komande skuleår går i 2. klasse, vert overført til Bratteberg skule når dei skal ta til i 4. klasse.***

***Så lenge elevane nyttar lokala til Vikebygda skule vil dei ha skulefritidstilbodet sitt der.***

**Saksopplysningar/fakta:**
Administrasjonen viser til høyringsdokumentet *Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda Skular 2019,* og legg det til grunn for tilrådinga til vedtak. Som det kjem fram av Høyringsdokumentet, vert vurderingane kring *barnets beste* vurdert i dette saksframlegget.

Etter innspel i høyringsrunden finn administrasjonen det vidare rett å kome attende til nokre moment og utdjupe dei noko meir utover det som kjem fram i høyringsdokumentet.

Det kom inn 13 høyringsuttalar som administrasjonen har oppsummert og kommentert der ein har funne det rett. Uttalane ligg ved saka i si heilheit.

**Høyringsuttalar med administrasjonen sine kommentarar**

**Refleksjon frå Odd Jarle Ertresvåg**
Ertresvåg reflekterer i sin uttale kring skule- og klassestorleik, og set eit kritisk lys på forskaren John Hattie, som hevdar at redusert klassestorleik ikkje har særskilt sterk positiv effekt. Ertresvåg understrekar opplæringslova sitt overordna mål som trumfar alle læreplanar.

**Elevrådet ved Øyra skule**
Elevrådet har hatt høyringsdokumentet oppe til drøfting. I uttalen skriv elevrådet at dette er ei vanskeleg sak for elevar i 3.-7. klasse å ta stilling til. Det vart røysta over om elevrådet skulle kome med eigen uttale eller om dei skulle ta saka til vitende. Med 5 mot 4 stemmer vart saka teke til vitende.

**FAU ved Bratteberg skule**
FAU ved Bratteberg skule er uroleg for om store investeringsplanar vil legge stort press på oppvekstsektoren, og at borna på den måten vert ein salderingspost.

FAU peikar vidare på dei trafikale tilhøva kring Bratteberg skule, og imøteser at kommunen tek eit initiativ for å skape ei trygg og god trafikkavvikling.

FAU ynskjer eigne lokale for skulefritidsordninga. I dag må ordninga nytte klasseroma til 1. og 2. klasse. Vidare ynskjer FAU konkrete og tidfesta planar for utviding av skulen.
FAU er uroleg for store klasser, og viser til ein studie som meiner 15 – 18 elevar er optimal storleik på ein klasse.

FAU ser at det er særs viktig å få ny ungdomsskule i Volda.
Til sist ser FAU det som særs viktig at symjetilbodet i Voldaskulen får eit løft.

**Engeset, Nordalen og Klepp grendalag**
Grendalaget ser at budsjettet til kommunen i økonomiplanperioden krev innsparingar og at det krev kollektivisme. Står ein ikkje saman om innsparingane vil den nærliggande strategien vere å kome gjennom med si eiga sak. Grendalaget konstaterer at Øyra er skulen med størst klasserom, og difor kan romme flest elevar. Grendalaget er samstundes uroleg for om dette kan gje Øyra eit uheldig press. Grendalaget stiller også spørsmålsteikn ved elevane frå Austefjord og kvar dei skal gå viss skulen der blir nedlagt.

Ved ei evt samlokalisering av Vikebygda og Bratteberg skular meiner grendalaget at ei opptaksgrense ved Heltneeleva bør vere flytande for å få ei jamn fordeling av elevar mellom Øyra og Bratteberg. Ressursar ved SFO Vikebygda bør kome SFO ved Øyra til gode.
Sparing som vert pålagt unge og gamle i Volda for å realisere ikkje lovpålagde investeringar er vanskeleg å akseptere for grendalaget.

***Administrasjonen sin kommentar***
*I grendalaget sin uttale vert det vist til at lærarnorma fjernar regelen om klassestorleik. Det var ikkje lovgitte reglar for klassestorleik før innføringa av lærarnorm. Opplæringslova sin*

*ordlyd var før og etter at norma kom at klassene, basisgruppene og gruppene ikkje må vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.*

*Grendalaget skriv at det på kommunestyremøte 14.02.2019 vart vedteke at Austefjorden skal tilhøyre Stor-Øyra skulekrins. I den saka er kommunestyret høyringspart. Saka om krinsgrenser i Austefjorden/Hornindal/Bjørke er det fellesnemnda for nye Volda kommune som skal ta stilling til.*

**Tilsette ved Vikebygda SFO**
Dei tilsette i skulefritidsordninga ved Vikebygda skule ynskjer at tilbodet ved Vikebygda skule skal halde fram. Dei synest ikkje lokala til SFO ved Bratteberg skule er gode nok eller eignar seg for drift av SFO med mange barn. Dei tilsette fryktar dette vil gje dårlegare kvalitet på SFO-tilbodet til brukarane.

**Samarbeidsutvalet ved Bratteberg skule**
Samarbeidsutvalet finn at saka er godt og sakleg utgreidd, og det er teke omsyn til ulike perspektiv i saka, både økonomisk og pedagogisk. SU ser at det er naudsynt å vurdere skulestrukturen i Volda med tanke på framtidige investeringsbehov.

SU tenker at overgangen til 5. klasse kan bli lettare for elevane når det skjer på skulen der dei allereie er kjende.

Su ser positivt på endra opptaksområde med Heltneelva som eit utgangspunkt for grensa mellom opptaksområde mellom Øyra og Bratteberg. Dette med tanke på skulevegen for elevane som bur vest for Heltneelva.

Trass i at Bratteberg skule ikkje er meir enn 20 år, er SU tydeleg på at skulen ikkje stettar behova, og det uavhengig av evt samlokalisering av Vikebygda og Bratteberg skular.

SU peikar på følgjande utfordringar som i all hovudsak er tilstades uavhengig av samlokalisering av skulane:

- Dei trafikale tilhøve både nord og aust for skulen
- Arbeidstilhøva for dei tilsette
- Betre lokalitetar for leiinga
- Behov for eigne SFO lokale
- Garderobetilhøve for elevane
- Eigna lokale for praksisstudentar
- Betre lagerplass

***Administrasjonen sin kommentar***
*I høyringsnotatet har administrasjonen hatt merksemda særleg kring dei trafikale utfordringane aust for skulen/innkøyringa frå Bakkelidvegen. Administrasjonen ser at trafikale utfordringar nord for skulen ikkje har kome tydeleg nok fram i høyringsnotatet. Begge punkta er likevel vurderte i høyringsnotatet, men det rette skal vere at det er rapportert om trafikale utfordringar også nord for skulen.*

**FAU ved Øyra skule**

For FAU ved Øyra skule har ny ungdomsskule høgast prioritet, og ser at det då kan vere behov for innsparingar for å kunne finansiere dette. FAU tek høyringsnotatet til vitende, og støttar ei samlokalisering av Vikebygda og Bratteberg skular. FAU skriv til sist at Øyra skule har kapasitet til å ta i mot fleire elevar.

**Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet ved Vikebygda skule**
Utvala ved skulen (heretter SU) ser at ny ungdomsskule er heilt naudsynt, og SU har samstundes forventningar om at det er ny ungdomsskule som kjem øvst på prioriteringslista mellom dei ulike investeringsplanane, sidan dette skal stette lovpålagde oppgåver.

SU har vanskar med å godta at nedlegging av Vikebygda skule skal vere ein del av innsparinga i sektor for opplæring og oppvekst. SU ynskjer ikkje at det er elevane ved Vikebygda skule som må «betale» for investeringane kommunen ynskjer å gjennomføre.

SU peikar på at Vikebygda har den største skulefritidsordninga når ein tek omsyn til elevtalet ved skulen og at dei føresette er godt nøgde med tilbodet. SU meiner tilsvarande tilbod ved Bratteberg skule ikkje har dei same gode lokalitetane som ordninga ved Vikebygda skule har. SU er uroleg for restkapasiteten Volda kommune vil ha ved ei samlokalisering, og stiller spørsmål ved korleis ein har planlagt å møte ein evt auke i elevtalet. Samstundes tek SU elevtalsframskrivinga til vitende, og ser føre seg at Vikebygda skule på sikt kanskje bør samlokaliserast med Bratteberg skule.

SU er ikkje nøgd med framlegget til nedtrapping/utfasing av Vikebygda skule. Vert skulen utfasa over to år, vil det særleg det siste året bli så få elevar ved skulen (20 elevar). SU ser det då som ei betre løysing at utfasinga skjer over berre eitt år, og at skulane vert samlokaliserte frå hausten 2020. På denne måten vil ein oppnå større økonomisk gevinst.

**Elevrådet ved Bratteberg skule**
Fleirtalet av elevane ved Bratteberg skule er i mot ei nedlegging av Vikebygda skule. På same tid ynskjer elevrådet at det skal vere utvikling i Volda, og det er forståing i elevrådet for at ein må spare pengar for å kunne realisere ny ungdomsskule og symjehall.

Elevrådet meiner Bratteberg skule har for liten plass og for få grupperom. Vidare meiner elevrådet at klassene kan bli store ved ei samlokalisering, og nokre elevar kan få lang skuleveg. Elevrådet meiner at ei samlokalisering må vente til det er plass på Bratteberg skule.

***Administrasjonen sin kommentar***
*I administrasjonen sitt framlegg er det ikkje lagt opp til at det skal verte fleire klasser ved Bratteberg skule. Som før skal det vere ein klasse på kvart steg i 1. – 4. klasse. Det tyder at det ikkje blir fleire elevar enn skulen til vanleg må vere budd på å ta i mot. Konsekvensen blir at elevane som skal ta til i 1. klasse vert fordelte mellom skulane på ein annan måte enn i dag. Fleire av dei som skal byrje i 1. klasse får tildelt plass ved Øyra skule og ikkje Bratteberg skule. Administrasjonen sluttar seg likevel til elevrådet sine vurderingar kring behovet for meir plass ved Bratteberg skule. Eit behov som er til stades uavhengig av denne saka.*

**Heltne/Bratteberg grendalag**
Grendalaget understrekar dei trafikale utfordringane kring skulen, og at grendalaget i 2012 sende innspel til kommunen i samband med trafikktryggingsplanen. Grendalaget skriv at behova for strakstiltak er særleg store i Bakkelidvegen, som er einaste tilkomsten til

Brattebergfeltet. Grendalaget påpeikar behovet for redusert fartsgrense i området kring Bratteberg skule, og det er ynskje om fartsdempande tiltak.

Grendalaget set spørsmålsteikn ved om det er teke høgde for fødselstala for dei siste åra, og om Volda kommune utan Vikebygda skule er rusta for å møte ein ønska elevtalsauke i framtida.

Grendalaget saknar ei vurdering kring generasjonsskifte som skjer, særleg i den nedste delen av feltet.

***Administrasjonen sin kommentar***
*I høyringsnotatet har administrasjonen hatt merksemda særleg kring dei trafikale utfordringane aust for skulen/innkøyringa frå Bakkelidvegen. Administrasjonen ser at trafikale utfordringar nord for skulen ikkje har kome tydeleg nok fram i høyringsnotatet. Begge punkta er likevel vurderte i høyringsnotatet, men det rette skal vere at det er rapportert om trafikale utfordringar også nord for skulen.*

*I elevtalsprognosane ligg oppdaterte fødselstal også for dei to siste åra. Det er ikkje gjort særskilte vurderingar kring evt generasjonsskifte i nokon delar av sentrum.*

**FAU ved Vikebygda skule**
FAU oppsummerer sitt eige høyringssvar på følgjande måte:

- Skule- og SFO-tilbodet for 1.-4. klassingar ved Vikebygda skule har samla sett svært gode og unike kvalitetar. FAU argumenterer for at det er lite sannsynleg å oppretthalde same kvalitet viss forslaget vert gjennomført. Å oppretthalde kvaliteten på tilboda er ikkje eit tema i høyringsdokumentet, og dette er ein alvorleg mangel.
- Kostnadene for redusert kvalitet er det borna i 1.-4. klasse i sentrum som må ta. Ved både Øyra og Bratteberg skular er det markant uro med tanke på auka press både i høve til lærarressursar og plass. Planar og konsekvensar manglar.
- Vikebygda FAU meiner *barnas beste* ikkje er godt nok utgreidd i forslaget.
- Økonomisk er forslaget i høyringsdokumentet svært tynt dokumentert. Det ligg ikkje føre dokumentert tabell om innsparing på 2,5 millionar pr år. Nokon lengre plan for gevinstrealisering finnast ikkje. Elevar og lærarar skal flyttast til kroner 0 – ingen kostnad er dokumentert. Dette stemmer ikkje, og utgjer ei monaleg usikkerheit.
- FAU veit det vil kome år med låge elevtal for Bratteberg og Vikebygda. Skuleeigar kan bruke sin styringsrett saman med skuleleiinga, FAU og foreldre for å syte for at klassene blir planlagt med forsvarleg storleik også desse åra. Det er nok elevar til dette i sentrum samla sett. Ein slik praksis ligg allereie i høyringsdokumentet – men gjeld då flytting av elevar andre vegen, frå Bratteberg til Øyra.
- FAU meiner å ha dokumentert at forslaget om nedlegging vil føre til totalt sett auka biltrafikk, ha ein negativ miljø- og helseeffekt og føre til monaleg mindre trygg skuleveg for eit stort tal elevar.
- Ei nedlegging vil fjerne all restkapasitet ved skulane i sentrum. Gjeve kommunen sitt mål om folkevekst og prognosane som finnast for dei neste 10 åra, er det truleg at ein innan relativt kort tid må gjere investeringar for å dekke behovet. Den planlagde innsparinga er forhasta.

***Administrasjonen sin kommentar***
*Det har ikkje kome høyringsuttalar frå tilsette eller samarbeidsorgan ved Øyra skule som gir grunn til å hevde at det der er markant uro med tanke på auka press både i høve til lærarressursar og plass.*

*I oppsettet over estimerte innsparingar er det teke høgde også for auka kostnader ved mottakarskulane. I saksframlegget er det lagt fram oppdatert estimat for innsparingane når all drift er avslutta i bygningane til Vikebygda skule.*

*Viss FAU ved Vikebygda meiner at skuleeigar sjølv kan styre storleiken på klassene ved dei tre barneskulane i sentrum er det feil. Sjølv om ein skulle kome fram til ei «forståing» mellom skuleleigar, FAU og foreldre, er det opplæringslova § 8-1 sin ordlyd som styrer kvar elevane har rett til å gå på skule:*

> ***Grunnskoleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.***

**Utdanningsforbundet Volda**
I sitt høyringssvar understrekar Utdanningsforbundet kvalitetane til Vikebygda skule og skulefritidsordninga.

Viss skulane vert samlokaliserte argumenterer Utdanningsforbundet for ei raskare utfasing av Vikebygda skule enn det som er administrasjonen sitt framlegg i høyringsnotatet.

Utdanningsforbundet argumenterer for drift i lokala til Vikebygda skule skuleåret 2019/2020, og at ein frå skuleåret 2020/2021 slår saman skulane. I motsett fall vil det siste tida verte eit svært lite og sårbart miljø for både elevar og tilsette.

**Vikebygda grendautval**
I konklusjonen i sin uttale skriv grendalaget at dei krev at Vikebygda skule skal bestå, og at saka skaper stor uro og frustrasjon hjå store innbyggargrupper. Grendalaget meiner det ikkje er god samfunns- og kommuneøkonomi å legge ned Vikebygda skule, og argumenterer med at det snarare vil føre til større kostnader og lågare kvalitet på tilbodet. Grendalaget held fram at ei nedlegging ikkje er berekraftig, korkje økonomisk, kvalitetsmessig eller miljømessig.

Vidare skriv grendalaget:

> *Volda kommune har dei to føregåande åra brukt betydelige midlar på å ruste opp skulen. Var det pengar ut glaset? Kva slags signal sender Volda kommune til innbyggarane om de vel å forvalte midlane i samfunnet på denne måten?*
>
> *Vikebygda skule har 9,6 årsverk. Desse årsverka forsvinn ikkje ved ei nedlegging, jamfør lærarnorma Stortinget har vedteke, men vert berre forflytta.*
>
> *Som innbyggjarar (og mange av dei heimflyttarar!) vil vi gje våre folkevalde ei klar forventning om at Volda kommune i staden for å stadig truge med skulenedleggingar, ser verdien av å satse på framtida, altså born i skulen, og heller nedprioritere ikkje-lovpålagde oppgåver i sine budsjett.*
>
> *Dersom vi fortsatt ønskjer å vere* ***Skulebygda Volda*** *må grunnskulen vår ha bemanning innanfor lærarnorm, kvalitet, trivsel og kapasitet, også for framtida. Og det legg ikkje dette høyringsforslaget opp til!*

*Vi krev at vi og borna våre vert høyrde!*

*Skule og SFO handlar om dei lovpålagde oppgåvene til kommunen. Dette var TOK klare på, og vedtok å ikkje gjere Vikebygda skule til salderingspost i budsjettet. Kommunen lyttar ikkje til verken eige kommunalt utval, ei samla foreldregruppe eller dei det råkar: borna.*

*Vi viser til informasjon frå Fylkesmannen medio februar 2019: "Kommunane skal sikre at barn og unge veks opp i gode omgivnader, og syte for at deira interesser blir høyrt og tatt i vare, jamfør artikkel 12 i FNs barnekonvensjon. Dette er eit heilskapleg ansvar som alle i kommunen må gjere ein innsats for."*

*Dette gjeld altså også Volda kommune, både oppvekstsjef, rådmann og politikarar!*

***Administrasjonen sin kommentar***
*I sin uttale har grendalaget både spørsmål og kjem med påstandar administrasjonen finn å måtte kommentere.*

1. *Grendalaget er særs uroa over at oppvekstsjef og rådmann i kommunen ikkje har lik kjennskap til dei kommunale styringsdokument og planar som dei som innbyggarar har, og viser til at det i høyringsnotatet ikkje er teke omsyn til potensialet for utbygging av bustadtomter i Øvre Heltne/Vikebygda.*

   *Situasjonen kring utbygde og planlagde bustadområde i Øvre Heltne og Vikebygda er gjort greie for på side 15 og 16 i høyringsnotatet. Det er også gjort greie for at det største feltet, B58, ligg rett nord for Bratteberg skule og at Bratteberg difor vil bli nærskulen for framtidige elevar i dette området.*

2. *Grendalaget er kritisk til at det vert lagt til grunn eit for knapt framtidsperspektiv i høyringsnotatet og det vert stilt spørsmålsteikn ved bruken av talmateriale i notatet. Grendalaget legg fram ein tabell som syner ein differanse mellom tal 1. klassingar og tal fødde seks år tidlegare. Administrasjonen forstår tabellen slik at talet på fødde som grendalaget nyttar gjeld tal fødde i heile kommunen, og at spørsmålet er kvar dei bur dei «overskytande» som ikkje tek til på skule i sentrum.*

   *For elevane som skal starte i 1. klasse 2021 – 2024 er fordelinga av elevar slik (tala henta frå folkeregisteret):*

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Mork | 10 | 22 | 11 | 16 |
| Sentrum | 70 | 74 | 68 | 82 |
| Austefjord | 4 | 0 | 4 | 4 |
| Folkestad | 7 | 2 | 4 | 6 |
| Dalsfjord | 4 | 10 | 5 | 9 |
| Sum | 95 | 108 | 92 | 117 |

*Administrasjonen vert bede om ein analyse som fyl SSB sine framskrivingar.*
*I saksframlegget til politisk handsaming vert dette eit eige punkt.*

3. *Grendalaget hevdar at Vikebygda skule er den einaste av skulane i sentrum som driv etter lærarnorma.*

   *Her har grendalaget funne fram feil opplysningar om Øyra skule. Gruppestorleik 2 ved Øyra skule er inneverande skuleår 15,9, og held seg dermed innanfor norma som skal vere 16.*

   *Når Udir sin kalkulator vart publisert, og det kom fram at Bratteberg skule ikkje var innafor norma, tok oppvekstsjef kontakt med rektor som gjekk gjennom timetildelinga til 1. – 4. klasse på nytt. Det vart etter dette sett inn fleire lærartimar i 1.-4. klasse, slik at Bratteberg skule no skal stette krava til lærarnorm.*

   *Utover dette viser tala grendalaget har funne fram det same som administrasjonen har påpeika ved fleire høve; viss høg lærartettleik er eit gode i seg sjølv, er dette godet ulikt fordelt i Voldaskulen.*

   *Administrasjonen kan trygge grendalaget på at oppvekstsjefen ikkje har sin eigen måte å rekne ut lærarnorma. Norma gjeld for hovudstega 1.-4., 5.-7, og 8.-10., og skal reknast ut på skulenivå og ikkje på klassenivå.*

4. *Grendalaget har funne tal på timar til spesialundervisning i GSI (grunnskulen sitt informasjonssystem) som vert brukt for å underbygge påstanden om at mindre einingar gir mindre behov for spesialundervisning. Tala grendalaget legg til grunn viser at det er minst spesialundervisning ved Vikebygda skule i 1.-4. klasse, og mest ved Bratteberg skule, heile 35,49 %. Dette er feil.*

   *Administrasjonen finn ikkje at spesialundervisning er særskilt relevant i denne samanheng, men sidan grendalaget har brukt feil talmateriale, finn administrasjonen å måtte kommentere og rette på dette.*

   *Grendalaget har ikkje høve til å logge seg inn i GSI for på den måten få meir spesifiserte tal. Grendalaget har difor blanda saman timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring.*

   *Dei rette tala for dei tre skulane inneverande skuleår er:*

| | *Alle timar brukt i 1.-4. klasse* | *Av dette timar til spesialundervisning* | *Prosent spesialundervisning* |
|---|---|---|---|
| *Vikebygda* | *3449* | *570* | *16,5* |
| *Bratteberg* | *4418* | *456* | *10,3* |
| *Øyra* | *10346* | *1596* | *15,4* |

**Elevtalsutvikling og framskrivingar i Volda sentrum**
Frå fleire hald har administrasjonen fått kritikk og spørsmål kring elevtalsframskrivingar og vurderingar av SSB (Statistisk sentralbyrå) sine framskrivingar.

I høyringsdokumentet har administrasjonen lagt fram tal som viser kor mange elevar ein må vente tek til i skulen fram til 2024. Dette er basert på tal henta frå folkeregisteret over born fødde i Volda 2013 – 2018 med postadresse 6100 – 6104 og 6106. Desse tala fortel kor mange elevar ein kan vente skal starte i skulen i åra 2019 – 2024:

| | *2019* | *2020* | *2021* | *2022* | *2023* | *2024* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Mork* | *15* | *12* | *10* | *22* | *11* | *16* |
| *Sentrum* | *75* | *68* | *70* | *74* | *68* | *82* |
| *Austefjord* | *5* | *1* | *4* | *0* | *4* | *4* |
| *Folkestad* | *5* | *5* | *7* | *2* | *4* | *6* |
| *Dalsfjord* | *4* | *4* | *4* | *10* | *5* | *9* |
| *Sum* | *104* | *90* | *95* | *108* | *92* | *117* |

Tala viser at det vil vere tilstrekkeleg kapasitet på Øyra og Bratteberg skular til å gje skuleplass til elevane i sentrum fram til 2024. Administrasjonen har samstundes vore tydeleg på at kapasiteten i sentrum vil bli utfordra viss elevtalet grunna innflytting aukar fram mot 2024.

Eit moment det er viktig å kaste lys på er at det vil bli frigjort klasserom ved Bratteberg skule etterkvart som det det blir berre eitt årssteg i 5. – 7. klasse. Det tyder at talet på klasser gradvis vil gå frå 10 til 7.

Dei etterkvart frigjorde klasseroma vil saman med modulane som er skildra i tilrådinga kunne betre kapasiteten ved Bratteberg skule monaleg. Dette vil gje høve til betre lokalitetar til skulefritidsordninga, gje høve til grupperom/avlastningsrom og betre arbeidsplassar til dei tilsette.

I debatten i denne saka har fleire vist til prognosane i kommuneplanen sin samfunnsdel der det er vist til SSB sine framskrivingar av barnetal fram mot 2030. I kommuneplanen er det tabell 10213 som er brukt som grunnlagsmateriale, som er framskrivinga som vart gjort av SSB i 2014. Oppdatert prognose i 2018 vil kunne gje ein peikepinn på kva SSB spår av utvikling fram mot og etter 2030.

Tala under viser talet på 6-åringar i Volda kommune etter SSB sine berekningar og framskrivingar der middels nasjonal vekst vert lagt til grunn.

Tabell 10213 er framskrivinga frå 2014.[1]
Tabell 11168 er framskrivinga frå 2016.[2]
Tabell 11668 er framskrivinga frå 2018.[3]

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | 2031 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tabell 10213 | 100 | 105 | 117 | 121 | 125 | 129 | 132 | 133 | 135 | 135 | 136 | 136 | 136 |
| Tabell 11168 | 91 | 109 | 93 | 106 | 120 | 125 | 129 | 133 | 135 | 137 | 139 | 139 | 138 |
| Tabell 11668 | 83 | 104 | 93 | 97 | 109 | 103 | 111 | 115 | 119 | 122 | 125 | 127 | 129 |

Som tala viser, har SSB dempa forventningane om auke i talet på 6-åringar frå framskrivinga i 2014 til framskrivinga i 2018.

[1] https://www.ssb.no/statbank/table/10213/tableViewLayout1/
[2] https://www.ssb.no/statbank/table/11168/tableViewLayout1/
[3] https://www.ssb.no/statbank/table/11668/tableViewLayout1/

Viss SSB får rett i sine siste prognosar, og ein reknar at kring 30 av 6-åringane kvart år er busette utanfor Volda sentrum, er det først i 2027/2028 at kapasiteten vert utfordra ved ei endring i strukturen i sentrum.

**Trafikkavvikling kring Bratteberg skule**
Trafikkavviklinga kring Bratteberg skule har fått merksemd i høyringsnotatet. Fleire av høyringspartane har påpeika at det ikkje kjem tydeleg fram at det er utfordringar både nord og aust for skulen.

I høyringsdokumentet har administrasjonen skrive:

> *Det er ikkje rapportert særlege utfordringar ved avkøyrsla/parkeringsplassen nord for skulen i Hjellbakkane, heller ikkje i samband med av/på buss. Det vert difor ikkje rådd til særlege tiltak der.*

Dette er ikkje korrekt, og administrasjonen beklagar at det ikkje har kome tydeleg fram dei utfordringane som har vorte påpeika av både skulen og grendalaget tidlegare. Samstundes held administrasjonen fast på at det er innkøyringa frå Bakkelidvegen til skulen som bør få prioritet mellom desse to punkta.

**Tempo i ei eventuell samlokalisering**
Fleire av høyringspartane har teke opp spørsmålet om auka tempo i samlokaliseringa viss det vert vedteke. Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet ved Vikebygda skule argumenterer for ei tidlegare samlokalisering enn det administrasjonen legg opp til i si tilråding. Dei ser det som mest tenleg at det er full drift ved Vikebygda skule skuleåret 2019/2020, for så flytte alle elevane til Bratteberg skule året etter.

Administrasjonen sitt framlegg inneber at det ikkje vert teke inn 1. klassingar ved Vikebygda skule komande skuleår. Viss situasjonen tilseier det, er administrasjonen open for å samle alle elevane hausten 2020, og vil legge det inn som ein del av tilrådinga til vedtak.

**Barnets beste**
På Barneombodet si nettside heiter det mellom anna:

> *Noen ganger kan voksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner.*

Jfr barnekonvensjonen artikkel 3, skal denne saka til liks med andre saker som vedkjem born, ta omsyn til *barnets beste*. Omgrepet *barnets beste* vert oftast brukt i barnefordelingssaker, men i all kommunal forvaltning som vedkjem born skal *barnets beste* vere eit grunnleggande omsyn. Det beste for barnet er likevel ikkje det einaste relevante i saka, og når ein skal ta omsyn til det beste for fleire barn i same sak, må ein finne ei løysing som tek vare på alle omsyna og alle borna.

Ein må vurdere i kva grad tilbodet elevane får ved ei endring veg opp for evt ulemper endringa fører med seg. Vidare må ein vurdere om dei økonomiske grunnane veg tungt nok til at ein aksepterer ulempene ved ei endring.

I denne saka skal det beste for eit ubestemt tal elevar takast omsyn til. Tilrådinga til vedtak vil få som konsekvens at eit tal elevar som til vanleg ville ta til ved Vikebygda skule får

Bratteberg som sin skule, medan eit tal elevar som til vanleg ville ta til ved Bratteberg skule vil få Øyra skule som sin nærskule.

Ingen elevar vil gå i grupper som er større enn det som er tryggleiksmessig og pedagogisk forsvarleg, og i alle grupper skal lærarnorma vere oppfylt. Alle elevar vil få tilbod om skulefritidsordning på sin nærskule.

Nokre elevar vil få lenger skuleveg enn dei ville fått utan endring i skuledrifta, men opplæringslova sikrar retten til skuleskyss for dei som har krav på det. Skulle skulevegen verte vurdert til å vere særleg farleg eller vanskeleg, vil lova også gje rett til skyss.

Volda kommune står ved eit skifte der det er naudsynt med endring for å kunne frigjere midlar til investeringar innan grunnskuledrifta. Det er behov for ny ungdomsskule, og kommunen treng betre symjeanlegg til grunnskuleelevane. Gjeldande økonomiplan legg til grunn at det skal gjerast tiltak for å frigjere midlar til å finansiere desse investeringane.

I den grad ei endring i grunnskuledrifta i sentrum måtte føre til ulempe for enkeltelevar, veg omsynet til ei samla gruppe grunnskuleelevar og behovet for midlar til naudsynte investeringar tungt.

Gjennom elevråda og dei føresette i FAU og SU har elevane vorte høyrde. Elevrådet ved Bratteberg skule er uroleg for om Bratteberg skule har god nok kapasitet. Til dette er det å svare at ei endring i grunnskuledrifta ikkje vil få som konsekvens at Bratteberg får fleire elevar enn skulen til vanleg må vere budd på å få. Som døme er det grunn til å tru at skulen får 20 elevar i 1. klasse komande skuleår viss ei endring i grunnskuledrifta vert gjennomført.

Elevrådet ved Øyra skule har vedteke ikkje å kome med eigen uttale, men tek saka til vitende.

Det er også eit val å oppretthalde skulestrukturen slik den er i dag, og omsynet til *barnets beste* vil også då gjere seg gjeldande. Å oppretthalde strukturen vil gje skuleeigar mindre rom til å frigjere midlar til naudsynte investeringar som vil kome alle elevane i sentrum til gode.

Administrasjonen har forståing for uroa foreldre kan kjenne på når det kjem framlegg til strukturelle endringar i skuledrifta. Samstundes finn administrasjonen det vanskeleg å forsvare ein struktur som ikkje er økonomisk berekraftig, og som på sikt vil gje alle elevane i grunnskulen i Volda eit redusert tilbod.

Ein har ikkje vurdert at ei endring i strukturen i sentrum går på tvers av det som er til det beste for elevane på nokon måte som gjer det utilrådeleg å gjennomføre strukturell endring i grunnskuledrifta i sentrum.

**Vurdering og konklusjon**

Avgjerder knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen, og må bygge på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar.

Kommunestyret som skuleeigar har eit ansvar for å sjå heile Voldaskulen og at alle elevane i kommunen har eit likeverdig tilbod uavhengig av storleiken på skulen. Det vert av foreldre ved mindre skular argumentert med at høg lærartettleik er eit gode. Dersom ein ser landet under

eitt, så har Volda fleire skuleeiningar med udelte barnesteg og må bruke meir ressursar pr elev enn det lærarnorma tilseier.

Volda kommune står ved eit skifte der det er naudsynt med endring. Skal kommunen greie å yte gode tenester og samstundes realisere store og naudsynte investeringar, må ein dreie ressursar frå barnehage og skule i retning av færre einingar som bind opp ressursar.

I økonomiplanen for 2019-2022 har kommunestyret lagt opp til ei samla investeringsramme på kr 633 mill eks. mva. Renter og avdrag vil auke med om lag kr 30 mill. Etter planen skal drifta reduserast med om lag 40 mill i 2022. Dette vil innebere eit retningsval for kommunestyret, hardt arbeid i administrasjonen og upopulære politiske vedtak i enkeltsaker. Alternativet er å halde fram tenestestrukturen slik den er i dag og investere berre på eit minimumsnivå.
Denne saka er ei sak der administrasjonen rår til det mange opplever som eit upopulært vedtak.

Administrasjonen har vist at det er vektige grunnar til å fase ut Vikebygda skule som eiga driftseining, og utnytte betre kapasiteten ved nye Øyra skule, som har vesentleg større kapasitet til å ta i mot elevar enn det skulen vil få viss det ikkje vert gjort endringar i skulestrukturen i sentrum.

Sjølv om kapasiteten kan verte utfordra, er det i eit langsiktig perspektiv betre at kommunen konsentrerer barneskuledrifta i sentrum kring to skular framfor tre. Ein må vere budd på å utvide kapasiteten til Bratteberg skule på eit tidspunkt, eit behov skulen truleg vil ha uavhengig av denne saka, om enn i noko mindre grad.

Det er både fagleg og økonomiske omsyn som ligg til grunn for tilrådinga til vedtak. Administrasjonen finn det naudsynt at grunnskulen i Volda kommune frigjer meir ressursar for å kunne bidra til økonomisk berekraft sett i høve dei samla utfordringane i økonomiplanperioden. Skal grunnskuledrifta bidra til økonomiske innsparingar må det skje gjennom strukturelle endringar. Det er ikkje forsvarleg å hente ut ressursar frå drifta slik strukturen er i dag.

Barnets beste er vurdert i saka, og i desse vurderingane har administrasjonen ikkje funne noko som talar mot ei endring i skulestrukturen i sentrum

I lys av dette, og etter ei samla vurdering, rår administrasjonen til at drifta ved Vikebygda skule vert avvikla frå 31.07.2019.

**Økonomiske konsekvensar**
I høyringsnotatet er det estimert kva innsparingar avvikling av drifta ved Vikebygda skule og SFO vil gje. Innsparingane blir differansen mellom sparte kostnader og utgifter i samband med endringa.

Det vil alltid vere usikre moment i ei slik berekning, og administrasjonen legg til grunn kva innsparing ein vil få når all drift er avvikla ved Vikebygda skule.

Når drifta ved Vikebygda skule vert avvikla, vert tildelt budsjett for 2019 rekna som innsparing. Elevane som ville hatt sitt skuletilbod ved Vikebygda må då få tilbodet ved ein annan skule, og det vil gje auka kostnader der gjennom auka behov for lærarar og noko auka driftsbudsjett. Auka behov for administrativ ressurs ved Bratteberg skule vert også rekna som ei utgift.

Endringa vil gje høve for reduksjon i administreringa av skulefritidsordninga med ei halv stilling. Utanom dette er det her ikkje rekna innsparing i drifta av SFO.

Endringa vil vidare gje innsparingar i drift, vedlikehald, reinhald og energi.

| | Innsparing/utgift | |
|---|---|---|
| Budsjett Vikebygda skule 2019 | 5 395 000 | |
| Drift, vedlikehald, reinhald, energi | 1 000 000 | |
| Redusert adm SFO | 260 000 | |
| Auka lærarressurs andre skular | - 3 000 000 | |
| Auka adm Bratteberg skule | - 390 000 | |
| Auka driftsbudsjett andre skular | - 200 000 | |
| Estimert innsparing | 3 065 000 | |

Sparte kapitalutgifter knytt til behov for utbetring av Vikebygda skule ved vidare drift, er ikkje teke med i estimatet sidan det er kapital som bør setjast av til tiltak ved Bratteberg skule.

Volda kommune står overfor store investeringar for å stette krava til symjeundervisning i Volda sentrum, samt behovet for ein nye ungdomsskule. Det er også behov for investering i barnehagebygg i Volda sentrum. For å få rom til desse lovfesta tiltaka, må det gjerast endringar i drifta for å frigjere ressursar til auka renter og avdrag. Kommunestyret har i sak 5/19 vedteke køyrereglar for økonomistyring for at økonomiplanen kan følgjast opp:

- ✓ Ingen auke i driftsrammer utover budsjettvedtak. Eit nytt behov må finansierast av reduksjon i eksisterande ramme
- ✓ Om behov for enkeltsaker med økonomisk konsekvensar bør dette leggjast til fellessaker som budsjett og økonomirapportering
- ✓ Endring i rammer på investeringsprosjekt må finansierast gjennom reduksjon i andre prosjekt
- ✓ Strukturendringar innan helse og omsorg og skule og barnehage må til. Om ikkje vil dette medføre drastiske endringar på kvalitet i tenesteproduksjon
- ✓ Leggje seg på eit nivå og standard på tenester som er godt nok for å tilfredsstille krava i lov og forskrift.
- ✓ Konsentrere seg om kommunen sine kjerneoppgåver.

Volda har ei grunnskuledrift som er om lag 10 mill dyrare enn td. Ørsta kommune, for nye Volda vil dette vere om lag 11 mill dyrare. Dette framgår av Kostratabellen nedanfor. Volda må basere seg på å drive rimelegare enn samanliknbare kommunar på alle tenesteområde for å forsvare dei større investeringane i åra framover.

| Netto driftsutgifter pr. innbyggjar (justert for utgiftsbehov), År 2017 | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Nye Volda | Ørsta | Herøy | K-gr 11 | Møre og Romsdal |
| Pleie og omsorg | 18 186 | 18 673 | 16 249 | 16 858 | 18 261 |
| Grunnskole | 14 052 | 12 933 | 13 207 | 14 302 | 13 854 |
| Barnehage | 8 473 | 9 280 | 8 243 | 8 477 | 8 749 |
| Adm, styring og fellesutgifter | 4 822 | 4 407 | 4 915 | 4 599 | 4 296 |
| Sosiale tjenester | 2 049 | 1 928 | 3 010 | 2 964 | 2 397 |
| Kommunehelse | 2 271 | 2 065 | 2 641 | 2 650 | 2 372 |
| Barnevern | 757 | 15 | 1 434 | 1 468 | 1 496 |
| Kultur og idrett | 1 340 | 1 498 | 2 461 | 2 100 | 1 853 |
| Plan, kulturminner, natur og nærmiljø | 792 | 555 | 613 | 571 | 646 |
| Andre områder | 2 804 | 2 782 | 4 005 | 2 986 | 2 665 |
| - Brann og ulykkesvern | 1 085 | 975 | 1 116 | 934 | 957 |
| - Kommunale boliger | -377 | -142 | 55 | -30 | -182 |
| - Samferdsel | 1 621 | 1 480 | 1 731 | 1 309 | 1 049 |
| - Næringsforv. og konsesjonskraft | -291 | -179 | 238 | 49 | 133 |
| - Kirke | 766 | 648 | 865 | 724 | 708 |
| **Totalt** | **55 546** | **54 136** | **56 777** | **56 974** | **56 588** |

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Opplæring og oppvekst
Vikebygda skule
Bratteberg skule
Øyra skule

**Klageinstans:**

# VOLDA KOMMUNE





***SAMLOKALISERING AV***

***BRATTEBERG OG VIKEBYGDA SKULAR***

***2019***

1

## Innhold

ADMINISTRASJONEN SI TILRÅDING ..... 3
BAKGRUNN FOR SAKA ..... 4
INNLEIING ..... 6
ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR ..... 7
INNFØRING AV LÆRARNORM ..... 9
KOSTRA ..... 10
GRUNNSKULEDRIFT I VOLDA SENTRUM ..... 12
ELEVTALSUTVIKLING I SENTRUM ..... 13
UTVIKLING FRÅ FØDSELSÅR TIL SKULETART- VOLDA SENTRUM ..... 14
ELEVTALSUTVIKLING AUST FOR HELTNEELVA ..... 15
TRAFIKKAVVIKLING KRING BRATTEBERG SKULE ..... 16
VIKEBYGDA SKULE ..... 18
BRATTEBERG SKULE ..... 19
SKULEFRITIDSORDNINGANE ..... 20
OVERGANGEN FRÅ VIKEBYGDA SKULE TIL BRATTEBERG SKULE ..... 20
MOGELEGE ENDRINGAR I SKULEDRIFTA ..... 21
ØKONOMISKE VURDERINGAR ..... 22
PEDAGOGISKE VURDERINGAR KNYTT TIL SKULESTORLEIK ..... 23
DET PEDAGOGISKE PERSONALET ..... 24
SKULESKYSS ..... 25
OMGREPET *BARNETS BESTE* ..... 25
SAKSHANDSAMINGSREGLAR ..... 26
VEDLEGG ..... 26

## ADMINISTRASJONEN SI TILRÅDING

Elevtalsutviklinga i sentrum gjer det mogeleg å fordele komande 1. klassingar mellom Øyra og Bratteberg skular for på den måten fase ut drifta ved Vikebygda skule.

Det er fordelar og ulemper ved ei slik endring, som kort kan oppsummerast slik:

Moment som talar for ei endring:

- ✓ Volda kommune vil frigjere ressursar gjennom ei meir effektiv grunnskuledrift i sentrum
- ✓ Volda kommune unngår naudsynt rehabilitering av Vikebygda skule. Dette er midlar kommunen kan nytte til ei framtidig utviding av Bratteberg skule
- ✓ Unngår ein to-delt Vikebygda skule som vil gje eit avgrensa fagmiljø mellom dei vaksne
- ✓ Elevar ved Vikebygda skule slepp overgangen til Bratteberg skule i 5. klasse
- ✓ Tiltaket vil gje rom for styrking av den administrative ressursen ved Bratteberg skule

Moment som talar mot ei endring:

- ✓ Volda kommune vil ha liten restkapasitet til å møte ein auke i elevtalet
- ✓ Tiltaket vil utfordre kapasiteten ved Bratteberg skule i ein overgangsperiode, og kommunen må vere budd på å finne kompenserande tiltak

Administrasjonen legg fram følgjande forslag til endring i grunnskuledrifta i Volda sentrum og ber om innspel og kommentarar til desse forslaga:

1. ***Vikebygda skule vert nedlagt frå 01.08.2019 og elevane vert å høyre til Bratteberg skule.***

2. ***Elevar som skal ta til i 1. klasse vert frå 01.08.2019 fordelte mellom Øyra skule og Bratteberg skule.***

3. ***Bratteberg skule vil nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021. Elevar som går i 3. og 4. klasse komande skuleår vil fullføre 4. klasse i lokala til Vikebygda skule.***

   ***Elevar som komande skuleår går i 2. klasse, vert overført til Bratteberg skule når dei skal ta til i 4. klasse.***

   ***Så lenge elevane nyttar lokala til Vikebygda skule vil dei ha skulefritidstilbodet sitt der.***

## BAKGRUNN FOR SAKA

I budsjettet for 2019 og økonomiplanen for 2019 – 2022, har Kommunestyret vedteke ei rekke større investeringar.

| | |
|---|---|
| Nybygg Volda ungdomsskule | 160 000 000 |
| Kulturhus | 170 000 000 |
| Symjeanlegg | 80 000 000 |
| Barnehagebygg | 40 000 000 |

I tillegg til dette kjem Volda kommune sitt økonomiske engasjement i Volda Campus Arena på om lag kr 30 000 000,-.

Innan grunnskuledrifta er det naudsynt med ny ungdomsskule for elevane i sentrum. Likeins er det naudsynt med opplæringsbasseng for dei nær 900 elevane i sentrum som skal ha lovpålagt symje- og livbergingsopplæring.

Volda Campus Arena vil gje elevane ved Øyra skule og Volda ungdomsskule gode kroppsøvingsfasilitetar.

For å kunne finansiere desse investeringane har kommunestyret samstundes vedteke innsparingar i drifta. Det må gjennomførast tiltak for å frigjere handlingsrom til å kunne handtere kapitalkostnaden med den gjelda desse investeringane vil generere.

I økonomiplanen for 2019-2022 har kommunestyret lagt opp til ei samla investeringsramme på kr 633 mill eks mva. Renter og avdrag vil auke med om lag kr 30 mill. Etter planen i økonomiplanen skal drifta reduserast med om lag kr 40 mill i 2022. I framlegget til budsjett og økonomiplan presiserte rådmannen at det vil innebere eit retningsval for kommunestyret viss ein går inn for å gjennomføre dei store investeringsprosjekta. Dette føreset hardt arbeid i administrasjonen og upopulære politiske vedtak i enkeltsaker for å effektivisere og rasjonalisere drifta. Alternativet er å halde fram med tenestestrukturen slik den er i dag og investere berre på eit minimumsnivå.

Det er i praksis i enkeltsakene ein ser om dette vert eit reelt retningsval ved at kommunestyret skaffar seg naudsynt handlingsrom for å gjennomføre investeringane.

Til liks med andre tenesteområde i kommunen, må det peikast på mogelege endringar i grunnskuledrifta som kan gje innsparingar både på kort og lengre sikt.

Med bakgrunn i framskrive elevtal, har rådmannen vist at det er grunnlag for å vurdere endringar i grunnskuledrifta i sentrum. Talet på elevar som skal byrje i skulen dei komande fem åra er ikkje større enn at dei kan samlast i tre klasser, mot fire i dag. Det tyder at det er grunn til å vurdere om Vikebygda skule kan fasast ut, og at kommunen i framtida konsentrerer barneskuledrifta i sentrum kring Øyra og Bratteberg skular. Særleg det nye skulebygget til Øyra skule har vesentleg større kapasitet enn det elevtalet skulen ser ut til å få på dei lågaste årsstega dei komande åra.

I formannsskapet den 27.11.2018 vart det gjort slikt vedtak:

1. ***Administrasjonen vert bede om å greie ut konsekvensar ved samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular.***

2. ***Ein bed om at denne utgreiinga i tillegg til dei økonomiske og pedagogiske aspekta særs behandlar:***

   - ***Barnetalsutviklinga i området opp mot framlegg til utbygging slik det ligg føre i arealplanen***
   - ***Den reelle muligheita Bratteberg har for å ta i mot den nye elevgruppa med omsyn til dei fysiske omgjevnadene***
   - ***Dei trafikale utfordringane som alt er på Bratteberg og dei miljømessige utfordingar knytt til den auka køyringa av elevar ein må forvente***
   - ***Konsekvensar for bruken av SFO som i dag er monaleg større i Vikebygda enn på resten av Voldaskulane***

***Saka skal leggast fram til politisk handsaming etter at den har vore til høyring.***

Skulesaker ligg i kjerneområdet for det kommunale sjølvstyret, og det er opp til kommunestyret å vege ulike omsyn opp mot kvarandre.

Volda kommune står ved eit skifte der det er naudsynt med endring. Skal kommunen greie å yte gode tenester og samstundes realisere store og naudsynte investeringar, må ein dreie ressursar frå barnehage og skule i retninga av færre einingar som bind opp ressursar. Som døme kan ein vise til at Volda kommune samanlikna med Ørsta kommune brukar kr 6 686,- meir pr elev på skulebygningar. Det er ein meirkostnad på om lag kr 7 000 000,- pr år.

For administrasjonen er det ei utfordring å få fram samanhengane på ein tydeleg måte, og enkeltsaker kan då bli trekte ut av samanhengen. Når det er vedteke store investeringar, må administrasjonen forklare konsekvensane og kome med forslag til inndekning av auka utgifter. Dette vil røyve ved særinteresser som skaper engasjement og stundom sterke kjensler.

For å gje informasjon om samanhengane i denne saka, vart FAU ved dei fire grunnskulane i sentrum inviterte til eit informasjonsmøte 19.12.2018. Alle FAU ved dei fire skulane var representerte på møtet.

I høyringsdokumentet vert det gjort vurderingar kring drifta av Bratteberg og Vikebygda skular, og det vert lagt fram mogelege endringar som inneber både fordelar og ulemper.

Saka skal vere forsvarleg klarlagt før det vert teke avgjerd, jf. forvaltningslova og rundskriv Udir - 2-2012.

# INNLEIING

Som i dei fleste kommunar har skulestrukturen i Volda endra seg mykje dei siste 50 åra. Går ein attende til 1960 var det i Volda og Dalsfjord kommunar drift i 20 skulebygningar, inkludert statsøvingsskulen.

Etter krinsregulering i 1964 vart Aurstad krins lagt under Austefjord skulekrins, og Årset skule vart nedlagd. Truleg vart Løfoll skule korttid etter, sidan skulen vart udelt skuleåret 1963/1964.

Krinsgrensene i sentrum vart oppheva i 1966. Då Øyra skule / Volda ungdomsskule var full kring 1973/74, vart Heltne grendaskule bygd som avlastningsskule. Samstundes var nye Øyra skule under planlegging og oppføring. Øyra skule stod ferdig i 1977.

Tidleg på 1970-talet vart Velsvik skule nedlagd og Kalvatn skule på 1980-talet.

Statsøvingsskulen vart nedlagt i 1990, og mellom 40 og 50 elevar vart overført til Øyra skule.

I 1990 vart skulestrukturen i Volda grundig greia ut, etter pålegg frå formannsskapet. I utgreiinga såg ein på dei økonomiske, sosiale og kulturelle tilhøve ved ei eventuell nedlegging av dei fem udelte skulane som då var i kommunen. Resultatet av utgreiinga var at ingen skular vart nedlagde.

I 1995 var det på nytt ei utgreiing om skulestrukturen der ein såg på økonomiske tilhøve, og der det vart sett på alle skulane i kommunen utanom sentrum. Også samling av alle ungdomsskuleelevane til Volda ungdomsskule vart vurdert. Resultatet av utgreiinga var at ingen skular vart nedlagde.

Høydal skule vart nedlagd i 1997 etter søknad frå foreldra.

Det var drift ved Heltne grendaskule fram til Bratteberg skule var ferdig i 1998

I 2000 gjorde Volda kommune ei større endring i skulestrukturen. Det vart vedteke eit nytt desentralisert skulemønster med fire ungdomsskulekrinsar og fem barneskulekrinsar:

1. Mork/Lid skulekrins
2. Stor-Øyra skulekrins
3. Austefjord skulekrins
4. Folkestad skulekrins
5. Dalsfjord/Ulvestad skulekrins

Samstundes vart Steinsvik, Fylsvik, Dale, Bjørkedal og Hjartå skular nedlagde.

I 2010 vart det sett ned ei nemnd som greia ut konsekvensane ved å flytte 1. – 3. klasse og SFO frå Bratteberg skule til Vikebygda skule. Det vart ikkje vedteke endringar i kjølvatnet av denne utgreiinga.

I 2010 vart Lid skule samlokalisert med Mork skule, medan Ulvestad skule vart samlokalisert med Dalsfjord skule 01.01.2013.

I dag er det 8 grunnskular i Volda kommune.

Det er fleire grunnar til at kommunar endrar skulestrukturen sin. Endringar i elevtal, betre kommunikasjon, pedagogiske omsyn og økonomiske omsyn.

Som KOSTRA-tala lenger nede viser, brukar Volda kommune om lag det same pr elev som samanliknbare kommunar i kommunegruppe 11. Samstundes viser tala at Volda kommune brukar monaleg meir på skulebygningar, nær kr 4 000 000,- pr år. Dette «tek» Volda kommune inn på grunnskuleundervisninga.

Skal grunnskuledrifta kunne bidra til meir effektiv økonomisk drift i Volda kommune er det naudsynt å gjere strukturelle endringar. Det er først når skular vert nedlagde at ein får full økonomisk gevinst gjennom reduserte driftsutgifter og reduksjon i framtidig investeringsbehov.

## ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Inntektssystemet til kommunane vart endra i 1986. Fram til 1986 fekk kommunane dekka 85 % av driftskostnadene ved skulane. For kommunar med maksimal refusjonssats var det lite eller ingenting å spare økonomisk ved å legge ned skular. Det noverande inntektssystemet har ført til at kommunar har vurdert skulestrukturen sin, og ein har sett at talet på skulenedleggingar har auka. Formelt har det også vorte lettare å legge ned skular etter at grunnskulelova av 1969 var oppheva. I denne lova hadde den einskilde skulekrins og den einskilde skule ein relativt sterk og verna posisjon. Med ny opplæringslov i 1998 fekk kommunane rett til fritt å gjere endringar i skulestrukturen.

I ein rapport utarbeidd av Nordlandsforsking i 2003[1] vert det gjort greie for inntektssystemet for kommunane og kostnadene med grunnskuledrift. I ei deloppsummering heiter det:

> *Det synes rimelig å konkludere med at det økonomiske presset på kommuner hvor de geografiske forutsetninger med størst sannsynlighet betinger et desentralisert skolemønster med forholdsvis mange små enheter, i særlig grad er blitt tyngre i perioden etter innføring av NI (nytt inntektssystem). I tillegg kan det hevdes at kostnadsnivået ved drift av små skoler gjennom de siste 10 til 20 åra har økt forholdsvis mer enn det som er tilfelle for noe større skoler.(Rønning, Solstad, Øines, 2003)*

I 2004 handsama Sør-Varanger kommune ei sak om framtidig skulestruktur i kommunen. I saksutgreiinga vert dei økonomiske rammevilkåra for kommunar med desentralisert skulemønster gjort grundig greie for, og det heiter mellom anna:

> *Det er kommunestyret som avgjør hvilken skolestruktur en kommune skal ha, og med det valget avgjøres det største kostnadselementet i grunnskolen.*
> *(……)*
> *I skolesektoren er det strukturen som er helt avgjørende for kostnadsnivået – det er antall skoler, klasser og elever samt organiseringen av skolens inntaksområder som er de store kostnadsdriverne. Dersom skolesektoren skal bidra til en økonomisk omstilling i kommunen, er det derfor nødvendig å gjøre endringer i skolestrukturen.*

[1] "Det trengs en hel bygd for å oppdra et barn" (Rønning, Solstad, Øines 2003)

Slik er det også i Volda kommune. Det er talet på skular og det samla talet på grupper og gruppestorleik som er kostnadsdrivarar. I berekninga av rammeoverføringar føreset Staten ei meir rasjonell skuledrift enn det Volda kommune har i dag.

Frå 01.08.2013 vart rammetimetalet til skulane i Volda kommune monaleg redusert. Reduksjonen tilsvarar nær åtte lærarårsverk, og administrasjonen har vanskar med å finne det forsvarleg å redusere rammetimetalet utover dette.

Ei meir effektiv økonomisk skuledrift i Volda kommune føreset strukturelle endringar.

Dei inntektene kommunen har å drive for vert hovudsakleg regulert gjennom statlege overføringar og skatteinntekter. For at kommunen skal ha handlingsrom til eigne prioriteringar, må ein tilpasse nivået på utgiftene i samsvar med behovet for tenester. Behovet har samanheng med folketalssamansettinga og sosiale forhold. Staten har utvikla eigne kriterier for å fastsetje Volda kommune sitt utgiftsbehov spesifisert på ulike tenester. For 2019 er det rekna ut at det kostar ca 12 254 mill kr meir å drifte Volda enn gjennomsnittskommunen i landet. Dette får vi kompensert som utgiftsutjamnande tilskot over inntektssystemet. Dette vert summen av trekk i systemet der vi er billegare å drifte og tillegg på område der vi er dyrare å drifte enn gjennomsnittskommunen.

| **VOLDA** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** |
|---|---|---|---|---|---|
| **1000 kr** | | | | | |
| Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb) | 215 266 | 226 242 | 227 139 | 227 479 | 227 503 |
| Utgiftsutjevningen | 10 609 | 14 535 | 14 559 | 14 568 | 14 568 |
| Overgangsordning - INGAR | -648 | -487 | - | - | - |
| Saker særskilt ford (inkl. helsestajon skolehelse og arbavg) | 1 720 | 1 942 | 1 942 | 1 528 | 1 528 |
| Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen (skjønn i 2017) | 640 | 4 275 | | | |
| Regionsentertilskudd | 3 392 | 3 404 | 3 411 | 3 411 | 3 411 |
| Veksttilskudd | - | - | - | - | - |
| Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg. | 1 360 | 1 850 | - | - | - |
| Budsjettvedtak 2018 Stortinget - endringer ekskl skjønn | 1 260 | | | | |
| Budsjettvedtak 2018 Stortinget-skjønn overgangsordning sammenslåing | 2 490 | | | | |
| RNB 2018 - endringer i rammetilskudd | 22 | | | | |
| **Sum rammetilsk uten inntektsutj** | **236 112** | **251 760** | **247 051** | **246 986** | **247 010** |
| Netto inntektsutjevning | 43 148 | 44 120 | 44 120 | 44 120 | 44 120 |
| **Sum rammetilskudd** | **279 260** | **295 880** | **291 171** | **291 106** | **291 130** |
| Rammetilskudd - endring i % | 1,2 | 6,0 | -1,6 | -0,0 | 0,0 |
| **Skatt på formue og inntekt** | **218 850** | **223 764** | **223 764** | **223 764** | **223 764** |
| Skatteinntekter - endring i % | 4,54 | 2,25 | - | - | - |
| **Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)** | **498 100** | **519 600** | **514 900** | **514 900** | **514 900** |

Av tabellen nedanfor, som er ein del av dei samla faktorane i utgiftsutjamninga, ser ein at det er i omsorgstenestene vi har størst behov og avvik mest frå gjennomsnittskommunen. Vi har lågare utgiftsbehov i gruppa blant barn og unge. For årsgruppa 2 – 5 år, som går i barnehage, så er utgiftsbehovet vesentleg lågare enn gjennomsnittet og vi får eit relativt stort trekk. Om få år er denne gruppa i grunnskulealder, og Volda kommune må rekne med tilsvarande trekk i utgiftsutjamninga for denne elevgruppa i åra som kjem.

| | HELE LANDET | | VOLDA | | | Bruk av folketall 1.7.2017 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Vekt | Antall | Antall | Utgifts-behovs-indeks | Pst. utslag | Tillegg/ fradrag i utgiftsutj | |
| | | | | | | kr per innb | 1000 kr |
| 0-1 år | 0,0054 | 118 267 | 196 | 0,9640 | -0,02 % | -10 | -88 |
| 2-5 år | 0,1414 | 246 598 | 362 | 0,8539 | -2,07 % | -1 036 | -9 401 |
| 6-15 år | 0,2646 | 634 798 | 1 153 | 1,0566 | 1,50 % | 751 | 6 813 |
| 16-22 år | 0,0225 | 465 492 | 965 | 1,2059 | 0,46 % | 232 | 2 109 |
| 23-66 år | 0,1033 | 3 035 065 | 4 902 | 0,9395 | -0,62 % | -313 | -2 843 |
| 67-79 år | 0,0551 | 555 836 | 1 039 | 1,0874 | 0,48 % | 241 | 2 191 |
| 80-89 år | 0,0758 | 177 201 | 347 | 1,1391 | 1,05 % | 529 | 4 800 |
| over 90 år | 0,0382 | 44 561 | 109 | 1,4229 | 1,62 % | 810 | 7 353 |

Staten føreset at Volda kommune har eit lågare utgiftsbehov enn gjennomsnittskommunen for desse årsstega, som dei næraste åra kjem i skulealder. Viss kommunen ikkje tilpassar seg utgiftsbehovet, bind det opp ressursar som kan hindre naudsynt utvikling og investering. Dette er midlar som kan nyttast til  oppdatere bygningsmassen og sikre lovfesta tilbod både knytt til inneklima, kroppsøving og symjing.

## INNFØRING AV LÆRARNORM

Fram til 2003 var det klassedelingsreglane i opplæringslova kap. 8 som regulerte kor mange elevar det kunne vere i ein klasse. For barnesteget var det 28 elevar, for ungdomssteget 30. Når fleire årssteg var samla i ein klasse (fådelte skular) gjaldt eigne reglar. Desse klassedelingsreglane definerte då minstenivået for pedagogressursane.

Då lova vart endra i 2003, vart reglane om klassedeling erstatta med følgjande ordlyd:

> *Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.*

I praksis har dei gamle klassedelingsreglane og storleiken på klasseroma i stor grad vore førande for gruppestorleiken også etter endringa i lova. Det har difor vore eit stort innsparingspotensiale å legge ned småskular viss ein større naboskule har kunne teke inn elevane i allereie eksisterande grupper.

Innføringa av lærarnorm hausten 2018 har endra dette. Norma tyder at det i 1.-4. klasse skal vere ein lærar pr 16 elevar (pr 15 elevar frå hausten 2019) medan det i 5.-10. klasse skal vere ein lærar pr 21 elevar (pr 20 elevar frå hausten 2019). Norma skal utreknast på skulenivå. Det vil seie at lærartettleiken kan vere noko mindre enn dette i nokre elevgrupper utan at kommunen bryt norma.

Viss elevar frå ein mindre skule vert overført til ein større skule, vil også talet på lærartimar auke på mottakarskulen. Truleg vil det framleis ha økonomisk effekt, men mindre enn før.

Det største innsparingspotensialet vil ein finne i redusert administrasjon, både i skuledrift og skulefritidsordning, samt reduserte kostnader knytt til drift, vedlikehald og reinhald av bygningar. Ein vil og redusere framtidige investeringsbehov.

## KOSTRA

Tabellen under viser KOSTRA-tala for Volda i 2016 og 2017, samanlikna med tala for Ørsta og kostragruppe 11, som Volda er ein del av. Stryn kommune, som også har 8 grunnskular og nokså lik struktur som Volda, er teke med i oversikta.

| **Prioritering** | Volda **2017** | Volda **2016** | Ørsta **2017** | Ørsta **2016** | Kostragr 11 **2017** | Stryn **2017** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsutg grunnskulesektor i prosent av samla netto driftsutgifter** | | | | | | |
| Netto driftsutgifter gr sk, SFO, skyss og lokale | 24,5 % | 25,4 % | 23,4 % | 23,4 % | 22,4 % | 25,0 % |
| Netto driftsutgifter grunnskule | 19,0 % | 20,1 % | 19,5 % | 19,6 % | 18,8 % | 20,8 % |
| Netto driftsutgifter til skulefritidsordning | 0,6 % | 0,8 % | 0,0 % | 0,1 % | 0,3 % | 0,3 % |
| Netto driftsutgifter til skulelokale | 4,6 % | 4,2 % | 3,3 % | 3,4 % | 3,5 % | 3,2 % |
| Netto driftsutgifter til skuleskyss | 0,3 % | 0,3 % | 0,5 % | 0,5 % | 0,7 % | 0,6 % |

| **Økonomital** | Volda **2017** | Volda **2016** | Ørsta **2017** | Ørsta **2016** | Kommgr 11 **2017** | Stryn **2017** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsutg til grunnskule pr. innb 6-15 år** | | | | | | |
| **Fordelt på:** | | | | | | |
| Grunnskuleundervisning | 89 907 | 87 624 | 87897 | 83370 | 93897 | 98416 |
| Skuleskyss | 1460 | 1344 | 2070 | 2036 | 3260 | 2987 |
| Skulelokale | 21665 | 18136 | 14979 | 14636 | 17659 | 15266 |
| Skulefritidstilbod | 2907 | 3592 | 201 | 342 | 1736 | 1226 |
| SUM | 115 939 | 110 696 | 105 147 | 100 384 | 116 552 | 117 895 |

Tala viser at Volda har prioritert grunnskuledrifta, og ein har prioritert ein desentralisert skulestruktur. Volda har også prioritert ei desentralisert skulefritidsordning. Det er eigne skulefritidsordningar ved Austefjord, Folkestad og Dalsfjord skular. Til saman er det 26 elevar ved desse tre ordningane. Til samanlikning er det 89 elevar på SFO ved Øyra skule.

For Volda kommune sin del er det utgifter til skulelokale og skulefritidsordning som dreg opp den samla kostnaden. Samanlikna med Ørsta kostar skulebygningane kr 6686,- meir pr elev i Volda. Dette utgjer ein differanse på om lag kr 7 000 000,- pr år. Skrive med reine ord brukar Volda meir på husrom enn undervisning samanlikna med Ørsta og kommunane i kommunegruppe 11.

KOSTRA-tala fortel oss også at Ørsta kommune utnyttar skulebygningane betre enn Volda kommune. Ørsta er det 191 elevar pr skule, medan Volda har 142 elevar pr skule.

I kommunegruppa Volda vert samanlikna med er det 177 elevar pr kommunal skule. I denne kommunegruppa er det langt fleire elevar som får skuleskyss (36 %) samanlikna med Volda (14,6 %), noko som kan tyde på ein meir sentralisert skulestruktur.

Tendensen går mot færre og større skular i Noreg. Skuleåret 2017/2018 var det i gjennomsnitt 220 elevar pr skule. [2]

Det er "stordriftsfordelar" ved å ha større skular, og det optimale synest å ligge kring 300 elevar pr skule.[3] Skulestorleik er vesentleg sidan lærartettleiken er større på små skular enn på større skular. Det vil seie at sjølv om det er få elevar på eit klassesteg er det likevel trong for ein lærar på klassesteget. Slik sett er det dei store skulane som bidreg med kostnadseffektiv drift sidan kvar lærar underviser fleire elevar. Viss høg lærartettleik er eit gode i seg sjølv, er dette godet ulikt fordelt i Voldaskulen. Dei minste skulane med få elevar får størst utteljing i høve til talet på lærar pr elev.

Viss ein legg den nye lærarnorma til grunn, vil det nær vere nok med ein lærar til dei 18 elevane som går ved Austefjord skule. Då måtte dei 18 elevane i 1 .til 7. klasse gå i same gruppe alle timar. Det finn ein ikkje pedagogisk forsvarleg. Skulen får difor tilført meir midlar enn lærarnorma tilseier for at ein skal kunne dele elevgruppa på ein måte som gjer tilbodet pedagogisk forsvarleg.

Når elevtalet på ein skule har mykje å seie for ressursbruken på skulen, er skulestrukturen viktig for kommunen sine utgifter. Kommunar med spreidd busetnad og lange avstandar har eit vanskelegare utgangspunkt enn kommunar med fleire innbyggarar og korte avstandar. Det er lenger oppe gjort greie for at effektiv drift ligg til grunn når Staten overfører midlar til kommunane. Med andre ord legg inntektssystemet opp til ein meir sentralisert skulestruktur enn det dei fleste kommunar ynskjer.

[2] Henta frå Utdanningsspeilet 2018.
[3] Henta frå Norconsult si utgreiing av alternativ organisering av barneskulane i Osterøy kommune, januar 2013.

# GRUNNSKULEDRIFT I VOLDA SENTRUM

Stor-Øyra skulekrins omfattar Volda sentrum, Hjartåbygda, Vikebygda og tidlegare Austefjord skulekrins.

I denne utgreiinga er det i første rekke forholdet mellom dei tre skulane i sentrum som vert vurdert: Øyra skule, Bratteberg skule og Vikebygda skule.




I Volda sentrum har det ikkje vore faste krinsgrenser sidan 1966. Det tyder at kommunen har ein viss fleksibilitet ved fordeling av elevane, men elevane har rett til å gå på den næraste skulen så lenge den har kapasitet. Det er opplæringslova og forarbeida til denne som er førande ved tildeling av skuleplass:

**Opplæringslova § 8-1, første og andre ledd:**

*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

**Ot.prp. nr. 46 (1997-98), kap. 31, merknader til § 8-1:**

*(….)arbeidet til kommunen med å fordele elevane mellom dei tilgjengelege skolane skal ta utgangspunkt i eit prinsipp om at eleven skal gå på den nærmaste skolen. (...)*

*Vurderinga av kva skole som er nærmast, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om sysken er plasserte på den same skolen, kapasiteten på skolen og om skolevegen er farleg.*

## ELEVTALSUTVIKLING I SENTRUM

Sidan 2005 og fram til i dag har talet elevar som har byrja i 1. klasse svinga mellom 65 og 99. Talet på elevar som skal fordelast mellom dei tre skulane komande åra svingar mellom 67 og 82.




Det tyder i praksis at elevane som skal byrje i skulen dei komande fem åra kan fordelast mellom Øyra skule og Bratteberg skule.

Tabellen under viser korleis elevane har vorte fordelte fram til hausten 2018. Tabellen viser vidare korleis fordelinga av elevane vert viss ein legg til grunn dei elevopplysningane ein har tilgjengeleg og ein nyttar dei same opptaksområda som er nytta dei siste åra.

Det er knytt mykje usikkerheit til prognosen, sidan elevar kan flytte både ut og inn av kommunen dei komande åra, og elevar kan byte bustadadresse i kommunen.

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Øyra | 49 | 45 | 52 | 43 | 46 | 44 | 36 | 41 | 49 | 48 |
| Bratteberg | 22 | 26 | 20 | 10 | 14 | 18 | 20 | 26 | 14 | 23 |
| Vikebygda | 18 | 16 | 6 | 14 | 15 | 5 | 14 | 7 | 5 | 11 |
| | | | | | | | | | | |
| Sum | 89 | 87 | 78 | 67 | 75 | 67 | 70 | 74 | 68 | 82 |

I denne framskrivinga er det elevtalet ved Vikebygda skule som gir grunn til uro. Viss prognosen viser seg rett, vil elevtalet ved skulen på eit tidspunkt verte 31.

Etter lærarnorma, vil 30 elevar i 1.-4. klasse utløyse 52 lærartimar pr veke. Det tilsvarar to lærarårsverk. Det er grunn til å tru at skulen då må få tilført ressursar utover lærarnorma for at gruppedelinga skal vere pedagogisk forsvarleg.

Alternativet er å forskyve elevmassen mot Øyra skule og Bratteberg skule, slik at den samla elevmassen vert fordelt på desse to skulane. Det er først og fremst unytta kapasitet ved Øyra skule ein då tek i bruk meir enn at Bratteberg skule får fleire elevar enn skulen likevel vil få.

Område som til vanleg har sokna til Bratteberg skule må då førast mot Øyra skule for å gjere plass til elevane frå Vikebygda.

Heltneelva vil då kunne vere eit naturleg geografisk utangpunkt, og ein vil lenger nede gjere greie for kva konsekvensar ei endring i opptaksområda vil gje.




## UTVIKLING FRÅ FØDSELSÅR TIL SKULETART- VOLDA SENTRUM

Erfaringstal viser at talet elevar aukar noko frå fødselsåret og fram til skulestart, men også denne utviklinga har stagnert dei seinare åra. Tabellen under viser talet born pr fødselsår og utviklinga fram mot skulestart fem år etter. For åra 2013 – 2016 viser tala utviklinga fram til i dag.

Volda kommune hadde asylmottak for vaksne og familiar frå og med skuleåret 2009/10 til og med skuleåret 2016/17. Det er med på å auke differansen for årskulla f. 2005 til 2010.

| Fødeår | 05 | 06 | 07 | 08 | 09 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal fødeår | 78 | 71 | 75 | 83 | 85 | 73 | 69 | 66 | 69 | 61 | 68 | 71 |
| Tal v. skulestart | 87 | 87 | 85 | 97 | 89 | 87 | 77 | 65 | 75 | 67 | 70 | 74 |

## ELEVTALSUTVIKLING AUST FOR HELTNEELVA

Barne- og elevtalet aust for Heltneelva er synkande. Gjennnomsnittsstorleiken på årskulla som er i barneskulealder er 20,9, medan gjennomsnittet for årskulla som skal starte i skulen dei komande fem åra er 15.







I Volda kommune sin bustadbehovsanalyse, dagsett 05.01.2018, som er eit grunnlagsdokument til kommuneplanen sin arealdel, heiter det mellom anna:

**Øvre Heltne og Vikebygda**
*Dette er området mellom Heltneelva og Rotevasselva. Frå Vikebygdvegen er store område bygd ut, men her er framleis nokre enkelte tomter som ikkje er utbygd. Saman med område som vart satt av til bustadområde i gjeldande kommunedelplan kan ein anslå eit unytta potensiale på om lag 150 nye bustader. Realisering av store delar av potensialet er avhengig av flaumførebygging, skredfareavklaring og ny reguleringsplan.*

**Øvre Vikebygda**
*Her er eit regulert bustadareal med 5 tomter og eit større areal på om lag 29 daa sett av til bustader i gjeldande kommunedelplan. Truleg er det eit urealisert potensiale på 15-20 bustadeiningar i området. Det vil vere krav om reguleringsplan før utbygging.*

Storparten av det unytta potensialet som er skildra under Øvre Heltne og Vikebygda er knytt til feltet kalla B58. Dette feltet ligg nord for Bratteberg skule, og framtidige elevar der vil få Bratteberg skule som sin nærskule.




Det er grunn til å tru at utbygging av dette feltet ligg eit godt stykke fram i tid. I desse dagar vert Håmyra bygd ut, og i økonomiplanperioden er det byggefeltet Urbakkfoten som har fått prioritet. Det må gjennomførast flaumsikring, skredfareavklaring samt nye reguleringsplanar. Det vil seie at tidshorisonten for B 58 ligg minst fem år fram i tid, truleg lenger.

Med dette som grunnlag, er det ikkje grunn til å tru at barnetalet vil auke som følgje av bustadbygging med det første.

## TRAFIKKAVVIKLING KRING BRATTEBERG SKULE

Det har tidlegare vore søkelys på dei trafikkale tilhøva kring Bratteberg skule, og særleg innkøyringa frå Bakkelidvegen. Det er føresette som køyrer inn frå Bakkelidvegen for å levere og hente borna sine. Ved skulen er det avgrensa plass til dette, og det oppstår lett farlege situasjonar i samband med rygging.

Uavhengig av evt samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular, er dette er problem som må finne si løysing. Teknisk sektor har vurdert mogelege tiltak, både frå Bakkelidvegen og Hjellbakkane.




Det vert rådd til at ein opparbeider ein rundkøyring ved skulen ved innkøyringa frå Bakkelidvegen etter same modell som ved Øyra skule. Kostnaden vert estimert til kr 1 500 000,- +/- 30%

Det er ikkje rapportert særlege utfordringar ved avkøyrsla/parkeringsplassen nord for skulen i Hjellbakkane, heller ikkje i samband med av/på buss. Det vert difor ikkje rådd til særlege tiltak der.

Ei forskyving av elevmassen mot Bratteberg og Øyra skule vil endre ferdsel og transport av elevar. Sjølv om avstandane ikkje er store, er røyndomen at ein del elevar vert køyrde til skulen, både til Bratteberg og Vikebygda skular.

Viss Vikebygda skule vert nedlagt, vil transporten av elevar ned Bakkelidvegen og vidare fram mot Vikebygda skule opphøyre. På den andre sida må ein pårekna noko auka trafikk frå Vikebygda og opp Bakkelidvegen til Bratteberg skule.

Administrasjonen finn ikkje grunn til å tru at transport av elevar vil auke dei miljømessige utfordringane i særleg grad utover dei som er der i dag.

## VIKEBYGDA SKULE

Sjølv om det ikkje er faste skulekrinsgrenser, er opptaksområdet om lag som skravert på biletet under. Sidan det er relativt kort avstand mellom skulane, er det kvart år saker der det er spørsmål om kva som etter lova er nærskulen til elevane som bur i randsona til opptaksområda.

Vikebygda skule er ein skule for 1. til 4. klasse. Skuleåret 2018/2019 er det 52 elevar ved skulen. Det er pr i dag 75 % administrasjonsressurs ved skulen.




Elevtalet har vorte mindre over tid. Skuleåret 2001/2002 var det 73 elevar ved skulen, og skuleåret 2011/2012 67 elevar. Opplysningar frå folkeregisteret tyder på at denne tendensen vil halde fram dei næraste åra, og elevtalet vil skuleåret 2023/2024 verte 31.

Det er tidlegare gjort greie for at det er knytt stor usikkerheit til opplysningane frå folkeregisteret, men basert på dei tilgjengelege opplysningane vil elevtalet ved skulen truleg bli som følgjer dei komande åra:

| Skuleår | 1. klasse | 2. klasse | 3. klasse | 4. klasse | Sum | Lærarnorm |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2019/2020 | 15 | 14 | 6 | 16 | 51 | 3,4 lærarårsverk |
| 2020/2021 | 5 | 15 | 14 | 6 | 40 | 2,7 lærarårsverk |
| 2021/2022 | 14 | 5 | 15 | 14 | 48 | 3,2 lærarårsverk |
| 2022/2023 | 7 | 14 | 5 | 15 | 41 | 2,7 lærarårsverk |
| 2023/2024 | 5 | 7 | 14 | 5 | 31 | 2,1 lærarårsverk |
| 2024/2025 | 11 | 5 | 7 | 14 | 37 | 2,5 lærarårsverk |

Tildeling av ressursar som samsvarar med lærarnorma vil gjere Vikebygda skule todelt frå skuleåret 2020/2021. Det tyder at 1. og 2. klasse må vere i ei gruppe, og 3. og 4. klasse i ei gruppe. Det vil etter kvart bli ei lita personalgruppe ved skulen, som vil få vanskar med å dekke alle fagbehova ved skulen.

Vikebygda skule er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern, men har fått dispensasjon. Mellom anna er skulen ikkje universelt utforma, og Volda kommune må pårekne større investeringar viss ein vel å halde fram grunnskuledrifta i bygningane. XPRO har vurdert

bygningsmassen, og estimerer at kostnaden med å setje bygningane i stand etter gjeldande krav vil passere kr 7 000 000,-

Rapporten frå XPRO ligg ved høyringsnotatet.

## BRATTEBERG SKULE

Det skravert området viser det som til vanleg er opptaksområdet til Brattberg skule. Som kartet viser, ligg mykje av opptaksområdet vest for skulen, og for nokre elevar vest for sjukehuset og i Røyslida/Solhøgda, er avstanden til Øyra skule mest den same som til Bratteberg skule.




Bratteberg skule stod ferdig i 1998, er bygd for i alt 10 klasser, med inntil 26 elevar pr klasse. Det er pr i dag 150 % administrasjonsressurs ved skulen.

I dag er det ein parallell i 1. – 4. klasse, og to parallellar i 5. – 7. klasse, og elevtaler er kring 200.

Den korte avstanden mellom Bratteberg og Vikebygda skule er ein viktig årsak til at fordelinga av elevar mellom skulane varierer frå den eine året til det andre. Skuleåret 2017/2018 byrja det seks elevar ved Vikebygda skule og 22 elevar ved Bratteberg skule.

Skuleåret 2018/2019 byrja 10 elevar ved Bratteberg skule, medan Vikebygda fekk 14 nye elevar.

Dette kan føre til at også Bratteberg skule risikerer å bli udelt på dei lågaste årsstega. I skrivande stund ser det ut til at Bratteberg skule får 14 elevar i 1. klasse komande skuleår. Skal ein unngå at dei to yngste årskulla må gå i same gruppe, må skulen få tilført meir ressursar enn lærarnorma tilseier.

Som det blir vist til i høyringsdokumentet er det behov for tiltak knytt til dei trafikale tilhøve ved Bratteberg skule. Skulen har også behov for betre arbeidsplassar for det pedagogiske personalet og for leiinga ved skulen. Skulen er ikkje godt nok tilpassa elevar med særskilde behov.

Uavhengig av ei evt nedlegging av Vikebygda skule har skulen desse behova, og ei endring i opptaksområda mellom Bratteberg og Øyra skular vil korkje betre eller forverre desse tilhøva, sidan Bratteberg skule ikkje vil få fleire elevar enn den elles ville fått.

Som skrive før handlar saka mest om å ta i bruk unytta kapasitet ved Øyra skule for å frigjere ressursar som kan gjere Volda kommune i stand til å kome i møte behova ved Bratteberg skule.

## SKULEFRITIDSORDNINGANE

I dag er det skulefritidsordning både ved Bratteberg skule og Vikebygda skule. Vikebygda den største ordninga inneverande skuleår med 48 born mot Bratteberg 28. I Vikebygda har 21 born 100 % plass, medan det på Bratteberg er 10 som har 100 % plass. Båe ordningar har eigen leiar med 50 % administrasjonsressurs.

Viss Bratteberg og Vikebygda skular vert samlokaliserte ved Bratteberg skule, tyder det at også skulefritidsordningane vert samlokaliserte.

Sjølv om skulane skulle bli samlokaliserte, vil det ikkje bli fleire elevar ved Bratteberg skule enn den er dimensjonert for. Det vil bli maksimalt 26 elevar pr årssteg i 1.- 4. klasse, og skulen er tiltenkt å kunne gje tilbod om skulefritidsordning for elevane den er dimensjonert for.

## OVERGANGEN FRÅ VIKEBYGDA SKULE TIL BRATTEBERG SKULE

Elevane ved Vikebygda skule vert i dag overført til Bratteberg skule når dei tek til 5. klasse.

For alle born er det knytt spenning og forventning ved start i barnehage og skule, og ved overgang til ny skule. For nokre born og elevar er desse overgangane vanskeleg, og dei kan vere kritiske for nokre.[4]

Volda kommune er det over tid arbeidd grundig med å gjere overgangane så gode som mogeleg, men ein ser likevel at det er knytt risiko til overgangar for nokre elevar.

For dei elevane det gjeld, vil det kunne vere ein fordel at ein overgang i skuleløpet vart teke vekk.

[4] https://utdanningsforskning.no/artikler/elever-som-frykter-skolen/

# MOGELEGE ENDRINGAR I SKULEDRIFTA

Det er gjort greie for elevtalsutviklinga i sentrum dei komande fem åra. Desse tala viser at det er mogeleg å samle elevane på Bratteberg og Øyra skule, og samstundes fase ut drifta av Vikebygda skule.

Ei slik endring tyder at opptaksområda til skulane vil endre seg. Heltneelva kan vere eit naturleg utgangspunktet ved fordeling av elevane, utan at det tyder innføring av ei fast grense mellom opptaksområda. Raud sirkel viser kvar skulane er plasserte. Det er i det grøne området ein ikkje vil vere rimeleg sikker på kva skule komande elevar vil bli tildelt plass ved. I utgangspunktet vil ein tenke Øyra skule for desse elevane, men det vil bli naudsynt å tildele plass ved Bratteberg skule for dei som bur nærast Bratteberg skule nokre år. Tabellen under viser kva år desse vurderingane må gjerast.




Fordeling av 1. klassingar dei komande åra utan endring:

| Skuleår | 19/20 | 20/21 | 21/22 | 22/23 | 23/24 | 24/25 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Øyra | 46 | 44 | 36 | 41 | 49 | 48 |
| Bratteberg | 14 | 18 | 20 | 26 | 14 | 23 |
| Vikebygda | 15 | 5 | 14 | 7 | 5 | 11 |

Fordeling mellom Øyra og Bratteberg med Heltneelva som utgangspunkt som grense mellom opptaksområda:

| Skuleår | 19/20 | 20/21 | 21/22 | 22/23 | 23/24 | 24/25 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Øyra | 55 | 59 | 43 | 61 | 59 | 65 |
| Bratteberg | 19 | 9 | 27 | 13 | 9 | 17 |

Alle år sett vekk frå skuleåret 21/22 vil det vere elevar frå området merka grønt som får tildelt skuleplass ved Bratteberg skule. Ved Øyra skule vil klassene bli større enn 28 elevar nokre år. Storleiken på klasseroma er ikkje til hinder for det, og lærarnorma er førande for tildelinga av ressursar til elevgruppene.

## ØKONOMISKE VURDERINGAR

Denne saka handlar om korleis Volda kommune som skuleeigar vil organisere grunnskuledrifta i Volda sentrum i framtida. Administrasjonen spenner opp to lerret:

1. Halde fast på strukturen, og nytte tre barneskulebygningar i sentrum. Det er ei dyrare løysing enn alternativet. Drifta er mindre effektiv, og kommunen må drifte, vedlikehalde og reinvestere i tre bygg framfor to.

   Ved å halde på strukturen har kommunen særs god kapasitet samla sett, men ulempa er mellom anna at Vikebygda skule ser ut til å bli ein liten skule der fleire årssteg må gå saman. Slik det ser ut i dag, vil det ikkje vere ressursar til eit fulldelt barnsteg ved Bratteberg skule.

2. Legge ned Vikebygda skule og utnytte kapasiteten ved Øyra skule og Bratteberg skule. Det vil effektivisere drifta, og ein vil kunne konsentrere drift, vedlikehald og naudsynte investeringar kring to bygg framfor tre.

   Denne løysinga tek vekk det meste av restkapasiteten i sentrum, og kommunen må vere budd på å utvide kapasiteten ved Bratteberg skule viss elevtalet tilseier det.

   Samstundes vil denne endringar gjere at Bratteberg skule etter kvart får berre ein parallell i 1.-7. klasse, og frigjer med det kapasitet sidan det i dag er to parallellar i 5.-7. klasse.

   Ved behov kan ein vurdere å ta inn fleire elevar ved Øyra skule sidan storleiken på klasseroma tillet det. Undervisningsroma der er nær 80 rutemeter. Fleire elevar må då kompenserast med fleire lærartimar i tråd med lærarnorma. Ved Øyra skule har ein også eit klasserom tiltenkt ei innføringsklasse som det i dag ikkje er same behovet for.

   Ved å legge ned Vikebygda skule unngår kommunen naudsynt rehabilitering av bygningsmassen der, og kan til dømes nytte delar av desse midlane til å trygge dei trafikale tilhøva kring Bratteberg skule og andre behov som allereie er ved skulen.

### Estimerte innsparingar ved å legge ned Vikebygda skule:

| | Sum pr år | Merknad |
|---|---|---|
| Drift, vedlikehald, reinhald, energi | 1 000 000 | |
| Sparte kapitalkostnader | 350 000 | Kapitalkostnader knytt til rehab av Vikebygda skule |
| Redusert adm skule/SFO | 650 000 | |
| Reduserte lærartimar | 300 000 | |
| Andre innsparingar | 200 000 | Ulike funksjonar og redusert driftsbudsjett |
| | 2,5 mill | |

Full effekt av innsparingane vil ein få når all drift er avslutta i bygningane.

## PEDAGOGISKE VURDERINGAR KNYTT TIL SKULESTORLEIK

Små skuleeiningar har på mange måtar ein verdi i seg sjølv. Eit lite elevtal kan mellom anna gje auka høve til personleg kontakt mellom elev og lærar. På same tid ser ein at nokre elevar har vanskar med å finne seg til rette i små elevmiljø. Små einingar kan også vere meir sårbare dersom konfliktar oppstår.

I Noreg er det lite forsking omkring vurderinga av fagleg og sosialt læringsutbyte i høve til skulestorleik. Nordlandsforskning har forska på dette temaet, og i rapporten "Det trengs ei hel bygd for å oppdra et barn"[5] kjem det fram at små skular er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn, og at det er få elevar og vaksne å vere saman med gjer at dei ven seg til å akseptere, samhandle med og hjelpe kvarandre, uavhengig av alder og kjønn. Få elevar og vaksne gjer miljøet trygt og oversiktleg.

Rapporten peikar også på nokre av utfordringane i drifta av dei minste skulane:

> *Fådelt skoler generelt, men kanskje særlig de minste av dem, står overfor klare utfordringer når det gjelder å skape et variert miljø for lærere og elever. Det er få lærere i kollegiet, og i elevgruppen kan det i mange tilfeller være bare èn eller to, eller kanskje ingen, i samme aldersgruppe som man kan etablere vennskap med. På en skole med 2-3 lærere, er man helt avhengig av at samarbeidet fungerer, og oppstår det konflikter, er det få andre å henvende seg til. Gjennom en forskningsmessig oppfølging av arbeidet (…….), kom det fram at svært små skoler med liten utskifting av lærere, var de skolene som i gjennomsnitt klart viste minst evne til omstilling (Solstad 1997).*
>
> *I små skolemiljø kan det oppstå veldig tette bindinger og sterk lojalitet mellom lærerne og bygda, noe som i spesielle tilfeller kan bli en belastning for de lærerne det gjelder.*

I ei masteroppgåve av Marianne Øvstehage[6] har ein undersøkt i kva grad læringsmiljøet ved ein skule vert påverka av skulestorleiken. I oppgåva skriv Øvstehage at forsking knytt til skulestorleik er prega av ulike syn på store og små samfunn og ulike syn på kva som eigentleg er skulen sitt viktigaste formål.

Når det gjeld klassestorleik peikar Øvstehage på at det fins mange meiningar om dette, og skuleforskar John Hattie er ein av dei det ofte blir vist til når klassestorleik vert vurdert.

> *På den ene siden har vi påstandene om at det å redusere klassestørrelsene fører til at det blir mer individbasert undervisning, høyere kvalitet på undervisningen, større rom for innovasjoner og elevsentrert undervisning, høyere moral blant lærerne, færre avbrytelser, mindre problematferd og lettere å engasjere elevene i faglige aktiviteter. På den andre siden er det en voluminøs mengde litteratur som ikke støtter påstanden om at læringsresultatene forbedres når klassestørrelsen reduseres (Hattie, 2009)*

På same tid er det fleire som rettar kritikk mot Hattie sine analysar, og det må vere rett å seie at det ikkje er eintydige svar å finne i forskinga.

---

[5] http://www.nordlandsforskning.no/publikasjoner/det-trengs-ei-hel-bygd-for-a-oppdra-et-barn-article329-152.html

[6] https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2367321/Oevstehage.pdf?sequence=1

Med læreplanen frå 1997 såg ein at dei pedagogiske utfordringane med få- og udelte skular vart større. Det vart den gong større skilnad på pedagogikken og metodikken mellom årsstega.

Gjeldande læreplan, Kunnskapsløftet LK06, har mellom anna flytta merksemda mot fagleg måloppnåing heilt frå første klasse, auka krav til dokumentasjon, til individuell elevvurdering.

## DET PEDAGOGISKE PERSONALET

Dei formelle krava til læraren sin kompetanse har auka. Lengda på lærarutdanninga gjekk først frå tre til fire år, medan utdanninga no er ei femårig masterutdanning.

Den tidlegare allmennlærarutdanninga har vorte erstatta med differensierte grunnskuleutdanningar for høvesvis 1.-7. steg og 5.-10. steg.

Frå 01.01.14 vart det innført krav om relevant kompetanse i undervisningsfag. Dette kjem i tillegg til kompetansekrava som i dag er knytt til sjølve tilsettinga.

For å undervise i faga norsk, engelsk og matematikk på barnsteget må den som skal undervise ha 30 studiepoeng som er relevant for det aktuelle faget.

På små skular med få lærarar, kan det verte vanskeleg å stette krava til relevant kompetanse i alle fag.

I stortingsmelding 22 (2010-2011) heiter det mellom anna om skulen som organisasjon:

> *Skolen skal være en lærende og dynamisk organisasjon. Det ligger i det at den må legge til rette for at lærerne kan lære av hverandre gjennom samarbeid, og at den også må være åpen for impulser utenfra. En lærende skole har endringskapasitet og vilje til kontinuerlig utvikling, og den overlater ikke til den enkelte lærer å ta ansvar for nye satsingsområder. Allerede i slutten av 70-årene ble begrepet "lærende organisasjon" kjent innenfor skolesektoren. Når samfunnet endrer seg, kan det påvirke både faglig og politisk styring av skolen. Da er det en fordel ikke å være for fastlåst i en bestemt tenkning om hva som er god opplæring, hvordan lærernes arbeid skal organiseres og hva elevrollen innebærer. Forskning har påpekt at de enkelte skolenes evne til å drive selvstendig kvalitetsutvikling varierer, fordi ulike skoler har ulik forbedringskapasitet.*
>
> *Målet er å lære, og å lære sammen, i en organisasjonskultur som verdsetter kontinuerlig utvikling og nytenkning i et fellesskap som gir mening for den enkelte.*

Den einskilde skule har ansvaret for ei stadig aukande mengde oppgåver, og for å kunne møte nye og komplekse oppgåver vil det vere naudsynt med læring, endring og utvikling.

I Stortingsmelding 18 (2010-2011) om tidleg innsats og gode læringsmiljø for barn, unge og vaksne med særlige behov heiter det mellom anna:

> *Det stiller i større grad enn tidligere krav til samarbeid mellom ledere og lærere og mellom lærere. Læreren skal være aktør i et profesjonelt fellesskap, og bidra i målrettet utviklingsarbeid.*

I meldinga kjem det også fram at eit stort fleirtal, både lærarar i ordinær opplæring og lærarar som også har spesialundervisning, seier at kollegasamarbeid er ei av dei viktigaste kjeldene til utvikling.

I innleiinga til stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring heiter det mellom anna:

> *Skal vi lykkes, må evnen og lysten til å lære bli bedre. Skolen må selv være en lærende organisasjon. Bare slik kan den tilby attraktive arbeidsplasser og stimulere elevenes nysgjerrighet og motivasjon for å lære. Skolen kan ikke lære oss alt, men den kan lære oss å lære.*

For best vere rusta til framtida sin skule, er det administrasjonen si vurdering at det krev ein viss storleik i personalgruppa for å kunne sikre den samla kompetansen det vert sett krav til. Det vil kunne bli krevjande ved Vikebygda skule når den går mot ei to-deling. Administrasjonen vurderer også at det krev ein viss storleik i personalgruppa for best å sikre at skulen vert ein lærande og dynamisk organisasjon, der det er mogeleg å legge til rette for læring gjennom samarbeid og utveksling av kompetanse i personalgruppa.

## SKULESKYSS

Opplæringslova §§ 7-1 og 13-4 regulerer elevane sin rett til skuleskyss.

Elevar i 2. – 10. klasse som bur meir enn fire km frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa 2 km. Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskuleelevar som har rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Elles er det fylkeskommunen som er ansvarleg for skyssen. Kommunen betalar refusjon etter persontakst for grunnskuleelevar.

Nedlegging av Vikebygda skule vil liten grad utløyse ekstra behov for skuleskyss. Det er ingen elevar i 2.-4 klasse som vil få meir enn 4 km skuleveg.

Elevar i 1. klasse i Nedrelida, Tømmerbakken, Fremmerlida og Driveklepp har allereie rett til skyss grunna farleg skuleveg.

Dei einaste «nye» elevane som vil ha rett på skuleskyss til Bratteberg skule er 1. klassingar frå Vassbotnen.

## OMGREPET *BARNETS BESTE*

Jf. barnekonvensjonen, skal denne saka til liks med andre saker som vedkjem born, ta omsyn til kva som er til det beste for borna samla sett. Dersom *barnets beste* ikkje er godt nok utgreia i saksframlegget, vil det kunne vere ein sakshandsamingsfeil.

Vurderingane kring *barnets beste* vil verte gjort i når saka skal til politisk handsaming etter at høyringsinstansane har fått uttale seg.

## SAKSHANDSAMINGSREGLAR

Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv 2-2012 informerer om kva sakshandsamingsreglar som gjeld ved endring av skulestrukturen og nedlegging av skular. Rundskrivet peikar på at korkje opplæringslova eller anna regelverk har innhaldsmessige reglar for endring av skulestruktur, det vil seie reglar om når det er lovleg eller ulovleg å legge ned ein skule. Avgjerder knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Ei avgjersle må bygge på eit kommunestyre sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar.

Generelt er det eit forvaltningsmessig prinsipp at ei sak skal vere forsvarleg klarlagt før det vert teke avgjerd. I saker om skulenedlegging tyder det at kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei som vert råka av nedlegginga før det vert gjort vedtak. Udir rår til at skulen sitt samarbeidsutval, alternativt foreldra sitt arbeidsutval, får uttale seg når det gjeld vedtak om skulestruktur. Også andre saka gjeld bør få uttale seg, og sidan saka får konsekvensar for alle barneskulane i sentrum, rår administrasjonen til at følgjande får kome med uttale i saka:

- ✓ Samarbeidsutvalet ved Øyra skule, Bratteberg skule og Vikebygda skule.
- ✓ FAU ved Øyra skule, Bratteberg skule og Vikebygda skule.
- ✓ Fagforeiningane for dei tilsette.
- ✓ Heltne/Bratteberg grendautval
- ✓ Engeset/Klepp/Nordalen grendautval
- ✓ Hjartåbygda grendautval
- ✓ Rotset grendautval
- ✓ Vikebygda grendautval
- ✓ Samferdsleavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.
- ✓ Elevrådet ved Øyra skule, Bratteberg skule og Vikebygda skule.
- ✓ Verneomboda ved ev mottakarskular.

Høyringsfristen vert sett til seks veker.

Dersom det etter høyringsrunden vert tilrådd skulenedlegging, vil det verte handsama i tenesteutval for oppvekst og kultur og kommunestyret.

Volda, 7. januar 2019

Rune Sjurgard
rådmann

## VEDLEGG

XPRO – rapport Vikebygda skule

www.xpro.as
Tlf: (+47) 974 00 004
E-post: post@xpro.as

# Vikebygda Skule – overordnet vurdering av bygg og tomt i forhold til helse og miljø i skolen.




Xpro AS har gjort en overordnet vurdering av bygningsmasse og tomteforhold på Vikebygda skule i forhold til regelverk om miljørettet helsevern og arbeidsmiljø. Formålet med vurderingen er å få et overblikk over hvilken ressursbruk man kan se for seg å måtte legge ned for å sikre videre drift ved skolen. Dette er også en foranledning til mer konkrete analyser.

Vikebygda skule ligger 1 km fra Bratteberg skule og ca 3 km fra Øyra Skule, som alle driver skole på barneskolenivå i Volda. Skolen består av to separate bygg. Et som var bygd i 1986, noe oppgradert i senere tid (Vikebygda skule bygg B) og et med vesentlig eldre opprinnelse (Vikebygda Skule bygg A), også det oppgradert.

www.xpro.as
Tlf: (+47) 974 00 004
E-post: post@xpro.as

Vikebygda Skule bygg A består av 3 etasjer, kjeller, hovedplan og loft. Kjeller har et BRA på 260m2 og inneholder garderober, toalett, lager, vaktmesterrom og et klasserom/ gymsal. Hovedplanet består av 2 klasserom med hvert sitt tilhørende grupperom, wc, kopirom og rektors kontor, og har BRA 267m2. På loftet ligger personalrom og 2 arbeidsrom med flere kontorplasser. Loftet et målbart BRA på ca. 90m2. Huset har ikke heis. Huset er i liten grad tilpasset universell utforming, og har ikke egen HCWC. Det er nivåforskjell uten rampe/ heis mellom klasserom/ gymsal og resten av kjeller. De fleste overflater (tak, vegger/ gulv) er klare for rehabilitering pga. av alder eller bruksslitasje. Garderobe og toalettfasiliteter trenger oppgradering. For lærerarbeidsplasser på loft bør det gjøres en nærmere vurdering av areal- og dagslysbehov.





Vikebygda Skule bygg B består av 2 etasjer, kjeller og 1. etasje. I kjelleren ligger sløyd/ bomberom, lager, wc, hcwc, lager, SFO og klasserom/ spesialrom. BRA på kjeller er 313m2. 1. etasje har et BRA på 254m2, og består av garderobe/ fellesareal, 2 wc, lager, 2 klasserom med felles grupperom. Bygget har ikke heis, men har større forutsetning for tilpasning til universell utforming enn bygg A. Tilstanden er noe bedre på B enn A, men også her er der en del som bør rehabiliteres pga. alder eller bruksslitasje.




XPRO AS, MOLDE
Oscar Hanssens veg 7
N-6415 MOLDE

XPRO AS, KRISTIANSUND
Omagata 124
N-6517 KRISTIANSUND

XPRO AS, ÅLESUND
Postvegen 2
N-6018 ÅLESUND

XPRO AS, OSLO
Hasleveien 15E
N-0571 OSLO

www.xpro.as
Tlf: (+47) 974 00 004
E-post: post@xpro.as

Vikebygda Skule ligger i en skrå tomt, med mange skåninger, kanter og nivåforskjeller. Tilkomsten er via en noe smal stikkvei som leder inn til en parkeringsplass som ligger på en høyde ovenfor skolen. Uteområde er i dag i liten grad tilpasset universell utforming. Der er ikke heller ikke etablert ramper/ terskeleliminator ved alle innganger.

I forhold til forskrift om Miljørettet Helsevern i barnehager og skoler og Arbeidsmiljøloven anbefales det at man gjør grundigere undersøkelser for å avdekke mer konkrete avvik i forhold til forskriftene, samt lage en tiltaksplan for hvordan man retter opp i dette, eventuelt avdekke forhold som ikke lar seg rette opp med dagens bygningsmasse eller tilkomst til tomten. Ut i fra et førsteinntrykk så vil de største utfordringene ligge i bygg A, samt nivåforskjellene på tomten.

Ut i fra et overordnet blikk på dagens tilstand vil en svært grov kalkyle på nødvendige tiltak være.:

| | | |
|---|---|---|
| Felleskostnader: | Kr | 300.000,- |
| Rehabilitering: | Kr | 2.000.000,- |
| Følgekostnader (Kostnader som kommer som følge av annen ombygging): | Kr | 500.000,- |
| Heis/ løfteanordning: | Kr | 750.000,- |
| Utomhus: | Kr | 1.500.000,- |
| Generelle kostnader (prosjektering, administrasjon, anskaffelser, etc.): | Kr | 600.000,- |
| Usikkerhet, reserver og marginer (svært grov kalkyle med høy usikkerhet): | Kr | 1.700.000,- |
| **SUM EKS. MVA.:** | **kr** | **7.350.000,-** |

# VOLDA KOMMUNE
## Opplæring og oppvekst


«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»

«POSTI «POSTSTED»
»

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2018/1976 | 321/2019 | A20 | OPP/ PERKON | 07.01.2019 |

–

**HØYRING –**
**FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I GRUNNSKULEDRIFTA I VOLDA SENTRUM**

Formannskapet har vedteke at administrasjonen skal greie ut konsekvensar ved samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular.

Det vert vist til vedlagt høyringsdokument m.vedlegg, og høyringspartane vert bedne om å kome med innspel og kommentarar til utgreiinga og framlegga til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum

Etter at høyringsfristen er ute, vil saka bli lagt fram for  politisk handsaming.

Høyringsfristen vert sett til **24.02.2019**. Høyringsuttalar skal merkast med saksnr 2018/1976.

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Vedlegg:
1 Høyringsdokument - Framlegg til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum
2 Rapport frå XPRO - Vikebygda skule

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*


Postadresse: postmottak@volda.kommune.no www.volda.kommune.no
Telefon: 70058872
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

Høyringspartar

- ✓ Samarbeidsutvalet ved Øyra skule, Bratteberg skule og Vikebygda skule
- ✓ FAU ved Øyra skule, Bratteberg skule og Vikebygda skule
- ✓ Heltne/Bratteberg grendautval v Tollak Mikal Kaldheim
- ✓ Engeset/Klepp/Nordalen grendautval v Odd Paulen / Heidi Øglænd
- ✓ Hjartåbygda grendautval v Tonje Berg Bakkebø
- ✓ Rotset grendautval v Dag Nyheim
- ✓ Vikebygda grendautval v Siw Rotevatn Vikene
- ✓ Elevrådet ved Øyra skule, Bratteberg skule og Vikebygda skule
- ✓ Verneomboda ved Øyra skule og Bratteberg skule
- ✓ Utdanningsforbundet
- ✓ Fagforbundet
- ✓ Delta
- ✓ Verneombodet Øyra skule
- ✓ Verneombodet Bratteberg skule
- ✓ Samferdsleavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune

Hei!

Ser i høyringsdokumentet SAMLOKALISERING AV BRATTEBERG OG VIKEBYGDA SKULAR 2019, at de tek Hatties ytringar til inntekt (pedagogisk) for å slå saman desse to skulane.

Eg (..og fleire med meg) kunne sagt mykje meir om at de brukar dette som støtteargument om akkurat denne problemstillinga, men syner berre her til to påpeikingar frå professor (og tidlegare skeiseløpar) Svein Sjøberg.

1. "Klassestørrelse betyr ingen ting" -- hevder mange, ofte med henvisning til John Hatties famøse bestselger "Visible Learning".

Men forskning viser det samme som praktikere vet: Lærere kan gjøre en bedre jobb, og elevene blir sett og hørt på en bedre måte når klassene ikke er for store.
Nå går 30 000 lærere i USA til streik for å forsvare seg mot nedskjæringer. Valerie Strauss i Washington Post har detaljene.

2. *Hyllest til lærerne og den den lokale skolen*

Nobelprisvinner Edvard Moser og verdensmester Karsten Warholm gikk begge på Ulstein videregående skole. Som gjester hos Lindmo hyller de lærerne og den lokale skolen.

"Skolen har en aksje i Nobelprisen", sier Edvard
"Skolen var liten nok til å bli sett som individ" sier han.
Og Karsten er enig
"Jeg ville aldri være den tida foruten"

Så kan John Hattie og norske utdanningsøkonomer finregne så mye de vil på "effekten" av klassestørrelse og skolestørrelse. Både små og store skoler kan være både bra og dårlige. Men dette er i alle fall to "vitne" på at lokale skoler kan være gode.
Og det er viktig å få slike beretninger i ei tid der John Hatties liste over "what works" ofte rt brukt som bibel til å legitimere at store skoler er best og at klassestorleik ikkje betyr noko som helst.

Norske økonomar regner seg elles til samme resultat, der "Value Added Models" tåkelegg premissane for beregningane – og imponerer politikarane, særlig når dei kan spare pengar på "effektivisering"

Det finns elles mykje meir forskning som ikkje støttar denne 'skulestjerna', enn motsatt.

Ser også at de framleis brukar L97 og spesielt Kunnskapsløftet LK06 sitt læringssyn som grunnlag for kva som er skulen sitt oppdrag. Dette er under sterkt press og er i ferd med å bli endra (kjem snart ei ny).
Eg vil understreke at opplæringslova sitt overordna mål, framleis trumfar alle læreplanar.

Og **definisjonen på kva læring og kunnskapar** eleven skal ha når dei er ferdige med den skolastiske delen av livet, burde få mykje større plass i alle diskusjonar (offentleg og privat) om **oppdraget** til skulen.

Elles – ..så får de ha lykke til med framleis arbeider med å gjere skulen vellukka for ALLE våre håpefulle.

Volda 14.01.19

Mvh

Odd Jarle Ertresvåg

# VOLDA KOMMUNE
## Øyra skule

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* |
|---|---|---|
| 2018/1976 | 321/2019 | A20 |

**HØYRING –**
**FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I GRUNNSKULEDRIFTA I VOLDA SENTRUM**

**UTTALE FRÅ ELEVRÅDET PÅ ØYRA SKULE**

**Melding om vedtak:**
***Elevrådet på Øyra skule tek saka «Framlegg til endring i grunnskuldrifta i Volda sentrum» til vitande***

Behandling:
Elevrådet ved Øyra skule hadde saka opp til drøfting første gong 22.01.19.
Rådet vart orientert om høyringsdokumentet og dei ulike problemstillingane.

Dette er ei vanskeleg sak å ta stilling til for elevar frå 3. til 7. klasse. Ein vart samde om å diskutere saka i klassene og kome tilbake til ein eventuell uttale på neste møte.

På møte 05.02.19 vart saka tatt opp på nytt og dei fleste i elevrådet kunne melde at dei hadde diskutert saka anten i klassene, i heimane og eller med vener.

Spørsmålet vart røyst om elevrådet ynskte å kome med ein eigen uttale eller om ein skulle ta saka til vitande. Ved avstemming vart det 5 mot 4 stemmer for å ta saka til vitande.

Volda 11.02.19

May-Lisbet Lande
Elevrådskontakt

Else Lill Riise
Rektor

Postadresse:
Volda kommune, Øyra skule
Stormyra 2
6100 Volda

post.oyra@voldaskulen.no
Telefon:
70074300

www.voldaskulen.no/oyra
Org. nr:
939 760 946

FAU Bratteberg skule
Postboks 236
6101 Volda

Til

postmottak@volda.kommune.no
Volda kommune
v. rådmann Rune Sjurgard
Stormyra 2,
6100 VOLDA

Volda, 19.02.19

**<u>Høyringsfråsegn: Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular</u>**

FAU Bratteberg viser til høyringsdokument i sak 2018/1976 om konsekvensar ved å samlokalisere Bratteberg og Vikebygda skular.

FAU ved Bratteberg har delteke på orienteringsmøte med oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik, den 19.12.18, der han informerte om ulike perspektiv av denne saka.

FAU har hatt eit møte der vi har gått gjennom framlegg til endring av grunnskuledrifta i Volda sentrum, og ynskjer å belyse noko av det vi treng svar på.

**Skulen er viktig**
Bratteberg FAU ser med uro på den økonomiske situasjonen som teiknar seg i Volda kommune. Rådmannen har varsla naudsynte kutt som vil legge press på dei store sektorane, oppvekst og pleie- og omsorg. FAU er uroa når store investeringsplanar går foran lovpålagte tenester og kan ikkje tillate at borna vert ein salderingspost. Regjeringa Solberg har definert "*kunnskapsskolen som sitt viktigste prosjekt"* (Meld. St. 21 (2016 –2017)). Skulen bør vere det viktigaste også i Volda.

**Trafikkavvikling kring Bratteberg skule**
Dei trafikale tilhøva kring Bratteberg skule har lenge vore eit tema, og det er viktig at dette vert jobba med vidare. Det har vore mest fokus på nersida av skulen, men dersom det vert ei samlokalisering av skulane, kjem det til å verte meir trafikk ovanfor skulen, då mange høyrer til i byggjefelta der. SU ved Bratteberg har skrive om dette og FAU støtter denne bekymringa. I likskap med SU imøteser Bratteberg FAU at Volda kommune tek FAU sine innspel til trafikktryggingsplan på alvor og tek initiativ til å skape ei god trafikkavvikling i lag med dei føresette.

**SFO-tilbodet**
SFO ved Bratteberg har dårlige forhold, sidan dei brukar same lokalar som 1. og 2. klasse. Det er ynskjeleg å ha eit eige område for dette, og ved ei samlokalisering må dette tilbodet styrkast med å ta med seg dei gode erfaringane dei har ved Vikebygda skule.

**Ved ei samlokalisering er det behov for utviding av Bratteberg skule**
Vi i FAU ynskjer konkrete, tidfesta planar som omhandlar korleis utvidinga skal løysast. Det er ikkje nemnt i framlegget kva areal som er tenkt til utvidinga. FAU er opptekne av å bevare grusbana og det gode utearealet ved skulen, sidan dette er gode område for elevane våre. Vi har store klasser ved Bratteberg og elevar med ulike behov. Bratteberg skule har berre eitt grupperom til undervisning for elevar med særskilte behov. Ved å auke elevtalet, må planane legge til rette for god, tilpassa undervisning og areal som stettar dette.

**Klassestørrelse**
Utdanningsforbundet syner i si uttale til ein metastudie av lærartettleik utført av Kunnskapssenter for Utdanning. Studien konkluderer med at den beste klassestørrelse ser ut til å ligge mellom 15-18 elevar. FAU er uroa for at klassene vert for store og at dette vil kunne gå utover læringsmiljøet til våre born.

**Volda Ungdomsskule**
FAU Bratteberg er samde i at ein ny ungdomsskule i Volda er særs viktig å få på plass. Dette er noko våre born skal ha nytte av vidare.

**Symjeundervisning**
FAU Bratteberg ser det som særs viktig at symjetilbodet i Voldaskulen får eit løft. Dette betyr at ny symjehall må prioriterast. Opplæringsmåla i læreplanen er ambisiøse. Symjeundervisninga ved Bratteberg skule tek ikkje dette på alvor og må styrke sitt symjetilbod. FAU er kritiske til at elevane innanfor same skulekrins ikkje har same tilbod om symjeundervisning.

For Bratteberg FAU,
Leiar Tor Halvar Botnen

## Svar på høring- fremlegg til endringer i grunnskoledrifta i Volda sentrum/

## Saksnr: 2018/1976

Fragmentert bildet av en større helhet

I fremlegget s 5 skriver administrasjonen at det i Volda kommune er vedtatt store investeringer. Kommunen står grunnet dette ved et skifte der det er nødvendig med endringer/sparetiltak for å kunne yte gode tjenester.

Med planlagte 2 milliarder i lån i Nye Volda kommune, er det naturlig å tenke på sparing. Volda kommune hadde 1,2 milliarder i lån også før økonomiplanen for 2019-2022 ble vedtatt. Sparing burde vært nærliggende også da. Det ville være mer akseptabelt for folk og mer fornuftig om sparekniven var synlig i det planlagte budsjettet, i tillegg til at behovet for færre driftsenheter og andre sparetiltak var jevnt fordelt på alle institusjonene i Volda. Austefjorden skole får for eks i følge fremlegget tilført mer midler enn lærernormen tilsier og burde vært vurdert nedlagt sammen med Vikebygda skole. På denne måten kunne sparingen vært et fellesprosjekt som skulle gi oss alle en god kommunale drift.

På kommunestyremøtet torsdag 14.02.19 ble det vedtatt bygging av Volda Campus Arena, uten å være sikker på støtte fra fylkeskommunen. Det kan virke som om kommunestyre er av den oppfatning at det fremdeles er penger å bruke, samtidig som administrasjonen sier av vi må spare. Dette gir blandede signaler, og gjør det vanskeligere for folk å akseptere emosjonelt vanskelige besparelser.

Det ligger i en hørings natur at den som svarer skal påpeke hva som er positivt og negativt for den spurte gruppe. Samtidig oppfordrer høringsfremlegget til kommunal sparing. Disse to behovene er vanskelige å forene. Viljen til kommunal sparing på egen bekostning krever kollektivisme. Hvis en ikke opplever at vi står sammen om sparingen, vil den nærliggende strategien være å prøve å komme gjennom med sin egen sak.

Budsjettet tilsier at sparing må til, og det hadde vært fint om folket i Volda, politikere og administrasjon kunne komme hverandre i møte på en bedre måte når det gjelder dette.

Folket i Engeset, Nordalen og Klepp grendalag sogner til Øyra skole. Undertegnede vil videre i høringssvaret fokusere på de negative og evt positive konsekvenser en evt samlokalisering av sentrumskolene vil kunne ha for Øyra skole.

Lærernorm og klassestørrelse

Det refereres til innføring av lærernorm høsten 2018. Den nye regelen fjerner grense mht klassestørrelse, og innfører i stedet en diffus regel om at klassene ikke må være større enn det som er pedagogisk og sikkerhetsmessig forsvarlig. Den nye lærernormen fordeler 1 lærer pr 15 elever.

Ved å legge ned Vikebygda skole inviteres det til å ha klasser som er større enn tidligere gitt grense på 28 elever pr klasse på barneskolen. Med Heltneelva som utgangspunkt ved fordeling av elevene som foreslått i fremlegget vil dette gi en skjevfordeling av elever hvor Øyra får klasser på over 30 elever noen år, og Bratteberg vil få små klasser. Dette kan skape en presset situasjon på Øyra skole. I tillegg vil det være uheldig for elevene på Bratteberg å ha klasser med 9 elever. Det burde være mulig å være mer fleksible mht skolegrense for å hindre en slik skjevfordeling.

Øyra er skolen med størst klasserom, og som derved har muligheten til å romme flest elever. I en presset økonomisk situasjon er det som fremlegget understreker lettest å spare på en stor skole. Det er mulig å se for seg at Øyra i praksis ikke vil få de pedagogiske ressursene som de i teorien skulle ha grunnet høyt antall elever, da det er lite penger i kommunen.

På kommunestyremøtet tirsdag 14.02.19 ble det vedtatt at Austefjorden skole skulle tilhøre Stor-Øyra skolekrets. Med bakgrunn i gjeldene budsjett er det nærliggende å anta at Austefjorden skole vil bli nedlagt. Skolen har i dag 17 elever ifølge voldaskulen.no. Det finnes ingen opplysninger i høringsfremlegget om antall barn tilhørende Austefjorden skole de neste år. I alle tilfelle vil dette bidra til at Bratteberg og Øyra vil få enda flere elever. En vil i alle tilfelle ha lite reservekapasitet igjen før en må bygge på en av skolene.

SFO

Øyra skole har få elever på SFO vs Vikebygda skole. FFO har overtatt mange av elevene ved Øyra. Dette tross bussfrakt til FFO, og henting på annen lokalitet enn skolen. Det er rimelig å anta at dette sier noe tilliten/grad av fornøydhet hos brukerne av tilbudet.

SFO på Vikebygda har mange deltakere og har et godt rykte. Ønsker vi å legge ned dette? Hva er en god kultur verdt i penger? Og om nedleggelse skulle bli nødvendig, kunne de ansatte ved Vikebygda SFO være med å styrke for eks Øyra SFO? Dette ville i så fall vært positiv for Øyra skole.

**Oppsummering/Vurdering:**

Øyra skole har nok elever til å fylle 2 klasser med et pedagogisk og sosialt tilfredstillende antall elever de neste årene. Ideelt sett skulle en ønske at det kunne fortsette slik.

Vikebygda skole har mange som står opp for seg. Det er tydelig en god kultur på skolen. Elever trives der. SFO tilbudet er godt.

Kommunen er i økonomiske vansker, dels grunnet eksisterende gjeld, dels grunnet planlagte nyinvesteringer og dels grunnet en desentralisert uøkonomisk skoledrift som statens tilskudd ikke utjevner.

Ved eventuell samlokalisering bør:

Grensen ved Heltneelva være flytende for å få til en mer jevn fordeling av elever på de to skolene.

Ressurser ved SFO Vikebygda nyttes for å forbedre situasjonen ved Øyra SFO.

Frigjorte penger komme elevene til gode.

40 millioner i redusert drift er en tung bør å bære for oppvekstsektoren og helsesektoren i Volda kommune. Dette er ikke noe vi ønsker for våre barn og eldre. Samlokalisering for å komme staten i møte mht sentralisering er kanskje ikke til å unngå. Sparingen som pålegges Voldas unge og gamle for å tilfredstille investeringer som ikke er lovpålagte er vanskeligere å akseptere.

Viser til diskusjon vedrørende økonomistyring ved kommunestyremøte 14.02.19 der det ble hevdet at fine bygg fikk folk til å flytte til Volda. Vi vil

hevde det motsatte: God drift skaper trivsel, og trekker folk til Volda. Ikke nye bygninger.

mvh Engeset, Nordalen og Klepp grendalag ved Heidi Øglænd

Vikebygda grendautval
grendautval@vikebygda.no

Volda 22.02.2019

## Høyringssvar: framlegg til endring i grunnskuledrifta i Volda sentrum, saksnr 2018/1976

Oppvekstsjefen i Volda kommune har sendt på høyring eit framlegg til endring i grunnskuledrifta i Volda sentrum. Konklusjonen her er at det skal vere fornuftig å gå for ei nedlegging av Voldas fjerde største barneskule, Vikebygda. Vi seier nei til dette!
Høyringsdokumentet til Oppvekstsjefen er svært mangelfull og tek ikkje omsyn til realkostnader ved ei nedlegging. Framlegget er lite framtidsretta, og vil gje Volda kommune dei komande åra store problem med å huse barneskuleelevane. Foreldre og bygdelaga mobiliserer og står saman om å verne skulen.

Etter ei grundig synfaring på Bratteberg og Vikebygda skular, ba eit samrøystes utval (TOK) administrasjonen og formannskapet om å leggje vekk saka om å utgreie ei mogleg nedlegging av Vikebygda skule. TOK var klinkande klare, og med medlemmer frå AP, SP, KRF, FRP, MDG og H sto dei saman og gav eit samrøystes vedtak: Vikebygda skal bestå fordi det vil gagne elevane i heile Stor-Øyra krins.

Vikebygda skule er ein nyoppussa grunnskule 1.- 4.trinn i Volda sentrum med 53 elevar (2018). Det gjer skulen til Voldas tredje største barneskule for småskulen, og fjerde største barneskule totalt, og det er venta at elevtalet aukar. Vi ser i høyringsdokumentet frå oppvekstsjefen at han ikkje ønskjer å ta inn over seg dei framskrivingar i barnetal som kjem frå SSB og som ein også finn igjen i Volda kommune sitt øvste styrande dokument, kommuneplanen. I økonomiplanen for 2019-2022 står det i tillegg at det er ønskja at Volda skal vere ei vekstkommune for å løyse ut vekstmidlar. Dei framskrivne tala viser til at aldersgruppa 6-12 år er lågast i 2019 og veksten fram mot 2040 er på heile 17,5% i denne aldersgruppa. Vidare står det, både i samfunnsdelen og i arealdelen til kommuneplanen, at i Øvre Heltne og Vikebygda kan ein anslå eit utnytta potensiale til omlag 150 nye bustadar. Dette er området mellom Heltneelva og Rotevasselva. Frå Vikebygdvegen er store område bygd ut, men her er framleis nokre enkelte tomter som ikkje er utbygd. Saman med område som vart satt av til bustadområde i gjeldande kommunedelplan kan ein anslå eit unytta potensiale på om lag 150 nye bustader. Kommunedelplanen er under rullering og arealdelen for sentrum er snart venta ferdig. Det er å vente at oppvekstsjefen og rådmannen i kommunen kjenner til dette arbeidet og også tek omsyn til dei planlagde bustadfelta som er under planlegging i dette arbeidet. Vi er særs uroa over at oppvekstsjefen ikkje har lik kjennskap til dei kommunale styringsdokument og planar som vi som innbyggjarar har.

Oppvekstsjefen tek i sine tal utgangspunkt i dei næraste fire åra. Å leggje ned ein barneskule med eit so knapt framtidsperspektiv stiller vi oss særs kritiske til. Oppvekstsjefen skriv vidare at barnetala er på veg ned og at det ikkje er behov for den kapasitet og restkapasitet som Vikebygda er i dag. I Møre las ein no i feb.19 at det i fjor var sett fødselsrekord over antall fødde Voldingar på 117 stk., dette til trass for rekord både dei to føregåande åra (115 og 114 fødde).
Vi kan ikkje sjå at oppvekstsjefen har tatt med denne auken i sine tal og set difor store spørsmålsteikn ved hans bruk av talmateriale. Vi ser også at oppvekstsjefen sine tal avvik meir og meir frå SSB sine tal, og vi spør kort og greitt, kvifor det?
Kven bur i alle desse nye bustadane som vert oppført?
Kvar bur alle nyfødde?
Vi har satt tala inn i ein tabell for å synleggjere dette, denne viser som du ser, at vi ligg heilt konsekvent på ein kapasitet som er jevn, men plutselig om nokre år so skal kapasiteten gå NED, sjølv om fødselstala går OPP.

| Elevtal | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. klassingar iflg rapport | 89 | 87 | 78 | 67 | 75 | 67 | 70 | 74 | 68 | 82 |
| Fødde 6 år tidlegare | 100 | 89 | 79 | 81 | 81 | 74 | 84 | 110 | 94 | 117 |
| Differanse | -11 | -2 | -1 | -14 | -6 | -7 | **-14** | **-36** | **-26** | **-35** |

**Vi vil kome med ei utfordring til oppvekstsjefen, vi bed om at han legg fram ei analyse av situasjonen om han følgjer SSB sine framskrivingar.**

Skulen er over hundre år, har lange røter og er ein kulturberar. Skulen har stabil stab med høgt kvalifisert personale. Skulen er særleg kjend for undervisning med høg kvalitet, lite mobbing, høg trivsel og svært tett dialog med foreldregruppa. Dette viser igjen i nasjonale prøver og Vikebygda leverer gode resultat her.

Vikebygda skule er ein god gamaldags grendaskule og har tette band mot bygda. Skulen har motteke gåver i alle år frå lokalsamfunnet. FAU er aktive, arrangerer mellom anna diskotek for born der alle kan delta, arrangerer Kulturkveld og samlar inn pengar til trivelstiltak. Skulen har svært låge driftskostnader, då rektor også underviser og ikkje er ei rein administrativ stilling, slik som ved andre skular. Skulen driv i tråd med kommunen sine målsetjingar i "Kvalitetsplan. Sektor for opplæring og oppvekst" (2017)
https://www.volda.kommune.no/styringsdokument/barnehage-og-skule/kvalitetsplan-for-grunnskulen/

Vi ser av tal som kan hentast ut på nett for alle og einkvar at Vikebygda skule er einaste av dei berørte skulane i sentrum som driv etter lærarnorma.
(Skjema frå:
https://gsi.udir.no/registrering/kalkulatorer/gruppestorrelse2/?fbclid=IwAR0SW6hBaCNhsLbqeS6RK9m2vL4tZ_rsbDjbSwNsiTTUD5MJUFR9ZqX7bA4)

Importer data for skole

2018-19 | Vikebygda skule (Volda) | Hent data for valgt enhet

Valgte trinn

(•) 1.-4. trinn ( ) 5.-7. trinn ( ) 8.-10. trinn

Resultater

Denne skolen oppfyller norm for lærertetthet på 1.-4. trinn (16 elever pr lærer)

Gruppestørrelse 2: 12,8

Skolen oppfyller kravene på hovedtrinnet med antall undervisningsårsverk: 0,8

Importer data for skole

2018-19 | Bratteberg skule (Volda) | Hent data for valgt enhet

Valgte trinn

(•) 1.-4. trinn ( ) 5.-7. trinn ( ) 8.-10. trinn

Resultater

Denne skolen oppfyller *ikke* norm for lærertetthet på 1.-4. trinn (16 elever pr lærer)

Gruppestørrelse 2: 19,3

Krav til ekstra undervisningsårsverk på hovedtrinnet for å oppfylle normen: 0,8

Importer data for skole

2018-19 | Øyra skule (Volda) | Hent data for valgt enhet

Valgte trinn

(•) 1.-4. trinn ( ) 5.-7. trinn ( ) 8.-10. trinn

Resultater

Denne skolen oppfyller *ikke* norm for lærertetthet på 1.-4. trinn (15 elever pr lærer)

Gruppestørrelse 2: 15,9

Krav til ekstra undervisningsårsverk på hovedtrinnet for å oppfylle normen: 0,6

Vi les vidare i høyringsdokumentet at oppvekstsjefen har sin eigen måte å rekne ut denne lærarnorma på, noko som er under ein kvar kritikk: “Innføringa av lærarnorm hausten 2018 har endra dette. Norma tyder at det i 1.-4. klasse skal vere ein lærar pr. 16 elevar (pr. 15 elevar frå hausten 2019) medan det i 5.-10. klasse skal vere ein lærar pr. 21 elevar (pr. 20 elevar frå hausten 2019). Norma skal utreknast på skulenivå.” Og at han dermed vil spare lærarressursar ved å stue saman i store klasser. Vi stiller oss undrande til denne innsparinga og har som utgangspunkt at alle skulane må kunne forventast oppfyller norm for lærartettheit.

“Normen skal gjelde for hovedtrinnene totalt, dvs. for 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Det presiseres at den nye normen ikke vil føre til at en klasse/gruppe på for eksempel 3. trinn med over 16 (15) elever vil ha rett til en ekstra lærer.
**Det er det totale antall elever på henholdsvis hvert av hovedtrinnene på den enkelte skole som vil avgjøre hvor mange lærere som skal til for å oppfylle normen.**
Skolene må selv fordele lærerressursene slik de mener det er hensiktsmessig. Gruppe- eller klassestørrelsen reguleres fortsatt av opplæringsloven § 8-2. Det skal ikke innføres nye klassedelingstall eller tall for hvor mange lærere som skal være til stede i hver enkelt undervisningstime eller fag i en gruppe/klasse.”
(Henta frå https://www.regjeringen.no/contentassets/34914a224ab24b0685c9cb3280f44c5c/informasjon-til-kommunene-om-larernormen-l1275164.pdf?fbclid=IwAR2Ran78nOYJLIiQO2wXQjSaJgiVOk3wopu_EUM6IfmpfehmFbarsZsmhwA )

**SFO**
90,5 prosent (48 av 53) av elevane på Vikebygda nyttar seg av SFO. Her er 21 stk. med heil plass. Talet for kommunen er under 50 %. Øyra har 23 elevar med heil plass og 89 med delt plass, og Bratteberg har 10 stk. med heil plass og 28 med delt plass. Bratteberg SFO har ikkje kapasitet til å overta femti nye ungar. Løysinga her er då anten å nytte seg av Vikebygda i ein overgangsfase eller å sette “skulemodular” ved skulen. Å bytte ein fungerande SFO-ordning med eigna lokale ut med brakker vil vere å ta ti steg tilbake. Det er ikkje ei tilfredstillande løysing når Vikebygda skule står der, i god stand, med velfungerande uteområde og er rimeleg i drift. Vi kan heller ikkje sjå at kostnaden for å løyse desse utfordringane er ført som fråtrekk inn i oppvekstsjefen sitt rekneark over innsparingar ved tiltaka.

**Nye investeringar på skulen i 2017 og 2018**
Volda kommune har gjort betydeleg investeringar på fleire millionar kroner i skulebygningane og infrastruktur på Vikebygda skule i dei to siste åra, den siste i november 2018:
Solskjerming, nytt ventilasjonsanlegg, nye vindauge på begge skulebygga, ny teknisk infrastruktur, oppussing av kledning og bytte av dører.
I tillegg kjem ei betydeleg oppgradering av uteområde, finansiert av kommunen og private givarar, mellom dei grendautvala og privatpersonar. Vi kjenner til at Vikebygda skule er driven på dispensasjon pr.dato, grunna manglande tilrettelegging for røyrslehemma.

**Følgjekostnader ved å legge ned Vikebygda skule**
Utbygging må til!
Skulane Bratteberg og Øyra har ikkje kapasitet til å huse dagens elevar frå Vikebygda, og på ingen måte framtidas elevtal. Det må fleire utvidingar til for å huse 50-70 elevar, pluss ein venta vekst på 100 (kommunens tal).
Det vil seie 150 nye elevar:
utviding av personalrom, SFO, og klasserom, samt fellesareal og gymsal. Bratteberg og Øyra må ganske enkelt byggast på. Vi nemner kort at Volda kommune med oppvekstsjefen enno ikkje har klart å kartlegge og avklare den arkitektoniske klausulen ved Bratteberg skule og vi etterspør om det i det heile tatt er praktisk mogeleg å tenke på ei løysing ved bruk av "skulemodular" eller ei evt. seinare påbygging/utviding av skulen. Og for ikkje å snakke om dei økonomiske investeringane Volda kommune no er i ferd med å ta på seg, og dei band som dette legg på økonomien framover. Vi har ikkje råd til å byrje å investere i ny bygningsmasse om kun få år fram i tid.

Trafikksikringa på Bratteberg må takas uansett. Å legge dette til høyringa vert å framstille saka som at det blir trafikkfarleg på denne skulen pga. dei nye borna. Trafikktilhøva rundt Bratteberg har vore kaotiske i årevis, og FAU, skulen og grendautvala har kjempa denne kampen lenge. Vi forventar at det blir rydda opp i uansett utfall av denne saka. Vi vil også peike på daglege farlege situasjonar nord for Bratteberg skule, kryssingar ved Kalvegeila, Gamle bergsvegen, Hjellbakkane og Gamletufta det vert eit aukande problem om her skal tilførast enno meir elevar på småtrinnet. Men at fleire elevar med lengre skuleveg kjem til å bli køyrde til skulen er ingenting å legge skjul på.

**Skuleskyss**
Det står i høyringsdokumentet at einaste nye elevar som løyser ut skyss med å leggje ned Vikebygda er dei borna som evt. bur i Botnavegen inst inne, når dei går i 1. klasse, pga. at det då blir over 2 km. til skulen. Vi peikar på at fleire av borna til Vikebygda skule pr. i dag har farleg skuleveg og at dette ikkje går over ved å flytte dei til Bratteberg. Skulevegen er like farleg uansett. Ein må forvente å fortsatt levere skyss til alle borna som har bustad langs Vikebygdvegen aust for Vikebygda skule.

**Miljø**
Å legge ned Vikebygda skule gir dei fleste av dei 50 borna lenger skuleveg. All erfaring tilseier at det medfører meir bilbruk til allereie kaotiske tilstandar ved Bratteberg. Meir køyring i nærmiljøet er ikkje ei ønskjeleg samfunnsutvikling og styresmaktene brukar mykje midlar på kampanjar for å få ungar til å gå til skulen. Dette føreset at det er mogleg å gå til skulen. Vi etterspør framdrift i Trafikktryggingsplanen for Volda kommune og viser til barnetrakkregistreringa som var gjennomført sist skuleår.
Det er på tide at Volda kommune viser at dei tek borna på alvor, dei har krav på det!

**Kvalitet på Vikebygda skule og Vikebygda SFO**
Skule og SFO har høgt kvalifisert og stabilt pedagogisk personale. Det er lågt sjukefråver. Skulen har romslege klasserom og eit godt uteområde med tilgang til skog og marker, som velvillige naboar låner ut til skigåing og anna aktivitet. Nært samarbeid med lag og organisasjonar. Det er lite mobbing og godt psykososialt miljø. Svært tett og godt samarbeid heim-skule. Vikebygda SFO har ein eigen profil på friluftsliv og kunst - og handverk. Dei samarbeider med frivillige lag og privatpersonar, i tillegg til å ha høgt kvalifisert og stabilt personale. Det er ikkje akseptabelt å gå over til SFO som oppbevaring og samanstuing av barn i skular som ikkje er dimensjonert for fleire born! At Bratteberg skule berre har 10 born med full plass viser det vi veit: trivsel på Bratteberg SFO er ikkje tilfredsstillande og det tilbodet som er på SFO der er ikkje i same divisjon som det gode tilbodet på Vikebygda SFO.
Vi minner om at SFO er ei lovpålagt kommunal teneste som de må tilby til alle som treng det i 1.-4. klasse (og i enkelte tilfelle også for eldre born). Dette er ikkje noko ein kan velje å ikkje prioritere eller levere.

Administrasjonen viser i høyringsdokumentet til fleire problem med veldig små einingar (noko vi må presisere at Vikebygda på ingen måte er, med over 50 elevar på 4 trinn). Med bakgrunn i dette ber vi om at skulen får behalde barnetalet så lenge der er drift. Ei nedlegging av klasse for klasse for at det siste året skal gå éi stor klasse som består av to trinn strir imot kommunen sitt eige dokument, fornuft og kvalitet. Dersom kommunen vel å legge ned skulen må alle elevane flyttast samstundes og dei elevane som må flyttast frå Bratteberg til Øyra må også utførast då. Noko anna er ikkje fagleg forsvarleg. Vi forventar at dei borna som soknar til Vikebygda får starte der i 1. klasse hausten 2019.

**Verdiar som ikkje kan kvantifiserast i kommunens rekneark**
All nyare forsking tilseier at overfylte klasser og skular ikkje gir eit godt læringsmiljø.
Høgskulen i Volda er blant landets fremste på skuleforsking.
Forsking syner at mindre klasser er særleg teneleg for dei yngste elevane, dei fagleg svakaste og elevar med minoritetsbakgrunn. Å få starte skulegangen i små og oversiktlege grupper på ein skule der alle lærarane veit namnet ditt har ein uvurderleg verdi. Forskinga viser at større grupper fører til at fleire treng hjelp. Både dei svake elevane og dei fagleg sterke elevane er i faresonen i store grupper, det blir ikkje rom for å vere anten svak eller sterk i ei stor gruppe. Dette er ressurskrevjande og krev både personale og rom til deling av gruppene. Læring kan ikkje målast i kroner og øre.
Som ein liten peikepinn på kva kostnadar vi kan framprovosere ved å gå inn for so store grupper har vi tatt utgangspunkt i dei data som ligg ute på nett (https://gsi.udir.no/registrering/apne/), og finn at prosentdel spesialundervisning vert større på dei store skulane, den ligg på 16.5% på Vikebygda, 20.9% på Øyra og 35.49% på Bratteberg skule!
Dette er so store skilnadar i tal at sjølv den forklaringa som seier at dei med mest kompliserte utfordringar vert med vitande styrt til ein skule ikkje kan vere skuld i denne skilnaden. Dette viser ganske enkelt at mindre einingar gjev mindre behov for spesialundervisning!
Spesialundervisning er som vi alle veit, den dyraste form for undervisning vi har. Og målet må

sjølvsagt vere at den ordinære undervisninga skal vere so god at den kan vere god for dei fleste.
Her må vi påpeike at Vikebygda er best i klassen av dei skulane vi samanliknar.

Overgangen mellom Vikebygda og Bratteberg i femte trinn fungerer godt i følge undersøkingar FAU har gjort. Borna får stor sosial kompetanse med å bytte skule før dei møtast på ungdomsskulen. Imidlertid rapporterer foreldre at kontakten med Bratteberg etter overgangen er vanskelegare for ein del foreldre, sidan skulen er større.

Vi legg merke til at høyringa ikkje er sendt til interessegrupper som FFO (Funksjonshemmedes Fellesorganisajon) eller PPT. Burde ikkje desse interesseorganisasjonane og fagmiljøa våre invitert inn til å diskutere ei so omfattande sak for grunnskuleelevane i Volda sentrum?
Dette gjeld ikkje berre elevar på Bratteberg og Vikebygda, men også alle elevane ved Øyra skule vil få kjenne desse føreslegne tiltaka på kroppen!
Opplæringslova § 9 A handlar om elevane sitt skulemiljø og spesielt har § 9 A-7 fokus på det fysiske miljøet.
Her står det spesifisert at “Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.”
Vi kan ikkje på nokon måte sjå at det forslaget som oppvekstsjefen legg fram støttar dette kravet til alle dei borna i Voldaskulen som treng ekstra støtte pga. sine funksjonshemmingar.
Ein har sett konsekvensane av å ikkje ta heile denne paragrafen på alvor, for alle elevane, og at Voldaskulen no har eit særskilt fokus på det med skulevegring seier vel sitt om kva konsekvensar ein kan få om ein ikkje tek omsyn til denne paragrafen.

**Konklusjon:**
Vi krev at Vikebygda skule skal bestå!
Saka skaper stor uro og frustrasjon hjå store innbyggargrupper!

Å legge ned Vikebygda er ikkje god samfunns- og kommuneøkonomi. Det er ikkje dokumentert at det faktisk er pengar å spare, men snarare føre til større kostnader og lågare kvalitet på tilbodet. Ei nedlegging er ikkje berekraftig, verken økonomisk, kvalitetsmessig eller miljømessig.

Volda kommune har i dei to føregåande åra brukt betydelige midlar på å ruste opp skulen. Var det pengar ut glaset? Kva slags signal sender Volda kommune til innbyggjarane om de vel å forvalte midlane i samfunnet på denne måten?

Vikebygda skule har 9,6 årsverk. Desse årsverka forsvinn ikkje ved ei nedlegging, jamfør lærarnorma Stortinget har vedteke, men vert berre forflytta.

Som innbyggjarar (og mange av dei heimflyttarar!) vil vi gje våre folkevalde ei klar forventing om at Volda kommune i staden for å stadig truge med skulenedleggingar, ser verdien av å satse på

framtida, altså born i skulen, og heller nedprioritere ikkje-lovpålagde oppgåver i sine budsjett. Dersom vi fortsatt ønskjer å vere **Skulebygda Volda** må grunnskulen vår ha bemanning innanfor lærarnorm, kvalitet, trivsel og kapasitet, også for framtida. Og det legg ikkje dette høyringsforslaget opp til!

Vi krev at vi og borna våre vert høyrde!
Skule og SFO handlar om dei lovpålagde oppgåvene til kommunen. Dette var TOK klare på, og vedtok å ikkje gjere Vikebygda skule til salderingspost i budsjettet. Kommunen lyttar ikkje til verken eige kommunalt utval, ei samla foreldregruppe eller dei det råkar: borna.
Vi viser til informasjon frå Fylkesmannen medio februar 2019: *"Kommunane skal sikre at barn og unge veks opp i gode omgivnader, og syte for at deira interesser blir høyrt og tatt i vare, jamfør artikkel 12 i FNs barnekonvensjon. Dette er eit heilskapleg ansvar som alle i kommunen må gjere ein innsats for."*
Dette gjeld altså også Volda kommune, både oppvekstsjef, rådmann og politikarar!

Vikebygda Grendautval
Ved leiar Siw Rotevatn Vikene

Tilsette ved Vikebygda SFO
Høgtunvegen 13
6104 Volda

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

**Høyringsutkast; framlegg til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum.**

Vi viser til høyringsdokumenta i sak 2018/ 1976 om konsekvensar av samlokalisering av Vikebygda og Bratteberg skular, og har desse innspela:

På Vikebygda skule er det meir enn 92% av elevane som går på SFO (49 av 53 elevar) Vi er dermed den største skulefritidsordninga i Volda i høve barnetal på skulen. Vikebygda SFO har eigne, store og gode lokale og eige stort kjøken med sitteplassar til alle borna. Vi har oversiktlege rom/ område både inne og ute. Vi har svært gode uteområde rundt skulen og i nærområdet. Vi har tradisjon for at alle elevane går på SFO ut 4. klasse, og både born og foreldre er godt nøgde med tilbodet vi gjev på Vikebygda SFO. Trivselen er høg hos både born, foreldre - og dei tilsette. Vi fryktar at borna våre (og foreldra) skal få eit dårlegare tilbod ved ei samlokalisering.

Vi synest ikkje lokala på Bratteberg SFO er gode nok, eller egnar seg for drift av SFO med mange born. På Bratteberg har SFO har ein lite kjøkken, og elles må ein dele rom med småskuleklassene. Vi fryktar dette vil gje dårlegare kvalitet på SFO-tilbodet til våre brukarar, og ønskjer sjølvsagt at tilbodet ved Vikebygda SFO skal halde fram.

Med helsing
Liv Driveklepp, Fagforbundet
Catarina F.Øie, Fagforbundet
Marita Igesund, FO
Ragnhild R. Dagfinrud, Delta
Lilly Sætre Liadal, FO

# VOLDA KOMMUNE
## Bratteberg skule

Volda kommune
v.rådmann Rune Sjurgard
Stormyra 2,
6100 VOLDA

| *Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|
| NV | 21.02.19 |

# Høyringsfråsegn: Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular

SU (samarbeidsutvalet) viser til høyringsdokument i sak 2018/1976 om konsekvensar ved å samlokalisere Bratteberg og Vikebygda skular

SU ved Bratteberg skule meiner at saka er utgreidd på ein god måte. Dokumenta som ligg til grunn for høyringa er saklege og informative. Det er teke omsyn til ulike perspektiv i saka, både økonomisk og pedagogisk. Oppvekstsjefen hadde eit godt møte med foreldrerepresentantar i sentrum (FAU) den 19.12.18. I dette møtet vart viktige sider i saka forklart og oppklara.
SU ved Bratteberg skule er opptekne av at vi skal halde fram med å vere saklege. Prosessar som denne utløyser mange kjensler, og det kan vere vanskeleg å vere både politikar, tilsette, føresette og barn i slike saker. Barna skal få uttale seg, og dei skal oppleve at vi vaksne opptrer med respekt for både dei og kvarandre.
SU ved Bratteberg skule ser at det er naudsynt å vurdere skulestrukturen i Volda kommune med tanke på behov for investeringar i framtida. Vi ser det som uheldig dersom vi får to fådelte skular i Volda sentrum, særleg med tanke på det pedagogiske tilbodet til elevane i Voldaskulen. Fådelte skular gir ekstra ressursar til nokre få av elevane våre.

Bratteberg skule var 20 år i desember 2018. Det er ikkje ein gamal skule, men utviklinga i grunnskuleopplæringa har vore omfattande dei siste åra og skulen vår stettar ikkje dagens behov. Uansett kva som skjer, så må det gjerast byggmessige endringar for framtida. Dersom elevane ved Vikebygda skule skal overflyttast til Bratteberg, må endringane skje i førekant av dette. Vi skisserer kva som må endrast, og så må eigedom/fagfolk vere med for å sjå gode løysingar på dei ulike utfordringane.

**Trafikkavviklinga ved Bratteberg skule: Sjå vedlegg**
I høyringa s. 17 står det følgande:
*"Det er ikkje rapportert særlege utfordringar ved avkjørsla/parkeringsplassen nord for skulen i Hjellbakkane, heller ikkje i samband med av/på buss. Det vert difor ikkje rådd til særlege tiltak der."*


| Postadresse: | post.bratteberg@voldaskulen.no | www.voldaskulen.no/bratteberg |
|---|---|---|
| Postboks 236 | Telefon: | Org. nr: |
| 6101 Volda | 70058000 | 939 760 946 |

Dette stemmer ikkje. Som det går fram av vedlegget frå 2011 har Heltne/Bratteberg grendalag uttrykt uro også for dei trafikkale utfordringane nord for skulen. Det same går fram av brevet frå Bratteberg skule, datert 01.02.2018. I tillegg er det grunn til å tru at endra opptaksområdet vil auke talet på leveringar på nordsida, då all busetnad nord for Bratteberg (som i stor grad går på Vikebygda skule i dag) med ei samlokalisering vil ligge i opptaksområdet til Bratteberg skule. Trafikksituasjonen på nordsida er allereie i dag kaotisk med både overgangsfelt, busslomme, inn- og utkøyring til parkeringsplass, leveringslomme og betydeleg trafikk frå byggefelta til/frå jobb i same tidsrom som skuleelevane må krysse bilvegen. Vegen frå overgangsfeltet og ned til Bratteberg skule er i tillegg bratt, og dette gjer at det er vanskeleg for bilistane å sjå elevar som kjem frå skulen og skal over vegen. Ungane blir ikkje synleg for bilistane før dei nærast har kome ut i vegbana. Vi kan ofte observere bilar med høg fart forbi dette passeringspunktet. Med brøytekantar vinterstid er dette området uoversiktleg og svært trafikkfarleg.

FAU ved Bratteberg skule sende varsel om behov for trafikktryggingstiltak siste gong den 01.02.18. Vi har ikkje fått svar på varslinga. Vi meiner at FAU har skissert gode løysingar til tiltak, og forventar at denne saka blir fylgd opp.

**Arbeidsforholda til tilsette**

Bratteberg skule er på mange måtar ein skule som ikkje er rigga for framtida. Det er ikkje usannsynleg at tilsette får utvida bunden arbeidstid. Arbeidssituasjonen i dag er slik at tilsette treng rom til individuelt arbeid og rom til samarbeid med kvarandre, føresette og andre instansar. SU er samde om at arbeidsforholda til tilsette ved Bratteberg skule ikkje er tilfredsstillande. Tilsette sit tett saman i små rom. Skulen har ikkje eigna rom/lokale til å gjennomføre samtalar med sensitivt innhald, verken i form av skjerma telefonsamtalar eller fysiske møter.

**Leiarteam: behov for eigna kontorlokale**

Ved ei samlokalisering er det naturleg å tenkje at vi legg godt til rette for eit leiarteam på skulen: Rektor, to assisterande rektorar, SFO-leiar og kontorkonsulent. Skuleleiing er viktig. Vi har ikkje lokalitetar som er godt eigna i dag, og vi har ikkje kontor til alle. Kontora må vere samla slik at vi kan ha eit naturleg samarbeid, utan å gå på leit etter kvarandre. Kontora vi har i dag er ikkje lydtette.

**Elevar med særskilde behov treng rom til å arbeide i grupper/individuelt**

Nokre elevar treng rom som er eigna til alternativ opplæring. Ved ei samlokalisering må vi nytte høvet til å organisere lokalitetar for elevar med store hjelpebehov. Vi har etter kvart fått erfaringar med samarbeid på tvers av avdelingar i Volda kommune. I dette arbeidet ser vi at barn profiterer på opplegg der vi greier å tenkje heilheitleg, både skule og fritid. Grupperomma på Bratteberg skule er tilpassa tradisjonell spesialundervisning der ein tilsett arbeider med ein elev. Ved Øyra skule har dei avdeling «Glimmerdalen». Vi meiner det må organiserast ei tilsvarande avdeling ved Bratteberg skule. Det vil vere til barna sitt beste.

**Vi må ha eigne SFO-lokalitetar**

Ved Bratteberg skule har sambruk mellom skulen og SFO alltid vore ei utfordring. Det er vanskeleg å legge til rette for god opplæring i same rom som det skal vere SFO-aktivitetar, og omvendt. Utfordringane inviterer til konflikter mellom både tilsette og elevar.

Tilsette opplever at sambruken hemmar læringsmiljøet i klassa på dagtid. Oppbevaring av materiell som ikkje er knytt til læring, og som ikkje har tilknyting til klassa, gjev rom for uønska aktivitet i skulen. SFO har behov for utstyr som fremjar leik, og tilsette skal legge til rette for frie aktivitetar. Vi har ikkje lagerplass på skulen, og har difor ingen stad til oppbevaring av utstyr som vi eventuelt kunne flytta på. Skulen sine behov for møblering og utstyr hemmar SFO sine behov, og omvendt. Dagens løysingar er ikkje tilfredsstillande for dagens barnetal, og langt mindre ved ei auke i barnetalet.
SFO-kjøkenet er lite. I rommet er det ein naudutgang som gjer at det er dårleg plass til møblering. Etter dagens standard er det krav til rein sone ved matlaging. Vi er usikre på om våre forhold stettar dette.

**Garderobar**
Garderobane på Bratteberg skule er altfor små. Slik det er no, så oppstår det mange konfliktar og uheldige situasjonar i garderobane. Dette påverkar læringsmiljøet negativt.
Vi har ikkje plass til klede og sko som elevane har behov for gjennom dagen. Vi har ei våtromsgarderobe på ca.2 x 3m. Denne skal romme over 50 barn.

**Plass til studentar**
Bratteberg skule har vore praksisskule i alle år, og vi vil halde fram med det. Høgskulen arbeider mot tettare samarbeid med alle praksisskulane. Det betyr at vi må vere opne for å ta i mot fleire studentar. Samarbeidet med høgskulen er med på å styrke kvaliteten i arbeidet vårt, og vi har eit ansvar for å bidra til å utdanne gode lærarar. Vi må ha plass til studentane: arbeidsrom, personalrom og garderobe.

**Overgongen til 5.klasse**
Alle overgongar kan vere sårbare for mange. I Vikebygda-Bratteberg sitt område må barna gjennom mange overgongar frå barnehage til fullført grunnskuleopplæring. Tilsette ved Bratteberg skule opplever ofte ekstra utfordringar i arbeidet med å samkøyre to grupper som ikkje kjenner kvarandre til ei ny klasse på mellomtrinnet. Vi tenkjer at overgongen til 5.klasse kan bli lettare for elevane når det skjer på skulen der dei allereie er kjende og etablerte.

**Lagerplass**
Bratteberg skule har ikkje lagerplass. Det er fullt over alt, og det blir lett mykje rot. Vi må kaste eller gi frå oss utstyr som vi ikkje har plass til. Det er frustrerande å ikkje vite kvar du skal gjere av eit skap, ein stol eller eit bord som du ikkje treng akkurat der og då. Bruk av utstyr varierer frå år til år. Det blir både kostbart og lite praktisk når vi ikkje har rom for lagring.

**Endring av opptaksområde**
Skulevegen for elevane som bur på vestsida av Heltneelva er trafikkfarleg. Verken Uravegen eller Bjørnesvingen har gangveg. Uravegen er smal og har gjennomkøyring for buss i same tidsrom som den blir nytta som skuleveg. Det er ikkje overgangsfelt frå Bjørnesvingen og over til gangsida av vegen, og heller ikkje overgangsfelt der gangvegen tek til v.innkøyring til Plassevegen. I tillegg er brua i Bjørnesvingen i dårleg forfatning. Avstanden mellom Heltne og Bratteberg er kort i luftlinje og for mjuke trafikantar, men det er lang distanse for foreldre som vel å køyre ungane på grunn av den farlege skulevegen. I dette perspektivet er Heltneelva eit meir naturleg geografisk utgangspunkt enn slik løysinga er i dag.

I dette dokumentet har vi fokusert på behova ved Bratteberg skule og skulevegen i framtida, uansett kva som skjer. Vi veit at Volda kommune treng ny ungdomsskule, ny barnehage/restaurering av barnehagar og lokalitetar til symjeopplæring for elevane våre. Dette er lovpålagde tenester, og vi er opptekne av å sikre heile grunnskuleopplæringa i Voldaskulen.

For Samarbeidsutvalet ved Bratteberg skule,

Norunn Lindvik Velsvik
-rektor-

**VOLDA KOMMUNE**
**Bratteberg skule**


Volda kommune
v. teknisk sjef Rune Totland

| *Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|
| NV | 01.02.18 |

## Varsel om behov for trafikktryggingstiltak kring Bratteberg skule

Eg viser til avisa «Møre» laurdag 11.06.2011. Der står det at

*henting og bringing av elevar til Bratteberg skule skaper farlege situasjonar dagleg. Alle bilane køyrer inn på parkeringsplassen aust for skulen, borna går av eller på og bilen ryggar så for å snu. Dette skjer midt i borna sitt leikeområde. Vi meiner det er flaks som gjer at vi ikkje har hatt ulukker her…*

Det er snart 7 år sidan dette stod på trykk. Det er ikkje gjort noko med tanke på trafikktryggingstiltak rundt skulen etter dette. I FAU-møte den 15.01.18 var det klar semje om at dette ikkje kan aksepterast lenger. Trafikksituasjonen rundt skulen har vore tema med jamne mellomrom, og det har vore gitt tydelege signal om svært kritikkverdige forhold. No må det skje noko, før det skjer ei alvorleg ulukke!

Dei siste åra har elevtalet ved skulen auka. Vi får stadig nye elevar, og kapasiteten ved skulen er sprengd. Den 01.02.18 startar vi med å leige undervisningslokale i Frikyrkja. Det betyr at elevar ved skulen må krysse vegen mellom skulen og dette bygget fleire gongar for dag. Parkeringsforholda og innkøyringa aust for skulen er som før. Her er det til tider fullt kaos, særleg når det er vinter og når foreldre hentar og bringer barna sine. Vi har hatt fleire «nesten-ulukker» etter 2011. Foreldra i FAU er tydelege på at *vi ikkje kan leike trafikksikkerheit lenger.* Alle tilsette ved skulen krev tiltak. Vi skisserer forslag til tiltak i prioritert rekkjefølgje:

**1.** Strakstiltak: midlertidig skilting inn til skulen, frå aust, innkøyring forbode i tidsromma 08.00-08.30 og 12.45-14.15. Forbodet gjeld ikkje for tilsette, varelevering, funksjonshemma og utrykkningskøyretøy.

**2.** Synfaring på området: Klargjere trafikkforholda og vurdere kortsiktige og langsiktige tiltak.

**3.** Lage plan for systematisk arbeid for gjennomføring av trafikktryggingstiltak.

Nokre spørsmål som vi ynskjer tilbakemelding på/bør vere med i drøftingane:


| Postadresse: | post.bratteberg@voldaskulen.no | www.voldaskulen.no/bratteberg |
|---|---|---|
| Postboks 236 | Telefon: | Org. nr: |
| 6101 Volda | 70058000 | 939 760 946 |

- Er utfordringane som eg skisserer over tekne med i kommunen sin trafikktryggingsplan?
- Bør vi vurdere å få ei «hjartesone» rundt skulen for å få kontroll på trafikkutfordringane? Dette fordrar at det vert etablert nødvendige stadar der borna kan sleppast av utanom hjartesona dersom dei ikkje kan gå/sykle til skulen. Her er eksempel frå Bergen: https://www.tryggtrafikk.no/pressemeldinger/hjertesone-rundt-skoler-bergen/

Eg legg ved kopi av artikkelen eg viser til i Møre. Her ser vi kart over området rundt skulen, og det er peika på konkrete forhold som må sikrast. Dette gjeld framleis.

Eg ber om snarleg tilbakemelding på dette brevet.

Med helsing

Norunn Lindvik Velsvik
rektor

1 stk. vedlegg: Artikkel i Møre, 11.06.2011

Kopi til

FAU v.leiar Christel Olsen Aam og nestleiar Per-Martin Vikene
ATV ved Bratteberg skule, Camilla Aasen
Verneombod ved Bratteberg skule, Trond Lillebø
Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik

## Heltne/Bratteberg Grendalag:

# Ber om trafikktryggingstiltak



* *Kart over Bratteberg. Pilene viser område som Heltne/Bratteberg Grendalag ser på som problematiske.*

Heltne/Bratteberg Grendalag er uroa over trafikksituasjonen kring Bratteberg skule - Hjellbakkane - Bakkelidvegen og Vikebygdvegen. No etterlyser dei tiltak.

- Henting og bringing av elevar til Bratteberg skule skaper farlege situasjonar dagleg. Alle bilane køyrer inn på parkeringsplassen aust for skulen, borna går av eller på og bilen ryggar så for å snu. Dette skjer midt i borna sitt leikeområde. Vi meiner det er flaks som gjer at vi ikkje har hatt ulukker her, skriv Janne Dalebø innleiingsvis i brevet til kommunen. Grendalaget lanserer så eit forslag til løysing.

**Bør flytte busstoppen**

- Om det vert laga ein vegstubb frå hjørnet av tennishallen og ned på Bakkelidvegen så kan bilane og bussane køyre i ei sløyfe frå Bakkelidvegen til Solhagen og ned att på Bakkelidvegen, forklarar Dalebø. Grendalaget peikar på at i dag skjer all henting og bringing med buss i skulen sin regi frå Hjellbakkane.

- Bussen stoppar midt i eit overgangsfelt, der det også er innkøyring til parkeringsplass og gangveg til skule/sentrum. Elevskyss til Hjartåbygda skjer også frå denne staden, og det inneber at mange elevar står i krysset eller er på veg til og frå skulen nettopp over dette gangfeltet, som då er «sperra» av bussar. Dette MÅ det gjerast noko med, og dette kan løysast ved å flytte skulebussen sin stoppestad til Solhagen, argumenterer grendalaget.

**Ynskjer forlenga gangveg**

Sjølv om skulebussen eventuelt kan sette av og ta på ungane ein annan stad, ligg framleis gangfeltet mellom Bergsvegen og skulen midt i ei busslomme. Dette meier grendalaget er uhaldbart.

- Det er laga nytt tilknytingspunkt mellom Bergsvegen og Hjellbakkane. Gangfeltet bør flyttast slik at det kjem naturleg i forlenginga av dette, skriv grendalaget i brevet til kommunen. Dette vil medføre behov for lenging av gangvegen langs parkeringsplassen til skulen fram til det nye gangfeltet.

- Gangfeltet kan med fordel vere opphøgd, og innkøyringa til parkeringsplassen bør flyttast til austsida av plassen, held grendalaget fram.

**Ber om oppmerka gangfelt**

Heltne/Bratteberg Grendalag ynskjer òg betre oppmerka gangfelt i krysset mellom Vikebygdvegen og Bakkelidvegen.

- Det må merkast opp gangfelt nedst i Bakkelidvegen i forlenginga av gangveg, samt over Vikebygdvegen - helst aust for krysset. Dette er skulevegen til born både til Vikebygda og Bratteberg skular, samt ein svært nytta turveg rundt Rotevatnet. Bakkelidvegen er den einaste tilkomsten til Brattebergfeltet og er svært trafikkbelasta, minner grendalaget om.

**Treng skilt og overgangsfelt**

Elles går det ein gangsti frå uteområdet ovanfor Bratteberg skule, som munnar ut i ein overgang av Hjellbakkane. Grendalaget meiner dette punktet må sikrast betre.

- Det er opparbeidd ei grusarås over skuleområdet frå Bakkelidvegen til Hjellbakkane. Denne råsa kjem usikra opp på den trafikkerte vegen Hjellbakkane rett nedanfor Frikyrkja. For bilistar er det ikkje synleg at her kan skje kryssing av veg. Her må merkast med overgangsfelt og skilting. Stenging er lite hensiktsmessig då både born og vaksne frå denne sida av feltet uansett vil finne ei kryssing her når dei skal til skule eller til ballbingen på fritida, poengterer grendalaget.

**Krev vern av Bergsvegen**

Grendalaget er elles opptatt av å verne Bergsvegen, som er ein sentral gangveg i Brattebergfeltet.

- Det må leggast til rette for at vegen også i framtida har ein naturleg trase heilt ned til Bakkelidvegen/Vikebygdvegen. Dette bør det bli tatt omsyn til i nye reguleringsplanar, vert det minna om.

**Etterlyser Uraveg-prosess**

Sist, men ikkje minst, understrekar grendalaget at Uravegen framleis er skulevegen til omlag 3/4 av elevane på Bratteberg skule.

- Uravegen må sikrast med gangveg åtskild frå køyrebane snarast, skriv grendalaget og viser til kommunestyret sitt vedtak 18. juni 2009: «Kommunestyret vil ikkje ta standpunkt til endra status for Uravegen før dette er nærare utgreidd gjennom ein reguleringsprosess, eller gjennom rullering av Trafikkplanen for Volda sentrum der konsekvensar knytt til tilstøytande vegnett er betre belyst. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei sak om oppstart av slik prosess.»

- Vi ber om ei tilbakemelding på kor langt denne prosessen er komen, skriv grendalaget. Dei meiner vidare at det må merkast opp og skiltast gangfelt i krysset mellom Uravegen og Hjellbakkane.

✍ LIV JORUNN NYHAGEN

## Klagar på kommunalt vedtak

Jostein Bjørndal og Rolf Olav Klepp, busett høvesvis i Smalebakken 11 og 13, har no klaga Volda kommune inn for Sivilombodsmannen. Karane klagar på eit enkeltvedtak gjort av forvaltningsstyret, der dei vert tvinga til å betale heile kostnaden etter at det gjekk hol på ei vassleidning under ein kommunal veg ved deira eigedommar. I sine tidlegare brev til kommunen har grunneigarane sagt seg villige til å betale halv utgifta, mot at kommunen dekkjer resten. Dette sidan dei ikkje har kontroll over korkje vedlikehaldet av vegen eller kven som ferdast der. Bjørndal og Klepp viser vidare til liknande saker andre stader i kommunen, der mellom andre grunneigar Arne Vatsaas fekk framforhandla delte utgifter med kommunen.

- Hadde brotet på vassleidningen vår oppstått på vår private grunn hadde vi ikkje klaga på dette vedtaket i det heile. Men som nemnt, når vi skal eineansvarleg-gjerast for forhold som skjer på offentleg veg - utan samstundes å ha nokon form for mynde andsynes dette forholdet, så vert dette svært urimeleg. At det også finst døme på at "ei minneleg ordning" som det vart gjort i saka til Vatsaas, tilseier også eit "likskap for lova-prinsippet", bør vurderast, meiner Bjørndal og Klepp, og bed om at Sivilombodsmannen ser nærare på handsaminga av denne saka.

## Ei verd av gode historier

Fredag 10.juni forsvarte Anders Sundnes Løvlie doktoravhandlinga si *textopia: experiments with locative literature". Tekstopia er eit forskingsprosjekt om korleis mobiltelefonar kan brukast til å plassere dikt og forteljingar ut i den fysiske verda. Tenk deg at du kan stå kor som helst i verda og få opplest kva tekst som helst som har blitt skrive om nettopp den staden. Det er mogleg ved hjelp av det "lokative" systemet tekstopia, ein mobil-app utvikla ved Universitetet i Oslo.*

## Ny kontrakt til Kleven Maritime

Ordreboka veks for Kleven Maritime i Ulsteinvik: Sanco Shipping AS har skrive kontrakt med Kleven Maritime om eit nytt seismikkfarty, med opsjon på eit til. Dermed er ordrelista no på elleve nybygg til ein samla verdi av om lag 4,2 milliardar kroner.

## Vikingane dreg ikkje til Island

Fri Inspirasjon dreg ikkje til Island slik planen var. I etterkant har vikingane lagt ei ny rute. Turen går no til Skottland, grunna mykje lågtrykk. Dei reknar med å vere framme om omlag tre veker. Deretter blir det Caledonia-kanalen på veg heim.

Fra: Alf Tomas Tønnessen[toenness@hivolda.no]
Sendt: 22.02.2019 09:13:06
Til: Per Ivar Kongsvik
Kopi: Else Lill Riise
Tittel: Høyringssvar frå Øyra skule FAU

Hei,

Teksten under er eit høyringssvar frå Øyra skule FAU.

Mvh
Alf Tomas Tønnessen
Leiar, Øyra skule FAU

Det viktigaste for Øyra skule FAU er at ny ungdomsskule har høgast prioritet. Luftkvaliteten på ungdomsskulen er alvorleg, og det er stort behov for ny skule. Det kan da vere behov for innsparingar andre stader i budsjettet for å gjere det mogleg å finansiere ny ungdomsskule. Øyra skule FAU ser problem med fådelte klassar på Bratteberg skule og Vikebygda skule, og tek høyringsutkastet til vitande og går for ei samanslåing av desse to skulane. Øyra skule har kapasitet til å ta i mot fleire elevar.

# VOLDA KOMMUNE
## Vikebygda skule



VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 18/1976 Avd: Opp
Løpenr: Shs: Pertelsen
25 FEB 2019
Arkivdel: Bane 2
Klassering P:
Klassering S:



Vikebygda skule
v/ SU og SMU (samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet)
Høgtunvegen 13
6104 Volda



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda


**Høyringsfråsegn: Framlegg til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum**

Vi viser til høyringsdokumenta i sak 2018/1976 om konsekvensar ved å samlokalisere Bratteberg og Vikebygda skular.

SU og skulemiljøutvalet ved Vikebygda skule gir med dette sine innspel til høyringa. Vidare i svaret vel ein å skrive berre SU, men innspela omfattar og skulemiljøutvalet ved skulen.

Investeringar

SU registrerer at eit av argumenta for å samordne Vikebygda og Bratteberg skular er knytt opp mot det vedtekne budsjettet for 2019, samt økonomiplanen for 2019 - 2022, der kommunestyret har vedteke ei rekkje større investeringar. SU er glad for at ein her har vedteke bygging/renovering av Volda ungdomsskule, som er heilt nødvendig, og som på sikt vil kome elevar både ved Vikebygda og Bratteberg skular til gode. Su har ein klar forventning at ein ved evn. intern prioritering mellom dei ulike investeringane prioriterer lovpålagde oppgåver som bygging/renovering av ungdomsskulen øvst på lista.

Økonomi

Vi har og forståing for at dette vil påverke den økonomiske situasjonen til kommuna og vi les i høyringsdokumenta at: *"For å kunne finansiere desse investeringane har kommunestyret samstundes vedteke innsparingar i drifta. Det må gjennomførast tiltak for å frigjere handlingsrom til å kunne handtere kapitalkostnaden med den gjelda desse investeringane vil generere."*
Det er likevel vanskeleg for SU å godta at innsparinga opplæring og oppvekst legg opp til er nedlegging av Vikebygda skule. I dokumenta finn ein at ein ser for seg ei innsparing på omlag 2,5 millionar kr. i året, under føresetnad av at det ikkje er drift i lokala. Innsparinga kjem i all hovudsak frå redusert/ikkje drifting av bygga og lite av reint pedagogiske årsaker. Spesielt for dei føresette opplevast det at deira barn både må gå i større klasser, på ein større skule, som ein kvalitetsreduksjon sett i relasjon til kva ein har på Vikebygda skule i dag. SU ynskjer ikkje at det er elevane ved Vikebygda skule som skal "betale" for investeringane kommuna ynskjer å gjennomføre.
SU registrerer også at ein kanskje må utvide kapasiteten på Bratteberg skule dersom elevtale skulle auke, men det kjem ikkje fram kva ei slik utviding vil koste eller bestå av. Dette er jo kostnader som gjer at innsparinga totalt i opplæring- og oppvekstsektoren vert mindre, då ein kanskje må auke bygningsmassa ved Bratteberg skule.


Postadresse:
Høgtunvegen 13
6104 Volda

rektor.vikebygda @voldaskulen.no
Telefon:
70074040

www.voldaskulen.no/vikebygda
Org. nr:
939 760 946

## SFO

SU vil vidare peike på at ein ved skulen i dag finn den største SFO-ordninga i kommuna, når ein tek omsyn til kor mange elevar som går på skulen. Over 90 % av elevane (49 av 53 elevar) har eit tilbod på SFO. SU, og spesielt dei føresette er svært nøgde med det tilbodet ein har i dag og ynskjer sjølvsagt at tilbodet skal halde fram. I høyringsdokumenta kjem det fram at Bratteberg skule vil vere dimensjonert for å ta i mot elevane frå Vikebygda skule, men ein er kjend med at romforholda ved Bratteberg skule gjer at skulefritidsordninga må dele rom med både 1. og 2. klasse, i motsetnad til Vikebygda SFO som har eigne rom til sitt bruk. Dei føresette opplever at dette vil vere med på å gje dei som brukarar ein dårlegare kvalitet på det SFO tilbodet deira barn då vil få.

## Restkapasitet

Under føresetnad av at det vert ein samlokalisering mellom skulane, er SU bekymra med tanke på kva restkapasitet Volda kommune har i sentrum ved ei eventuell auke i elevtalet . Det kjem ikkje fram i høyringa korleis ein eventuelt vil møte ei slik auke i elevtalet, men at ein må vere budd på det. Tenkjer ein då å plassere elevar i brakker ved Bratteberg skule eller ser ein for seg andre løysingar? Vikebygda skule, som i 2018 mellom anna fekk installert nye vindauge i begge bygga, er på mange måtar den restkapasiteten ein har i Volda sentrum. Er det god og framtidsretta økonomi å legge ned skulen, for deretter å sette opp eventuelle brakker ved Bratteberg skule dersom elevtalet aukar?

## Elevtal

SU registrerer at elevtalet i prognosane for dei neste åra er synkande når ein les høringsdokumentet. Ein ser at Vikebygda relativt raskt går frå å vere tre-delt, som i dag, til å verte to-delt. SU er likevel usikker på om desse tala gjev eit rett bilete, ikkje minst med tanke vidare utbygging i området ovanfor og rundt Vikebygda skule. Ser ein dette saman med punktet som gjeld restkapasitet, må ein spørje seg om det er rett å leggje ned skulen no?
Likevel tek SU desse tala til vitande og ser for seg at skulen på sikt kanskje bør samlokaliserast med Bratteberg skule.

## Tempo i ei eventuell samlokalisering

Under føresetnad av at det vert ein samlokalisering mellom skulane er ikkje SU nøgd med framlegget til nedtrapping/utfasing på Vikebygda skule. Både økonomisk, pedagogisk og personalmessig opplever vi at ei nedtrapping over to år, utan at ein får inn nye 1. klasser, som uheldig. I 2019/2020 vil det då vere 36 elevar i 2.,3. og 4. klasse, noko som gir ei to-deling dette skuleåret. Personalmessig vil det sannsynlegvis vere 2 til 3 lærarar dette skuleåret. I 2020/2021 vil det vere ei 3. og 4. klasse på skulen med 20 elevar og personalmessig vil dette utgjer 1 til 2 lærarar. Dette får også tilsvarande konsekvens for SFO, som vil få færre barn og mindre personale desse åra. Begge skuleåra får ein utgifter knytt til drift av begge bygga på skulen (strøm, vedlikehald, mv.) Innsparingane desse åra vert minimale.

Slik vi ser det, vil det vere ei betre løysing å ha full drift på Vikebygda skule 2019/2020 og så flytte alle elevane over til Bratteberg frå 2020/2021. Då har føresette, elevar og tilsette god tid til å førebu/planlegge ein god overgang til Bratteberg og alle er kjent med situasjonen gjennom heile skuleåret. Ein får også tilnærma normal drift skuleåret 2019/2020, noko som gjev eit betre pedagogisk tilbod til elevar og føresette, samt god personalmessig drift for dei tilsette både i skulen og på SFO. Ein vil og få ei innsparing knytt til eitt års mindre drift på Vikebygda skule enn i høyringsframlegget med dette framlegget.

Vikebygda skule 21.02.19

Eli-Mette Lüthcke

Eli-Mette Lüthcke
leiar SU

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 18/1976 Avd: Opp
Løpenr: Shs: Pettou
25 FEB 2019
Arkivdel: Ene 2
Klassering P:
Klassering S:

# Samlokalisering Vikebygda og Bratteberg?

## Tilbakemelding frå elevrådet på Bratteberg skule

Fleirtalet av elevane på Bratteberg skule er i mot nedlegging av Vikebygda skule.
Vi meinar at:

## Fordelar

Det er fint å starte på ein liten skule, få gode vennar der og så komme over til ein større skule etter kvart

Vi ynskjer at det skal vere utvikling i Volda, og vi forstår at vi må spare pengar for å få til alt vi vil. Vi treng både ny ungdomsskule og symjehall i sentrum

## Ulempar

Vi har for liten plass og for få grupperom på Bratteberg skule til folk som trenger ekstra hjelp

Klassene vil bli store dersom vi slår oss saman, og at det ikkje vil bli plass til innflyttarar

Det er ikkje plass til alle tilsette på Bratteberg skule dersom vi slår oss sammen, alle må ha gode arbeidsplassa

Det blir ganske lang skuleveg for mange elevar vis vi slår oss sammen

Vi må bruke Vikebygda skule som nettopp er oppusa

Læraren og rektoren på Vikebygda skule, dei som ikkje har full inntekt eller vikar kan miste jobben

Dersom det blir bestemt at elevane skal bli samla på Bratteberg skule, meinar vi at fylgjande må skje:

Vi må vente med samanslåing til det er plass på Bratteberg skule

Vi må byggje på Bratteberg skule slik at det blir god plass til alle tilsette, store klasser og elevar med spesielle behov

Bratteberg skule den 21.02.19
For elevrådet,

Olve Dalebø Mork      William Torvik

Leiar Olve Dalebø Mork.      Nestleiar William Torvik

fau@vikebygda.no
Vikebygda skule FAU
Høgtunvegen 13
6104 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

24. februar 2019

## Høringssvar: Framlegg til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum

Viser til høringsdokumentene i sak 2018/1976 om konsekvenser ved samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skule. Dette er Vikebygda FAU sine innspill til høringen.

### Kvalitet på dagens skole- og SFO-tilbud

Foreldregruppa ved Vikebygda Skule er generelt svært fornøyd med dagens tilbud. FAU opplever kommunikasjonen mellom skole og hjem som spesielt god. Skoleledelse og lærere har gode rutiner og kultur for å ta tak i problemsituasjoner tidlig, og vi opplever at konflikter blir tatt alvorlig og forsøkt løst så raskt som mulig. Dette bidrar til at Vikebygda skule har et godt psykososialt miljø over tid. Videre mener vi at de oversiktlige forholdene kombinert med god ledelse er viktige faktorer som har muliggjort dette. Denne suksessen og høye graden av tilfredshet er så interessant at skolen burde kunne fungere som en modell for andre i forhold til disse faktorene, i stedet for å bli foreslått nedlagt.

FAU har inntrykk av at lærerne ved Vikebygda skule har nok tid til oppfølging av hver enkelt elev. Dette er interessant med tanke på lærernormen og prinsippene den er bygget på. Begrenset størrelse på klassene sammen med relativt sett god tilgang på lærerressurser tror vi er faktorer som hjelper elevene på Vikebygda til å føle seg trygge og verdsatte. Dette er i tråd med målene i nasjonal politikk som ønsker å tilrettelegge spesielt for 1-4. trinn for å sikre en god "tidlig start".

På Vikebygda skule er SFO en integrert del av hverdagen til nesten alle elever ved skolen, helt opp til og med fjerde klasse. Tilbakemeldingen fra foreldrene er at SFO-tilbudet oppleves som trygt, meningsfylt og utviklende. Samarbeidet mellom SFO og skole er tett. Vi som foreldre ser direkte resultater av at ansvaret for miljø og læring deles på en utmerket måte. Det er flere grunner til at dette fungerer så bra som det gjør. Et viktig poeng er at SFO disponerer egne lokaler i direkte tilknytning til skolen. Lek og aktiviteter kan planlegges over tid og barna opplever kontinuitet og sammenheng - det er samme regler og samme forventninger som gjelder uavhengig av hvor man er.

Vi opplever det som svært lite sannsynlig at dagens kvalitet på skole- og SFO-tilbud kan opprettholdes hvis elevgruppa må flyttes og Vikebygda legges ned.

## Kostnader i kvalitet og skolemiljø

Vikebygda FAU mener forslaget som foreligger sterkt undervurderer de kostnader Volda som lokalsamfunn må ta ved å fjerne et skoletilbud som fungerer svært godt. Disse kostnadene vil ikke begrenses til området Vikebygda og Bratteberg, men påvirke hele sentrum. Høringsdokumentet er inne på noen av kjernepunktene i vår argumentasjon når det oppsummerer at Volda kommune så langt har prioritert en desentralisert skolestruktur og skolefritidsordning. Derimot tar dokumentet ikke opp de *positive* samfunnseffektene som finnes ved at en slik prioritering er gjort, men fokuserer på at dette er noe dyrere per elev enn en gjennomsnittskommune.

I forslaget ligger det at Bratteberg skule kan fylles opp til maks elevkapasitet på 26 elever per klasse (eller *gruppe* som Bratteberg skule også kaller det) og det resterende antall elever flyttes videre til Øyra for de år hvor kapasiteten ikke strekker til. Per i dag har Bratteberg skule problemer med mangel på nok plass. Vedtak i TOK, fagorganisasjon og rektor ved skolen bekrefter dette. Dette gjelder *både* klasserom for elever og arbeidsplasser for lærerne, noe som ikke kommer klart nok fram i høringsdokumentet.

Dersom forslaget fra administrasjonen blir vedtatt, vil elevtallet på Bratteberg først øke på kort sikt. I tillegg vil det bli etablert en praksis hvor elever flyttes til Øyra de år det er elevkull større enn 26. Vikebygda FAU ser det som lite sannsynlig at Volda kommune vil ønske å investere mer for å utvide Bratteberg så lenge det finnes ledig kapasitet på Øyra. Ut over en kommentar om lærernes arbeidsplasser på Bratteberg beskrives ikke detaljer om dette. På Øyra, som dermed skal motta mange flere elever, er størrelsen på klasser og grupper allerede under økonomisk press. Spesielt er store klasser med bare en kontaktlærer en bekymring. Videre er Øyra en LU-skole (lærerutdanningsskole) som betyr at inntil 4 studenter også skal ha plass i klasserom sammen med elevene. Vi kjenner også til at garderobene har mangelfull kapasitet. Legger man elevtallene i høringsdokumentet til grunn kan Øyra-klassene bli så store som inntil 33 elever (side 21).

På Bratteberg er SFO-tilbudet ikke like mye brukt som ved Vikebygda. Siden tilbudet er frivillig og mot betaling er det grunn til å tro at dette henger sammen med en lavere grad av tilfredshet. Igjen er kvalitet nøkkelordet. På Bratteberg finnes det ikke i dag et tilsvarende egnet lokale for SFO og en vil av den grunn oppleve et kvalitetstap. Heller ikke på Øyra er SFO-lokalet ideelt. Det finnes et eget rom, men rommet er problematisk med tanke på mellom anna lydisolering. På både Bratteberg og Øyra er klasserommene til 1. og 2. klasse i bruk til SFO.

Med disse forutsetningene er det grunn til å tro at den unike samarbeidskulturen mellom SFO og skoleledelse som finnes på Vikebygda ikke lar seg enkelt videreføre til en ny lokasjon. Dette blir også kommentert i Bratteberg FAU sitt høringssvar hvor de selv peker på problemer for SFO med lokaler og plass.

Sett på bakgrunn av hvor tilfreds Vikebygda FAU er med dagens skole- og SFO-tilbud er dette svært urovekkende. Ser en på tiden som kommer etter de første fem årene kan en

økning i elevtallet for sentrum ikke utelukkes ifølge kommunens egne tall. Videre mener vi lærernormen sitt krav om maks 15 elever per lærer i 1-4. klasse er viktig og tror at den ligger nært et ideal også når det gjelder *klasserom.* Vi er klar over at klasserom ikke ligger i normen per i dag men tror at det er en politisk-økonomisk begrensning, og ikke en faglig eller kvalitativ vurdering. Størrelsen på klasserom ved Vikebygda ligger nært opp til dette idealet.

Opplæringsloven sier at "*klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg"*. Realitetene i forslaget er en annen og foreldre i Volda sentrum er overlatt til skoleeier sin tolkning av disse begrepene. Spriket i oppfatning av hva dette betyr er stort og økende. Vikebygda FAU mener vi tydelig kan vise at det er barna i 1.-4. klasse på Øyra, Bratteberg og Vikebygda som må bære kostnadene i form av redusert kvalitet på sitt skole og SFO-tilbud. Begrepet *barnets beste* er omtalt og definert i høringsdokumentet på side 25:

*"Dersom barnets beste ikkje er godt nok utgreia i saksframlegget, vil det kunne vere ein sakshandsamingsfeil."*

Vikebygda FAU mener at dette *ikke* er godt nok utgreidd i forslaget.

## Usikker økonomisk gevinst ved nedlegging

Et svært viktig moment i saken er hvorvidt den foreslåtte samlokaliseringen og nedleggingen av Vikebygda skule faktisk er økonomisk fordelaktig i den grad høringsdokumentet legger til grunn. En tabell med estimerte innsparinger summert til *2,5 millioner per år* (s 22) er den eneste konkrete diskusjonen av dette. Når dokumentasjonen av disse tallene er mangelfull vil vi anta at det kan grunngis i at usikkerheten er stor. Hva med veien videre? Sammen med prinsippet om at det er vanskelig å snu bør man kreve stor grad av sikkerhet i besparelser også over lenger tid enn de første årene etter et vedtak. Det er ikke urimelig å forvente at et forslag om nedlegging prøver å t*ydeliggjøre de økonomiske følgene i 10 år framover*, inkludert effekten av en forventet økning i elevtallet.

Som et minstemål for å gjøre en økonomisk vurdering bør det også legges fram en tabell med estimerte *kostnader*. Vi finner det svært merkelig at dagens tilbud, med høy grad av tilfredshet hos barn og foreldre, er estimert å kunne flyttes til Bratteberg (og elever videre fra Bratteberg til Øyra) for kroner 0,- Dette vet vi at ikke stemmer, og er en direkte mangel i dokumentasjonen som foreligger med forslaget. Bedre lokaler for SFO, utbedring av arbeidsplasser for lærerne og utbedring av de trafikale forholdene nord for skolen er noen av momentene vi omtaler.

I motsetning til i det private næringsliv har det offentlige ingen tradisjon for å sette en kroneverdi på godt fungerende institusjoner eller tjenester. Dette er en stor svakhet i vårt samfunnssystem. Vikebygda skule, med sine bygninger, sine ansatte og sitt unike miljø representerer per i dag en stor verdi også økonomisk som vil forsvinne uten erstatning dersom den blir lagt ned. Et godt fungerende skolemiljø tar lang tid å bygge opp og krever en

mengde ressurser satt sammen på riktig måte. Hvor mye ville det koste å nå et mål om at alle foreldre i Volda sentrum skal være like fornøyde med sitt tilbud?

Det er selvsagt riktig at det alltid er billigere å drifte to bygninger enn det er å drifte tre. Men å fjerne bygninger fra kostnadsbildet gir oss ikke automatisk lavere total kostnad. Reduksjon av kvalitet og tilbud er ikke OK når gevinsten hentes ut til prosjekter som bør være lavere prioritert. Lovpålagte oppgaver må alltid gå foran.

## Prinsipp for håndtering av år med lave elevtall

Vikebygda FAU registrerer at det er bekymring både hos skoleeier og foreldre for de år som kommer med lave elevtall. At denne situasjonen nå kan oppstå er i første rekke fordi vi mangler tilstrekkelig planlegging og dokumentasjon rundt hvordan elevtallet kan holdes forsvarlig i alle klassene i sentrum.

Dersom skoleeier brukte sin styringsmulighet sammen med FAU (også i barnehager!) og skoleledelse på en god måte ville det å ha tre barneskoler i sentrum oppleves som en ressurs og ikke en utfordring. Det er nok elever i sentrum til å få til dette, og det vil være bra for alle skolene i forhold til faktorene diskutert ellers i vårt svar. Et slikt prinsipp for opprettholdelse av klassestørrelse må dokumenteres og prøves godt slik at alle kan stille seg bak.

Dette er ikke noen kontroversiell tanke og en etablering av en lignende praksis ligger i høringsdokumentet men da med *motsatt* virkning - flytting av elever fra Bratteberg til Øyra.

## Trafikk og skolevei

Høringsdokumentet diskuterer skolevei og trafikk rundt Bratteberg skole i forhold til en eventuell nedleggelse. Vikebygda FAU registrerer at det nevnes tiltak i tilknytning til Bakkelidvegen som en kostnad som uansett vil komme. Dette er selvsagt positivt. Derimot stiller vi oss undrende til påstanden om forholdene nord for skolen:

“Det er ikkje rapportert særlege utfordringar ved avkøyrsla/parkeringsplassen nord for skulen i Hjellbakkane, heller ikkje i samband med av/på buss. Det vert difor ikkje rådd til særlege tiltak der.”

Dette er ikke akseptabelt. En betydelig andel av elevene ved Vikebygda skule har i dag skolevei med ankomst på gangvei nord for skolen. Per i dag har disse en rimelig trygg og god skolevei til Vikebygda hvor elever allerede fra første klasse kan gå til og fra alene. Ved en eventuell nedlegging vil skoleveien til Bratteberg for denne elevgruppen bli betraktelig mer krevende med kryssing av en sterkt trafikkert vei. Det er all mulig grunn til å tro at biltrafikken til og fra Bratteberg skule totalt sett vil *øke* som følge av dette fordi foreldrene er engstelige. Dette vil igjen forsterke kravet om utbedring og tiltak også nord for skolen, en per i dag ukjent kostnad.

Heltne/Bratteberg grendalag har ved flere anledninger helt tilbake til 2011 påpekt utfordringer, og gitt innspill til kommunedelplan for trafikktrygging på området rundt

Bratteberg skule. Ved alle disse henvendelsene har også det nevnte området vært listet som ett av flere farlig krysningspunkt. I høringssvar til detaljregulering av boligområdet B58 Øvre Heltne (planID 2012007) ble det fra Heltne/Bratteberg grendalag påpekt at området mellom Bratteberg skule og Frikyrja har store utfordringer når det gjeld trafikktrygghet og skoleveg. Grendalaget kom med flere innspill til utbedringer - som å flytte gangfelt vekk fra busslomme, flytte innkjøringen til parkeringsplassen og etablere fotgjengerfelt ved gangveg fra ballbingen. Det var også påpekt at overgangsfelt bør være opphøyd for å redusere farta i Hjellbakkane. Veien på stedet er lang og rett og det er ofte brukt høyere fart enn tillatt. I innspill til kommunestyret er det også fra Grendalaget den 06.04.18 påpekt at de eksisterende fotgjengerovergangene i Hjellbakkane er generelt dårleg opplyst. Dette er hovedferdselsåre for barn til Bratteberg skule og dårlig belysning utgjør en risiko.

I sum viser dette at kommunen har fått flere tilbakemeldinger på at området har store utfordringer, og kommunen kan derfor ikke konkludere med at det ikke er behov for tiltak i dette området.

Det er også verdt å nevne den elevgruppen ved Bratteberg som vil måtte flyttes til Øyra. Skoleveien for disse vil slik skissert i høringsdokumentet bli betraktelig mye lengre. Det er igjen grunn til å tro at foreldre i denne gruppen vil ønske å velge transport med bil som løsning.

Nasjonal transportplan har som mål at 80 % av barn mellom 6 og 15 år skal gå eller sykle til skolen. Forskning på området er omtalt i en artikkel fra Statens vegvesen med tittelen *Aktiv Skoleveg*:

*Aktiv skoleveg er ikke bare gunstig for barns fysiske helse, men bedrer også grunnlaget for læring. En dansk undersøkelse (Masseeksperimentet 2012) viser at fysisk aktivitet mer enn to timer i uka bedrer skolebarns konsentrasjonsevne. Barna som gikk til skolen viste bedre konsentrasjonsevne i tester som ble gjort hele 4 timer senere på dagen.*

Skoleveien til de fleste av Vikebygda sine elever går gjennom stier i skogen i sitt nærmiljø. Gjennom flere år har Vikebygda skule tilrettelagt og organisert grupper som går til og fra skolen sammen. Oppsummert er det Vikebygda FAU sin påstand at forslaget om nedlegging vil føre til totalt sett økt biltrafikk, ha en negativ miljø- og helseeffekt og føre til betraktelig mindre trygg skolevei for et stort antall elever.

## Nedbygging av restkapasitet

Vikebygda FAU ser med bekymring på at forslaget om nedlegging vil ta vekk all restkapasitet i forhold til elevplasser i sentrum.

Volda kommune har et uttalt mål om vekst og ønsker å framstå som en attraktiv kommune i regionen. I Volda kommune sin økonomiplan 2019-2022 kan man finne omtale av dette i flere sammenhenger. På side 84-85 kan man finne omtalt at en ser for seg en vekst i innbyggere i den aktuelle aldersgruppen fram til 2030: “Det er positivt at talet på barn i alderen 0–12 år aukar med i gjennomsnitt om lag 27,9 prosent”. Det er også et økonomisk

insentiv for kommunen å stimulere til vekst. Dette kan man lese på side 90 om boligbygging, hvor det står “Volda har sentrale regionfunksjonar, og bør ha grunnlag for folketalsvekst.”

I gjeldende kommuneplan for Volda (Kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2028) finnes et klart uttalt mål om befolkningsvekst på side 15. Det er all grunn til å tro at arbeidet som nettopp er startet med en plan for Nye Volda også vil inneholde samme mål.

I høringsdokumentet omtales det planlagte boligfeltet B58 nord for Bratteberg. Ferdig utbygd vil området romme om lag 20 boligenheter, og fremtidige elever fra dette området vil ha Bratteberg som sin nærskole. Utbygginga blir omtalt som å ligge “minst fem år fram i tid, truleg lenger”. Derimot mener vi at fem år i denne saka *ikke* er langt fram i tid. Dersom kommunen mener alvor med sitt mål om vekst er det sannsynlig at videre arbeid med utbygging av feltet vil få prioritet. Området vil være attraktivt for barnefamilier.

Volda kommune har de siste årene bosatt et varierende antall flyktninger og også i 2019 vil dette skje. Nasjonalt har det skjedd en dreining mot prioritering av overføringsflyktninger (kvoteflyktninger). Kvoten er politisk styrt og det er vanskelig å si noe om antallet over tid. Det er derimot rimelig å anta at overføringsflyktninger kan være spesielt ressurskrevende elever. Uten restkapasitet på barnetrinnet vil Volda-samfunnet være dårligere rustet til raskt å tilpasse seg en endret flyktningesituasjon.

Sett i lys av dette er vår påstand at nedleggingen av Vikebygda skule er basert på kortsiktige vurderinger i en presset økonomisk situasjon. En reduksjon av kapasiteten tilsvarende den Vikebygda skule står for er dramatisk både med tanke på kommunen sine mål og prognosene vi har for framtida. En kan se for seg at en innen relativt kort tid vil måtte gjøre nye investeringer for å dekke nye behov. Det man da eventuelt har spart på å legge ned skolen i dag vil dermed ikke ha noen reell økonomisk effekt. Inntil man er sikre på at nedgangen i elevtall er permanent vil det være uklokt å ta en forhastet avgjørelse om nedlegging - spesielt når tilbudet fungerer så godt som det gjør.

# Oppsummering

- Dagens skole- og SFO-tilbud for 1-4. klassinger på Vikebygda skule har samlet sett meget gode og unike kvaliteter. Vi argumenterer for at det er lite sannsynlig å opprettholde samme kvalitet hvis forslaget gjennomføres. Opprettholdelse av kvaliteten på tilbudene er ikke et tema i høringsdokumentet, og dette er en alvorlig mangel.

- Kostnadene for redusert kvalitet er det barna i 1-4 klasse i sentrum som må ta. På både Øyra og Bratteberg finnes det markant bekymring med tanke på økt press på både i forhold til lærerressurser og plass. Planer og konsekvenser mangler.

- Vikebygda FAU mener at *barnas beste* ikke er godt nok utgreidd i forslaget.

- Økonomisk er forslaget i høringsdokumentet svært tynt dokumentert. Det foreligger en lite dokumentert tabell om besparelser på *2,5 millioner per år*. Noen lengre plan for gevinstrealisering finnes ikke. Elever og lærere skal flyttes til kroner 0 - ingen kostnader er dokumentert. Dette stemmer ikke, og utgjør en betraktelig usikkerhet.

- Vi vet det vil komme år med lave elevtall for Bratteberg og Vikebygda. Skoleeier kan bruke sin styringsrett sammen skoleledelse, FAU og foreldre sørge for at klassene blir planlagt med forsvarlig størrelse også disse år. Det er nok elever til dette i sentrum samlet sett. En slik praksis ligger allerede i høringsdokumentet - men gjelder da flytting av elever andre veien, fra Bratteberg til Øyra.

- Vi har dokumentert at forslaget om nedlegging vil føre til totalt sett økt biltrafikk, ha en negativ miljø- og helseeffekt og føre til betraktelig mindre trygg skolevei for et stort antall elever.

- En nedlegging vil fjerne all restkapasitet ved skolene i sentrum. Gitt kommunen sitt mål om folkevekst og prognosene som finnes for de neste 10 år er det sannsynlig at en innen relativt kort tid må gjøre investeringer for å dekke behovet. Den planlagte besparelsen er forhastet.

For Vikebygda FAU,

Jan Ivar Beddari

Jan Ivar Beddari, leder

Fra: Sirikit Vågen[sirikit.vagen@voldaskulen.no]
Sendt: 24.02.2019 18:28:06
Til: Postmottak Volda
Tittel: Høyringsuttale frå UDF Volda Framlegg til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum Sak 2018/1976

---

**Høyringsuttale frå UDF Volda**
**Framlegg til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum**
**Sak 2018/1976**

**Høyringsfråsegn: Framlegg til endringar i grunnskuledrifta i Volda sentrum**

Administrasjonen har lagt fram tre forslag til endring i grunnskuledrifta i Volda sentrum. Utdanningsforbundet ser eit fjerde alternativ, full drift 2019/2020 – samanslåing 2020/2021. Det er først når det ikkje er drift ved skulen ein kan ha innsparingar som monnar. Det er ei rekke pedagogiske argument for dette forslaget; ein får tid til å planlegge samanslåinga. Tilsette og elevar vil kunne få tid til å gjere denne overgongen så god som mogeleg, starte prosessen, bli kjend, kunne besøke. Om ein gjer dette gradvis over tre år, vil det verte ei utarming. Det vil vere utfordande for dei som vert att når det gjeld drift. Ein vert så få at det vert vanskeleg å kunne fylle kompetansekrava, det vil vere utfordrande å få til eit pedagogisk samarbeid, og det vil verte sårbart ved sjukdom.

I høyringsdokumentet står det at det skal vere samlokalisering, medan i alternativ 1 står det at Vikebygda skule skal verte lagt ned. Det er særs viktig at ein i denne prosessen er tydeleg på at det er ei **samanslåing, ikkje ei nedlegging**. Dette vil sikre rettane til dei tilsette, slik dei kan kjenne seg trygge i denne prosessen.

Vikebygda er ein god og trygg skule for dei aller fleste elevane. Dei har eit svært godt samarbeid med dei føresette. Gruppestorleikane gjer at dei har god oversikt og har høve til å vere tett på elevane. Vikebygda er ein vi-skule, alle kjenner alle og samarbeid på tvers av aldersgruppene er vi gode på. Dei har fellesdagar med vennskapsdag, juleverkstad, matematikkens dag og kulturkveld-prosjekt. Til stor nytte og glede for elevane. Dette er eit arbeid dei gjerne vil halde fram med.

Ved Vikebygda skule er det eit tett samarbeid med SFO. På Vikebygda skule er det meir enn 92% av elevane som går på SFO. SFO har eigne, store og gode lokale og eige stort kjøken. Det er svært gode og oversiktlege uteområde rundt skulen og i nærområdet. Dei har tradisjon for at alle elevane går på SFO ut 4. klasse, og fryktar at borna våre skal få eit dårlegare tilbod ved ei samlokalisering. Vi opplever ikkje at lokala på Bratteberg SFO er like gode, eller egnar seg like godt for drift av SFO med mange born.

Når det gjeld overgongen til Bratteberg etter 4. klasse, jobbar dei heilt frå 1. klasse med å gjere den overgongen så smidig som mogleg, med samarbeid mellom klassene på Vikebygda og Bratteberg. Det er ei ordning som etter vår erfaring fungerar godt for dei fleste.

Dersom kommunestyret vel å legge ned Vikebygda skule ber vi om at det vert vurdert ei anna avvikling enn den som ligg føre i høyringsdokumentet.

Ved å trappe ned drifta etter som klassene går over til Bratteberg, vil ein siste året sitte igjen med ei fådelt klasse og eit svært lite miljø både for elevar og personale.

Beste helsing
Sirikit Vågen

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Siri Birkeland Solheim | Arkivsak nr.: | 2017/2188 |
| | | Arkivkode: | 614 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 20/19 | Formannskapet | 05.02.2019 |
| 12/19 | Tenesteutval for oppvekst og kultur | 13.03.2019 |
| 30/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | |
| 11/19 | Ungdomsrådet | 06.03.2019 |

## VOLDA UNGDOMSSKULE - VIDARE PROSESS

### Handsaming:

FAU-leiar ved Volda ungdomsskule, Morten Ottesen hadde fekk halde ei kort orientering.

**Røysting (seks røysteføre)**:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.03.2019

*Med visning til saksutgreiinga, vedtek kommunestyret at følgjande skal leggast til grunn for den vidare planlegginga av Volda ungdomsskule:*

1. *Kommunestyret gjer vedtak om at det skal planleggast med å bygge ny skule på same tomt som ungdomsskulen står på i dag.*

2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å planlegge den nye skulen med bakgrunn i dei funksjonane for skulen som er inkludert i foreløpig rom- og funksjonsprogram. I tillegg til areala for skulen, skal det planleggast med areal til mat og helse for Øyra skule inn i den nye skulen*

3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i planlegginga*
   a. *Areal- og energieffektive løysingar som gir god driftsøkonomi*
   b. *Optimale sambruksløysingar mellom ulike funksjonar*
   c. *Utforming som legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette*
   d. *Løysingar som gir grunnlag for ei god Pedagogisk plattform og fagleg utvikling for skulen*
   e. *Fleksibilitet i bygningskropp og romstruktur*

4. *Kommunestyret viser til saksutgreiinga og ber om at den nye skulen vert dimensjonert for 360 elevar.*

5. *Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for ein ny skule på tomta. Ved behov kan det leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.*

6. *Administrasjonen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for vidare planlegging innanfor dei økonomiske rammene som er løyvd i budsjettet.*

**Handsaming:**
Rådmannen orienterte. Sakshandsamar Siri Birkeland Solheim og eigedomssjef Kjell Magne Rindal møtte.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett og skal ikkje handsamast før etter handsaming i tenesteutval for oppvekst og kultur.*

**Røysting** (ni røysteføre):

Utsettingsframlegget fekk 8 røyster og vart vedteke, Jørgen Amdam røysta mot.

**Vedtak i formannskapet - 05.02.2019:**
***Saka vert utsett og skal ikkje handsamast før etter handsaming i tenesteutval for oppvekst og kultur.***

**Administrasjonen si tilråding:**

Med visning til saksutgreiinga, vedtek kommunestyret at følgjande skal leggast til grunn for den vidare planlegginga av Volda ungdomsskule:

7. Kommunestyret gjer vedtak om at det skal planleggast med å bygge ny skule på same tomt som ungdomsskulen står på i dag.

8. Kommunestyret ber administrasjonen om å planlegge den nye skulen med bakgrunn i dei funksjonane for skulen som er inkludert i foreløpig rom- og funksjonsprogram. I tillegg til areala for skulen, skal det planleggast med areal til mat og helse for Øyra skule inn i den nye skulen

9. Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i planlegginga
    a. Areal- og energieffektive løysingar som gir god driftsøkonomi
    b. Optimale sambruksløysingar mellom ulike funksjonar
    c. Utforming som legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette
    d. Løysingar som gir grunnlag for ei god Pedagogisk plattform og fagleg utvikling for skulen
    e. Fleksibilitet i bygningskropp og romstruktur

10. Kommunestyret viser til saksutgreiinga og ber om at den nye skulen vert dimensjonert for 360 elevar.

11. Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for ein ny skule på tomta. Ved behov kan det leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.

12. Administrasjonen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for vidare planlegging innanfor dei økonomiske rammene som er løyvd i budsjettet.

**Vedleggsliste:**
Rapport frå Nordplan

**Uprenta saksvedlegg:**
PS 12/18
OS 139/18
Teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule
Moglegheitsstudie Volda ungdomsskule

**Samandrag av saka:**
Etter gjennomført teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule i 2017, er det konkludert med at det er eit stort behov for renovering og ombygging på skulen. Dette resulterte i at det i PS 12/18 vart vedtatt at ein skulle gjennomføre ei moglegheitsstudie for å kartlegge nivå og omfang av ombygging og renovering. Moglegheitsstudiet er gjennomført i samsvar med mandatet som vart gitt i PS 12/18, med nokre unntak, og vart presentert for formannsskapet i OS 185/18. Resterande punkt i mandatet er utgreia av administrasjonen og vert lagt fram i denne saka. Føremålet med saka er å få eit vedtak på kva alternativ for renovering/nybygg kommunestyret ynskjer at ein skal gå vidare med, og få satt mandat for vidare prosess.

I saka vert følgjande alternativ for skulen vurdert og presentert:
- Minimumsalternativet – Alternativet går ut på å rive sidefløy og gymsalar, behalde hovudbygget i hovudsak slik det er i dag, og bygge eit tilbygg som inneheld klasserom og grupperom for elevane. Minimumsalternativet er basert på kva ein minimum må gjere av tiltak for å sikre gode klasseromsløysingar for elevane
- Renovering og tilbygg (2B) – Alternativet går ut på at ein skal ta vare på restverdien i hovudbygget og renovere dette opp til dagens krav, samstundes som ein supplerer med eit nytt tilbygg som skal sikre tilstrekkeleg med areal til skulen. Sidefløy og gymsalar rivast.
- Ny skule (3B) – Alternativet går ut på å rive sidefløy og gymsalar, bygge ny skule på tomta, og rive hovudbygget når den nye skulen står klar

**Saksopplysningar/fakta:**
I tillegg til dei punkta som moglegheitsstudiet har tatt føre seg og vurdert, har administrasjonen gjort følgjande vurderingar som blir lagt fram i denne saka:
- Overordna vurdering av alternativt areal for skulen i byggeperioden ved renovering av hovudbygget, og kostnadsvurdering av ei slik løysing
- Areal til ungdomsklubb på skulen
- Kartlegging av hovudberesystemet
- Elevtalsutvikling ved sentrumsskulane i Volda med prognoser for utviklinga i komande år så langt dette er mogleg

Elevtalsutvikling ved Volda ungdomsskule
I arbeidet med moglegheitsstudiet er det tatt utgangspunkt i at ein skal bygge ein skule for dei elevane som skal byrje på Volda ungdomsskule slik skulestrukturen er i dag. Det er dermed henta inn prognose for elevtal ved Øyra skule, Bratteberg skule, Mork skule, Austefjord skule og Vikebygda skule. Nedanfor er det satt opp ei oversikt over elevtalsutviklinga på Volda ungdomsskule fram til og med skuleåret 2030/2031, som er så langt vi kan sjå ut frå tal på born i Volda kommune født til og med 2017.

| Skuleår | 8. klasse | 9. klasse | 10. klasse | Totalt elevtal |
|---|---|---|---|---|
| 2018/2019 | 95 | 104 | 100 | 299 |
| 2019/2020 | 100 | 95 | 104 | 299 |
| 2020/2021 | 107 | 100 | 95 | 302 |
| 2021/2022 | 109 | 107 | 100 | 316 |
| 2022/2023 | 109 | 109 | 107 | 325 |
| 2023/2024 | 98 | 109 | 109 | 316 |
| 2024/2025 | 91 | 98 | 109 | 298 |
| 2025/2026 | 77 | 91 | 98 | 266 |
| 2026/2027 | 77 | 77 | 91 | 245 |
| 2027/2028 | 67 | 77 | 77 | 221 |
| 2028/2029 | 69 | 67 | 77 | 213 |
| 2029/2030 | 70 | 69 | 67 | 206 |
| 2030/2031 | 72 | 70 | 69 | 211 |

Ut i frå elevtalsutviklinga ser vi at elevtalet på skulen når ein topp i skuleåret 2022/2023, for deretter å søkke i dei komande åra. Sjølv i dette toppåret vil det totale talet på elevar på 325, vere under kapasiteten på det minste alternativet som er lagt fram i moglegheitsstudiet (360 elevar).

Bæresystemet
Nordplan har utført ei vurdering av bærekonstruksjonen i hovudbygget basert på den dokumentasjonen ein har funne frå byggeåret. Grunnen til vurderinga, er at ein ynskja å vurdere om bærekonstruksjonen har openbare svakheiter som vil påverke ei ev. renovering av bygget. Frå byggetidspunkt til i dag har dimensjonerande snølast auka frå 150 kg/m$^2$ til 400 kg/m$^2$, i tillegg til at kravet til u-verdi er auka. Dette vil seie at for at hovudbygget skal stette dagens krav, må taket ha kapasitet til å ta den auka snølasta i tillegg til lasta av etterisoleringa.

Konklusjonen frå Nordplan, er at takkonstruksjonen over aulaen har god kapasitet medan taket over klasseromma ikkje har det. Grunnen til at kapasiteten er betre for taket over aulaen, er at det vart etablert stålforsterkningar på denne delen i 2008. Denne delen vil difor tole ei etterisolering, i tillegg til å ha kapasitet til dagens dimensjonerande snølast. Taket over klasseromma derimot, vil ikkje kunne tilfredsstille dagens krav utan at ein forsterkar konstruksjonen. Vurderinga for taket over klasseromma er noko usikker på grunn av manglande dokumentasjon frå byggeår på denne delen, og det må tas atterhald om at konstruksjonen kan ha noko meir restkapasitet enn ein kan konkludere med i dag.

Størrelsen på klasserom
Etter innspel frå Oppvekstsjefen er det i moglegheitsstudiet lagt til grunn ein klasseromsstørrelse med kapasitet på opptil 30 elevar. Ut i frå dette er det difor konkludert med at dagens klasserom er for små, og at ein må bygge om romstrukturen i hovudbygget dersom ein skal bruke dette vidare.

Dersom ein ser på norm for lærartettleik for 8.-10. trinn, seier denne at ein skal ha éin lærar per 20 elevar frå skuleåret 2019/2020. Dette opnar opp for at ein kunne vurdert ein klasseromsstruktur med plass til opptil 20 elevar. Ein slik struktur ville gi behov for fleire klasserom, men den ville også gitt moglegheit til å behalde dagens størrelse på klasserom i hovudbygget, og redusert omfanget av renoveringa. Ved vidare utgreiingar har ein vurdert reduksjonen i omfanget til å kunne gi ei innsparing i størrelsesordenen 4 mill., men ein har også vurdert ei slik løysing til å gi mindre fleksibilitet for skulen. Løysinga ville i tillegg føre til at ein ville hatt større utfordringar med å få til ein god struktur med fordeling av klasserom og grupperom. Konklusjonen er difor at ei løysing med å halde på dagens klasserom vil vere ugunstig, og at innsparingspotensialet er lågt sett i samband med at ein får ei dårlegare løysing for skulen. I ei ev. skisseprosjektsfase, bør ein likevel sjå nærare på klasseromsstrukturen, og vurdere om ein ynskjer ein viss variasjon i størrelsen på klasseromma og heller vurdere å ha fleire klasserom. I samanheng med dette arbeidet, kan ein også vurdere ein større fleksibilitet ved å planlegge med at nokre grupperom kan gjerast om til klasserom ved behov. Dette gir moglegheit til å kunne dele inn eit klassetrinn i 5 klasser, dersom det av ein grunn er behov for mindre klassegrupper.

For arealstørrelsen på klasseromma er det i moglegheitsstudiet lagt til grunn 2,25 $m^2$ per elev. Den faglege norma for areal sett av Statens helsetilsyn, er at eit klasserom bør planleggast etter ei arealnorm på minimum 2 $m^2$ per elev. Ein har vidare konkludert med at ein ved ei større renovering eller bygging av nybygg, bør legge seg litt over det som er satt som minimum. Dersom ein reduserer arealet til 2 $m^2$ per elev, vil ein kunne redusere det totale arealet på 12 klasserom med 90 $m^2$.

Ungdomsklubb
I moglegheitsstudiet er det ikkje inkludert areal til ungdomsklubb i romprogrammet. Grunnen til dette er at det har pågått fleire prosessar med tanke på lokalisering av klubben, samt at ungdomsrådet i OS 163/18 informerte om at dei ynskjer ei plassering av ungdomsklubben i det nye kulturhuset. Gjennom arbeidet med moglegheitsstudiet er det gjennomført ei vurdering med tanke på plassering og ev. sambruk av areal til ungdomsklubben. I vurderinga er det konkludert med at det ikkje er mogleg å få inkludert areal til ungdomsklubben i hovudbygget, noko som gjer at arealet må inkluderast i eit tilbygg (eller nybygg). Med bakgrunn i ynskja til areal frå klubben, er det også vanskeleg å finne utstrekt sambruk med skulen. Grunnen til dette er at areala for ein ungdomsklubb bør ligg samla, og sjølv om ein kan sjå sambruk av nokre av romma med skulen sitt bruk, vil det vere vanskeleg å samle desse til same område. Areal til klubben vil difor i stor grad kome i tillegg til skulen sitt areal. Dersom det er aktuelt og ynskjeleg å inkludere klubben på skulen, kan ein gå vidare med desse utgreiingane i neste fase.

Fiskeklekkeri og skyttarbane
I utarbeida rom- og funksjonsprogram er det ikkje sett av areal til fiskeklekkeri og skyttarbane, noko som gjer at det ikkje er planlagt med areal til desse føremåla i ein ev. ny skule. Aktivitetane ligg ikkje under kommunale ansvarsoppgåver og er difor ikkje prioritert i arbeidet. Ved ei ev. renovering av hovudbygget vil eksisterande areal kunne nyttast vidare til desse aktivitetane, då arealet er lite brukbart til skuledrift.

Dei ulike alternativa
Som grunnleggande føringar for moglegheitsstudiet, er det tatt utgangspunkt i at skulen skal nytte nye Campus Arena til kroppsøving når denne hallen står klar. Det er også, gjennom tilstandsanalysen og moglegheitsstudiet, konkludert med at sidefløya på skulen har lågare restverdi enn hovudbygget, og at den er lite funksjonell og fleksibel for vidare bruk, blant anna på grunn av bredda av bygget. Med bakgrunn i desse vurderingane er det, for alle alternativa som blir lagt fram, føreslått at gymsalane og sidefløya rivast.

I mandatet til moglegheitsstudiet er det spesifisert at ein skal sjå på to alternativ med tanke på elevtalet på skulen. Det minste alternativet skal innehalde klasserom til 4 parallellar for alle årssteg og ha plass til 300 elevar, medan det største alternativet skal innehalde klasserom til 5 parallellar for alle årssteg og ha plass til 400 elevar. Med bakgrunn i at ein ynskjer klasserom med plass til opptil 30 elevar, kan ein med 4 parallellar summere seg til ein totalkapasitet på 360 elevar, og med 5 parallellar ein totalkapasitet på 450 elevar. Dersom ein ser på prognosen for elevtalsutviklinga, vil ein skule med 4 parallellar per årssteg og ein totalkapasitet på 360 elevar, ha god kapasitet til elevane i toppåret 2022/2023 (topptal på 109 elevar per klassetrinn og totaltal på 325 elevar). Administrasjonen har difor lagt til grunn det minste alternativet for vurderingar av økonomi og areal.

I tilstandsanalysen av skulebygget er det konkludert med at bygningsmassen i hovudbygget har ein relativt stor restverdi som ein bør søkje å nytte seg av vidare. Dette vart også lagt til grunn ved oppstart av moglegheitsstudiet, og ein hadde då som utgangspunkt å sjå på moglegheita av å nytte hovudbygget vidare, og supplere med eit nybygg. Gjennom arbeidet med moglegheitsstudiet er det gjort vidare vurderingar ut i frå dei ynskja og innspela som er kome frå skulen og Oppvekst, og det er konkludert med at noko av den restverdien som vart lagt til grunn i tilstandsanalysen, er vanskeleg å nytte seg av vidare. Ved utarbeiding av kostnadsoverslag for alternativet med tilbygg og renovering av hovudbygget, såg ein også at dette er ei relativ kostbar løysing. I OS 139/18 vart difor formannsskapet informert om at administrasjonen i tillegg ynskja å legge fram to andre alternativ for løysing. Dette resulterte i at ein har tre alternativ ein har vurdert vidare i saka:

- *Alternativ 2B* (nummereringa er iht. moglegheitsstudiet) – Rive sidefløy og gymsalar. Renovere hovudbygget opp til dagens krav. Hovudbygget skal innehalde areal til klasserom og grupperom for 360 elevar. Bygge eit tilbygg med tilknyting til hovudbygget som skal innehalde areal til lærarar, administrasjon og praktiske fag.
- *Alternativ 3B* (nummerering iht. moglegheitsstudiet) – Bygge ny skule for 360 elevar. Rive hovudbygget når ny skule er etablert.
- *Minimumsalternativet* – Rive sidefløy og gymsalar, behalde hovudbygget i hovudsak slik det er i dag og bygge eit tilbygg som inneheld klasserom og grupperom for 360 elevar, samt areal for musikk og sløyd.

<u>Alternative areal for skulen i byggeperioden</u>
For alle alternativa som er skissert, planlegg ein med å rive gymsalane og sidefløya. I desse areala har skulen i dag areal for faga kroppsøving, kunst og handtverk, sløyd og musikk (i tillegg til nokre valfag). Rivinga av sidefløya er planlagt utført tidleg i byggeperioden, noko som gjer at skulen må finne alternative areal og/eller alternative aktivitetar for desse faga i byggeperioden. Dersom ein går vidare med eit av dei skisserte alternativa, må ein gå i nærare dialog med skulen for å planlegge korleis ein skal løyse dette. Alternativ som bør utgreiast nærare er:

- Kroppsøving – Kroppsøvingslokale for skulen er planlagt inn i den nye Campus Arena. Denne hallen er planlagt ferdigstilt til skuleåret 2020/2021, og det vil difor sannsynlegvis ikkje vere behov for alternative areal i noko stor grad. Ved behov kan skulen belage seg på utegym i dei månadane dette er mogleg, men ein må likevel finne garderobefasilitetar. Voldahallen har i dag ikkje kapasitet til å ta inn fleire klasser, men ein kan vurdere moglegheit for bruk av garderber. Kommunen bør også gå i dialog med Høgskulen for å sjå på ev. ledig kapasitet i Idrettsbygget
- Sløyd – For sløydfaget vil skulen mest truleg måtte nytte seg av alternative aktivitetar i stor grad. Som supplement kan ein også gå i dialog med Øyra skule for å sjå om ein kan nytte seg av ev. ledig kapasitet i sløydsalen der.

- Musikk – Skulen bør vurdere om det er mogleg å gjennomføre alternative aktivitetar i byggeperioden og vurdere i kva grad ein kan bruke tradisjonelle klasserom. Det er også mogleg å gå i dialog med Øyra skule for å sjå på eventuell sambruk av areal der.
- Kunst og handtverk – skulen bør sjå på moglegheitene for å utføre aktivitetar i tradisjonelle klasserom i perioden. Ein kan også gå i dialog med Øyra skule for å sjå på moglegheit for å nytte ledig kapasitet der

I tillegg til areal for praktiske fag, er det også, for alle skisserte alternativ, planlagt med å fjerne skulen sitt bibliotek i byggeperioden. Skulen må i denne perioden nytte seg av folkebiblioteket og biblioteket på Høgskulen.

Plankrav i området
Området ungdomsskulen ligg på i dag har plankrav, noko som gjer at det er krav om at det må gjennomførast ein reguleringsprosess i forkant av bygging på tomta. Det er vanskeleg å estimere noko tidslinje for dette arbeidet per i dag, men det er truleg at det tek rundt eit år å gjennomføre. Det vil bli vurdert å gjennomføre delar av planprosessen parallelt med planlegginga/prosjekteringa for å kunne spare noko tid.

**Vurdering og konklusjon:**

*Minimumsalternativet*
I minimumsalternativet er det tatt utgangspunkt i dei tiltaka ein minimum bør gjere for å sikre tilstrekkeleg tal på klasserom som er meir fleksible og har tilhøyrande grupperom. Minimumsalternativet er ei overgangsløysing der ein planlegg med å bygge ein ny skule i 2 trinn. I første byggetrinn er det planlagt med eit nybygg som skal innehalde areal til klasserom og grupperom for elevane, samt areal til musikk og sløyd. Tilbygget vil frigjere mykje areal i hovudbygget som kan brukast til å sikre meir areal til lærarar og administrasjon, samt areal til praktiske fag som kunst og handtverk, mat og helse mm.

Fordelane med løysinga er at ein sikrar gode areal til klasserom og grupperom for elevane og ein kan bruke hovudbygget i byggeperioden, noko som reduserer kostnadar til alternative areal. Det er også den billigaste løysinga, fram til ein går i gang med byggetrinn 2.

Ulempene med løysinga er at ein må i gang med eit byggetrinn to etter forholdsvis kort tid. Ein planlegg då med eit nytt tilbygg som skal innehalde dei areala som er igjen i hovudbygget etter første byggetrinn. Ei slik trinnvis utbygging vil gi lite rom for heilskapleg planlegging av ein ny skule, med tanke på plassering av areala, og det vil krevje ein del arbeid på hovudbygget som vil vere «bortkasta» når byggetrinn 2 er i gang. Kva tiltak ein gjer på hovudbygget i første byggefase, vil vere avhengig av kor mange år ein planlegg med å drifte bygget før neste byggefase blir satt i gang. Andre ulemper med ei slik utbygging er at den, totalt sett, vil vere dyr samanlikna med dei andre løysingane, ein vil ha høge driftskostnadar fram til byggetrinn 2 er på plass, og løysinga vil, i første byggetrinn, ikkje kunne løyse fleire av dei punkta som er satt som prekære frå skulen si side.

*Alternativ 2B*
I alternativ 2B er det lagt til grunn at hovudbygget skal renoverast opp til dagens krav, og at ein skal bygge eit tilbygg for å sikre tilstrekkeleg med areal til skulen. Rom- og funksjonsprogrammet som er utarbeida i moglegheitsstudiet er brukt for å estimere størrelsesbehovet til nybygget. Etter ynskje frå skulen har ein tatt utgangspunkt i at klasseromma med tilhøyrande grupperom skal behaldast i hovudbygget, og at tilbygget skal innehalde areal til personalrom, lærararbeidsplassar, kontorplassar og plass til praktiske fag.

Alternativet med nybygg og renovering er planlagt ut i frå skulen sine ynskjer til areal, og skal sikre gode areal for skulen i åra framover. Alternativet er også det einaste alternativet som gjer det mogleg å halde på hovudbygget. Dette bygget kan sjåast på som eit «landemerke» i Volda, og er vurdert til å ha ein verdi i forhold til uttrykket på bygget sett i eit kulturminneperspektiv.

Renovering av hovudbygget vil ha nokre utfordringar og avgrensingar med tanke på å få det opp til dagens krav. Dette er avgrensingar med tanke på golv på grunn, kuldebruer i fasaden og fleksibilitet i bygget.

- Ved renovering av hovudbygget vil ein ikkje få utbetra golv på grunn. Golv på grunn er i dag 10 cm uisolert betongplate, og dette fører til at ein må søkje dispensasjon frå minstekrava i TEK17 på både u-verdi og radonsperre. Plata har truleg heller ikkje fuktsperre.
- Med dagens fasadeløysing vil ein ha utfordringar med tanke på å tette kuldebruer dersom ein både ynskjer å halde på fasadeuttrykket på bygget, og vil nytte seg av restverdien i dei relativt nye vindauga. I dei to alternativa for fasaderehabilitering som er lagt fram i moglegheitsstudiet legg ein til grunn å halde på uttrykket i fasaden
    - Alternativ A, som er den billigaste løysinga, går ut på å halde på dagens vindauge, etterisolere brystning og platekle teglbrystning og søyler. Ei slik platekledning er den same som på gavlvegg mot fjorden i dag. Løysinga vil ikkje fjerne problemet med kuldebruer gjennom fasaden
    - Alternativ B går ut på å etterisolere brystninga i tillegg til etterisolering rundt dekkeforkanter og søyler. Ei slik løysing vil tette kuldebruene, men vil føre til at ein må bytte ut vindauga. Alternativ B vil gi ei kostnadsauke på ca. 5 mill. samanlikna med alternativ A.

  Dersom ein ikkje legg til grunn av uttrykket på fasaden skal behaldast, kan ein rehabilitere til ei slett fasade og flytte ut eksisterande vindauge i den nye fasaden. Eit slikt alternativ vil gi ei kostnadsauke på rundt 3,2 mill. samanlikna med alternativ A.
- Hovudbygget er utforma slik at det er lite fleksibilitet i bygget med tanke på endringar i struktur eller andre endringar i lover/forskrifter. Dette kan vere med å påverke levetida til skulen og det gjer det meir kostbart og vanskelegare å gjere endringar når lover, forskrifter og normer endrar seg

Gjennom moglegheitsstudiet har ein gjort vurderingar av om det er mogleg å drive skuledrift i bygget under ei renovering. Konklusjonen er at skulen bør flytte ut i byggeperioden som ein kan estimere til rundt 1,5 år. I arbeidet med denne saken er det gjort nokre vurderingar med tanke på moglege alternativ for midlertidige areal for skulen, men det er viktig å understreke at dersom ein vel å gå vidare med alternativ 2B, må det settast i gang ein grundig prosess med å vurdere midlertidige areal i samarbeid med skulen. Dette gjeld både for størrelse, behov og sambruk. For dei alternativa som blir presentert i denne saka er det tatt utgangspunkt i at skulen skal halde til i nærleiken av dagens areal. Dette er både med tanke på nærleik til andre skular der ein kan vurdere sambruk i perioden (Øyra skule, vidaregåande skule og Høgskulen), nærleik til Campus Arena (kroppsøvingslokale) og med tanke på at ein ikkje skal få meirkostnadar og bruk av tid med transport av elevar. Med bakgrunn i denne vurderinga, er det funne tre alternativ for areal til skulen; Bruk av Ivar Aasen-bygget, modular plassert på området mellom Øyra skule og ungdomsskulen eller modular plassert på Steinrøysa.

Både for ei plassering på Steinrøysa og på området nord for ungdomsskulen er det tatt utgangspunkt i at ein må leige modular til bruk i perioden. Ved leige av modular har ein tatt utgangspunkt i at ein må ha plass til klasseromma til elevane, arbeidsplass til lærarane, kontorplass til administrasjonen, grupperom, garderobar og pauserom. Det er ikkje inkludert areal til praktiske fag, og det betyr at skulen i størst mogleg grad må nytte seg av

klasseromma også ved undervisning i desse. Med denne løysinga vil både ungdomsskulen og Øyra skule miste lokale for mat og helse i byggeperioden, og i ein ev. vidare prosess må ein, i tett samarbeid med skulen, sjå på korleis ein skal løyse dette.

Spesielle vurderingar som er gjort med tanke på dei to ulike plasseringane for modulane er:

- Plassering nord for dagens ungdomsskule, på grusbana mellom Øyra skule og ungdomsskulen – denne plasseringa er gunstig med tanke på at det allereie i dag er plassert modular her og at det dermed er etablert tekniske føringar til plasseringa. Ein kan i eit slikt tilfelle vurdere å nytte seg vidare av modulane som står på plassen, som kommunen eig, og supplere med fleire modular. I tillegg til kostnadane med etablering og leige av modular, må ein rekne med kostnadar for tilpassing av dei tekniske føringane til plassen og kostnadar med å etablere fundament.
- Plassering på Steinrøysa – Fordelen med dette området er at det er stort og ligg relativt skjerma. Størrelsen gjer at det er mogleg å få plass til noko parkering på tomta. Ulempa med dette arealet er at det ikkje er eigd av kommunen, og at det i dag blir brukt til parkering for den vidaregåande skulen. Det er ikkje kjent korleis dei ev. stiller seg til at kommunen leiger arealet. I tillegg til ev. leigekostnadar av areal, vil ein måtte rekne med kostnadar med å få på plass tekniske føringar til plassen, samt kostnadar med å etablere fundament.

Ved ferdigstilling av Høgskulen sitt nye mediebygg, kan ein vurdere å nytte det kommunale bygget, Ivar Aasen, til skulen i byggeperioden. Plasseringa av bygget er relativt nært både høgskulen, Øyra skule og Volda VGS, noko som gjer at ein kan vurdere ev. sambruk av areal til praktiske fag med desse. Løysinga med bruk av bygget er ikkje utgreia i stor grad, då det vil vere to moment som talar mot denne løysinga.

- Det første momentet er at bruken av bygget er avhengig av at det nye mediebygget står klart, og at Høgskulen har flytta inn i dette. Med utgangspunkt i noverande status, vil mediebygget truleg vere klar for innflytting første kvartal 2021. Ein må anta at det må gjerast visse oppussingar og tilpassingar av bygget før ungdomsskulen ev. kan flytte inn, og det er difor lagt til grunn at skulen tidlegast kan flytte inn i dette lokalet til skuleåret 2021/2022. Ein slik tidsplan kan føre til at ein får ei seinare ferdigstilling på ungdomsskuleprosjektet.
- Det andre momentet er at ei slik løysing vil føre til at Kunnskapsparken sitt ynskje om å bruke arealet, vil bli utsatt i rundt 1,5 år. Sjølv om ein ved bruk av Ivar Aasen-bygget vil spare seg for kostnadar med leige av modular, må ein også kalkulere med ev. tapte leigeinntekter på bygget i den totale vurdering av kostnadane.

Det er ikkje gjort vidare vurderingar av behov for oppussing og tilpassing av bygget, men etter ein rask gjennomgang av planteikningane for bygget, er det konkludert med at det truleg vil vere behov for å supplere med nokre modular for å få plass til heile skulen. Med bakgrunn i desse vurderingane vil administrasjonen ikkje tilrå å bruke Ivar Aasen-bygget som midlertidige lokale til skulen i byggeperioden.

Ei plassering av modular på asfaltplassen ved skulen er også vurdert, men denne plasseringa er vurdert som mindre egna enn dei andre plasseringane med tanke på nærleik til byggeplass, tilkomsttilhøve for elevane under bygging og teknisk infrastruktur.

Ved alle dei skisserte midlertidige areala for skulen, vil ein måtte gjere vidare utgreiingar og vurderingar av tiltak med tanke på utfordringar med sterkt redusert parkeringskapasitet og manglande tilrettelagt uteareal for elevane.

Dersom ein vel å gå vidare med alternativ 2B, må ein i neste fase vurdere kva investeringar ein ev. må gjere av inventar og innreiing (der i blant visningsflater i klasseromma) til dei

midlertidige lokala. Her må gjenbruk og behov vurderast. Desse kostnadane kjem i tillegg til kostnadane med leige av modular.

Ved renovering av hovudbygget kan det også bli naudsynt å skaffe midlertidige lagerareal i byggefasen. Dersom ein ikkje kan finne plass til dette i andre kommunale bygg, kan det vere behov for å leige inn areal til dette i perioden.

*Alternativ 3B*
I dette alternativet har ein kostnadsberekna ein ny skule med utgangspunkt i det rom- og funksjonsprogrammet som er utarbeida. I moglegheitsstudiet har ein gått ut i frå at den nye skulen byggast på same tomt som skulen ligg i dag. Ein planlegg då med å rive sidefløy og gymsalar før ein etablerer eit nybygg vest på tomta. Ved ei slik utbygging vil ein kunne oppretthalde skuledrifta i hovudbygget fram til ny skule er etablert, og på denne måten sleppe kostnadar med midlertidig areal for skulen.

Ved bygging av nybygg vil ein stå friare med tanke på plassering av dei ulike funksjonane på skulen i forhold til kvarandre og ein vil kunne planlegge med eit bygg som er fleksibelt for ev. framtidige endringar, som er arealeffektivt og godt i bruk både for tilsette, elvar og driftspersonell.

Økonomi
Alle estimerte kostnadar oppgitt i saka er inkl. mva.

For alle dei tre alternativa som er skissert, vil det kunne kome nokre kostnadar med å skaffe areal til praktiske fag i byggeperioden. Desse kostnadane er vanskeleg å estimere utan å utgreie behov og moglegheiter nærare, og kostnadane er difor ikkje inkludert i dei estimerte kostnadane for alternativa.

Estimerte kostnadar inkluderer heller ikkje innreiing, inventar og brukarutstyr til skulen. Desse kostnadane er avhengig av kva utstyr ein skal ha inn på skulen, og i kva grad ein kan nytte seg av gjenbruk av innreiing og utstyr ein har i dag. Norsk prisbok har ei einingspris på kr. 1 625kr/m$^2$ for inventar og utstyr i høgskular som kan brukast til ei grov estimering av kostnadane. Dersom ein tek utgangspunkt i denne prisen, vil det summere seg til ca. 8 550 000 kr. for alternativ 3B. Til samanlikning brukte ein ca. kr. 5 625 000,- på inventar når Øyra skule vart bygd.

*Minimumsalternativet*
Minimumsalternativet er ikkje kostnadsberekna i moglegheitsstudiet, då kostnadane for dette alternativet vil vere avhengig av kva tiltak ein landar på for hovudbygget. Grovt sett kan ein gå ut i frå at ein minimum vil ha kostnadane med å sette opp eit tilbygg, rive sidefløy og gymsalar og utomhuskostnadar. Desse kostnadane er estimert til:

| | **Areal** | **Pris** | **Sum** |
|---|---|---|---|
| *Tilbygg* | 2 268 | 33 125 | 75 127 500 |
| *Riving* | 1 927 | 1 100 | 2 119 700 |
| *Utomhus* | 2 500 | 1 219 | 3 047 500 |
| *Totalt* | | | **80 294 700** |

I tillegg til desse kostnadane, vil det kome kostnadar med å sette i stand hovudbygget for vidare bruk. Desse kostnadane er vanskeleg å estimere før ein har gjort vidare utgreiingar og sett ei tidsramme på kor lenge hovudbygget skal vere i bruk.

*Alternativ 2B – renovering og tilbygg*

I moglegheitsstudiet er alternativ 2B kostnadsberekna til mellom kr. 145-150 mill., avhengig av kva løysing ein vel for fasaderehabilitering. I tillegg til desse kostnadane vil det kome kostnadar med alternative lokaler i byggefasen. Med brakgrunn i tidlegare utgreingar om midlertidige areal, er det estimert ein sum på ca. 16 mill. i kostnadar med leige, mobilisering og demobilisering av modular til skulen i byggeperioden (1,5 år). Ved ev. bruk av modulane som står på området nord for ungdomsskulen i dag, kan ein spare ca. kr. 1,6 mill. I tillegg til desse kostnadane kjem kostnadar med fundament til modulane og ev. teknisk infrastruktur. Det må også gjerast nærare vurderingar på kva kostnadar ein får med innreiing, utstyr og ev. leige av lagerareal i denne perioden.

Estimert kostnad for alternativ 2B er, ut i frå tala ovanfor, estimert til mellom kr. 159,4-164,4 mill. med ein del usikkerheit med omsyn til teknisk infrastruktur, ev. leigeprisar for lagerareal, sambruk med andre skular mm. Å estimere kostnadar kan ofte vere vanskelegare for renoveringsprosjekt enn for eit nybygg. Grunnen til dette er at ein ikkje har full kontroll på kva utfordringar ein ev. møter når ein held på i eit gamalt bygg. Det kan difor vere fornuftig å sette av ein større del til reserver og risiko dersom ein skal gå vidare med dette alternativet.

*Alternativ 3B – nybygg*
Kostandane for eit nybygg for 360 elevar er i moglegheitsstudiet kostnadsberekna til 190,9 mill.

Til samanlikning ville ein kunne redusert kostnadane med ca. kr. 3 mill. ved å redusere klasseromsstørrelsen frå 2,25$m^2$ per elev til 2$m^2$.

<u>Konsekvensar for drift og vedlikehald</u>
Ved estimering av vedlikehaldskostnadane for eit bygg, reknar ein i dag med ein årskostnad på 290 kr/$m^2$. Dersom ein tek utgangspunkt i utarbeida romprogram, vil dette utgjere ein kostnad på ca. 1 525 000 kr per år for alternativ 3B, og ein kostnad på ca.1 930 000 kr for alternativ 2B. Dette gir ein differanse på kr. 405 000,- per år. Sjølv om eit gamalt bygg sannsynlegvis vil krevje meir i vedlikehalde dei første åra enn eit nybygg, er det viktig å sette av tilstrekkeleg til vedlikehald frå første dag.

Ungdomsskulen er, slik det er i dag, eit krevjande bygg å drifte. Bygget krev kompetanse og tid frå driftspersonell for å sikre ei god drift, og sidan bygget både er stort og gamalt er det også tidkrevjande med reinhald. Ved å erstatte skulen med eit nybygg, vil ein få eit bygg som er enklare å drifte, og ein vil i tillegg kunne effektivisere og forbetre reinhaldet på grunn av arealeffektivisering og betre overflater/material på bygget. Dette kan føre til ein frigjer tid hjå drifts- og reinhaldspersonell. På grunn av at Volda kommune i dag har mange kommunale bygg å drifte, vil ein ikkje kunne frigjere arbeidsplassar, men det kan vere med på å betre drifta av andre kommunale bygg.

Med tanke på energi, har bygget i dag eit lågt forbruk. Grunnen til dette skuldast truleg hovudbygget si form, med lite fasadeareal pr. oppvarma bruksareal, kombinert med stor varmemegasinerande evne i eksponerte betong- og teglveggar. På grunn av større krav til ventilasjonsaggregat og luftmengder som skal oppvarmast, kjem sannsynlegvis energibruket til å gå opp etter ei ev. renovering eller ved bygging av nybygg. Likevel vil ein truleg ha større moglegheit for å gjennomføre tiltak som påverkar energibruket i eit nybygg, og saman med at eit nybygg vil bestå av mindre areal enn eit ev. tilbygg og renovering av hovudbygget, er det grunn til å tru at vi kan få eit lågare energiforbruk ved alternativ 3B samanlikna med 2B.

<u>Uttale frå skulen</u>

I samband med arbeidet med moglegheitsstudiet har skulen vore involvert i arbeidet og kome med ynskjer og innspel i prosessen. I etterkant av utarbeidinga av dei tre skisserte alternativa i denne saka, har dei også vore invitert til å kome med sine vurderingar. Ut i frå skisserte konsekvensar av alternativa og kva løysingar dei kan tilby, har skulen gitt tilbakemelding om at dei vurderer eit nybygg som mest teneleg med tanke på å få ein framdriftsretta skule som har gode romløysingar og som er fungerer godt i bruk og drift.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Tidsmessige skulebygg er viktig for folkehelsa til både elevane og dei tilsette. Dette gjeld så vel universell utforming, inneklima og arbeidsforholda generelt for å ha ein tilfredsstillande kvardag for læring, mestring og yting.

Det er ikkje utført livsløpsanlayse for dei ulike alternativa som er presentert i saka, men i eit miljøperspektiv kan det vere naturleg å anta at ei renovering av hovudbygget vil vere mindre belastande for miljøet enn eit nybygg. Likevel må ein ta i betraktning at hovudbygget sannsynlegvis vil ha ei betydeleg kortare levetid enn eit ev. nybygg. Bygget er også, som nemnt tidlegare, lite fleksibelt for endringar grunna bærekonstruksjonen og etasjehøgdene, noko som kan føre til at det er behov for ytterlegare tiltak på bygningsmassen etter relativt kort tid.

For å redusere den totale miljøbelastninga ved bygging av ein ny skule, bør ein gjere vurderingar for å finne ein balanse mellom økonomi i prosjektet og miljøgevinstar ved utbygging og drift. Massivtre kan vere materiale som kan vere aktuelle å vurdere i denne samanheng.

Andre punkt som bør utgreiast nærare i neste fase for å redusere miljøbelastninga, er parkeringsareal (med omsyn til ladepunkt, totaltal på parkeringsplassar og tilrettelegging for sykkelbruk), oppvarmingsløysingar, kvalitet på bygningsdelar, krav til bygningskropp mm.

**Økonomiske konsekvensar:**
Overordna kostnadar med dei ulike alternativa er skissert i saka. Det er viktig å presisere at moglegheitsstudiet er gjennomført med tanke på å sjå på moglegheit for skulen på tomta ut i frå dei behova som er kartlagt, og å sjå på overordna økonomi for bygget. Når det er bestemt kva retning ein ynskjer å ta vidare, vil ein gå i gang med ei skisseprosjektfase der ein vil gå meir i djupna på utarbeiding av romprogram, utforming av bygget, bruk av material mm, samt gjere dei utgreiingane som er skisserte i saka. Fram til denne fasen er utført vil kostnadane berre kunne presenterast på eit overordna nivå.

Eit nybygg til om lag 190 mill vil utløyse ca 9 mill i auka kapitalkostnader. Driftskostnadene må også utgreiast i høve til kostnadene med dagens ungdomsskuleanlegg. Det er viktig å vere merksam på at det må skapast økonomisk handlingsrom for å byggje ein ny Volda ungdomsskule. Dette handlar om konsekvensen av gjennomføringa av det budsjettet og økonomiplanen som er lagt, der ein skal frigjere/redusere drifta for å dekkje opp auka kapitalutgifter på om lag 30 mill kroner til store investeringar i komande økonomiplanperioden. Volda kommune må vere budd svært lite handlingsrom til andre nye tiltak. Ein må leggje ein standard og nivå på tenestene som ligg under dei kommunane som vi samanliknar oss med, og som vil ha vesentleg lågare lånegjeld. Til dømes vil ikkje nye Volda med eit så ambisiøst investeringsprogram kunne ha ei skuledrift som er ca 10 mill kr dyrare enn Ørsta (der ca 7 mill kr er knytt til skulebygga) for å nemne eit døme. Dersom ein ikkje greier å frigjere nødvendig handlingsrom for å byggje ny ungdomsskule, må ein likevel gjere noko. Alternativet kan da verte at det er minimumsalternativet som vert det reelt gjennomførbare reint økonomisk, og ved at byggjesteg 2 vert utsett i tid.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen særskilte, bortsett frå at renovering og nybygg må vere planlagt med sikte på å ivareta elevane og dei tilsette si sikkerheit.

**Konklusjon:**
Sjølv om ein ny skule er kostnadsberekna til å vere dyrare enn ei løysing med renovering og tilbygg, er differansen relativt låg vurdert ut i frå det totale kostnadsbilete, samt kva løysingar ein får. Ved alternativet med renovering av hovudbygget, vil ein ikkje klare å få dette bygget opp til same standard som eit nybygg. I tillegg vil ein ha ein større risiko for utforutsette utfordringar i byggeperioden som kan føre til auka kostnadar. Administrasjonen vurderer også at alternativet med eit nybygg vil gi eit bygg med betydeleg lengre levertid, at bygget vil vere betre i bruk og drift og at ein vil få eit bygg som vil kunne tilpasse seg betre endringane i åra som kjem og dermed vil vere ein framtidsretta skule.

Ut i frå ovanståande vurderingar og utgreiingane i saka, er det administrasjonen si tilråding at ein går vidare med alternativet med ein ny skule, og at denne dimensjonerast for opptil 360 elevar.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Kjell Magne Rindal |
| Rådmann | eigedomssjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Eigedomsavdelinga for oppfølging
Oppvekstsjefen
Tenesteutval for oppvekst og kultur
Økonomisjefen
Utviklingssjefen for iverksetjing av reguleringsprosess

# Notat

**Prosjekt:** **18139**
**Sak:** **Volda Ungdomsskule – opprusting**
**Oppdragsgj.nr.:** **20477**
**Dato** **27.11.2018**

## Volda Ungdomsskule, opprusting

Viser til førespørsel av dato 18.10.2018 frå Volda kommune, ved Siri Birkeland Solheim. I samband med ombygging av Volda ungdomsskule er Nordplan innleigd for å vurdere delar av bærekonstruksjonen for den eldste delen av skulen. I samband med dette arbeidet vart det utført ei synfaring 14.november 2018 av underteikna saman med Birkeland Solheim.

**Bakgrunn**
Den eldste delen av Volda Ungdomsskule vart bygd rundt 1958. I 2008 gjorde Nordplan ei forsterking av bærekonstruksjonen i taket over aulaen i denne delen. Dette vart gjort fordi det vart avdekka ein del skadar på utvendig betong og armering. Desse skadane var i sentrale delar av konstruksjonen som var dimensjonert for å vere momentstive. Det vart derfor etablert ein stålkonstruksjonen inne i aulaen som i dag fungerar som opplegg for takbjelkane.

I samband med opprusting av Volda ungdomsskule ynskjer Volda kommune å kartlegge kva dagens kontruksjon tåler av last. I tillegg er vi beden om å gjere ei vurdering av om riss, i hjørna på randbjelken i aulaen i dekke over 2.etasje, har utvida seg. Desse rissa vart dokumentert av Nordplan i form av bilete i 2008.

**Bæreevne til takbjelkane i aulaen**
I 2008 vart kapasiteten til eksisterande takbjelkar i aulaen vurdert. Då hadde dei tilgang på armeringsteikningar av bjelkane, desse teikningane har ein ikkje klart å finne ved denne vurderinga. I Nordplan sitt arkiv ar vi funne utsnitt av nokre av desse teikningane som har blitt brukt i denne berekningskontrollen.

Takbjelkane i aulaen var opprinneleg dimensjonert etter dåtidas snølast, som var 150kg/m2. I dag er det for tilsvarande last eit krav på 400kg/m2.

På grunn av forsterkninga som vart gjort i 2008 viser berekningane at takbjelkane i aulaen har kapasitet til å ta dagens krav til snølast (400kg/m2) og ei auke i eigenlast på tak på inntill 80kg/m2, som tilsvarar 400mm isolasjon.

**Bæreevne til takbjelkane over klasseromma**
Berekningane frå 2008 viser vidare at på grunn av skade i betongen i overgangen mellom takbjelkane i aulaen og oppleggspunkt for desse, sjå pkt A i Figur 1, så var kapasiteten for bjelken i pkt. B vesentleg forverra. Det var derfor stålforsterkninga vart utført i 2008.

p:\2000-2005\2005\05140 volda ungd.sk\2018 vurderingar ifm. ombygging notat\01 notat.docx




*Figur 1 Snitt av takbjelkar, frå teikningar datert 1958.*

Forsterkninga gjer at dagens situasjon for bjelkesnittet over veggane har god kapasitet, men at bjelkesnittet i spennet mellom punkt B og yttervegg ikkje nødvendigvis har god kapasitet. Dette tverrsnittet har vi ingen informasjon om armeringsmengde. Derfor har vi samanlikna kor stor prosentvis auke ein kan tillate i lastutslaget i dette tverrsnittet.

Berekningane viser at ein kun kan anta at bjelkane over klasseromma har kapasitet til å ta ei snølast på 150kg/m2 og ei tilleggslast på 100mm isolasjon. Dersom ein likevel ynskjer å legge på meir isolasjon enn dette, må ein redusere kor mykje snølast ein kan tillate.

Dersom armeringsteikningane for desse bjelkane skulle dukke opp, anbefalar vi at det vert gjort ein ny og meir nøyaktig kontroll av bjelkane over klasseromma for å avdekke om dei har meir restkapasitet.

Det anbefalast i tillegg at eventuelle nye ventilasjonskanalar vert lagde under dei eksisterande bjelkane i klasseromma.

**Vurdering av riss i randbjelken i dekke over 2.etasje i aulaen**
I 2008 vart det også gjort ein vurdering av riss i hjørna på randbjelkane i aulaen. Det vart ikkje gjort ein måling av vidda på rissa, og det er heller ikkje gjort ei måling av rissa i samband med dette notatet. Men det er gjort ei samanlikning av dei bileta som vart tatt i 2008 med bilete som vart tatt på synfaringa 14.november 2018, sjå vedlegg 1. Bileta gir ingen grunn til å anta at rissa har blir forverra sidan forsterkningane vart gjort i 2008. Nordplan vurderar det derfor til at den forsterkninga som vart utført i 2008 ivaretek denne skaden(rissa) og forhindrar den frå å bli verre.

Det einaste er at vi anbefalar at det vert utstøypt med ekspanderande trykkfast mørtel mellom beslaget og kantbjelkane, sjå figur 2. Dette var på teikning at det skulle utførast, men synfaringa 14.november avdekka at det ikkje var utført.




*Figur 2 Detalj 4 frå teikningar av stålforsterkning i 2008.*

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Med vennleg helsing

**Malin A. Hallberg Friestad**
for Nordplan AS

## Vedlegg 1: Bilete av riss i kantbjelkar langs aula




*Figur 1 Planteikning med aksar for å vise plassering av riss*

| Frå synfaring 2008 | Frå synfaring november 2018 |
|---|---|
| A-1 | A-1 |
|  |  |
|  |  |

| Frå synfaring 2008 | Frå synfaring november 2018 |
| --- | --- |
| A-2 | A-2 |
|  |  |
|  |  |






| Frå synfaring 2008 | Frå synfaring november 2018 |
|---|---|
| B-1 | B-1 |
|  |  |
|  |  |

<table>
<tr><td>Frå synfaring 2008</td><td>Frå synfaring november 2018</td></tr>
<tr><td>B-1</td><td>B-1</td></tr>
<tr><td></td><td></td></tr>
</table>

<table>
<tr><th>Frå synfaring 2008</th><th>Frå synfaring november 2018</th></tr>
<tr><td>B-2</td><td>B-2</td></tr>
<tr><td></td><td></td></tr>
<tr><td></td><td></td></tr>
</table>

Fra: Knut-Magne Årseth[knutaarseth@hotmail.com]
Sendt: 18.02.2019 14:46:12
Til: Postmottak Volda
Kopi: Knut-Magne Årseth
Tittel: Restaurering av noverande Volda Ungdomsskule eller bygging av ny skule

---

# Restaurering av noverande Volda Ungdomsskule eller bygging av ny skule.

Volda Jeger – og Sportsfiskarlag har registrert at Volda Kommune har planar om å anten restaurere eksisterande Volda Ungdomsskule eller bygge ny skule. Vi har nokre meiningar om dette.

**Historikk.**

Volda Jeger – og Sportsfiskarlag bygde i 1961 klekkeriet i kjellaren i Volda Ungdomsskule.

Arbeidet med klekkeriet i Ungdomsskulekjellaren vart starta opp av laget sine entusiastiske eldskjeler. Den tekniske delen i klekkeriet med rørsystem, resirkuleringspumpe og støypearbeid vart leia av Olav Jack Nes som var ingeniør. I dette arbeidet hadde han med seg ein gjeng entusiastar som hadde trua på at arbeidet med kultivering av elvar var vegen og gå for å halde oppe ein god bestand av anadrom laksefisk i det enkelte vassdrag. I arbeidet med å bygge opp klekkeriet kan det nemnast at Olav Jack Nes,Jarle Røys Halkelsvik, Wilhelm Hollevik, Lars Sætre, Olav Lillebø og Svein Vassbotn m/fleire var svært sentrale i bygginga. Intensjonen med bygginga av klekkeriet var at det skulle brukast i naturfagundervisninga, noko som det framleis vert brukt til.

I 1963 vart den kjende kunstnaren Per Nesje Nilsen frå Volda hyra inn for å måle murveggane. Måleria illustrerar laks og sjøaure sin livssyklus, frå rogn til vaksen gytefisk. Motiva på nokre av måleria er henta frå Fyrdsfossen og Lisjevatnet i Austefjorden. Per utførde arbeidet vederlagsfritt, og det vert sagt at arbeidet gjekk over mange månadar. Måleria er i kategori fresco.

For Volda Jeger – og Sportsfiskarlag er det avgjerande for laget sin eksistens at vi får halde fram vår aktivitet i Ungdomsskulekjellaren. Klekkeriet har sidan oppstarten vore eit sentralt samlingspunkt for både medlemar og andre interesserte. Når det gjeld aktiviteten på klekkeriet, så kan det seiast at aktiviteten som er knytt til dette kan det nemnast besøk av barnehagar og skuleklasser. Dei har gjennom meir enn 30 år vore med på ulike prosjekt knytt til laks og sjøaure og korleis dei lever og har vore med på utsetting av yngel i Øyraelv -vassdraget. Mediestudentar ved Høgskulen i Volda har ved mange høve vore innom klekkeriet og vore på synfaring langs Øyraelva, dette med utgangspunkt i å belyse kva arbeid vi gjer for vassdraget i Volda og for å lage reportasjer knytt til utdanninga. Lokalavisa Møre har og ved mange høve skrive artiklar om arbeidet vi har gjort for elva her og om klekkearbeidet og måleria på klekkeriet.

Kvart år sidan oppstarten har medlemane samla inn stamfisk til klekkeriet, klekt fram yngel og sett den ut i vassdraget for å halde oppe ein bestand av laks/sjøaure som lokalsamfunnet dreg nytte av i form av gratis fiske. Øyraelva hadde truleg vore nærast tom for fisk om ikkje vi hadde utført dette viktige arbeidet.

I historisk samanheng så har klekkeriet ei lang historie knytt til utklekking av yngel.

På 60 og 70 – talet hadde vi rogn til klekking frå fylgjande elvar : Øyraelva, Ørstaelva, Kile, Høydalen, Fyrdselva, Bjørke, Gloppen, Kyrksæterøra og Driva.

Etterkvart som regelverket for utsetting av yngel vart strengare, så har vi sidan midt på 80 – talet berre hatt rogn i klekkeriet frå Øyraelva i Volda.

Volda Jeger – og Sportsfiskarlag forvaltar fisket og driv oppsyn i Øyraelva gjennom heile året, noko som laget har gjort sidan klekkeriet vart bygd i 1961.

I april 2015 inngjekk vi skriftleg avtale med med mange av vassdraget sine grunneigarar, også Volda Kommune sine eigedomar langs vassdraget. Vi skal i avtalen ha ansvar for fylgjande :

1. Regulering av fisket.
2. Fiskeoppsyn.
3. Informasjon til rettigheitshavarane og fiskarane.
4. Smitteførebyggjande tiltak.
5. Fangststatistikk og rapportering.
6. Kultiveringstiltak.
7. Bestandsovervaking.
8. Tilrettelegging for fiske langs elva.

Øyraelva i Volda har ein liten og sårbar laks og sjøaurebestand. Årsakene til dette er samansett av mange ulike faktorar som til dømes :

Store flaumar som årleg øydelegg gyteområder, botnsubstratet vert vaska bort,avrenning frå E – 39 til elva samt ulike utslepp av oljeprodukt og kjemikalier i elva. Elles er generell forsøpling eit stort problem, noko vi i VJSFL ryddar opp i årleg. Også i Øyraelva er fiskebestandane utsette for stort påslag av lakselus.

I lakseregisteret er laksebestanden i Øyraelva i kategori dårleg/ svært dårleg. Når det gjeld sjøaure så er også den i kategori dårleg/ svært dårleg.

Med utgangspunkt i ovannemnde punkt, så kviler det eit stort og tungt ansvar på Volda Jeger – og Sportsfiskarlag i forhold til fiskebestandane i Øyraelva. Med vårt arbeid i klekkeriet med å drive utklekking og utsetting av yngel til vassdraget så er vi den einaste interesseorganisasjon som arbeider for å halde oppe ein fiskebestand i vassdraget. Vi gjer dette arbeidet på frivilleg basis kun til det beste for Volda sine innbyggjarar og tilreisande.

Elvadalen er ei grøn lunge midt i Volda sentrum. Med ein flott opparbeidd turveg frå sentrum til Årneset, så er dette området og sjå på som ei naturperle. Eit rikt fugl,plante og dyreliv er registrert i Elvadalen, men dessverre står det dårleg til med fiskebestandane i vassdraget. Dette er VJSFL si hovudoppgåve å halde oppe ved å sette ut yngel og halde oppsynet med elva for framtida. Dette arbeidet er det ingen andre enn oss som viser vilje til å utføre lokalt, dessverre.

I desse tider med grønt fokus på miljøet, så er det viktig at vi vert tekne med for framtidig tenking i høve Øyraelva, då er klekkeriet og vårt arbeid ei særs viktig brikke å ta med for framtida.

**Slik vi ser det, så er klekkeriet med si historie og sine kunstverk einestående i kulturbygda Volda.**

**Måleria på veggane er uerstattelege og må uansett varig vernast. Vi tenkjer då fyst og fremst på at Fylkeskonservatoren må inn i saka, jfr « lova om åndsverk « Gjennom så mange år så ligg det svært mykje lokalhistorie knytt til klekkeriet og dei unike frescomåleria på veggane.**

**Når det gjeld den politiske handsaminga i Volda Kommune omkring restaurering eller bygging av ny ungdomsskule, så håpar Volda Jeger – og Sportsfiskarlag at kommunen vel å restaurere eksisterande bygg framfor bygging av ny skule. Dette for å ta vare på dei unike frescomåleria som er der og at vi får fortsette vårt viktige arbeid med klekking av fisk til Øyraelva som har ein særs dårleg fiskebestand.**

**Dersom kommunen vel å bygge ny skule, så står vi utan klekkeri, noko som er særs negativt for fiskebestandane og vårt arbeid i Øyraelva. Kva vil Volda kommune då gjere med forvaltninga av**

**fiskebestandane ? Kva gjer vi då gjere med den unike kunsten på veggane i klekkeriet om eksisterande skule vert sanert ? Kunsten på veggane må då flyttast ut av lokalet og oppbevarast på ein eigna plass for ettertida , eksempelvis i den nye skulen.**

**Dersom skulen vert sanert og vi ikkje har klekkeri lenger, så meinar Volda Jeger – og Sportsfiskarlag at Volda kommune må ta med oss i dei vidare planane for bygging av ny skule og at vi får disponere eit eigna rom til klekkeri der.**

Volda 16.02.2019

For Volda Jeger – og Sportsfiskarlag

Rolf Einar Engvik Knut – Magne Årseth

Leiar Leiar fiskeutvalet.

Send frå Windows E-post

Fra: Kaja Kalvatsvik Bolsø[kaja110893@hotmail.com]
Sendt: 14.03.2018 13:25:33
Til: Postmottak Volda
Tittel: Lokale på volda ungdomskule

---

Hei.
Ser i Møre at Volda kommune skal pusse opp Volda ungdomskule.
Vi i Volda skyttarlag har lokale i kjellaren der og har interesse av å få større lagslokale slik at vi kan drive med betre opplæring og rekruttering i laget. Da vi idag ikkje har nok plass og ikkje nokon plass utanom inne på bana og i gangen utanfor til å kunne undervise ungdomar og vaksne om teori rundt skytinga. Vi har eit samfunnsmandat fra Stortinget og Forsvarsdepartementet :" ***Det frivillige Skyttervesens formål er å fremme god våpenkultur og praktiske skyteferdigheter, samt sikre tilgang til en desentralisert skytebanestruktur, til nytte for Forsvaret og samfunnet for øvrig.".***
I tillegg til dette så har Volda skyttarlag ved Det frivillige skyttervesen mykje å tilby til dei som søker ein utfordring innan konsentrasjonsidrett og eit unikt sosialt miljø.

Idag har vi ein del aktive skyttarar som går på ungdomskulen og som ynskjer betre lokale til å drive med idretten sin.
Om det er mogleg å kunne få noko meir lokale i samanheng med oppusinga så stiller vi med dugnadskrefter, og det vil vere mogleg for å kombinere vårt lagslokale med for eks. møterom for skulen.  For vi treng lokalet på kveldstid i forbindelse med trening og i helger når vi har konkurranser, og da kan skulen bruke lokale på dagtid.

Håper på dialog om dette er mogleg i forbindelse med oppusinga av skulen og at dette kan bli tatt opp i diskusjonen rundt kva som skal gjerast på skulen.

Vennlig hilsen Kaja Kalvatsvik Bolsø, leiar av Volda skyttarlag.
Tlf.99364771

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Torgeir Stensø | Arkivsak nr.: | 2019/495 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 144 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 31/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | |

**TEMAPLAN TRAFIKKTRYGGING 2020 - 2023, VOLDA KOMMUNE**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Det vert vist til vedtak i formannskaps-sak PS 106/14 den 27.05.2014. Med bakgrunn i at det ikkje har vore resursar i administrasjonen til å følgje opp vedtak i sak om trafikktryggingsplan for Volda kommune og at ein ikkje har kome i mål med planprosessen vert det vedteke å sluttføre arbeidet ved å endre status frå kommunedelplan for trafikktrygging til temaplan for trafikktrygging.*

2. *Oppstart av arbeidet med temaplan for trafikktrygging kan iverksettast snarast råd.*

**Vedleggsliste:**
Formannskaps-sak PS 106/14 den 27.05.2014
Prioritering plansaker formannskaps-sak PS 15/19 den 05.02.2019

**Uprenta saksvedlegg:**
Kommuneplan for Volda - samfunnsdelen 2016-2028

**Saksopplysningar/fakta:**
På grunn av manglande resursar er arbeidet med kommunedelplan for trafikktrygging ikkje fullført slik det var lagt opp til. Under prosessen er det innsamla og utarbeidd eit betydeleg materiale som var tenkt å føre fram til ferdig plan, men på grunn av at det er gått relativt lang tid sidan planprogrammet vart vedteke/planarbeidet vart oppstarta er det behov for oppdatering m.a. med å gjennomføre ein enklare høyrings- og medverknadsprosess for å kome i mål med arbeidet. Mykje av materialet vil likevel kunne nyttast som utgangspunkt for sluttføring av trafikktryggingsplanen.
Under arbeidet med temaplan for trafikktrygging skal det takast utgangspunkt i materialet som tidlegare er innhenta/utarbeidd i prosessen med kommunedelplanen men inviterast til ny innspelsrunde og medverknadsprosess.

I sak om prioritering av planarbeid - formannskapssak 15/19 den 05.02.2019 - er trafikktryggingsplanen gitt prioritet 1 og det er derfor gjort ei ny vurdering av korleis ein best kan organisere dette arbeidet for å kome i mål raskast mogleg. Planen skal skildre mål, visjonar, strategi, prioriteringar samt handlingsplan for trafikktryggingsarbeidet i Volda kommune.

**Kommunedelplan – temaplan.**
I kommunal planstrategi for 2016-2020 er trafikktryggingsplanen vedteken med status som kommunedelplan. Det er gjort ei vurdering administrativt om å endre status frå *kommunedelplan* til *temaplan* slik ein del andre kommunar har gjort. - Forslaget vil forenkle planprosessen og arbeidet kan fullførast med mindre tidsbruk/resursbruk.

Ei eventuell slik endring er drøfta med overordna planmynde (fylkeskommunen) og kommunen har motteke melding om at dette kan aksepterast. Det poengterast frå fylkeskommunen si side at prosessen som vert gjennomført skal ivareta medverknad i utarbeiding av framlegg til tiltak/prioriteringar og det må gjerast mogleg å kome med uttale til utkast til plan. Vidare vert det poengtert at planen skal innehalde handlingsplan knytt opp mot kommunen sin økonomi/budsjett.

**Vurdering og konklusjon:**
Kommunen har relativt mange planar som er vedtekne prioritert for inneverande år. Ein av desse er trafikktryggingsplanen som det ikkje har vore resursar til å fullføre, etter ein prosess som har pågått i fleire år og der ulike ansvarspersonar/sakshandsamarar har medverka. Ved å forenkle prosessen i noko grad samstundes som ein nyttar det materialet som allereie er på plass kan ein vonleg få ferdigstilt planen raskare. Rådmannen tilrår derfor å endre status frå kommunedelplan til temaplan for det vidare arbeidet med trafikktryggingsplanen.

**Kommuneplan - samfunnsdelen**
Sitat frå kommuneplanen sin samfunnsdel som relaterer seg til arbeid med trafikktrygging:
*«Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Folkehelsearbeidet er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betre og fremje innbyggjarane si helse, ved å fjerne eller redusere faktorar som fører til sjukdom elles styrke faktorar og aktivitetar som fører til god helse».*

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Trafikktryggingsplanen vil legge grunnlaget for eit målretta arbeid med å redusere/hindre ulukker som medfører personskader. Såleis utgjer dette eit aktivt tiltak for betre helse hjå innbyggarane.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ved å fullføre trafikktryggingsplanen med tilhøyrande konkret handlingsplan vil ein kome i posisjon til å søkje og motta betydelege økonomisk bidrag frå staten til ulike trafikktryggingstiltak. Døme på aktuelle tiltak: opparbeiding av gangfelt, fortau, fartsreduserande tiltak, lyssetting o.l.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen kjende.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Jørgen Vestgarden |
| Rådmann | utviklingssjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Utvikling

**Klageinstans:**

**VOLDA KOMMUNE**
**Servicekontoret**

Utviklingssektoren for utlegging til offentleg ettersyn

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2012/670 | 5247/2014 | 144 | SVK/ SOH | 05.06.2014 |

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING - RULLERING 2014-2017

Vi melder med dette frå at Formannskapet den 27.05.2014, hadde føre ovannemnde som sak PS 106/14, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Kommunedelplan for Trafikktrygging 2014-18- slik det går fram av plandokument datert 15.05.2014, fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova §§ 11-14.***

2. ***Formannskapet ber Statens Vegvesen/M.R.Fylkeskommune i høyringsfasen å gje avklarande/forpliktande prioritering av dei aktuelle opplista tiltak på riks og fylkesveger for planperioden***

3. ***Volda formannskap er merksame på at det enno ikkje er gjort endeleg val av framtidig trasé for E39 mellom Volda og Skei.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi:
Per Heltne - arealplanleggar


| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
|---|---|---|---|---|
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | | 70058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2012/670 |
| | | Arkivkode: | 144 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 106/14 | Formannskapet | 27.05.2014 |

**KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING - RULLERING 2014-2018**

## *Handsaming:*

Odd A. Folkestad, Ferjelista, kom med fylgjande tilleggsframlegg:
*Volda formannskap er merksame på at det enno ikkje er gjort endeleg val av framtidig trasé for E39 mellom Volda og Skei.*

**Røysting**:
Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.
Tilleggsframlegget frå Odd A. Folkestad vart samrøystes vedteken.

## *Vedtak i Formannskapet - 27.05.2014*

1. ***Kommunedelplan for Trafikktrygging 2014-18- slik det går fram av plandokument datert 15.05.2014, fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova §§ 11-14.***

2. ***Formannskapet ber Statens Vegvesen/M.R.Fylkeskommune i høyringsfasen å gje avklarande/forpliktande prioritering av dei aktuelle opplista tiltak på riks og fylkesveger for planperioden***

3. ***Volda formannskap er merksame på at det enno ikkje er gjort endeleg val av framtidig trasé for E39 mellom Volda og Skei.***

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Kommunedelplan for Trafikktrygging 2014-18- slik det går fram av plandokument datert 15.05.2014, fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova §§ 11-14.*

2. *Formannskapet ber Statens Vegvesen/M.R.Fylkeskommune i høyringsfasen å gje avklarande/forpliktande prioritering av dei aktuelle opplista tiltak på riks og fylkesveger for planperioden*

**Vedleggsliste:**
Framlegg til Kommunedelplan for Trafikktrygging 2014-18, datert 15.05.2014.

**Uprenta saksvedlegg:**
Tidlegare kommunedelplan.
Planprogram.
Innspel ved planoppstart
Økonomiplan 2014-17

**Saksopplysningar:**
Planarbeidet med sikte på ny hovudrevisjon av Kommunedelplan Trafikktrygging for Volda kommune med handlingsprogram for 2014-18 er gjennomført med grunnlag i godkjent planprogram vedteke av Kommunestyret - 21.06.12.

Til utforming av plan og planprosess er engasjert/leigt inn Student frå høgskulen i Volda, dels som praksisarbeid og dels som innleigd ekstrahjelp. Kommunalteknisk avd har hatt begrensa kapasitet til å fylgje opp arbeidet. Det har elles periodevis vore svært vanskeleg å få samla den etablerte arbeidsgruppa tilknytt planprosjektet.
Framdrifta i planarbeidet har ut frå dette blitt noko varierande.

**Vurdering og konklusjon:**
Arbeidsgruppa finn no at plandokumentet er slik bearbeidd at det kan fremjast med sikte på utlegging til offentleg ettersyn.
I oppsummering av gjennomførte tiltak etter siste planperiode kan det framstå som at lite er gjort, sett i høve til dei mange opplista tiltak som var prioriterte.
Ei utfordring i arbeidet med trafikktryggingsplan er særleg tiltak på riks og fylkesvegar.
Svært lite av ønskte tiltak knytt til desse vegane er gjennomført i siste planperiode.
Det synest vere vanskeleg å få til ein god dialog og samarbeid om slike tiltak med Statens vegvesen og Fylkeskommunen.
Mykje av dei aktuelle "strakstiltaka" i tidlegare plan er såleis ikkje teke fatt i. Vi har lista dei opp også i ny plan, men legg til grunn at Statens vegvesen/Fylkeskommunen gir naudsynt tilbakemelding no ved høyring/ offentleg ettersyn.

Imidlertid er mykje godt trafikktryggingsarbeid gjennomført også i siste periode, der det førebyggande arbeidet både innan skule og barnehage har blitt fylgt opp, og viktige fysiske tiltak er gjennomførte.
I framlegg til ny plan har vi funne det rett å ta med fleire ulike tiltak som skal/er prioriterte for gjennomføring i perioden, og som vil ha ein positiv effekt i høve til betra trafikktryggleik i kommunen, tiltak som allereie er lagt inn i økonomiplan for gjennomføring.
(td. utbetring Botnavegen m fortau, Sambindingsveg med g/s-veg og busstrase over Håmyra/Engeset, Fartsskilting i området Engeset og Klepp før utbygging av K10-feltet mm).

Vi har også søkt å synleggjere at trafikktryggingstiltak og tiltak innan friluftsliv gjerne kan samordnast, med god effekt for begge formål, og at tilskotsmidlar til slike prosjekt også gjerne kan bidra til auka innsats i trafikktryggingsarbeidet.
(eksempel: etablering av stikkvegar i bustadfelta, lys på g/s-vegar til idrettsanlegg mm).

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Vurdert og ivareteke gjennom planprosess og i føresetnader i plan.
Planen legg eit godt grunnlag for vurdering av behovet for tiltak knytt til trafikktrygging på vegnettet i kommunen og med omsyn til haldningsskapande arbeid.
Plandokumentet baserer seg også på kommunen si målsetting om auka fysisk aktivitet for alle gjennom trygg ferdsel i kvardagen, og såleis vere viktig sett i eit folkehelseperspektiv.

**Økonomiske konsekvensar:**
Framgår av plandokumentet, der det er føresett at prioriterte tiltak i plan har avklara finansiering før tiltak vert sett opp som prioritert og før eventuelle søknader om tilskot frå statlege/fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar kan sendast inn.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Vurdert gjennom planprosess. Det er føresett at prioriterte tiltak har/får naudsynt avklaring etter reglane i plan og bygningslova før dei vert sett i gang.

………………..

Rune Sjurgard
rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Til Utvikling, planseksjonen for utlegging til offentleg ettersyn, jf PBL §11-14.

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Sektor for utvikling

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2019/110 | 1993/2019 | 140 | SVK/ SONHAV | 06.02.2019 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PRIORITERING AV PLANSAKER 2019**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 05.02.2019, hadde føre ovannemnde som sak PS 15/19, der det vart gjort slikt vedtak:

***Formannskapet sluttar seg til rådmannen sitt forslag til prioritering av plansaker i 2019 med slik endring og tilføying:***

1. ***Klimaplanen flyttast frå prioritet 3 til prioritet 2.***

2. ***«Plansaker vedr. Voldsfjordkryssing AS - Voldsfjorden og Dalsfjorden.***

   ***I samband med handsaminga av budsjettet for 2019 vedtok kommunestyret følgjande vedr. plansaker for brukryssingar over Voldsfjorden og Dalsfjorden:***

   ***a) Kommunen dekkjer kostnadane med utarbeiding av kommunedelplan for brukryssing av Voldsfjorden om nødvendig med ekstern hjelp. Kostnader vert dekt over ubunde driftsfond.***

   ***Då det hastar sterkt å kome i gang med utarbeiding av denne kommunedelplanen - og sidan kommunen sjølv ikkje har ledige resursar til dette, - vert arbeidet straks å setje i gang med hjelp/bistand frå eksterne ressursar.***

   ***b) Volda kommune føreset at Voldsfjordkryssing AS snarast får laga eit planprogram for kryssing av Dalsfjorden. Voldsfjordkryssing AS skal dekkje kostnaden for dette.***

   ***Voldsfjordkryssing skal difor snarleg - i samarbeid med planavdelinga - lyse ut arbeidet med å få utarbeidt eit planprogram for brukryssing av Dalsfjorden.»***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*


Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Berit Sandvik Skeide | Arkivsak nr.: | 2019/110 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 140 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 15/19 | Formannskapet | 05.02.2019 |

**PRIORITERING AV PLANSAKER 2019**

## Handsaming:

Barn og unge sin representant i plansaker, Steinar Ose-Velle, møtte.

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet. Han er dagleg leiar i Voldsfjordkryssing AS som er part i saka. Jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1. ledd. e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:
Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Ordføraren kom med framlegg om følgjande tillegg:

*«Plansaker vedr. Voldsfjordkryssing AS - Voldsfjorden og Dalsfjorden.*

*I samband med handsaminga av budsjettet for 2019 vedtok kommunestyret følgjande vedr. plansaker for brukryssingar over Voldsfjorden og Dalsfjorden:*

*a) Kommunen dekkjer kostnadane med utarbeiding av kommunedelplan for brukryssing av Voldsfjorden om nødvendig med ekstern hjelp. Kostnader vert dekt over ubunde driftsfond.*

*Då det hastar sterkt å kome i gang med utarbeiding av denne kommunedelplanen - og sidan kommunen sjølv ikkje har ledige resursar til dette, - vert arbeidet straks å setje i gang med hjelp/bistand frå eksterne ressursar.*

*b) Volda kommune føreset at Voldsfjordkryssing AS snarast får laga eit planprogram for kryssing av Dalsfjorden. Voldsfjordkryssing AS skal dekkje kostnaden for dette.*

*Voldsfjordkryssing skal difor snarleg - i samarbeid med planavdelinga - lyse ut arbeidet med å få utarbeidt eit planprogram for brukryssing av Dalsfjorden.»*

Gunnar Strøm kom med slikt framlegg:

*Klimaplanen flyttast frå prioritet 3 til prioritet 2.*

**Røysting** (åtte røysteføre):

Framlegget frå Gunnar Strøm vart samrøystes vedtek.

Administrasjonen si tilråding, med tilføying frå ordføraren, fekk fire røyster (Jørgen Amdam, Margrete Bjerkvik, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset) og vart vedteke med ordføraren si dobbeltrøyst, fire røysta mot.

## Vedtak i formannskapet - 05.02.2019:

***Formannskapet sluttar seg til rådmannen sitt forslag til prioritering av plansaker i 2019 med slik endring og tilføying:***

3. ***Klimaplanen flyttast frå prioritet 3 til prioritet 2.***

4. ***«Plansaker vedr. Voldsfjordkryssing AS - Voldsfjorden og Dalsfjorden.***

   ***I samband med handsaminga av budsjettet for 2019 vedtok kommunestyret følgjande vedr. plansaker for brukryssingar over Voldsfjorden og Dalsfjorden:***

   ***a) Kommunen dekkjer kostnadane med utarbeiding av kommunedelplan for brukryssing av Voldsfjorden om nødvendig med ekstern hjelp. Kostnader vert dekt over ubunde driftsfond.***

   ***Då det hastar sterkt å kome i gang med utarbeiding av denne kommunedelplanen - og sidan kommunen sjølv ikkje har ledige resursar til dette, - vert arbeidet straks å setje i gang med hjelp/bistand frå eksterne ressursar.***

   ***b) Volda kommune føreset at Voldsfjordkryssing AS snarast får laga eit planprogram for kryssing av Dalsfjorden. Voldsfjordkryssing AS skal dekkje kostnaden for dette.***

   ***Voldsfjordkryssing skal difor snarleg - i samarbeid med planavdelinga - lyse ut arbeidet med å få utarbeidt eit planprogram for brukryssing av Dalsfjorden.»***

Odd A. Folkestad tok sete.

**Administrasjonen si tilråding:**
*Formannskapet sluttar seg til rådmannen sitt forslag til prioritering av plansaker i 2019.*

**Vedlegg:**

1. Planstatus i høve til kommunal planstrategi, datert 14.1.2019.
2. Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.

**Bakgrunn:**
I plan- og bygningslova er det jf. § 10-1 krav om at kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Formålet med den kommunale planstrategien er å setje fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ein positiv utvikling i kommunen.

Volda kommune sin planstrategi vart vedteken i kommunestyret i mars 2017, og gjeld for perioden 2016-2020. Det vil bli utarbeidd planstrategi for nye Volda for perioden 2020-2024. Denne saka er retta mot pågåande planarbeid, status og prioritering av oppgåver for 2019. Rådmannen ønskjer å gi formannskapet ei oversikt over arbeidet med arealplanar i kommunen, og at formannskapet kan gi signal om kva oppgåver som skal prioriterast.

**Saksopplysningar:**
Det er 3 årsverk (Heidi, Regine og Berit) som arbeider med plansaker i kommunen for tida. I tillegg har ein 1 årsverk (Torgeir) som arbeider noko med plan, men også med delesaker, adressering, og sentrumsprosjekt. Frå 1.4.2019 får ein tilført 1 årsverk knytt til plan og miljø. Samstundes skal Regine ut i eitt års foreldrepermisjon frå 13.02.2019.

Sektor for utvikling utarbeidde i september i fjor ei oversikt som viste planstatus i høve til kommunal planstrategi. Oversikten vart sist oppdatert 14.1.2019, sjå nedanfor.

| **Overordna planar** | **Ansvar** | **Status** |
|---|---|---|
| Heilskapleg ROS | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Samfunnssikkerhet og beredskap | Rådmannen | Ventar på revisjon av heilskapleg ROS |
| **Kommuneplan** | | |
| Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028 | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta. Ny samfunnsdel bør utarbeidast i samband med kommunesamanslåing. |
| Kommuneplanens samla arealdel | Utvikling/plan | Høyring 1. halvår 2019 ? |
| **Kommunedelplanar - areal** | | |
| Kryssing av Voldsfjorden | Utvikling/plan | Planprogram er vedteke. Uavklara vidare prosess. Prioritering ? |
| Mork og Furene / Hovdebygda | Utvikling/plan i samarb. med Ørsta | Ikkje oppstarta |
| Krøvelseidet | Utvikling/plan i samarb. med Ørsta | Ikkje oppstarta |
| **Kommunedelplanar - tema** | | |
| Kystsoneplan | Utvikling/plan | Inngår i arealdelen |
| Trafikktryggingsplan | Utvikling/plan | Uavklara. Høyring 1. halvår 2019 ? |
| Klimaplan | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv | Utvikling/plan | Varsla oppstart |

| | | |
|---|---|---|
| Vatn og avløp | Teknisk | Ferdig. Avslutta |
| Veg | Teknisk | Ikkje oppstarta |
| **Reguleringsplanar - kommunale** | | |
| Turveg Rotevatnet | Utvikling/plan | Ferdig. Avslutta |
| Urbakkfoten | Utvikling/plan | Ferdig. Avslutta |
| Lisjenakkevegen – Solhøgda | Utvikling/plan | Varsla oppstart |
| Del av Kleppevegen | Utvikling/plan | Varsla oppstart |
| Sevrinhaugen-Kleppevegen | Utvikling/plan | Ferdig. Avslutta |
| Røyslida-Smalebakken | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Ny barnehage i sentrum | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Ungdomsskulen | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Sentralreinseanlegg | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Vassverk | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Ny plan for sentrumskjernen | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Torvmyrvegen med tilgrensande areal | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.) | Utvikling/plan | Ikkje oppstarta |
| Campusområdet | Utvikling/plan | Vedtatt plan for VCA |

Private reguleringsplanar inngår ikkje i den kommunale planstrategien. For ordens skuld tek ein med pågåande reguleringsplanar med status. Ein vil truleg også få inn planinitiativ med tanke på oppstart av fleire reguleringsplanar i 2019. I tillegg har ein nokre mindre endringar av reguleringsplanar, som må følgjast opp.

| PlanID | Status |
|---|---|
| 2017/2249. Detaljregulering gnr. 19, bnr. 182 | Varsla oppstart. Avventar planforslag frå tiltakshavar |
| 2016/008. Deltaljregulering Elvadalen – BK1 | Har lege ute til offentleg ettersyn. Avventar utgreiing frå konsulent |
| 2018/001. Detaljregulering Rotsetfjøra | Mottatt planforslag |
| 2018/003. Detaljregulering Storgata 7 og 9 | Sak til formannskapet – oppstart av planarbeid |
| 2018/004. Detaljregulering BKB3 (Kiwi) | Godkjent varsel om oppstart |

Andre oppgåver knytt til plan:

- Registrering og ajourføring av kommunalt planregister og plandatabaser, jf. krav i kart- og planforskrifta.

- Digitalisering av analoge planer med tanke på digital byggsøk og plandialog.

**Vurdering:**

Overordna planar

Heilskapleg ROS

Planen vart utarbeidd i 2013. Analysen tek føre seg sentrale risikomoment og sårbare objekt i kommunen, beredskapstiltak, og kva kommunal planlegging bør ta omsyn til i høve til endringar i klima. Planen skal ligge til grunn for kommuneplanar, beredskapsplanar, kriseplanar, reguleringsplanar og byggjesaker. Planen bør reviderast i samband med kommunesamanslåing i 2020 og før handsaming av planstrategien for nye Volda. Ansvar: Utvikling/plan for å kome i gang og sektor for samfunnsutvikling i nye Volda overtek ansvaret frå 1. januar 2020.

Samfunnssikkerhet og beredskap
Med grunnlag i heilskapleg ROS-analyse bør kommunen utarbeide plan for samfunnssikkerheit og beredskap. Planen vil kunne sikre at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit meir heilskapleg perspektiv. Planen vil kunne bidra til god tverrsektoriell og samordna handtering av uønskte hendingar. Planen bør reviderast i samband med kommunesamanslåing i 2020. Ansvar: Rådmannsstaben (beredsskapsansvarleg).

Kommuneplanar
Kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028
Samfunnsdelen vart godkjent i kommunestyret 26.5.2016. Det bør utarbeidast samfunnsdel for nye Volda kommune etter at kommunane er slått saman i 2020. Ansvar: Sektor for samfunnsutvikling i nye Volda.

Kommuneplanen sin samla arealdel
Volda formannskap vedtok i møte 4.10.2016, sak 171/16, oppstått av arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Ein hadde som mål at planen skulle vere ferdig i 2018. Planen må prioriterast med mål om godkjenning i 2019. Planen vert i løpet av mars lagt fram for politisk handsaming for utlegging og høyring. Ansvar: Utvikling/plan.

Kommunedelplanar
Kryssing av Voldsfjorden
Voldsfjordkryssing AS fekk i formannskapsmøtet 24.11.2016 løyve til oppstått av arbeid med planprogram for utarbeiding av kommunedelplan for ferjefri kryssing av Voldsfjorden. Asplin Viak vart engasjert til å utarbeide planprogram. Planprogrammet vart fastsett i kommunestyret 30.8.2018. Programmet skisserer premissane for det vidare planarbeidet. Det må mellom anna gjerast ei rekkje faglege vurderingar av stort omfang, der det er behov for kjøp av konsulenttenester. Godkjent kommunedelplan, er føresetnad for å kome i posisjon til prioritering i Nasjonal transportplan. Framtidig status for RV651 er usikker. Det vil kunne påverke prioritering i Nasjonal transportplan.

Det er Voldsfjordkryssing AS som har teke initiativ til planarbeidet, medan utarbeiding av kommunedelplan er kommunen sitt ansvar. Med dei planane som er under arbeid, og som må prioriterast for å gjennomføre kommunale prioriteringar, har ikkje administrasjonen kapasitet til å prioritere kommunedelplan for Voldsfjordkryssing i 2019. Ansvar: Utvikling/plan.

Mork og Furene / Hovdebygda
Mork-Furene var med som del av kommunedelplan for Volda sentrum med tillegg av Mork-Furene og Vikebygda, godkjent av kommunestyret 18.06.2009. Området Mork-Furene og Hovdebygda var også tema i Volda og Ørsta kommune sitt LUK-PROSJEKT.
Området er med i kommuneplanen sin arealdel. I samband med dette er det og teke til orde for at det kan vere aktuelt med eigen felles plan/utgreiing av området Mork/Furene og Hovdebygda i samarbeid med Ørsta kommune. Ein har ikkje kapasitet til å prioritere kommunedelplan for Mork/Furene i 2019. Ansvar: Utvikling/plan.

Kystsoneplan – inngår i kommuneplanen sin arealdel

Trafikktryggingsplan

Planen skal skildre mål og visjonar, strategi og prioriteringar, og innehalde eit handlingsprogram med prioritering av tiltak. Planen gir grunnlag for prioritering av tiltak i kommunen og Statens Vegvesen.

Det har blitt arbeidd ein del med planen, men den er ikkje ferdigstilt. Planen bør prioriterast høgt, då den kan utløyse midlar til trafikktrygging. Ein bør ta sikte på å vidareføre planarbeidet med sikte på godkjenning i løpet av året. Ansvar: Teknisk med bistand frå utvikling.

Klimaplan
Eksisterande klimaplan for Volda kommune (2010-2020) vart godkjend av Volda kommunestyre 11.3.2010. Handlingsplanen for 2013-2016 vart godkjend i kommunestyre 28.2.2013.

Klima og miljø er eitt av åtte hovudtema i kommuneplanen sin samfunnsdel. Målsettinga med å ha klima og miljø som hovudtema i samfunnsdelen, var at kommuneplanen skulle erstatte klimaplanen. I statlege planretningsliner (SPR) for klima og energiplanlegging og klimatilpassing er det krav om at planen skal innehalde oppdatert kunnskap om klimagassutslepp i kommunen, informasjon om energisystem, framskrivingar mv. Noko av dette vart gjort i samband med samfunnsdelen. Ein bør oppdatere kunnskapsgrunnlaget samstundes som ein lagar ein ny handlingsdel.

Klimaplan med tilhøyrande handlingsdel bør innarbeidast i samfunnsdel for nye Volda kommune i 2020.

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
Planen gjer greie for mål og verkemiddel for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt forvaltning, drift og vedlikehald av anlegg. Planen skal fungere som rettleiar for idrettsrådet, frivillige lag og organisasjonar, og danne grunnlag for kommunen sine prioriteringar av spelemiddelsøknader. Samstundes kan planen fungere som eit viktig verktøy for arbeidet med folkehelse, og med tanke på eventuell sikring av friluftsområde i kommunen.

Det er behov for revisjon av både Hornindal og Volda sine planar. Begge kommunane har godkjent handlingsprogram for 2019. Det må utarbeidast plan for nye Volda for perioden 2020-2024. Oppstart av planarbeid februar 2019. Planen må prioriterast. Ansvar: Utvikling/plan.

Reguleringsplanar – kommunale
Lisjenakkevegen – Solhøgda
Planarbeidet vart oppstarta i 2016. Mål for planarbeidet er utviding/opprusting til samlevegstandard med einsidig fortausløysing. Dette etter krav i rekkefølgjebestemmelsar i detaljreguleringsplan for Håmyra. Utviding vil truleg medføre inngrep i private eigedomar langs vegen. Jf. framdrift i økonomiplan er det oppstart bygging i 2021. Reguleringsplanarbeidet bør starte i slutten av 2019. Ansvar: Utvikling/plan.

Del av Kleppevegen
Planarbeidet vart oppstarta i 2016. Mål for planarbeidet er utviding/opprusting til samlevegstandard med einsidig fortausløysing. Dette etter i rekkefølgjebestemmingar i detaljregulering for Håmyra. Utviding vil truleg medføre inngrep i private eigedomar. Jf.

framdrift i økonomiplan er det oppstart bygging etter 2022. Oppstart regulering i slutten av 2021. Ansvar: Utvikling/plan.

Røyslida-Smalebakken
Det kan bli aktuelt med ny plan i dette området i samband med sanering/omdisponering av areal og bygg. Dette er ikkje avklart og vert å kome attende til.

Ny barnehage i sentrum
Det er tre kommunale barnehagar i sentrum, Engeset, Oppigarden og Sollia. Alle barnehagane er bygde på 70-80-talet, og har i større eller mindre grad behov for oppussing/rehabilitering.

Sak knytt til strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum er ute på høyring. Høyringsfrist er sett til 25.1.2019. Endeleg val avløysing vil måtte sjåast i ein større samanheng i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Det vil truleg ikkje bli trong for utarbeiding av reguleringsplan i 2019. Ansvar: Utvikling/plan

Ungdomsskulen
Ungdomsskulen har over år hatt behov for renovering. Det blir lagt fram politisk sak om prosessen i februar. Det vil vere behov for oppstart av reguleringsplanarbeid i løpet av vår/sommar 2019. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

Sentralreinseanlegg
Sentralreinseanlegg med tilhøyrande areal vil bli detaljregulert av konsulent i samband med prosjektering. Oppstart av planarbeid kanskje i 2020.

Vassverk
Vassverk med tilhøyrande areal vil bli detaljregulert av konsulent i samband med prosjektering. Oppstart av planarbeid truleg i 2019.

Gangtilkomst mellom Campus og sentrumskjernen
Det er behov for å leggje til rette for betre gangsamband mellom Campus og sentrumskjernen. Planen vil bli nærare avgrensa og definert i samband med kommuneplanen sin arealdel. Gangtrasear må detaljplanleggast som del av ein områdeplan eller detaljplan for eit større område. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

Områdeplan for sentrumskjernen
Det er behov for ny reguleringsplan for sentrumskjernen. Planen bør bli nærare avgrensa og definert i samband med kommuneplanen sin arealdel. Ein må vurdere om planen skal utarbeidast i kommunal regi, eller om det skal leigast inn konsulent. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

Torvmyrvegen med tilgrensande areal
Det er planlagt veg i forlenging av dagens Torvmyrveg ved flyplassen, forbi glattkøyringsbana under ny E39 og til kryss ved dagens E39 i Furene. Det er ei etterspurt løysing for betre samband mellom næringsområda i Hovdebygda og Furene, betre moglegheit for kollektivtilbod til flyplassen, alternativ utrykkingsveg i samband med flyplassen, og ei avlasting av dagens flyplasskryss. Kommunen ser føre seg eit planarbeid i samarbeid med Statens vegvesen. Alternativt som felles kommunal oppgåve med innleigd konsulent.

Kommunen vil prøve å få til ei avklaring gjennom arbeidet med bompenge-pakke Volda/Ørsta tilknytt Volda-tunellen. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

Volda sentrum (S.H. Halkjelsvik veg, Skjervavegen mm.)
Forslag til planinitiativ er reist i samband med planar for utbygging på området mellom Legesenteret og Rådhuset. Området der telebygget står treng også oppdatert plan. Planarbeidet bør sjåast saman med ny plan for sentrumskjernen. Ansvar: Utvikling/plan, ev. konsulent.

Reguleringsplanar – private
Private reguleringsplanforslag vert prioritert og handsama fortløpande.

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan og arealdel
Det kjem inn ein del søknader om dispensasjon frå reguleringsplanar og kommuneplanen sin arealdel. Sakene har varierande arbeidsmengde. I periodar krev desse sakene ein del ressursar.

**Konklusjon:**
Kommuneplanen sin arealdel, kommunal planstrategi, kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet og trafikktryggingsplanen bør ha første prioritet. Det er viktig å unngå at handsamingstida på private planforslag blir for lang. Etter rådmannen si vurdering bør alle dei igangsette reguleringsplanane også ha første prioritet.

Rådmannen foreslår slik prioritering av planarbeidet i 2019:

| Namn | Prioritet |
|---|---|
| Kommuneplanen sin arealdel | 1 |
| Kommunal planstrategi for nye Volda | 1 |
| Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for nye Volda | 1 |
| Trafikktryggingsplan | 1 |
| Detaljreguleringsplan for kulturhus/kino | 1 |
| Detaljreguleringsplan for ny ungdomsskule | 1 |
| Detaljreguleringsplan for gnr. 19, bnr. 182 (privat) | 1 |
| Detaljreguleringsplan for Elvadalen – BK1 (privat) | 1 |
| Detaljreguleringsplan for Storgata 7 og 9 (privat) | 1 |
| Detaljreguleringsplan for Rotsetfjøra (privat) | 1 |
| Detaljreguleringsplan for BKB3 (Kiwi) (privat) | 1 |
| Dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova, kapittel 19 | 1 |
| Heilskapleg ROS for nye Volda | 1 |
| Områdereguleringsplan for Volda sentrum | 2 |
| Detaljreguleringsplan for Lisjenakken – Solhøgda | 2 |
| Detaljreguleringsplan for Kleppevegen | 2 |
| Detaljreguleringsplan for ny barnehage i sentrum | 2 |
| Detaljreguleringsplan for sentralreinseanlegg | 2 |
| Detaljreguleringsplan for vassverk | 2 |
| Detaljreguleringsplan for Torvmyrvegen med tilgrensande areal | 2 |
| Kommuneplanen sin samfunnsdel | 3 |
| Kommunedelplan - Kryssing av Voldsfjorden | 3 |
| Kommunedelplan - Mork og Furene/Hovdebygda | 3 |
| Kommunedelplan - Krøvelseidet | 3 |
| Klimaplan | 3 |

| | |
|---|---|
| Detaljreguleringsplan for gangtilkomst mellom Campus og sentrum | 3 |
| Detaljreguleringsplan for Røyslida – Smalebakken | 3 |

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Sektor for utvikling

**Klageinstans:**
Ikkje klagerett.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2018/2223 |
| | | Arkivkode: | N02 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 32/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |

## MOBILITET/KOLLEKTIVBRUK ØRSTA/VOLDA – UTVIKLINGSPROSJEKT

### Administrasjonen si tilråding:

**Volda/Ørsta formannskap er positive til eit kollektivprosjekt som framlagt for betra og meir tilpassa kollektivtilbod i området.**

### Vedleggsliste:
Ingen

### Uprenta saksvedlegg:
Ingen

### Samandrag av saka:
Volda kommune har ved fleire høve og i møter med Møre og Romsdal fylkeskommune, Ørsta kommune, repr. for vidaregåande skule og høgskulen i Volda teke opp spørsmålet om eit utviklingsprosjekt for å **betre og auke kollektivandelen** i regionen. Ideen om eit slikt prosjekt er blitt positivt motteke der ein har teke det opp og ein ynskjer difor å få kome i gang med prosjektet.

### Saksopplysningar/fakta:
Det er fleire årsaker til at ein saman no bør sjå på utviklinga i kollektivtilbodet i området vårt.

**Nasjonale og regionale mål:**
Det er eit nasjonalt mål og eit hovedmål for Møre og Romsdal fylkeskommune (jfr. Handlingsprogram for Samferdsel 2018) å auke kollektivandelen. I det hovedmålet ligg det og at tilbodet skal vere **attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget**. Sjølv om det dei seinare åra har vore ein klar vekst i talet på passasjerar som reiser med buss mellom Volda og Ørsta, og frå Volda og Ørsta til Ytre Søre Sunnmøre, ser ein at manglande korrespondanse og rutetilbod hevar terskelen for innbyggarane til å ta i bruk kollektivtilbodet. Lang reisetid med kollektivtilbodet gjer også at val av vidaregåande skule mellom «ytre» og «indre» er vanskeleg for mange.

**Vegtrafikken:**
Frå 2013 til 2014 auka vegtrafikken i Møre og Romsdal med 2,9 %, medan snittet for landet var 1,7 %. Årsdøgnstrafikken målt ved Hovden flyplass **auka med 4,6 % i same periode**. Trafikkmålingane synleggjer aukande aktivitet i området, noko som på fleire måtar kan bety god samfunns- og velferdsutvikling. Samtidig fører trafikkauken til utfordringar. Vegtrafikken står for 23 % av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal. Trafikkmengda medfører også auka støv- og støyproblem, og trafikktryggleiken vert meir krevjande å ta i vare. Dette gir ikkje minst utfordringar i Ørsta og Volda, der både biltrafikk og gjennomgangstrafikk går gjennom sentrum.

**Bu- og arbeidsmarknadsregion:**
Eiksundsambandet og Kvivsvegen har gjort ytre og søre Sunnmøre til ein velfungerande arbeidsmarknadsregion med om lag 50.000 innbyggarar. Knapt 1000 arbeidstakarar pendlar dagleg mellom Volda/Ørsta og ytre Søre. I tillegg kjem vidaregåande skuleelevar og studentar. Volda og Ørsta veks stadig meir i hop. Mellom dei to kommunane pendlar nærmare 1800 arbeidstakarar i tillegg til fleire hundre skuleelevar og studentar på vidaregåande skule og høgskulen. (Kjelde: Fylkesstatistikken 2018)

Med ein region innanfor 45 min. som dei siste åra har hatt den nest største folketalsutviklinga i fylket etter Ålesund, eit komplimenterande næringsliv på «ytre og indre søre» og rundt 4000 innbyggjarar som kvar dag pendlar i aksen mellom Garneskrysset, Ørsta og Volda til skule og arbeid vil ein tru at med god planlegging og ressursbruk (les **attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget)** i langt større grad enn i dag vil kunne imøtekome hovedmålsettinga om å **auke kollektivandelen** i regionen og fylket. Potensialet i regionen ligg klart i dagen dersom føresetnadene vert lagt til rette.

**Nye Volda kommune:**
Kvivsvegen har vidare medført at Volda og Hornindal kommune vert samanslegen til ein kommune frå 2020 og «Voldatunellen» er vedteken gjennom NTP og vil kome i løpet av nokre få år. Tunellen vil ha fylgjer for korleis arbeidstakarar, studentar og skuleelevar kjem seg til m.a. dei store arbeidsplassane sjukehuset, høgskulen og vidaregåande skule ved utløpet av tunellen i Volda. Alle desse faktorane gjer at det og er behov for å sjå på og gjere noko med kollektivutfordringane både lokalt mellom Ørsta og Volda sentrum, på bygdene i dei to kommunane, utover mot kommunane på ytre Søre og mot Hornindal/Stryn. Dette vil såleis inngå i prosjektet.

**Ny teknologi:**
Andre utviklingstrekk er ny teknologi, til dømes samkøyringsappar og autonome køyretøy. Dette vil ikkje vere noko stor del av prosjektet, men vere med som ein mindre del av vurderingane.

## OM PROSJEKTET:
Fylkeskommunen har gjennomført eit kollektiv-utviklingsprosjekt i Ålesund, og arbeider no med liknande prosjekt for Kristiansund og Molde. Som det største regionsenteret etter dei tre byane med tilhøyrande behov og utfordringar, bør Ørsta og Volda saman med fylkeskommunen kome i gong med tilsvarande prosjekt. Fylkeskommunen er positive til å vere med i prosjektet, men har ikkje kapasitet til å leie endå eit slikt prosjekt. Prosjektet vil derfor vere eit samarbeid mellom Volda og Ørsta kommune og fylkeskommunen, der Volda har prosjektleiinga.

Både Ørsta kommune v/administrasjonen og Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til å vere med i eit slikt prosjekt. Desse tre har administrativt drøfta mål og ramme for eit prosjekt, som med dette blir lagt fram for politiske godkjenning.

## Mobilitet/kollektivbruk Ørsta/Volda – utviklingsprosjekt

**Formål:**

- analysere tilbod og behov kollektivreiser mellom Ørsta og Volda og regionen
- vurdere/justere ressursbruk/kollektivtrasèar for optimal produksjon/tilbod utfrå behov/ønske på kort og lang sikt
- styrke kollektivtilbodet mellom sentrum og viktige tenestefunksjonar i Ørsta og Volda og i regionen
- auka kollektivbruk
- vurdere effekt og bruk av andre løysingar (samkøyring, sykkel, etc)
- identifisere behov for anna tilrettelegging for auka kollektivbruk (sykkelveg, info, skilting, leskur, sykkelutleige osv)

**Bakgrunn:**

- Ålesund og Giske kommune har i samarbeid med fylkeskommunen gjennomført analyse av kollektivtilbodet, og iverksett tiltak (2017/2018)
- Fylkeskommunen har vedtatt liknande prosjekt for Molde og Kristiansund i 2019/20 og 2020/21.
- Ørsta/Volda har i sentrumsområda til saman 13.000 innbyggarar, litt mindre enn Molde og litt meir enn Kristiansund. Det er stor pendling mellom kommunesentra (samla ca 2150 arbeid/vgs elevar begge vegar), dessutan mange reiser til regionale samfunnsfunksjonar som høgskule, sjukehus, flyplass mm., og reiser til/frå andre knutepunkt (Ålesund, Garnes, Stryn, Stranda, Førde). Samla i regionen er det meir enn 50.000 innbyggarar. Ørsta/Volda har med dette utgangspunkt like stort behov for eit mobilitetsprosjekt som Molde og Kristiansund.
- Viktig å kartlegge dei reisande sine behov, og korleis dagens rutetilbod fungerer, evt justeringar.
- Finne fram til tiltak for å nå målsetjingar nasjonalt, regionalt og lokalt om å tilrettelegge for auka mobilitet/kollektivreising/syklande; også i eit miljøperspektiv og for auka attraktivitet.

**Mål:**

- Forbetra mobilitet i Ørsta/Volda-regionen. Konkrete innspel til nye ruter frå 01.05.2020, evt foreløpige innspel til nye ruter frå 01.05.2019.

**Tidslinje:**

- Januar 2019: Oppstart, planleggingsmøte. Kommunane ØV prosjekteigar/prosjektleiing, fylkeskommunen deltek
- Mars: Utarbeide mandat, oppnemne felles styringsgruppe, politisk forankring (sak formannskapa)
- Vår 2019: Møter i arbeidsgruppe og styringsgruppe. Brukarundersøking (MRfk),
- Haust: Involveringsmøter, møter arbeidsgruppe, styringsgruppe
- Okt/nov 2019: Kort rapport, forslag konkrete tiltak. Presentasjon Molde adm/politisk. Innspel til ruteendringsprosess 2020

**Prosess:**

Stikkord: Styringsgruppe, mandat, politisk forankring, brukarundersøking, involvering (Ungdomsråd, sjåførar, innspelmøte, flyplass, Høgskule, sjukehus), politisk behandling, påverknad fylkeskommunen adm/pol.

| Framdriftsplan kollektiv-/mobilitetsprosjekt Ørsta/Volda 2019/-20 | |
|---|---|
| 8. januar 2019 | Oppstartsmøte |
| 12. februar | Arbeidsgruppemøte (AM, PIL, SIÅ) |
| 19. mars | Sak formannskapa ØV |
| Mars | Prosjektgruppemøte |
| April/mai | Involveringsmøte |
| Mai | Brukarundersøking. Prosjektgruppemøte |
| August | Prosjektgruppemøte |
| September | Involveringsmøte. Prosjektgruppemøte |
| Oktober | Prosjektgruppemøte. Rapport. |
| Oktober | Presentasjon/innspel formannskapa |
| Oktober | Påverknad MRfk. Presentasjon samferdselsutvalet |
| November | Sak Samferdselutvalet |

**Styringsgruppa Mobilitet Ørsta-Volda**

Arbeidsgruppa for prosjektet vil vere Asbjørn Moltudal (Volda kommune), Per Ivar Lied (Ørsta kommune) og Svein Ivar Aarskog (Møre og Romsdal fylkeskommune). Det vil samtidig vere fornuftig å etablere ei lita effektiv styringsgruppe, med deltaking både politisk og frå næringslivet. Forslag til styringsgruppe:

| | | |
|---|---|---|
| Asbjørn Moltudal | Volda kommune | |
| Stig Olav Lødemel | Nye Volda kommune | |
| Per Ivar Lied | Ørsta kommune | |
| Odd Magne Vinjevoll | Ørsta Næringskontor | |
| Svein Ivar Aarskog | MR fylkeskommune | |
| Johan Roppen | Høgskulen* | |

* Rektor Høgskulen er med i styringsgruppa, møter etter behov

Personane er kontakta og har sagt at dei vil/kan vere med i eit slikt prosjekt.

**Vurdering og konklusjon:**

**<u>Kommunen sin kommuneplan – samfunnsdel:</u>**
Prosjektet som har som føremål å styrke kollektivtilbodet og auke bruken av kollektivtransport er heilt i samsvar med strategiane innafor dei ulike fokusområda i kommunen sin kommuneplan – samfunnsdelen.

**<u>Økonomiske konsekvensar:</u>**
Bortsett frå bruk av utgreiingsressursar frå kommunen vil prosjektet truleg ikkje ha vesentlege økonomiske kostnader frå kommunen sin del. I tilfelle vil ein kome attende til det i eiga sak.

Eg har ikkje andre merknader til saka og vil tilrå at Volda kommune tek del i prosjektet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
ass.rådmann

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Jarl Martin Møller | Arkivsak nr.: | 2019/610 |
| | | Arkivkode: | |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 33/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | |

**FLAGGREGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNE**

**Administrasjonen si tilråding:**

Flaggreglement for Volda kommune vert godkjent som det ligg føre.

**Vedleggsliste:**

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**

Saka gjeld nytt flaggreglement for Volda kommune.

**Saksopplysningar/fakta:**

## FLAGGREGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNE

### 1. Lov og reglement

Grunnlaget for flaggreglane er desse:

- Lov om Norges flagg av 10.12.1898 nr.1
- Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger av 29.06.1933 nr. 2
- Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget av 21.10.1927 nr. 9733

Etter forskrifta er det utenriksdepartementet som avgjer tvilstilfelle om bruk av statsflagget på offentlege bygningar.

### 2. Statsflagget

Statsflagget (utan splitt og tunge) skal nyttast på eller frå kommunen sine offentlige bygningar og eigedomar eller bygningar og eigedomar som i hovudsak vert nytta av kommunale institusjonar eller verksemder. Frå rådhuset er det statsflagget som skal nyttast, eventuelt i kombinasjon med sameflagget og flagg til framande land.

### 3. Andre flagg og vimplar

Det er lov å bruke sameflagget og flagg til framande land ved sidan av det norske flagget der det er naturleg som honnør. Bruk av desse flagga skal skje i samsvar med dette reglementet.

Kommuneflagget og -vimpelen kan brukast frå og ved kommunen sine bygningar og offentlege plassar utan tidsavgrensingar.

Det er høve til å flagge ved andre høgtidlege og festlege høve med andre flagg frå andre kommunale bygg enn rådhuset. Vilkåret er at slike bygningar og eller grunn vert nytta i samband med arrangementa.

Frå kommunalt eigde flaggstenger på torg og bruer er det høve til å flagge med andre flagg ved høgtidelege og festlege høve av almen karakter, etter søknad.

### 4. Offentlege flaggdagar

Statsflagget bør vanlegvis berre brukast på offisielle festdagar og når offisiell flagging er påbode.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår til at flaggreglementet for Volda kommune vert vedteke

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>kommunalsjef samfunnsutvikling |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Jarl Martin Møller | Arkivsak nr.: | 2019/233 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 669 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 34/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |

## KLAGE PÅ SØKNAD OM Å FÅ NYTT KOMMUNAL FLAGGSTONG.

**Administrasjonen si tilråding:**

Volda formannskap gjev løyve til at Bygdepride Ørsta/Volda får nytte fest-flaggstengene i Hamnegata til regnbogeflagget i dagane frå 9. til 12. mai.

Formannskapet syner til saksutgreiingar og finn ikkje å imøtekomme Bygdepride Ørsta/Volda sin primærsøknad om å nytte regnbogeflagget i flaggstonga ved Volda rådhus under Bygdepride i dagane 9. til 12. mai.

**Vedleggsliste:**

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Bygdepride søkte om løyve til å nytte kommunale flaggstenger under Bygdepride 2019. Saka vart handsama administrativt der ein avslo søknaden med visning til «Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger». Etter avslaget har Bygdepride Ørsta/Volda kome med ein meir utfyllande søknad. I saka rår rådmannen til at ein imøtekjem Bygdepride Ørsta/Volda i å nytte fest-flaggstengene i Hamnegata til regnbogeflagget i dagane frå 9. til 12. mai.

**Saksopplysningar/fakta:**

Bygdepride søkte om løyve til å nytte kommunale flaggstenger under Bygdepride 2019 den 7/2.2019.

Saka vart handsama administrativt der ein avslo søknaden med visning til «Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger» den 14.2.2019. Avslaget er begrunna med at kommunen sine flaggstenger ved rådhus og offentlige bygningar skal brukast ved offisielle flaggdagar med flagg som nemnd i lov 10 desember 1898 nr. 1 om Norges flagg §1.

Etter avslaget har Bygdepride Ørsta/Volda kome med ein meir utfyllande søknad datert 21.2.2019.

I sin reviderte søknad legg Bygdepride Ørsta/Volda vekt på unntaksreglane i lovverket og viser til §1 i Lov om flagging på kommunale bygninger:

*Forbudet i første punktum gjelder ikke når bygninger med tilhørende grunn som nevnt i annet punktum brukes i forbindelse med idretts-, kultur- og lignende arrangement med allmenn interesse. Det samme gjelder frittstående kommunale flaggstenger på torg, bruer, plasser eller lignende som ikke framstår som en integrert del av et kommunalt bygningskompleks eller et bygningskompleks som for den vesentligste del benyttes av kommunale institusjoner.*

Bygdepride legg vekt på at Bygdepride har allmenn interesse og peikar på at Bygdepride 2018 vart ei hending som vart dekt i riksdekkjande media, og som gav Volda kommune mykje god reklame som eit mangfaldig, ope og godt samfunn å leve i.

Til det andre unntaket meiner Bygdepride Ørsta/Volda at flaggstengene i Hamnegata høyrer til. Desse er frittståande og uavhengige andre kommunale bygningar.

Bygdeprideparaden den 11. mai vil passere forbi Volda rådhus og Bygdepride Ørsta/Volda sitt primære ynske er å nytte regnbogeflagget i flaggstonga ved Volda rådhus under Bygdepride, og då i dagane 9. til 12. mai. Vidare ynskjer ein å kunne nytte fest-flaggstengene i Hamnegata til regnbogeflagget i dagane frå 9. til 12. mai, til liks med slik desse stengene vert nytta under Dei Nynorske festspela.

Bygdepride Ørsta/Volda viser til at andre kommunar har tolka lova slik at det er høve til å nytte rådhusflaggstengene til regnbogeflagg under eit Pride-arrangement og ein viser til Ålesund, Oslo og Bergen.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommunen sitt avslag den 14.2.2019 var basert på at kommunen sine flaggstenger ved rådhus og offentlige bygningar skal brukast ved offisielle flaggdagar med flagg som nemnd i lov 10 desember 1898 nr. 1 om Norges flagg §1.

I *Lov om flagging på kommunale bygninger* er det slått fast at kommuner berre kan nytte det norske flagget (uten splitt og tunge), det samiske flagget og *«kommune- eller fylkesflagg som er godkjent av Kongen»* på *«bygninger med tilhørende grunn som kommunen råder over som eier, leier eller lignende og som hovedsakelig brukes i forbindelse med kommunens offentlige oppgaver eller av kommunale institusjoner»*.

Ved ei lovendring i 2014 vart det innteke to moglege unntak i lova.

Det første unntaket viser til at forbodet mot å nytte andre flagg enn dei nemnte ikkje gjeld når *«bygninger med tilhørende grunn (...) brukes i forbindelse med idretts-, kultur- og lignende arrangement med allmenn interesse».*

Det andre unntaket viser til at forbodet ikkje gjeld for *«frittstående kommunale flaggstenger på torg, bruer, plasser eller lignende som ikke framstår som en integrert del av et kommunalt bygningskompleks eller et bygningskompleks som for den vesentligste del benyttes av kommunale institusjoner».*

I Prop. 157 L (2016–2017*) Endringer i kommuneloven og lov om flagging på kommunale bygninger (forenkling av regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg)* er det vist til kommunane sin rett til å styre seg sjølve med visning til grunnloven §49 andre ledd som lyder :

*Innbyggerne har rett til å styre lokale anliggender gjennom lokale folkevalgte organer. Nærmere bestemmelser om det lokale folkevalgte nivå fastsettes ved lov.*

Kommunar si rolle som lokaldemokratiske organ legg til rette for at innbyggarar og lokalsamfunn kan rå over saker som vedkjem dei sjølve, og påverke eiga samfunnsutvikling. Det kommunale sjølvstyre er derfor viktig i det å fremje nærdemokrati og lokal sjølvråderett.

Departementet si vurdering i samband med handsaming av Prop. 157 L (2016–2017) var følgjande:

*Når det gjelder spørsmålet om det skal åpnes opp for flagging med andre flagg enn det norske flagget, det samiske flagget eller kommune- og fylkesflagget, vises det til at loven inneholder to unntaksbestemmelser som gir kommunene en viss adgang til å flagge med andre flagg.*

*Departementet mener imidlertid at det bør gjøres en mer inngående vurdering av de øvrige bestemmelsene i lov om flagging på kommunale bygninger. Departementet tar sikte på å vurdere lovens øvrige bestemmelser nærmere og eventuelt komme tilbake til Stortinget med en egen proposisjon om lov om flagging på kommunale bygninger på et senere tidspunkt.*

Det er ikkje lagt fram ein ny proposisjon kring denne problemstillinga.

I ein artikkel i Sunnmørsposten den 29 august 2018 går det fram at det ikkje var dei offisielle flaggstengene som vart nytta under Pride – arrangementet, men andre kommunale flaggstenger. Bakgrunn for kommunane si vurdering i Region Ålesund i 2018 var med visning til at lovverket ikkje er klart på dette punktet.

Slik rådmannen ser det er dette ei prinsipiell sak som må løftast til politisk nivå for avgjerd.

Rådmann sitt råd i saka er:

- Flaggstenger ved rådhuset vert oppfatta som offisiell flaggstand der norsk flagg skal nyttast.
- Flaggstenger ved andre kommunale bygg kan nyttast av andre med anna enn norsk flagg føresett det er arrangement i bygga.
- Flaggstenger utanom desse, t.d. Hamnegata kan nyttast av andre med anna enn norsk flagg føresett at det er større arrangement i Volda.

Rådmannen rår til at ein imøtekjem Bygdepride Ørsta/Volda i å nytte fest-flaggstengene i Hamnegata til regnbogeflagget i dagane frå 9. til 12. mai.

Med omsyn til Bygdepride Ørsta/Volda sitt primære ynske om å nytte regnbogeflagget i flaggstonga ved Volda rådhus under Bygdepride i dagane 9. til 12. mai rår rådmannen til fast på vedtaket og ikkje imøtekome søkjar.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | kommunalsjef samfunnsutvikling |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

Bygdepride Ørsta/Volda

Hagevegen 7

6152 Ørsta

Til Volda kommune

v/ordførar Jørgen Amdam

**Ny søknad om løyve til å nytte kommunale flaggstenger under Bygdepride 2019**

Vi viser til avslag på søknaden om å nytte kommunale flaggstenger under Bygdepride 2019. Vi ser at vår søknad kanskje var i kortaste laget, og vil her gå meir i detalj korleis vi ynskjer å nytte kommunale flaggstenger i Volda kommune under Bygdepride 2019.

I år vil Bygdepride verte halde frå 8. til 12. mai med arrangement både i Ørsta og Volda kommunar.

Vårt primære ynske er å nytte regnbogeflagget i flaggstonga ved Volda rådhus under Bygdepride, og då i dagane 9. til 12. mai. (Den 8. mai er offentleg flaggdag, og vi ynskjer sjølvsagt ikkje å ta denne datoen i bruk).

Vidare ynskjer vi å kunne nytte fest-flaggstengene i Hamnegata til regnbogeflagget i dagane frå 9. til 12. mai, til liks med slik dessse stenge vert nytta under Dei Nynorske festspela.

Vi viser til «Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger». Her har det kome lovendringar som opnar for at kommunale flaggstenger kan nyttast til andre flagg enn det norske og det samiske. Der er to unntaksreglar: «Forbudet i første punktum gjelder ikke når bygninger med tilhørende grunn som nevnt i annet punktum brukes i forbindelse med idretts-, kultur- og lignende arrangement med allmenn interesse. Det samme gjelder frittstående kommunale flaggstenger på torg, bruer, plasser eller lignende som ikke framstår som en integrert del av et kommunalt bygningskompleks eller et bygningskompleks som for den vesentligste del benyttes av kommunale institusjoner.»

Til det fyrste unntaket meiner vi definitivt at Bygdepride har allmenn interesse. Vi vil minne om Bygdepride 2018 vart ei hending som vart dekt i riksdekkjande media, og som gav Volda kommune mykje god reklame som eit mangfaldig, ope og godt samfunn å leve i. Bygdeprideparaden den 11. mai vil passere forbi Volda rådhus.

Til det andre unntaket meiner vi flaggstengene i Hamnegata høyrer til. Desse er frittståande og uavhengige andre kommunale bygningar.

Vi viser også til at andre kommunar har tolka lova slik at det er høve til å nytte rådhusflaggstengene til regnbogeflagg under eit Pride-arrangement. Det galdt mellom anna under Ålesund Pride i månadsskiftet august/september 2018. Og det gjeld i større byar som Oslo og Bergen under Pride-arrangement der.

Vi ber om ei ny handsaming av saka, og håper på eit positivt svar.

Ørsta 21. februar 2019

Bygdepride Ørsta/Volda

v/Anbjørn Steinholm Frislis

Leiar Bygdepride Ørsta/Volda

Fra: Kjell Magne Rindal[Kjell.Magne.Rindal@volda.kommune.no]
Sendt: 14.02.2019 10:14:32
Til: 'rune@bygdepride.no'
Kopi: Jørgen Amdam; Rune Sjurgard; Postmottak Volda
Tittel: Svar på søknad om bruk av Volda kommune sine flaggstenger

---

Hei

Volda kommune viser til mottatt søknad om bruk av flaggstenger ved kommunens offentlige bygningar.

Etter lov om flagging på kommunale bygningar heiter det følgjande:

*«**§ 1.**På eller fra kommunenes offentlige bygninger, eiendommer og kommunale institusjoner må kun brukes flagg som nevnt i lov 10. desember 1898 nr. 1 om Norges Flag § 1 (uten splitt og tunge), det samiske flagget eller kommune- eller fylkesflagg. Som offentlige bygninger og kommunale institusjoner regnes bygninger med tilhørende grunn som kommunen råder over som eier, leier eller lignende og som hovedsakelig brukes i forbindelse med kommunens offentlige oppgaver eller av kommunale institusjoner. Forbudet i første punktum gjelder ikke når bygninger med tilhørende grunn som nevnt i annet punktum brukes i forbindelse med idretts-, kultur- og lignende arrangement med allmenn interesse. Det samme gjelder frittstående kommunale flaggstenger på torg, bruer, plasser eller lignende som ikke framstår som en integrert del av et kommunalt bygningskompleks eller et bygningskompleks som for den vesentligste del benyttes av kommunale institusjoner.»*

Slik lovverket er tolka av kommunen skal flaggstenger ved rådhus og offentlige bygningar brukast ved offisielle flaggdagar med flagg som nemnd i lov 10 desember 1898 nr. 1 om Norges flagg §1. Kommunen kan med dette ikkje godkjenne dykkar søknad.

Ynskjer lykke til med eit viktig og bra arrangement.

***Kjell Magne Rindal***
*eigedomssjef*
*Eigedom*
*Direkte 70058770 Mobil 91385952*
*www.volda.kommune.no*

Fra: bygdepride7[rune@bygdepride.no]
Sendt: 07.02.2019 22:15:04
Til: Postmottak Volda; Ørsta postmottak
Tittel: Bygdepride 2019

---

Hei
På vegner av Bygdepride søkjer vi løyve til å nytte kommunale flaggstenger under Bygdepride 2019. Dette skjer i dagane 8. til 12. mai. Vi trur dette er viktig for omdømmet til kommunane Ørsta og Volda. Erfaringane frå Bygdepride 2018 er at endeleg kjenner ei gruppe seg heime i våre kommunar. Vi håper de kan vere med på å vidareføre det i år. Vi søkjer spesifikt om å nytte rådhusa sine flaggstenger til regnbogeflagget. Etter flagglova, er det kurant å bruke andre kommunale flaggstenger. Men vi treng eit vedtak på rådhusflaggstanga.

Spesifikt for Volda søkjer vi løyve til å nytte ruta frå Idrettsplassen ved Volda vidaregåande skule, via omsorgssenteret, samfunnshuset og Industrigata til parade.

--
Rune S

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Nina Kvalen | Arkivsak nr.: | 2019/253 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | A56 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 35/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | 28.03.2019 |

## ORGANISERING AV LÆRLINGORDNINGA I VOLDA KOMMUNE

**Administrasjonen si tilråding:**

1. ***Kommunestyret i Volda ber administrasjonen søke medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.2019.***

2. ***Rådmannen vert beden om å utpeike representant med vara til styret for opplæringskontoret, og representantar til årsmøte.***

**Vedleggsliste:**
1. Melding om vedtak i Fellesnemnda 07.03.19: Organisering av lærlingordninga i Volda kommune – Handsaming i Fellesnemnda
2. Informasjon om lærlingordninga i Volda kommune 2018
3. Presentasjon om lærlingordninga i Volda kommune, 17.12.18
4. Vedtekter for Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
5. Årsmelding 2017 for Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
6. Medlemsskapsavtale mellom bedrift og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
7. Roller og ansvar mellom bedrift og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
8. Presentasjon av Opplæringskontoret for søre Sunnmøre, 17.12.18
9. Vedtekter og medlemsavtale mellom Hornindal kommune og Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)

**Uprenta saksvedlegg:**
- K-sak 83/16 i møte 16.06.16: Oppretting av fleire lærlingstillingar
- K-sak 48/16 i møte 21.04.16: Oppretting av lærlingplassar for flyktningar
- K-sak 119/10 i møte 11.11.10: Administrativt ansvar for lærlingar i kommunale fag
- K-sak 40/08 i møte 27.03.08: Oppretting av lærlingplassar i helsearbeidarfaget

- K-sak 74/07 i møte 26.07.07: Lærlingplassar i helsearbeidarfaget

**Samandrag av saka:**
Bakgrunnen for saka er at stillinga som lærlingkoordinator i Volda kommune blir ledig frå august 2019, grunna overgang til pensjon. I k-sak 119/10 i møte 11.11.10 oppretta kommunestyret eit opplæringskontor med 30 pst. stilling som lærlingkoordinator frå 01.01.11. Ein tilsett i personalavdelinga har hatt funksjonen som lærlingkoordinator, som del av si stilling. Volda har i dag 20 læreplassar, medan talet i 2010 var 11. Dvs. at tal læreplassar er nær dobla sidan koordinatorstillinga vart oppretta, utan at den administrative og faglege ressursen til lærlingarbeidet har auka tilsvarande. Grunna kombinasjon mellom fleire stillingar har koordinatoren truleg nytta meir tid enn 30 pst. til oppgåvene med lærlingordninga. I dag er 16 av 20 læreplassar i bruk.

Som følgje av at Hornindal og Volda vert ei kommune frå 01.01.20, må ein også ta stilling til korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune. Hornindal kommune er i dag medlem av Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS). Hornindal har ikkje oppretta faste læreplassar eller ressursar til forvaltning av lærlingarbeidet. Om kommunen får søknad om læreplass, vert det vurdert om ein har kapasitet og ressursar før læreplass vert tildelt. I dag har Hornindal kommune 1 lærling.

I administrativt leiarmøte i Volda kommune 23.10.18 vart det vedteke å utgreie sak om organisering av lærlingordninga, og leggje fram sak til politisk handsaming før påske 2019.

Administrasjonen har på bakgrunn av dette vurdert ulike alternativ for korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune. Sentralt i vurderingane er å sikre tilstrekkeleg fagkompetanse, kvalitet og kontinuitet i arbeidet. Saka vert først lagt fram for fellesnemnda, før handsaming i formannskapet og kommunestyret i Volda.

**Saksopplysningar/fakta:**
Både Hornindal og Volda kommune har meir enn 20 års erfaring med å ta i mot lærlingar i ulike kommunale fag. Kommunane har hatt lærlingar i helsefag, kokkefag, barne- og ungdomsfag (BUA), kontorfag og IKT-fag. Hornindal har også erfaring med lærling i TAF helse (teknisk allmenne fag). I dag har Volda 16 lærlingar og Hornindal har 1 lærling.

***Lærlingordninga i Volda kommune***
Før 2011 hadde Volda kommune 10 pst. stilling til arbeidet med lærlingar i helsefag. I realiteten vart det brukt meir tid, og i k-sak 119/10 i møte 11.11.10 oppretta kommunestyret eit opplæringskontor og utvida ressursen til 30 pst. lærlingkoordinator:
1. *Volda kommune opprettar opplæringskontor med 30% stilling som lærlingkoordinator frå 1.januar 2011.*
2. *Volda kommune skal arbeide for felles opplæringskontor med Ørsta kommune frå 1.januar 2012.*

I saksutgreiinga står det:
*Mange kommunar har oppretta kommunale eller interkommunale opplæringskontor som administrerer lærlingordninga. Volda har ikkje slikt kontor, heller ikkje Ørsta. Dei 5 kommunane på ytre søre har felles kontor på Hareid. Dei har invitert Volda og Ørsta til å melde seg inn i deira kontor. Volda og Ørsta har hatt samtalar om felles kontor. Begge kommunar arbeider vidare med ei slik løysing. Til eit felles opplæringskontor er på plass, bør Volda opprette eige kontor med 30% stilling.*

*Dersom kommunen vel å ha opplæringskontor bør anna rekrutteringsarbeid leggast til stillinga, t.d. skulebesøk til ungdomsskular og vidaregåande skular og arbeid med*

*utdanningsmesse og karrieredagar. Det er vanskeleg å vite kor stor ressurs som bør settast av til arbeidet, men 30% stilling vil truleg vere høveleg med det tal lærlingar ein har no.*

*Administrativt ansvar for lærlingordninga bør ligge sentralt i kommunen, gjerne i eit opplæringskontor lagt til personalavdelinga. Kontoret kan vere for Volda kommune eller i samarbeid med Ørsta. Alternativt kan Volda melde seg inn i opplæringskontor på Hareid som er interkommunalt og arbeider inn mot Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommunar.*

*Utdanningsavdelinga i fylket tilrår kommunane å ha eigne eller felles opplæringskontor for å sikre at arbeid med lærlingane blir profesjonelt. Opplæringskontora får fast oppfølging frå utdanningsavdelinga på fylket og tilgang til elektroniske søkjarlister på læreplass i alle kommunale fag lenge før papirlister blir sendt ut til alle kommunar. Det vil seie at dei får informasjon om kven som har søkte læreplass i fylket og informasjon om karakterar. Opplæringskontora har også eit fagnettverk dei kan støtte seg på og samarbeide med. Alle kommunar får lærlingtilskot frå fylket. I kommunar med opplæringskontor blir tilskotet overført dit.*

Administrativt ansvar for lærlingordninga med 30 pst. koordinator ligg i personalavdelinga i Volda kommune. Det har ikkje formelt blitt oppretta eit opplæringskontor i kommunen, men Volda har forvalta lærlingordninga og arbeidd etter same prinsipp, ansvar og oppgåver som ligg i eit opplæringskontor. Koordinatorstillinga er finansiert av lærlingtilskotet frå fylkeskommunen. Arbeidet for lærlingkoordinatoren inneber m.a.:

- Rekruttering, delta på yrkesmesser, annonsering
- Delta i intervju og tilsetjing, skrive lærekontrakt
- Samtalar med lærlingane, potensielle lærlingar og andre som ønskjer rettleiing
- Lage plan for rullering mellom læreplassar
- Lage læreperm/arbeidsbok for læretida
- Etablere gode opplærings- og evalueringsrutinar
- Fagdagar for læringane, ofte i samarbeid med Ørsta kommune
- Deltaking på evalueringsmøter og andre møter vedkommande lærlingane
- Informasjon/opplæring av instruktørar, i samarbeid med Ørsta og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
- Rapportere til fylkeskommunen, melde opp til fagprøve, vere bindeledd mellom fylkeskommunen og arbeidsplassane
- Informasjon og oppfølging av arbeidsplassane (dagleg opplæringsansvar ligg til arbeidsplassen)

Ressursen til lærlingkoordinator på 30 pst. var berekna til oppfølging av 11 lærlingar i 2010, men grunna mangel på rekruttering var berre 5 læreplassar i bruk ved inngangen til 2011. Resultat av rekrutteringsarbeid er at tal lærlingar har auka til det doble. Læreplassar i Volda er oppretta både under handsaming av budsjett- og økonomiplan, og i kommunestyresaker om å auke tal læreplassar. I k-sak 83/16 i møte 16.06.16 kjem det fram at Volda per 01.01.16 har oppretta 18 læreplassar. I k-sak 48/16 vart det oppretta ytterlegare 3 plassar for vaksne flyktningar, dvs. at kommunen totalt har 21 læreplassar. Tal læreplassar er nær dobla frå 2010 til 2016, frå 11 til 21, utan at ressursen til å administrere lærlingordninga har auka.

Dei 21 læreplassane fordeler seg slik: 8 i helsefag, 8 i BUA-fag, 1 i kokkefag, 1 i IKT-fag, og 3 læreplassar til vaksne flyktningar i ulike kommunale fag. I BUA- og helsefag tek ein inn 4 lærlingar kvart år. Læretida i helsefag er delt mellom 5-6 avdelingar i helse og omsorg. BUA-læretida er delt mellom 1 år i barnehage/1 år i skule/SFO. IKT-arbeidet er no i regi av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT-samarbeid), og kommunen har ikkje lenger IKT-læreplass. Trekk ein

frå denne har Volda i dag 20 læreplassar. Tal lærlingar varierer frå år til år. Kommunen har også lagt til rette for at tilsette i kommunale tenester har fått høve til å oppnå fagbrev.

Instruktør er ein tilsett med fagkompetanse på arbeidsplassen som har ansvar for dagleg rettleiing og støtte til lærlingen, og gi varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal sørgje for at opplæringa er i samsvar med opplæringsbok og læreplan, ha samtale, gjennomføre minifagprøve og vurderingar kvart halvår. Instruktøren melder avvik til fagleg leiar eller lærlingkoordinator. Volda kommune gir instruktørane eit funksjonstillegg på kr 1 000 per månad for meir ansvar. Einingsleiar/styrar/rektor er fagleg leiar med personalansvar både for lærlingen og instruktøren, og skal følgje opp både i høve verdiskaping og læringsmiljø.

Det er forventa at lærlingen skal verdiskape om lag halve læretida, og lærlingen får løn for verdiskapingsdelen. Lærlingane i Volda får 50 pst. fagarbeidarløn i heile læreperioden. Verdiskapinga skjer ved at lærlingane går inn som vikar eller blir sett opp på sjølvstendige vakter. Slik reduserer eininga vikarkostnader. Ansvaret for budsjett, løn og lærlingtilskot er lagt til personalavdelinga. Dette gir meir effektiv forvaltning enn då oppgåva låg i kvar einskild sektor/eining. Sektorane har ansvar for å budsjettere med instruktørtillegg og variable tillegg til lærlingane.

Som følgje av at lærlingkoordinatoren går av med pensjon, har administrasjonen i Volda hatt sonderingar om interkommunalt samarbeid med Ørsta kommune og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre. Administrasjonen tok kontakt med Ørsta i mai 2017 og oktober 2018. Tilbakemeldinga er at Ørsta er nøgde med den ordninga dei har i dag, og ønskjer å halde fram denne. I november 2018 vart Opplæringskontoret for søre Sunnmøre invitert til å delta med informasjon til personalavdelinga, einingsleiarar og instruktørar på Volda rådhus 17.12.18. Personalsjefen i Ulstein kommune vart også invitert, for å dele erfaringar kommunen har frå samarbeidet, og som tidlegare styreleiar i Opplæringskontoret. Erfaringane Ulstein har etter 20 års medlemskap er gode frå begge perspektiv, og kjem fram i avsnittet under om Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

11 tilsette frå Volda kommune deltok på møtet, for informasjon og dialog om framtidig organisering av lærlingordninga i Volda. Det var god dialog og engasjement, og konklusjon om at Volda står ved eit vegskilje i det framtidige lærlingarbeidet. Både i småfaga som t.d. kokkefaget og dei store kommunale yrkesfaga som helse og omsorg og BUA, er det viktig å ha lærlingar for rekruttering av framtidig arbeidskraftsbehov. For småfaga må vi i framtida sleppe å sy saman eigne opplegg for å sikre eit fagleg godt opplæringstilbod, slik m.a. kjøkkensjefen ved sentralkjøkkenet som fagleg leiar har vore ansvarleg for. Vi må bygge felles system med andre. Vi klarer ikkje å følgje med i utviklinga utan å samarbeide med andre. Når Ørsta kommune ikkje er eit alternativ for interkommunalt samarbeid, er det konsensus i gruppa om at den rette vegen å gå er å samarbeide med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

### *Lærlingordninga i Hornindal kommune*

Hornindal kommune har i meir enn 20 år vore medlem av Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS). Dei har 30 medlemsbedrifter og om lag 100 lærlingar. I følgje administrasjonen betalar Hornindal kommune kr 10 000 i medlemskontingent per år. I tillegg går 30 pst. av lærlingstilskotet frå fylkeskommunen til OKOS. Hornindal får refundert 70 pst. av tilskotet. I vedtektene kjem det fram at oppseiing av medlemskapen er 3 månader. Gjeldande lærekontraktar skal ved opphøyr av avtale overførast til kommunen. Det er skriftleg medlemsavtale mellom OKOS og Hornindal kommune (vedlegg 9).

OKOS teiknar lærekontrakt med lærlingen, og kommunen har ansvar for å gi lærlingen oppgåver som sikrar opplæring i samsvar med læreplanen i aktuelle fag. Lærlingar vert tilsett

i kommunen, som har arbeidsgjevaransvar for lærlingane som for andre tilsette, så lenge lærlingen er under kontrakt.

Oppgåvene til OKOS er å vere eit serviceorgan for medlemsbedriftene, m.a.:

- Opprette lærekontrakt/opplæringskontrakt med lærlingane/lærekandidatane
- Sørgje for at lærlingane får opplæring i samsvar med aktuell læreplan i bedrifta
- Sørgje for at lærlingen framstiller seg til fagprøve
- Sørgje for at det er faglege leiarar innan alle dei faga opplæringskontoret er godkjent i
- Ha kontakt med ansvarleg leiar, fagleg leiar, tilsynsrepresentant og lærling i medlemsbedriftene
- Gje råd og bidra til å løyse konfliktar som måtte oppstå under læreforholdet
- Arbeide for å auke rekrutteringa av lærlingar i medlemsbedriftene i samsvar med overordna mål i den enkelte bedrift
- Halde medlemsbedriftene informert om nye lærefag
- Samarbeide med lærebedrifter og andre om gjennomføring av læreforhold

Hornindal kommune har erfaring med å ta i mot lærlingar i helsefag, kokkefag, BUA, kontorfag og IKT-fag, og har i dag 1 lærling i TAF helse. Kommunen har ikkje oppretta eller budsjettert med faste læreplassar. Ved søknad om læreplass vert kapasitet vurdert. Sist vurdering kjem fram av k-sak 044/14 i møte 12.06.14. Søknad om læreplass kom frå ein vidaregåande skule om lærling i TAF helse, med behov for eit 4-årig finansieringsløp. Lærlingen avsluttar våren 2019. TAF kombinerer praktisk og teoretisk opplæring alle fire åra i opplæringsløpet. Etter fire år oppnår kandidaten dobbel kvalifikasjon; både fagbrev og studiekompetanse med fordjuping i realfaga matematikk, fysikk og kjemi. Kandidaten oppnår såleis fagkrava for inntak til høgare utdanning etter fullført løp. TAF helse dekkjer t.d. fagkrava til å kome inn på medisinstudiet. Det er ikkje avklart om Hornindal skal ha lærling frå hausten 2019. Fagansvaret og den daglege oppfølginga av lærlingar i Hornindal ligg til einingsleiarar, som også er kontaktperson til OKOS. Kommunen har også lagt til rette for at 13 tilsette i helse og omsorg har fått høve til å oppnå fagbrev.

Som nemnd er det forventa at lærlingen skal verdiskape om lag halve læretida, og lærlingen får løn for verdiskapingsdelen. Lærlingane i Hornindal får differensiert prosentvis sats for verdiskapingsdelen på 30/40/50/80 pst. fagarbeidarløn, avhengig av kvar dei er i løpet. TAF-kandidaten har verdiskaping alle 4 åra. Dei 2 første åra som elev med 30 pst. fagarbeidarløn i 40 pst. stilling. Dei 2 siste åra som lærling i 100 pst. stilling er fordelinga som nemnd over. Verdiskapinga skjer ved at lærlingane går inn som vikar eller blir sett opp på sjølvstendige vakter. Slik reduserer eininga vikarkostnader. Verdiskapinga kan også vere i form av arbeid som bidreg til kvalitetsauke og/eller kvantitetsauke på arbeidsplassen. Ansvaret for budsjett, løn, variable tillegg og tilskot for lærlingordninga, er lagt til den eininga som har lærlingen. Overordna ansvar for kontakt med OKOS ligg til personalavdelinga.

### *Organisering av lærlingordninga i nye Volda kommune*

**Hornindal kommune - medlemsskap i Opplæringskontoret i Sogn og fjordane (OKOS)**
Som nemnd er Hornindal kommune i dag medlem av opplæringskontor i Sogn og Fjordane. I prosessen med bygging av nye Volda kommune frå 01.01.20, skal Hornindal og Volda kommunar gå gjennom sine avtalar for å endre eller avvikle/melde seg ut av desse, ev inngå nye samarbeid eller ivareta oppgåvene sjølv. Dette kjem fram av intensjonsavtalen for samanslåing av kommunane av 20.06.16, pkt. 8 om Interkommunale selskap/samarbeid:
*Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert ein del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvikle/melde oss ut av samarbeidet/ev inngå nye samarbeid. Målet er at den nye*

*kommunen ivaretek flest mogeleg av oppgåvene sjølv. Vi er derfor alt samde om å avvikle, endre og rydde samarbeid.*

***Retningsval for tenestesamarbeid i nye Volda kommune***
Fellesnemnda har vedteke retningsval for tenestesamarbeid/produksjon for nye Volda kommune, i sak 10/18 i møte 22.02.18:
*Fellesnemnda vedtek at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre. Prosjektadministrasjonen vert beden om å førebu oppseiingar og reforhandlingar av avtaler for endeleg vedtak i fellesnemnda. Fellesnemnda kjem attende til nærare avklaring av interkommunale interessesamarbeid og utviklings-/ næringssamarbeid.*

Intensjonsavtalen og retningsval for tenestesamarbeid i nye Volda kommune, gir føringar om at eit ev framtidig samarbeid med eit opplæringskontor skal vere på søre Sunnmøre eller Sunnmøre. I følgje vedtektene har Hornindal 3 månader oppseiingsfrist på å melde seg ut av OKOS. Gjeldande lærekontraktar vil ved opphøyr av avtalen overførast til kommunen.

**Nordfjord Opplæringskontor**
Nordfjord Opplæringskontor har sendt førespurnad om kva planar nye Volda kommune har for oppfølging av lærlingar. Personalsjefen i nye Volda kommune har i brev til Nordfjord Opplæringskontor 09.07.18, vist til at dette spørsmålet skal avklarast i prosessen mot ny kommune. Vedtaket om retningsval for tenestesamarbeid i nye Volda kommune gir føringar om at eit ev framtidig samarbeid med eit opplæringskontor skal vere på søre Sunnmøre eller Sunnmøre. Det er avklart at nye Volda kommune skal ligge i Møre og Romsdal fylke. Arbeidet med lærlingar i nye Volda kommune vil innebere eit samarbeid med utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Om dette avgrensar eit samarbeid med opplæringskontor utanfor eige fylke, er ikkje nærare avklara. Ein kan ikkje sjå at dette er naudsynt, all den grunn retningsvalet allereie gir føringane som nemnd over.

**Opplæringskontor i nye Volda kommune**
Sentrale spørsmål vidare er korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune og samtidig sikre god kontinuitet, kvalitet og effektiv forvaltning? Er samarbeid med eit opplæringskontor på søre Sunnmøre rette vegen å gå, eller skal nye Volda kommune organisere lærlingordninga i eigen regi? Kva gjer nabokommunar og kva erfaringar har dei?

Hornindal har erfaringar frå samarbeid med opplæringskontor, medan Volda har erfaringar med å forvalte lærlingordninga i eigen regi. Utfordringar i Hornindal har vore mangel på faste læreplassar og at einingane må bruke mykje ressursar på å avklare om det er kapasitet og økonomi til å ta i mot lærling når det kjem søknad om læreplass. Samarbeidet med opplæringskontoret har vore viktig for å gi eit fagleg godt opplæringstilbod til få lærlingar, rettleiing av fagansvarlege og instruktørar, og til administrative oppgåver overfor m.a. fylkeskommunen knytt til opplæringskontrakt, melde opp til fagprøve og innkrevjing og refusjon av lærlingtilskot. Samarbeidet med opplæringskontoret har også medverka til rekruttering, all den tid kommunen får nye søkarar om læreplass i kommunale fag.

Volda har hatt stabilitet i lærlingarbeidet over mange år med lærlingkoordinatoren, som har utført tilsvarande oppgåver som eit opplæringskontor. Det er satsa på oppretting av aukande tal faste læreplassar, opplæring av tilsette og sentralisering av oppgåver for å sikre meir effektiv forvaltning. Kommunen har godt omdøme som lærestad, som syner att i gode søkartal til læreplassane. Ein har gode instruktørar og fagansvarlege, som opplever støtte og oppfølging i arbeidet. Dette har samanheng med kontinuitet og kvalitet i alle ledd. Utfordringa for Volda vidare er først og fremst at lærlingkoordinator etter mange års fartstid på feltet sluttar hausten 2019. Det er krevjande å byggje ny kompetanse med avgrensa

ressursar til arbeidet med spesialiserte tenester. Fagmiljøet er lite og sårbart, og det er utfordrande å rigge ei berekraftig teneste for å møte behov og krav som tvinger seg fram, m.a. å ta digitale læreverktøy i bruk.

Administrering og oppfølging av lærlingordninga er meir omfattande enn tidlegare år. Tal lærlingar som skal ha fagleg oppfølging og tilrettelegging er nær dobla i Volda siste 8 åra, og ein har lærlingar i fleire kommunale fag på tvers av sektorar og tenester. Organiseringa med lærlingkoordinator i 30 pst. stilling, som i praksis utfører dei same oppgåvene som eit opplæringskontor, må vurderast. Skal nye Volda kommune drifte lærlingordninga i eigen regi må ressursane aukast, for å sikre god nok kvalitet i opplæringa og oppfølginga av lærlingar og læreplassar i eit større geografisk område. Om styrkinga berre skal vere knytt til ei administrativ koordinering eller også omfatte ei fagleg styrking, må også vurderast.

Utdanningsavdelinga i fylket har vist til at kommunane/opplæringskontora treng 100 pst. administrativ ressurs per 30-35 læreplassar. I dag har Volda 30 pst. koordinatorressurs til arbeidet med 20 læreplassar, ei ressurs som var berekna til oppfølging av 11. Det er vanskeleg å vite kor stor ressurs som bør settast av til arbeidet. Sidan Volda nær har dobla tal læreplassar, kan det vere naturleg å tenkje at ressursen bør aukast tilsvarande om lærlingordninga skal driftast vidare som eit opplæringskontor i kommunalt regi, dvs. at koordinatorressursen må aukast til ei 60 pst. stilling. Lærlingkoordinatoren har tidlegare vurdert behov for ei fagleg ressurs på minst 30 pst., derav 20 pst. i helse og omsorg og 10 pst. i oppvekst. Det er desse sektorane som har flest læreplassar og behov for å kvalitetssikre opplæringa på tvers av avdelingane innan eitt og same lærefag.

Digitaliseringa er på full fart inn i lærlingarbeidet, og det er utfordrande for små kommunar med få ressursar å følgje med på utviklinga. Mange kommunar og opplæringskontor har teke i bruk digitale lærebøker, som hjelper lærlingen å ha struktur og oversikt over opplæringa. Lærlingen kan loggføre aktivitetar og dokumentere kva ein har lært, og følgje med på eige opplæringsløp. Verktøyet vert også nytta til kommunikasjon mellom opplæringskontor, arbeidsplassen og lærlingen. Om ein ikkje heng med i den teknologiske utviklinga kan ein misse verdifull rekruttering av lærlingar, som vel læreplass i kommunar som er betre rigga til å følgje med i den teknologiske utviklinga.

Fleire kommunar har etablert samarbeid om opplæringskontor som administrerer lærlingordninga, tek ansvar for rekruttering og samordning av inntak på tilgjengelege læreplassar, og som har ansvar for oppfølging og opplæring av lærlingar og læreplassar. Slik sikrar ein stordriftsfordeler og kan samle kompetansen i større fagmiljø. Tenesta blir mindre sårbar og betre rigga til å følgje med på den faglege utviklinga og ta i bruk ny teknologi. Eit opplæringskontor kan også nytte ledige læreplassar på tvers av medlemsbedriftene, og slik sikre at flest muleg læreplassar blir tekne i bruk til det beste for lærlingane og lærebedriftene.

**Opplæringskontor for Volda og Ørsta**
Felles opplæringskontor for Volda og Ørsta kommunar har vore på agendaen i meir enn 8 år, utan at dette har blitt realisert. Dette kjem fram m.a. i pkt. 2 i k-sak 119/10 frå møte 11.11.10: *Volda kommune skal arbeide for felles opplæringskontor med Ørsta kommune frå 1.januar 2012.* Det har blitt gjort fleire sonderingar. Personalsjefen i Volda gjorde sist sonderingar i både 2017 og 2018. Begge vart avvist av personalsjefen i Ørsta kommune. Ørsta er nøgd med den ordninga dei har i dag, og ønskjer å halde fram denne.

Ørsta kommunestyre handsama i møte 01.11.18 sak om lærlingordninga. I saka kjem det fram at Ørsta vil halde fram med same organiseringa og administrative ordninga dei har i dag. Eit nærare samarbeid med Volda om lærlingordninga vert ikkje nemnd, utover at det

vert samarbeidd om felles fag- og kursdagar. Det kjem fram følgjande under spørsmål om opplæringskontor:
*Kommunen har ved fleire høve vurdert om det skulle vere aktuelt å gå inn i Søre Sunnmøre opplæringskontor. Det er berre Ørsta og Volda av dei sju kommunane som ikkje har teke del i opplæringskontoret. Både Ørsta og Volda har konkludert med det same; ordninga vert dyrare og det er vanskelegare å fylgje lærlingane opp.*

Volda kommune har ikkje tidlegare utgreidd og vurdert medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre. Det vert først gjort i denne saka.

Det kjem fram i saksutgreiinga at Ørsta vurderer at dei må ha ei 40 pst. koordinatorstilling i kommunen ved eit medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre, og baserer dette på erfaringstal frå Ulstein kommune. Grunna kostnaden til koordinatorstilling og at Opplæringskontoret skal ha noko av lærlingtilskotet til drift, vert medlemskap vurdert å vere meir kostnadskrevjande enn å drifte lærlingordninga i Ørsta kommune. I brev til Ørsta kommune 07.02.19 blir opplysningane korrigert av Opplæringskontoret for søre Sunnmøre:

*I saksframlegget, har det kome fram opplysningar som ikkje er korrekte under avsnittet «Spørsmål om Opplæringskontor». Her har det blitt lagt inn ei oversikt over kostnader med å drive lærlingordninga sjølve, eller å bli medlem i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.*

*I medlemsskap med Opplæringskontoret, skal det ikkje vere naudsynt å løne ein eigen koordinator i stillingsprosent. Det blir heller ikkje gjort i våre medlemsbedrifter.*

*Alle bedrifter som blir godkjente som lærebedrifter, må ha ein fagleg leiar, dette er ofte styrarar i barnehagar, rektorar på ein skule, einingsleiarar på omsorgssenter, eller ein annan person som har dette ansvaret som ein del av sine arbeidsoppgåver.*

*I omsorgstenesta vil dette i periode krevje litt meir av ein fagleg leiar, men dette vert styrt av kor mykje kommunen ønskjer å delegere over til oss i Opplæringskontoret.*

*Når det gjeld overføringar frå Opplæringskontoret til medlemsbedriftene så er det Årsmøtet som vedtek dette. Viser til vedtekter. I eit medlemsskap vil kommunen også få valt inn ein person i styret med personleg vara.*

Det kjem fram av utgreiinga at Ørsta fram til 2019 har hatt 16 læreplassar og 50 pst. ressurs til arbeidet med lærlingordninga; 30 pst. som lærlingansvarleg og 20 pst. fagansvarleg sjukepleiar i helsefaget. Kommunestyret i Ørsta vedtok å auke tal læreplassar til 21 frå 2019.

Lærlingkoordinator i Volda kommune og lærlingansvarleg i Ørsta kommune har over fleire år hatt eit godt samarbeid, m.a. om felles fagdagar for lærlingar. Kommunane har også samarbeidd med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre om felles kursdagar for instruktørar. I hovudsak organiserer Volda og Ørsta lærlingordninga på same måte, i kvar si kommune.

**Opplæringskontoret for søre Sunnmøre**
Opplæringskontoret for søre Sunnmøre skal i år markere 20 år som interkommunalt opplæringskontor på Søre Sunnmøre. Kontoret vart oppretta i Hareid kommune i 1994. I 1999 vart kommunane Ulstein, Herøy og Sande medlemmar, og i 2008 vart Vanylven medlem. Kontoret har per 31.12.18 20 medlemsbedrifter og 66 lærlingar. Gjennom medlemsbedriftene har kontoret godkjenning i 8 lærefag. 15 private bedrifter (barnehagar, barne- og ungdomsskule, folkehøgskule, hotell) er også medlemmar, og 3 nye bedrifter er på veg inn. Det vert arbeidd med eit samarbeid med Helse Sunnmøre. Kontorlokale vart flytta frå Hareid til Ulstein i 2013. Frå 1998 til i dag har kontoret hatt 21 lærlingkull og 339

lærlingar. Opplæringskontoret får gode tilbakemeldingar, både i høve fagleg og økonomisk nøktern drift.

I 2013 gjekk Opplæringskontoret gjennom ei omorganisering og var registrert som sjølvstendig bedrift og organisasjonsforma Foreining, i Brønnøysund-registeret. Kontoret vert leia av eit styre på 7 medlemmar, valt av årsmøte for 2 år. Dei 5 medlemskommunane har kvart sitt styremedlem. Det er 1 styremedlem for dei private bedriftene og 1 for arbeidstakarorganisasjonane. Alle har personlege vara. Lærlingrepresentant og utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har tale- og forslagsrett. Styret møtast minimum 3 gonger per år. Årsmøtet er Opplæringskontoret sitt øvste mynde. Medlemskommunane har 1 stemme kvar, og representantane frå dei privat medlemsbedriftene og arbeidstakarorganisasjonane har 1 stemme kvar.

Opplæringskontoret har 1,7 årsverk; dagleg leiar (100 pst.) og opplæringskonsulent (70 pst.). Dei tilsette har lang og brei erfaring. Dagleg leiar starta i stillinga i 2007 og har bakgrunn og fagbrev som kokk, og er utdanna yrkesfaglærar i restaurant og matfag. Opplæringskonsulenten starta i 2018 og har bakgrunn og fagbrev som hjelpepleiar m.a. i Volda kommune, og er utdanna yrkesfaglærar i helse- og oppvekstfag. Personalreglementet for Herøy kommune vert nytta som personalreglement for Opplæringskontoret.

Opplæringskontoret administrerer lærlingordninga for kommunar/lærebedrifter, og har hovudansvar for at opplæringa skjer etter gjeldande lover og forskrifter. Dei skal arbeide etter vedtekter, retningsliner og kvalitetssystem utarbeidd av utdanningsavdelinga i fylkeskommunen. Oppgåvene inneber m.a.:

- Koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring
- Medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet
- Representere medlemsbedriftene ut mot elevar i vidaregåande skule
- Rekruttere lærlingar til medlemsbedriftene
- Vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift
- Inngå lærekontrakt (part i kontrakten)
- Syte for at lærlingen blir plassert i bedrifter som kan dekkje måla i læreplanen
- Ansvar for oppstart og rullering av lærlingar i samarbeid med kommunar/lærebedrift
- Ansvar for registrering av relasjonar mellom bedrift, lærling og instruktør
- Følgje opp digitale lærebøker/opplæringsplan (OLKWEB)
- Følgje opp lærlingen gjennom læretida
- Melde frå til fylke om sjukemelding og mykje fråvær
- Besøk til alle lærlingar og instruktørar ein gong i halvåret (halvårssamtalen)
- Søkje om ekstra midlar til bedrift der ein har lærling med sakkunnig uttale
- Arbeide aktivt med informasjonsformidling på læreplassane
- Hjelpe til med tiltak for bedrift/lærling ved behov
- Organisere samlingar/kurs for lærlingar, instruktørar og faglege leiarar
- Møteleiar på møter som vedkjem opplæringa
- Kalle inn aktuelle partar til møter som vedkjem opplæringa
- Melde lærlingane opp til fagprøve
- Ansvar for ev heving eller endring av kontrakt
- Gi råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring

*Digitale lærebøker – OLKWEB*
I 2018 sette Opplæringskontoret av ressursar til å få på plass digitale lærebøker i det nettbaserte verktøyet OLKWEB. Dei engasjerte prosjektleiar i 50 pst. stilling i 9 månader, som laga alle kompetansemåla med delmål i lærefaga, og hadde ansvar for opplæring av lærlingar, instruktørar og fagansvarlege. Etableringa hadde ein eingongskostnad på kr 17 375,

og 50-100 lærlingar har ein årleg kostnad på kr 35 000. Kostnadene er inkl. mva. Dvs. ei samla kostnad til etableringa av digitale lærebøker på kr 281 875, inkl. løn til prosjektleiar.

Hausten 2018 vart OLKWEB teken i bruk. Verktøyet hjelper lærlingen å ha struktur og oversikt over opplæringa. Dei kan loggføre aktivitetar, dokumentere kva dei har lært og følgje med i eige opplæringsløp. Verktøyet har ein vurderingsfunksjon som nyttast i dialog mellom Opplæringskontoret og arbeidsplassen/lærlingen, og mellom instruktør, fagleg leiar og lærling. Det er også ein applikasjon til mobiltelefon; OLKMOB. Innføring av digitale lærebøker har bidrege til:

- God oversikt over kompetansemåla og ei tydlegare bevisstgjering av desse
- Konkretisering av kompetansemål gjennom delmål i dei ulike faga, som gir meir lik opplæring for alle.
- Lærling kan laste opp dokumentasjon direkte i systemet (filer og bilete)
- Betre kontroll/oppfølging av den skriftlege gjennomføringa både for Opplæringskontoret og instruktøren
- Lærlingen kan få vurdering og tilbakemelding frå fagleg leiar
- Opplæringskontoret kan gi rettleiing til instruktør
- Moglegheit for ein vurderingsfunksjon i staden for å sende ut papir
- Oversikt over aktivitetar for lærlingar/rettleiarar (møter, kurs mv.)
- Lett tilgjengelege dokument, skjema mv. i ressurssenter
- Gode individuelle tilpassingar med læreplan, t.d. til dei med individuell opplæringsplan
- Tilskotsfunksjon, som skal brukast frå våren 2019

Rettleiingsvideo: https://www.youtube.com/watch?v=g8uq90jh8zQ&feature=youtu.be

*Økonomi og styring*

Opplæringskontoret får overført lærlingtilskotet frå fylkeskommunen for alle lærlingane. Ev særskilde ekstratilskot går direkte til bedrifta. Årsmøtet vedtek kor stor del av tilskotet som skal gå tilbake til medlemsbedriftene, og kva som skal gå til utvikling og drift. Dvs. at medlemskommunane har innflytelse på den økonomiske fordelinga av lærlingtilskotet mellom det Opplæringskontoret skal ha til drift og utvikling, og kor mykje som skal refunderast kommunane og bedriftene som har lærlingar. Refusjon av tilskotet blir delt i høve tal lærlingar i medlemsbedriftene. I 2018 vart det refundert om lag 70 pst. av lærlingtilskotet, som skal bidra til m.a. finansiering av løn til lærlingane og kompensasjon til instruktørane i lærebedriftene. Årsmøtet skal ta stilling til refusjonen for 2019 på årsmøtet 14.03.19. Det kjem fram av årsmeldingar at kontoret driv godt og har god økonomi. Herøy kommune har ansvar for rekneskapen. Revisjonen er ved Søre Sunnmøre kommunerevisjon.

Opplæringskontoret har eiga Facebook-side, sjå link her:
https://www.facebook.com/Opplaeringskontoretsoresunnmore/

Opplæringskontoret har ved fleire høve invitert Volda og Ørsta til å bli med i samarbeidet, og nye Volda kommune er ønska velkomen til å søke medlemsskap. Søknad om medlemskap vert avgjort av styret. Medlemmar vert tekne opp etter at avgift på kr 1 000 er betalt. Avgifta skal betalast årleg. Utmelding skjer med 1 års varsel. Lærlingar som har oppretta kontrakt gjennom Opplæringskontoret skal fullføre læretida gjennom dette forholdet, sjølv om bedrifta seier opp sitt medlemsforhold før kontraktfesta læretid er avslutta.

Erfaringane Ulstein kommune har etter 20 års medlemskap i Opplæringskontoret er formidla av personalsjefen i Ulstein, som har det overordna ansvaret for lærlingordninga i kommunen, og er fast medlem av styret. Personalrådgjevar i personalavdelinga er personleg vara. I tida personalsjefen var styreleiar kom det svært gode tilbakemeldingar frå fylkeskommunen på kvaliteten i arbeidet til Opplæringskontoret. Dei driv fagleg godt og har god og nøktern økonomi. Det medfører ikkje mykje arbeid med å vere styremedlem, men ein får nyttig

informasjon og har høve til å påverke. Styreleiar har ein del ekstra arbeid som arbeidsgivar for dagleg leiar. For ekstra arbeid får medlemsbedrifta som har styreleiar, refundert lærlingtilskot for 1 ekstra lærling enn det bedrifta har.

Personalavdelinga i Ulstein kommune budsjett- og økonomiansvar, og skriv arbeidsavtale med lærlingen. Helse og omsorg har eigen fagansvarleg. I andre sektorar har einingsleiar fagleg ansvar. Det er ikkje sett av eigen ressurs til å ha eit slikt fagansvar. Instruktørane får eit funksjonstillegg som i Volda. All utlysning og behandling av søknader vert gjort av Opplæringskontoret. Kommunen har meldt inn kapasitet på 16 lærlingar til ei kvar tid, og kontoret tek kontakt med personalavdelinga for å avklare behov, formidle ønskje og oversikt over aktuelle søkarar. Ulstein kommune opplever eit svært godt samarbeid med Opplæringskontoret. Dei har god kompetanse og eit sterkt engasjement for lærlingane. Dei har høve til å ha eit nettverk og vere oppdatert på ein måte kommunen ikkje hadde greidd sjølve. Kontoret driv nøkternt og godt, og tilbakemeldingane frå utdanningsavdelinga er svært gode. Om Volda vel å bli med i dette samarbeidet, står vi enda sterkare og vil ha eit godt tilbod til ungdom og vaksne som tek fagopplæring i kommunale fag. Det er eit stort pluss at dei tilsette i Opplæringskontoret er samtalepartnar både til lærlingen, arbeidsgivar, utdanningsavdelinga, føresette og samarbeidspartar som PPT, helsevesenet og OT. Det er bra for alle partar at einingsleiarar og personalavdelinga ikkje har dette ansvaret åleine.

**Vurdering og konklusjon:**
Det er fleire grunnar til at nye Volda kommune bør ta i mot lærlingar og ha ei god organisering av lærlingordninga. Kommunal sektor vil ha store framtidige rekrutteringsbehov innafor fleire kommunale fag, særleg i helse og omsorg. Prognoser viser at vi vil trenge 54 000 nye årsverk i sektoren fram mot 2030. Fram mot 2050 er det estimert eit behov for 130 000 årsverk. Alle profesjonar må bidra. For å sikre ettervekst av faglært arbeidskraft i kommunal tenesteproduksjon, må kommunen legge til rette for at elevar kan fullføre fagopplæringa si. Fagarbeidaren vil stå for den tettaste kontakten med brukaren. Dyktige og kompetente fagarbeidarar er avgjerande for å sikre eit berekraftig velferdssamfunn.

Kommunen har også eit samfunnsansvar å leggje til rette for at elevar skal få fullføre fagutdanninga. Mange står utan læreplass. I Møre og Romsdal sto 1 av 3 utan læreplass ved utgangen av 2018, dvs. 376 personar. Held denne utviklinga fram vil landet mangle 90 000 fagarbeidarar i 2035 (SSB). Landstinget i KS rår kommunane til å ha minst to lærlingar per 1 000 innbyggjarar. Nye Volda kommune bør ut i frå desse signala minst ha 21 lærlingar.

Mål for samanslåinga av Hornindal og Volda kjem fram av intensjonsplanen. Strategiske satsingsområde i nye Volda kommune er sysselsetting, digitalisering og kompetanseutvikling. Saman med nabokommunar skal nye Volda kommune ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region, sikre gode tenester med høg kvalitet, vere ein attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester, ha ein sterkare gjennomslagskraft utad, vere ein utviklingsaktør, byggje ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune, leggje til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu- og arbeidsområde i alle delar av kommunen. Vi skal byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø, løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting. Retningsvalet for framtidig interkommunale tenestesamarbeid gir føringar om eit samarbeid med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Om nye Volda kommune skal drifte lærlingordninga i eigen regi med oppgåver som i eit opplæringskontor, kan ein halde fram samarbeidet med Ørsta og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre om fag-/opplæringsdagar for lærlingar og instruktørar. Ei slik organisering vil gi eit relativt lite fagmiljø, og det er sårbart ved sjukdom og permisjonar. Administrering og oppfølging av lærlingordninga er meir omfattande enn tidlegare år. Det vil vere mest uråd å

sikre den breidda og djupna som er ønskjeleg i kompetansen til eit opplæringskontor, som har dette som primæroppgåve.

Det er utfordrande for små kommunar med få ressursar å følgje med i den teknologiske utviklinga. Om ein ikkje heng med kan ein misse verdifull rekruttering av lærlingar og framtidig faglært arbeidskraft, om desse vel læreplass i kommunar som er betre rigga til å følgje med i utviklinga. Opplæringskontoret for søre Sunnmøre har siste året nytta betydelege ressursar på å ta i bruk ny teknologi med digitale lærebøker. Dette bidreg til auka kvalitet i opplæringa og meir effektiv forvaltning, og gir høve til effektiv kommunikasjon mellom Opplæringskontoret, lærlingen og arbeidsplassen. Ein tilskotsfunksjon skal også takast i bruk i OLKWEB, frå våren 2019.

Rolle- og ansvarsfordelinga mellom Opplæringskontoret for søre Sunnmøre og kommunen kjem fram av vedlegg 6. Ved medlemskap i Opplæringskontoret vil dei overta ansvar og oppgåver som lærlingkoordinatoren i Volda kommune har hatt. Det er ikkje behov for kommunen å ha ein koordinator i ein viss stillingsprosent. Dette har heller ikkje dei andre medlemskommunane. Alle lærebedrifter må ha ein fagleg leiar, noko som er ivareteke i alle einingar som har læreplass i både Hornindal og Volda kommunar. Særleg i helse og omsorg kan dette i ei periode krevje litt meir av ein fagleg leiar, men dette vert styrt av kor mykje kommunen ønskjer å delegere til Opplæringskontoret.

Sonderingar over fleire år om interkommunalt samarbeid med Ørsta om lærlingordninga, har ikkje ført fram. Ein kan ikkje sjå at dette vil endre seg på kort sikt, all den tid sak om lærlingordninga nyleg har vore politisk handsama i Ørsta kommunestyre. Ut i frå dette har nye Volda kommune to alternativ når det gjeld å rigge arbeidet med lærlingordninga: Melde seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre, eller administrere arbeidet i eigen regi.

*Alt. 1: Innmelding i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre*
Volda kommune samarbeider tett med kommunane på søre Sunnmøre på mange tenesteområde. På nokre område deltek alle kommunane t.d. i SSIKT-samarbeidet, på andre område deltek berre eit utval av kommunane t.d. i barnevernssamarbeidet. Gjennom samarbeid om eit interkommunalt opplæringskontor har dei 5 kommunane på ytre søre Sunnmøre oppnådd stordriftsfordelar til å handtere spesialiserte tenester i lærlingarbeidet. Fagkompetansen er samla i større fagressurs og fagmiljø, og tenesteproduksjon er mindre sårbar. Dei er betre rigga til å følgje med i utviklinga og møte framtidige behov, for å tilpasse seg utviklinga og ta i bruk ny teknologi. Dei har lang erfaring, lokal kunnskap om kommunane og næringslivet i regionen, og jobbar aktivt inn mot skular og yrkesmesser for rekruttering av lærlingar til yrkesfaga i medlemsbedriftene. Med fleirtalet av kommunane på Søre Sunnmøre som medlemsbedrifter, har Opplæringskontoret god kunnskap og oversikt innafor kommunale lærefag. Ledige læreplassar vert nytta på tvers av lærebedriftene. Dei får stadig nye medlemsbedrifter, og er i dialog med Helse Sunnmøre og Volda sjukehus for samarbeid om læreplassar. Fleire private barnehagar og bedrifter er medlemmar, som opnar for samhandling med øvrig næringsliv, gir auka kompetanse og attraktivitet, og inntekter til drifta. Kontoret har god administrativ, fagleg og  økonomisk nøktern drift. Om Volda søker medlemsskap vil kommunane stå enda sterkare saman, og samla få eit godt tilbod til ungdom og vaksne som tek opplæring i kommunale fag.

*Alt. 2: Administrere lærlingordninga i eigen regi i nye Volda kommune*
Å administrere lærlingordninga i eigen regi vil innebere at nye Volda kommune vil ha eit sjølvstendig administrativt og fagleg ansvar for opplæringa og oppfølginga av lærlingane. Dvs. at personalavdelinga og/eller einingar har ansvar for kvalitet og kontinuitet i den praktiske delen av fagopplæringa, for å sikre lærlingane eit godt grunnlag for å gjennomføre og bestå fagprøve. Arbeidet inneber rekruttering og inntak, kontakt med skular og

fylkeskommunen, og informasjons- og opplæringsansvar for lærlingar og tilsette. Dagleg opplæring og fagansvar vil uavhengig av organisering ligge i eininga som har lærling. Arbeidet må riggast for å følgje med på den faglege og teknologiske utviklinga, og det må setjast av tilstrekkelege ressursar til arbeidet. Det er vanskeleg å vite kor stor koordinatorressurs ein treng, men naturleg at den aukast i høve tal lærlingar, dvs. til 60 pst. Det må nærare vurderast kva behov ein må stette i einingane. Det er tidlegare vurdert at sektor helse og omsorg og oppvekstsektoren til saman treng ei 30 pst. fagressurs. Det må også setjast av stillingsressurs til å få på plass digitale lærebøker, samt til etablering og drift. Å sikre tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse på dette spesialområde med få lærlingar og tilgjengelege ressursar, gjer dette til eit sårbart alternativ.

Med avgrensa ressursar vert det krevjande for nye Volda kommune å byggje ny kompetanse etter lærlingkoordinatoren sluttar. Fagmiljøet vert lite og sårbart, og det er utfordrande å rigge ei berekraftig teneste for å møte behov og krav som tvinger seg fram. Rådmannen rår difor til at nye Volda kommune riggar ei meir framtidsretta organisering av lærlingordninga i samarbeid med andre kommunar, som sikrar tilstrekkeleg fagkompetanse, kvalitet og kontinuitet i arbeidet. Slikt samarbeid er allereie godt rigga mellom kommunane på ytre søre Sunnmøre gjennom 20 års samarbeid om felles opplæringskontor. Tilbakemeldingar viser at kontoret har godt omdøme både i høve administrativ, fagleg og økonomisk nøktern drift. Eit medlemsskap av nye Volda kommune vil gi auka stordriftsfordelar ved å samle fagmiljø for kompetent og effektiv forvaltning av oppgåver og ressursar til lærlingordninga.

Rådmannen rår til at Volda kommune søker medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.19. Dette vil sikre overlapping mellom Opplæringskontoret, lærlingkoordinator, fagansvarlege og instruktørar, før neste kull med lærlingar tek til ved skulestart til hausten. Dette er også fornuftig i høve lærlingtilskotet der perioden for 2. halvår er frå 01.07.19-31.12.19. Det vert også lagt fram ei eiga sak for fellesnemnda med innstilling om at dei sluttar seg til ei slik løysing ettersom den vil binde den nye kommunen frå 01.01.20. Hornindal kommune kan ev også slutte seg til Opplæringskontoret for søre Sunnmøre i løpet av 2019.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Å vere ein del av eit større og robust fagmiljø som er rusta til å setje i verk administrative og faglege tiltak for medlemskommunane, vil gi ei meir berekraftig og framtidsretta tenesteforvaltning, og helse, miljø og samfunnsmessige innsparingar i framtida.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kostnader med utgifter til lærlingordninga i Hornindal har vore årleg medlemskontingent på kr 10 000 til OKOS, samt differansen mellom refusjon av 70 pst. lærlingtilskot og kostnader til lærlingløn og variable tillegg. I 2018 utgjorde refusjon av lærlingtilskotet kr 53 568.

Under følgjer kostnadsoversikt ved å velje alternativ 1 eller alternativ 2, basert på erfaringstal frå Volda kommune. Det er ikkje teke høgde for lønsjustering av lærlingløn, og det er ikkje kjend kor stor del av lærlingtilskotet som vert refundert lærebedriftene. Refusjon for 2019 vert først vedteke på årsmøte i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre 14.03.19. Verdiskapinga til lærlingane er medrekna i oversikta. Lærlingane har 50 pst. fagarbeidarløn i 2 år, fordi ein reknar at dei er 50 pst. i opplæring og gir 50 pst. verdiskaping for bedrifta. Verdiskapinga skjer ved at lærlingane går inn som vikar eller blir sett opp på sjølvstendige vakter. Slik reduserer einingane vikarkostnader. Verdiskapinga kan også vere i form av arbeid som bidreg til kvalitetsauke og/eller kvantitetsauke på arbeidsplassen.

***Kostnader med lærlingordninga i Volda kommune i 2018***

| **Kostnader med 20 lærlingar i 2018** | **SUM** |
|---|---|
| Lærlingløn | 4 250 000 |
| Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år) | 240 000 |
| Lærlingkoordinator 30 pst. stilling | 250 000 |
| **Brutto utgift** | **4 740 000** |
| Lærlingtilskot frå fylkeskommunen | 1 200 000 |
| Utgifter 20 lærlingstillingar | 3 540 000 |
| Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida) | 2 125 000 |
| **Netto utgift** | **1 415 000** |

***Alt. 1. Kostnader med medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre***

| **Kostnader med 20 lærlingar i 2019** (halvårsverknad) | **SUM** |
|---|---|
| Lærlingløn | 4 250 000 |
| Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år) | 240 000 |
| Medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre | 1 000 |
| **Brutto utgift** | **4 491 000** |
| Lærlingtilskot frå fylkeskommunen *(om lag 50 pst. refusjon 2. halvår)* | 900 000 |
| Utgifter 20 lærlingstillingar | 3 591 000 |
| Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida) | 2 125 000 |
| **Netto utgift** | **1 466 000** |

| **Kostnader med 20 lærlingar i 2020** (heilårsverknad) | **SUM** |
|---|---|
| Lærlingløn | 4 250 000 |
| Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år) | 240 000 |
| Medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre | 1 000 |
| **Brutto utgift** | **4 491 000** |
| Lærlingtilskot frå fylkeskommunen *(om lag 50 pst. refusjon heile året)* | 600 000 |
| Medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre | 1 000 |
| Utgifter 20 lærlingstillingar | 3 891 000 |
| Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida) | 2 125 000 |
| **Netto utgift** | **1 766 000** |

***Alt. 2. Kostnader med å administrere lærlingordninga i eigen regi i Volda kommune***

| **Kostnader med 20 lærlingar i 2019** | **SUM** |
|---|---|
| Lærlingløn | 4 250 000 |
| Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år) | 240 000 |
| Lærlingkoordinator 60 pst. stilling* | 500 000 |
| **Brutto utgift** | **4 990 000** |
| Lærlingtilskot frå fylkeskommunen | 1 200 000 |
| Utgifter 20 lærlingstillingar | 3 790 000 |
| Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida) | 2 125 000 |
| **Netto utgift** | **1 665 000** |

**Det er ikkje teke stilling til behov for fagleg ressurs i sektor helse og omsorg og oppvekst. Om ein legg inn ei 30 pst. stilling til dette, vil netto utgift auke med kr 250 000, til kr 1 915 000.*

Dersom Volda kommune skal administrere lærlingordninga i eigen regi må ein også ta høgde for kostnader til å få på plass digitale lærebøker. Erfaringstal frå Opplæringskontoret tilseier at Volda må budsjettere med kr 255 000 med 0-50 lærlingar første året ein etablerer og tek

dette i bruk. Ei årleg kostnad seinare år vil vere på om lag kr 21 700 eks. mva., samt ressursar til drift og vedlikehald.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Berit Lyngstad |
| Rådmann | personalsjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Rådmannen i Hornindal kommune
Personalavdelinga i Hornindal kommune
Personalavdelinga i Volda kommune
Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

# VOLDA KOMMUNE
## Rådmann

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTI «POSTSTED»
»

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2019/500 | 3946/2019 | A56 | ADM/ JOAROD | 08.03.2019 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - ORGANISERING AV LÆRLINGORDNINGA I VOLDA KOMMUNE - HANDSAMING I FELLESNEMNDA**

Vi melder med dette frå at Fellesnemnda for nye Volda kommune den 07.03.2019, hadde føre ovannemnde som sak PS 17/19, der det vart gjort slikt vedtak:

***Fellesnemnda for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune melder seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre gjeldande frå 01.07.19.***

***Denne avtalen vert å vidareføre i ny kommune frå 01.01.20.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Joakim Rødven
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:
Nina Kvalen

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Nina Kvalen | Arkivsak nr.: | 2019/500 |
| | | Arkivkode: | A56 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 17/19 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 07.03.2019 |

## ORGANISERING AV LÆRLINGORDNINGA I VOLDA KOMMUNE - HANDSAMING I FELLESNEMNDA

**Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune melder seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre gjeldande frå 01.07.19.**

**Denne avtalen vert å vidareføre i ny kommune frå 01.01.20.**

### *Handsaming:*

**Røysting**:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### *Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.03.2019*

Fellesnemnda for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune melder seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre gjeldande frå 01.07.19.

Denne avtalen vert å vidareføre i ny kommune frå 01.01.20.

**Vedleggsliste:**
Organisering av lærlingordninga i Volda kommune: Saksutgreiing med vedlegg for handsaming i Volda formannskap og kommunestyre i mars 2019.

**Uprenta saksvedlegg:**

Hornindal: K-sak 044/14 i møte 12.06.14: Opptak av TAF-lærling.

**Saksopplysningar:**
Bakgrunn for saka er at stillinga som lærlingkoordinator i Volda kommune blir ledig frå august 2019, grunna overgang til pensjon. Volda kommune må ha på plass ei ny løysing, og administrasjonen har vurdert ulike alternativ for framtidig organisering av lærlingordninga i Volda kommune.

Sentralt i vurderingane er å sikre tilstrekkeleg fagkompetanse, kvalitet og kontinuitet i arbeidet, og rigge ei berekraftig teneste for å møte behov og krav som tvinger seg fram.

Som følgje av at Hornindal og Volda vert ei kommune frå 01.01.20, må ein også ta stilling til korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune. Saka vert difor først lagt fram for fellesnemnda, før handsaming i formannskapet og kommunestyret i Volda i mars 2019.

Hornindal kommune er i dag medlem av Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS). Av vedlagde utgreiing kjem det fram korleis lærlingordninga er organisert i begge kommunane.

**Vurdering og konklusjon:**
Fellesnemnda har tidlegare gjort prinsippvedtak om at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre eller Sunnmøre. Retningsvalet vil såleis gi naturlege føringar om å innleie eit samarbeid om lærlingordninga med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Rådmannen rår til at Fellesnemna for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune søker medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.19, ettersom dette vil binde den nye kommunen frå 01.01.20.

Hornindal kommune kan ev også slutte seg til Opplæringskontoret for søre Sunnmøre i løpet av 2019.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kjem fram av vedlagde saksutgreiing.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Politisk sekretær i Volda kommune
Personalavdelinga i Volda kommune
Rådmannen i Hornindal kommune
Personalavdelinga i Hornindal kommune

# INFORMASJON OM LÆRLINGORDNINGA

## Lærlingen sitt tilsettingsforhold

Lærlingane følgjer vanlege søknadsprosedyrer på utlyste stillingar (læreplassar). Søknadane blir gjennomgått av avdelingsleiar/personalkonsulent i dei aktuelle avdelingar / sektorar og lærlingkoordinator. Aktuelle søkjarar blir kalla inn til intervju og referansar blir sjekka før søkjar får tilbod om læreplass.

Tilbod om læreplass vert sendt i posten til søkjar. Dersom søkjer tek imot læreplassen skriv han under på skjemaet og sender det tilbake til kommunen. Lærlingkoordinator melder til fylket kven som har fått lærlingstilling ved å registrerer dei på vigobedrift.no.

På bakgrunn av denne meldinga / registreringa skriv Møre og Romsdal fylkeskommune v/utdanningsavdelinga den formelle lærlingkontrakta og sender den til kommunen. Lærling, fagleg leiar og ansvarleg leiar skriv under lærekontrakta og sender den i tilbake til utdanningsavdelinga. Dei behandlar kontrakta formelt og lærling og kommune får tilbake gyldig lærlingkontrakt med avtalt dato for læretida. Kontrakta er bindande i den tida som er avtalt.

*Arbeidsavtale - mellombels tilsetting*

I tillegg til lærekontrakta skal lærlingen ha arbeidsavtale med Volda kommune for same tidsrom som lærekontrakta. Lærlingen er då mellombels tilsett i kommunen og har same rettar og plikter som andre tilsette. Lærekontrakt og arbeidsavtale gjeld for same tidsrom, er avhengige av kvarandre og opphøyrer ved sluttdato.

Utviding av læretida kan bli vurdert av kommunen i samråd med utdanningsavdelinga i fylkeskommunen, t.d. ved langvarig sjukefråvær eller permisjon. Ved slikt fråvær bør kontrakta stoppast mellombels.

Dersom lærlingkontrakta vert sagt opp før avtaletida, må arbeidsavtalen også seiast opp. Oppseiingstida er 1 månad.

**Teieplikt**

Lærlingar med yrker der ein behandlar sensitive opplysningar, har teieplikt i samsvar med Forvaltningslova. Nokre yrker har også teieplikt i samsvar med særlov, t.d.helsepersonell-lova. Lærlingane må skrive under på teieplikt-skjema og praktisere reglane strengt.

**Arbeidstid**

Lærlingane er tilsette i 100% stilling og har 37,5t arbeidsveke. Dei lærlingane som arbeider i oppsett turnusplan har 35,5t arbeidsveke.

**Fråvær**

*Sjukdom*

Lærlingen melder sjukefråvær, som andre tilsette, til avdelingsleiar i avdelinga. Fråværet skal meldast straks ein veit at ein må vere borte frå arbeid, seinast første fråværsdag. Sjukefråvær skal dokumenterast med eigenmelding eller sjukemelding. Eigenmelding kan lærlingen nytte etter å ha vore tilsett i 2 månader. Sjukdom før den tid må dokumenterast ved sjukemelding frå lege.

*Permisjon*
Lærlingen har same permisjonsrettar som andre tilsette. Jfr. permisjonsreglementet i Kvalitetslosen. Alle permisjonar, med eller utan løn, må søkjast på eige søknadsskjema. Søknaden skal leverast til avdelingsleiar.

*Ferie*
Lærlingen har rett til fem (5) veker ferie pr kalendarår. Ferie skal alltid avtalast med avdelingsleiar. For å få løn i ferien må lærlingen ha arbeidd opp feriepengar året før.

**Løn**
Lærlingane får løn i samsvar med kapittel 6.1.2 i Hovedtariffavtalen (HTV). Dei får ei årsløn for fagarbeidar utan ansienitet, stillingskode 7517, fordelt over to lærlingår, det vil seie at dei får 50% løn kvar månad heile læretida. Dette er etter avtale med Fagforbundet.

Når lærlingane arbeider i turnus får dei tillegg for arbeid kveld/natt, helg og høgtid i samsvar med Hovudtariffavtalen kapittel 1, § 5.2, 5.3 og 5.4.1.

Lærlingløna er budsjettert og blir rekneskapsført i personalavdelinga. Lærlingkoordinator og lønsavdeling har ansvar for at lærlingane blir registrert i lønssystemet når dei startar i stillinga. Avdelingsleiar på dei ulike avdelingane lærlingen arbeider, tilviser tillegga lærlingane skal ha. Tillegga skal utgiftsførast på avdelinga lærlingen arbeider.

**Pensjon**
Lærlingane er ikkje med i arbeidsgjevar si tenestepensjonsordning. Jfr. HTA kap.6.1.15.

**Overtid**
Lærlingar under 18 år skal ikkje ha overtid. Jfr. HTA kap.6.1.11.
Lærlingen arbeider i 100% stilling og skal i prinsippet ikkje arbeide ut over stillinga si. I unntakstilfelle kan lærlingar over 18 år spørjast om å ta ekstravakt. Då skal lærlingen betalast etter overtidsreglane i HTV kapittel 1, § 6.

**Tøygodtgjerdsle** blir utbetalt når lærlingane er på praksisplassar som krev spesielt arbeidstøy og lærlingen må halde arbeidstøy sjølv. Avdelingsleiar melder dette til lønskontoret.

**Opplæringsansvar, instruktør**
Lærlingane er i lære gjennom heile lærlingtida. På kvar arbeidsplass har lærlingen ein instruktør som har hovudansvar for å veilede lærlingen fagleg. I tillegg til praktisk opplæring og utøving av faget skal lærlingen arbeide med opplæringsmåla for faget. Kvart av læremåla i fagplanen er gjort om til ei oppgåve lærlingen skal arbeide med. Instruktørane skal hjelpe lærlingane ved å drøfte oppgåvene og gje rettleiing. Når oppgåvene er gjennomførte både teoretisk og praktisk, skal instruktøren godkjenne oppgåvene og signere.
Lærlingen skal få avsett 1,5 - 2 t pr veke til arbeid med opplæringsmåla og samtale med instruktøren.

Instruktøren får eit funksjonstillegg på kr 1000 pr mnd (pr. 01.01.18) for ekstra arbeid og ansvar med opplæring av lærlingen. Avdelingsleiar melder til lønsavdelinga kven som er instruktør og kva tidsrom dei skal ha funksjonstillegg for. Kopi av meldinga til lærlingkoordinator

**Politiattest**
Alle lærlingar som skal arbeide med barn og unge og/eller i helse- og omsorgssektoren skal levere politiattest. Attesten skal leverast lærlingkoordinator når lærlingen tek imot stillinga eller seinast til avdelingsleiar første arbeidsdag. Avd.leiar sender politiattesten til lærlingkoordinator. Motteken og godkjend politiattest blir notert under merknadsfana i personalmappa til lærlingen.



## Ansvar for opplæringa til lærlingane

Fleire aktørar har ansvar for at lærlingane har ei god læretid og får den opplæringa dei skal ha.

**Møre og Romsdal fylkeskommune, utdanningsavdelinga**, har ansvar for dei vidaregåande skulane i fylket. Læretida er ein del av vidaregåande opplæring.

**Fagavdelingane/ leiar sitt ansvar**
Helse og omsorg ved avdelingsleiarane (helsefag) og kjøkkensjefen (institusjonskokk)
Opplæring og oppvekst v/rektorar og barnehagestyrar

- Gjennomgå søknader og prioritere ilag med lærlingkoordinator. Delta på intervju.
- Inngå lærekontrakt og arbeidsavtale
- Avtale kven som skal vere instruktør og legge til rette for at arbeidet kan utførast
- Sørge for at instruktørane får utbetalt funksjonstillegget
- Sørge for arbeidsmiljø som fremjar læring
- Sjå til at lærlingane får delta på fagkurs og i sosiale samanhengar på arbeidsplassen
- Sørge for at instruktøren tek imot lærlingen første dag/veke
- Sikre at lærlingen får same opplæring som andre nye medarbeidarar
- Lage turnus/arbeidsplan mest mogeleg i samsvar med instruktør si arbeidstid
- Sørge for at lærlingen får tid til arbeid med lærepermen

**Lærlingkoordinator sitt ansvar**

- Initiere utlysing av lærlingstillingar i februar kvart år, samle søknader og planlegge intervju ilag med fagavdelingane. Gjennomføre intervju, prioritere og tilsetje lærlingar.
- Melde til Utdanningsavdelinga i Fylkeskommunen, via vigo.no, kven kommunen tilbyr lærlingkontrakt
- Ha klar inndeling av læretida og kven som er instruktør når lærlingen startar
- Melde til lønskontoret kva tid lærlingane startar i arbeid
- Overordna ansvar for at opplæringa er i tråd med læreplanen
- Instruktør/rettleiar for instruktørane har avdelingsleiar/styrar/rektor/kjøkkensjef ansvar for å avtale og melde til lærlingkoordinator.
- Instruktørmøte lokalt i september kvart år

- Intern plan for opplæring, opplæringsplanen
  - Bedrifta/avdelinga si målsetting
  - Arbeidsoppgåver i tråd med kvart av kompetansemåla
  - Arbeidsoppgåver i tråd med lærlingen sin kompetanse
  - Kurs/opplæring lærlingen må ha (medikament, forflytting, fagtema…) Set opp 2-årsplan i lag med Ørsta. Kontaktpersonar i Ørsta er Hilde Flotve Mo.
  - Undervegsvurdering ilag med instruktør
  - Internkontroll – eigenvurdering av avd. som lærebedrift
  - Vurdere kompetanse og haldning til instruktøren og hans/hennar opplæringsbehov
- Delta på evaluering av lærlingen minst kvart ½ år, i praksis ved avslutning av kvar praksisperiode. Få kopi av evalueringsskjema og oppbevare til fagprøva er bestått.
- Oppmelding til fagprøve
- Vurdere haldning og kompetanse til instruktør
- Oppfølgjing og tilsyn av opplæringa i bedrifta

**Instruktøren sitt ansvar**

- Sette seg inn i læreplanen og gje opplæring i samsvar med den
- Vere tilgjengeleg for lærlingen
- Sette av tid til samtale med lærlingen
- Instruere og veilede i dagleg arbeid
  - Bistå lærlingen, vere ved sida
  - Instruere når nye vanskelege oppgåver, gå framfor
- Gje gode og klare tilbakemelding på fagleg og personleg utvikling i det daglege
  - Velfortent og konkret ros
  - Fagleg refleksjon over oppgåver og hendingar der og då gjev størst læringseffekt
- Bindeledd mellom lærling og fagleiar/lærlingkoordinator
- Ta lærlingen med på planlegging og deretter la lærlingen ta ansvar for planlegging, gjennomføring og eigenvurdering av arbeidsoppgåver, notere og korrigere avvik i planen
  - Er planen god og detaljert nok, fått med alt?
- Svare på spørsmål og hjelpe lærlingen til å grunngje handlingane sine
- Kombinere instruksjon og veiledning
- Bruke fagleg refleksjon i opplæringa, Stimulere til fagleg nysgjerrigheit
  - Slik gjer vi det her, kvifor? Kva kan gjerast annleis?
  - Teori i praktisk samanheng
  - Bruke spørsmåla kvifor gjorde du, kva hende/var resultatet, kva kunne du gjort annleis, hvis du gjorde slik – kva ville då vere resultatet?
- Gjennomføre mini-fagprøve på kvar praksisavdelingto der lærlingen er minst 4 mnd.
- Dokumentering av opplæringa
  - Minifagprøve i kvar praksisperiode som varer 4 mnd eller meir
  - Skriftleg tilbakemelding på miniprøva
  - Planlagd lærlingsamtale og evaluering på slutten av kvar praksisbolk, minst kvart ½ år, type medarbeidarsamtale, inkl. skriftleg evaluering:
  - Korleis fungerer lærlingen i bedrifta, på avdelinga, i samarbeid med pasient og medarbeidarar
  - Korleis går arbeidet

  - Korleis fungerer opplæringa
  - Oppsummere slik at felles forståing for konklusjon og begge skrive under
  - Kva arbeidd med siste perioden, korleis fått gjennomført måla
  - Plan for neste periode – spesielt fokus? Spesiell tilrettelegging?
- Info-møte med instruktør på ny avdeling. Lærling ha med tidlegare evalueringar og kor langt komen med lærepermen
- **Instruktør for kokkelærling kan, ilag med fagleiar, avtale at kokkelærlingen får kurs/praksis i anna bedrift, t.d. slakteri, fiskemat, diettkjøkken, bakeri ved behov**

**Lærlingen sitt ansvar, rettar og plikter**

- Lærlingen skal følgje personalreglementet i bedrifta på linje med andre tilsette. I tillegg har lærlingen rett til opplæring i samsvar med fagplanen for yrket.
- Lærlingen har ansvar for eiga læring
- Lærlingen er vanleg arbeidstakar, men med rett til særleg opplæring
- Lærlingen følgje arbeidstida i bedrifta
- Lærlingen skal dokumentere opplæringa ved logg og opplæringsperm slik at utviklinga blir synleg
- Lærlingen får veiledning i det daglege, ved planlagde samtalar med instruktør og på evalueringssamtale minst kvart ½ år ( om fagleg utvikling, trivsel, innsats, motivasjon, samarbeid)
- Lærlingen har ansvar for å avtale evaluering med instruktør og melde tidspunkt til koordinator.
- Lærlingen skal førebu seg til fagprøve gjennom å lære i dagleg arbeid, ta imot veiledning, arbeide med læringsmåla og gjennomføre minifagprøve 2-4 gonger
- Lærlingen skal bruke verneutstyr og følgje andre HMS reglar på arbeidsplassen

**Vurderingsarbeid**

Undervegsvurdering

- Skulder ved skulder vurdering i det daglege, undervegs i og etter arbeidsoppgåver
- Systematisk vurdering i faste avtalte samtalar
- Evalueringssamtale minst kvart ½ år med instruktøren (ansvarleg). Lærlingkoordinator deltek på desse samtalane
- Lærling gjer eigevurdering
- Lærling skal dokumentere arbeid med læringsmåla

Vurderingsområder:

- Fagkompetanse
- Generell kompetanse (spesielt skriftleg og muntleg kommunikasjon)
- Orden/åtferd ( samhandling, sjølvstende, initiativ, planlegging)
- Handelag/gjennomføring
- Etikk, økonomi

Volda okt.2018

# Volda kommune

Pr 01.11.18 har Volda kommune

**18 lærlingar**

# Organisering

- Lærling koordinator
- Einingsleiarar (avd.leiar, styrar, rektor)
- Instruktørar/veiledarar (fagperson)

# Roller og ansvar i høve til lærlingar

- Administrativt ansvar: Lærlingkoordinator
- Fagansvarleg: Einingsleiar/styrar/rektor
- Instruktør/ veileder: Fagperson på kvar avdeling
- Næraste overordna: Einingsleiarar/styrar/rektor
- Tilsette på arbeidsplassane – viktig at alle er involvert og bidreg til godt arbeidsmiljø og læringsmiljø

Volda kommune

# Lærlingkoordinator

Administrativt ansvar for lærlingarordninga i Volda kommune:

- ✓ Rekruttere lærlingar – annonse, vg.skule, råd og rettleiing
- ✓ Tilsette lærlingar – søknader, intervju/samtale, referanser, prioritere i samarbeid med eit par einingsleiarar/fagkonsulentar, arbeidsavtale
- ✓ Opprette lærekontrakt mellom bedrifta og lærlingen og melde til fylkeskommunen (VigoBedrift)
- ✓ Sørge for interne opplæringsplanar i samsvar med faga sine kompetansemål (plassering og rullering i bedrifta)

# Lærlingkoordinator

- ✓ Ha oversikt over lærlingane og om evt. særlege utfordringar tilrettelegge opplæringa
- ✓ Delta på alle formelle evalueringsmøte med lærling, veileder og evt. fagleiar
- ✓ Delta på andre møter initiert av lærling, veileder eller fagleiar
- ✓ Handtere konfliktar mellom fagleg leiar, veileder og lærling
- ✓ Gje ny veileder og fagleiar opplæring, vere støttespelar
- ✓ Melde lærlingen opp til fagprøve

Volda kommune

# Lærlingkoordinator

- ✓ Samarbeide med vidaregåande skule, til dømes partnarskapsavtale, avtale om å ta imot elever i prosjekt til fordjuping (praksis i avdeling), om nye lærlingar og lærekandidatar
- ✓ Samarbeid med Ørsta og Søre Sunnmøre opplæringskontor om veilederkurs årleg
- ✓ Samarbeid med Ørsta om fagsamlingar for lærlingane
- ✓ Ha kontakt og samarbeide med representantar for arbeidstakarane
- ✓ Samarbeide med utdanningsavd. i fylkeskommunen

- ✓ Råd og rettleiing til tilsette og andre som ønskjer å kvalifisere seg til fagarbeidar

# Rolla som instruktør

Instruktøren er lærlingen sin næraste støttespelar og har ansvar for:

- ✓ å rettleie og støtte lærlingen i arbeidet
- ✓ å sikre at lærlingen får varierte arbeidsoppgaver og utfordringer og ansvar etter kvart som han/hun er klar for det
- ✓ å motivere lærlingen til medverknad, innsats og læring
- ✓ å legge til rette for tryggleik, trivsel og eit godt læringsmiljø
- ✓ å gje jamlege og systematiske tilbakemeldingar og vurderingar (undervegsvurdering)
- ✓ å sørgje for at opplæringa skjer i samsvar med intern opplæringsbok og læreplanverket
- ✓ å melde frå om avvik til fagleg leiar, evt. lærlingkoordinator
- ✓ å gjennomføre samtale med lærlingen minst kvart halvår
- ✓ gjennomføre minifagprøve ein gong pr praksisplass/pr halvår
- ✓ gjennomføre halvårsvurderingar

# Einingsleiar

- ✓ ha personalansvar for lærlingen og instruktøren
- ✓ sørgje for tilrettelegging av eit godt læringsmiljø for lærlingen
- ✓ leggje forholda til rette for og følgje opp instruktøren og lærlingen(både verdiskaping og læring)
- ✓ leggje til rette for tid til rettleiing og vurdering

**Plan for fagsamlingar helsefagarbeidar lærlingar haust 2017**
Samlingane er kl 13-15 dersom ikkje anna tid er oppført.

| TID | | TEMA | MÅLGRUPPE | Kommune | Ansvar | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | |
| Haust 2016 | 31.aug | **Å vere arbeidstakar** | Nye | Volda | Solfrid | |
| | 6. sept | **Forflyttingsteknikk** | Nye | V+Ø | Inger Lise / Magni | |
| | 13. sept | **Arbeidsbok-øvingsverkstad** | Alle | V+Ø | **Hilde Fotve Mo /** Solfrid Teigen | |
| | 11. okt | **Etikk** | Alle 1.år Inkl.BUA | V+Ø | Gunn Paulen | |
| | 18. okt | **Etikk** | Alle 2.år Inkl. BUA | V+Ø | Gunn Paulen | |
| | okt | **Hygiene** | Nye | V+Ø | Helse Førde | |
| | nov | **Pleieplan** | Alle | V+Ø | Maria Mork | |
| | 16. nov | **Kvardagsrehabilitering** | Alle | V+Ø | Monica Gustavsson | |

## Plan for fagsamlingar barne- og ungdomsarbeidarfag lærlingar haust 2017

Samlingane er kl 13-15 dersom ikkje anna tid er oppført.

| TID | | TEMA | MÅLGRUPPE | Kommune | Ansvar | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **TID** | | **TEMA** | **MÅL-GRUPPE** | **Kommune** | **Ansvar** | |
| Haust 2016 | 31.aug. | **Å vere arbeidstakar** | Nye lærlingar | Volda | Solfrid Teigen | |
| | 29.aug | **Gode planar – øvingsverkstad** | BUA-lærlingane | V + Ø | Hilde Flotve Mo | |
| | 11. okt. Kl 12 - 15 | **Etikk** | Alle 1.- års-lærlingane | V + Ø | Gunn Paulen | |
| | 18. okt. Kl 12 - 15 | **Etikk** | Alle 2.- års-lærlingane | V + Ø | Gunn Paulen | |
| | 15. nov. Kl 13-15 | **”Se barnet innenfra”** | Alle BUA-lærlinar | V+Ø | Berit Huse | |

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

endra vedtekter
Årsmøte 2017.doc

# VEDTEKTER
# FOR
# OPPLÆRINGSKONTORET FOR SØRE SUNNMØRE.

- Vedtak på årsmøte den 9. mai 1996.
- Godkjent Yrkesopplæringsnemnda 1996.
- Endra på årsmøte i mars 2002.
- Endra på årsmøte 28.mars 2008.
- Endra på årsmøte18.mars 2013
- Godkjent Yrkesopplæringsnemnda mars 2013
- Endra på årsmøte 14.mars 2016
- Endra på årsmøte 27.mars 2017

## § 1 NAMN

Kontoret sitt namn er: «Opplæringskontoret for søre Sunnmøre»
Organisasjonsform: Foreining

## § 2 FØREMÅL

På vegne av medlemsbedrifter på søre Sunnmøre, er føremålet til Opplæringskontoret å legge til rette opplæring for lærlingar og lærekandidatar i tråd med Opplæringslova. Opplæringskontoret er eit samarbeidsorgan mellom fleire bedrifter som har teke på seg opplæringsansvar i samsvar med fastsette læreplanar i aktuelle fag.

Opplæringskontoret skal koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring og medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet.

Kontoret skal representere kommunane og medlemsbedrifter ut mot elevar i vidaregåande skule, samt vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift. Kontoret skal aktivt arbeide med informasjonsformidling på opplæringsplassane.

Kontoret skal gje råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring.

## § 3 MEDLEMSKAP

Medlemmar er kommunar og private bedrifter på søre Sunnmøre.

Søknad om medlemskap i Opplæringskontoret frå andre kommunar/bedrifter, eller offentlege etatar, vert avgjort av styret.

Medlemmar vert tekne opp etter at avgift, fastsett av kontoret sitt årsmøte, er betalt.

Utmelding frå Opplæringskontoret skal eventuelt skje med eitt år skriftleg varsel. Alle lærlingar som har oppretta kontrakt gjennom/med Opplæringskontoret, skal fullføre si læretid gjennom dette forholdet, sjølv om bedrifta seier opp sitt medlemsforhold før kontraktfesta læretid er avslutta.

## § 4 OPPLÆRINGSKONTORET OG MEDLEMSBEDRIFTENE SITT ANSVAR

Opplæringskontoret har som føremål å vere eit serviceorgan for opplæringsbedriftene som er tilslutta kontoret.

Opplæringskontoret pliktar å:

- ✓ søkje etter lærlingar og halde seg oppdatert med behovet for, og tilgang på, lærlingar innan dei aktuelle faga.
- ✓ teikne lærekontrakt med lærlingen og plassere vedkomande i ein eller fleire medlemsbedrifter. Det må ligge føre opplæringsplan for kvar einskild lærling.
- ✓ vere med å gi råd og hjelp slik at konfliktar som oppstår i høve til læreforholdet kan løysast.
- ✓ vere ansvarleg for å sende oppmelding til fagprøve til utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal i god tid før læretida går ut.
- ✓ arbeide for omplassering av lærling til ny opplæringsbedrift dersom ein lærlingkontrakt ikkje kan vidareførast grunna innskrenkar eller permitteringar ved ei anna medlemsbedrift.

Utdanningsavdelinga i Fylkeskommunen skal:

- ✓ godkjenne lærekontrakten og lærebedrift(ene) som det er inngått lærekontrakt/opplæringsavtalar med.

Medlemsbedriftene pliktar å:

- ✓ varsle Opplæringskontoret i fall opplæringa ikkje kan vidareførast grunna permitteringar, innskrenkingar eller andre tilhøve ved medlemsbedrifta.

- ✓ ta i mot lærlingar i den grad det er praktisk mogleg, og gi dei allsidig praksis i samsvar med opplæringsplanen
- ✓ skjøtte arbeidsgivaransvar for lærlingane

## § 5 ØKONOMI

Drifta av Opplæringskontoret er finansiert gjennom tilskot og medlemskontingent frå medlemsbedriftene og lærlingstilskot.

Alle tilskot vert formidla til Opplæringskontoret, som igjen fordeler tilskota til lærebedriftene. Årsmøtet avgjer kor stor del av tilskotet som skal fordelast på lærebedriftene.

Årsmøte avgjer storleiken på honorar til den medlemsbedrifta som har styreleiar

Løn, sosiale kostnadar og andre kostnadar i forbindelse med lærlingens tilsettingsforhold skal dekkast av medlem eller lærebedrift.

Medlemskontingenten for medlemsbedriftene blir vedteke av årsmøtet. Rekneskapen for Opplæringskontoret blir revidert av godkjend revisor som blir vald av årsmøtet.

Dersom tilskotssatsane vert endra/fell bort, eller at andre tilhøve gjer at den vert underskot på driftsmidlar, pliktar medlemskommunane som er med i Opplæringskontoret å dekke dette underskotet etter ein fordelingsnøkkel basert på folketal i kommunane.

Årsmøte vedtek korleis eit eventuelt overskot skal disponerast.

Ved eventuell oppløysing av kontoret skal alle midlar og eigendelar overførast til medlemskommunane

## § 6 ÅRSMØTE

Årsmøtet er Opplæringskontoret sitt øvste mynde. Ordinært årsmøte skal som hovudregel gjennomførast innan utgangen av mars månad kvart år.

På årsmøtet kan kvar medlemsbedrift og arbeidstakarorganisasjonane møte med minst ein representant, i tillegg til styremedlemmane.

Ved avstemming har den valde arbeidstakarrepresentanten ei stemme. Representanten for dei private bedriftene har ei stemme. Medlemskommunane har ei stemme kvar.

Årsmøtet vert innkalla med minst 14 dagars varsel av styret sin leiar. Innkallinga skal vere skriftleg og ha oversikt over dei sakene som skal handsamast.

Årsmøtet skal handsame følgjande saker:

- Årsmelding
- Rekneskap med bruk av årsoverskot eller dekking av underskot
- Budsjett
- Val av godkjend revisjon
- Val av styrerepresentantar med personlege vararepresentantar
- Val av leiar og nestleiar
- Val av valnemnd
- Fastsetjing av årsavgift for medlemskap i Opplæringskontoret
- Endring av vedtekter
- Andre saker nemnt i innkallinga eller som årsmøtet vil ta opp

Årsmøtet avgjer vanlege årsmøtesaker ved alminneleg fleirtal.

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal.

For årsmøtet blir det ført protokoll som skal underteiknast av møteleiar samt ein representant valt av årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte blir halde i fall styret finn det naudsynt, eller når meir enn 1/3 av medlemsbedriftene i Opplæringskontoret krev det.

## § 7 STYRET

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre blir leia av eit styre valt av årsmøte.

Styret skal bestå av minimum 1 medlem frå kvar kommune med personleg vara,
1 frå dei private medlemsbedriftene med vara, og 1 frå arbeidstakarorganisasjonar, med vara. Lærlingane vel sjølve 1 representant med vara. Lærlingrepresentanten vert valt for 1 år. Lærlingen har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Leiar og nestleiar blir valt separat av årsmøtet og for to år om gongen.
Andre representantar i styret med vara, blir og valt for to år om gongen. Kvart år er minst to, men likevel høgst tre av styret sine medlemmar på val.

Styremøte blir halde minst tre gonger i året. Styremøte skal elles haldast når leiar eller minst tre av representantane i styret finn det naudsynt.

Frå styremøta skal det førast protokoll som blir underteikna av protokollførar og leiar.

Utdanningsavdelinga kan kallast inn til årsmøte og styremøte, og har rett til å vere tilstade med ein representant. Denne har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Opplæringskontoret SØRE SUNNMØRE

Styret er vedtaksført når fire av medlemane er tilstades.

## § 8 ADMINISTRASJON

Opplæringskontoret har dagleg leiar.

Tilsette ved Opplæringskontoret blir tilsett av styret.

Arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Opplæringskontoret ligg til styret.

Opplæringskontoret har kontraktansvar for lærlingane i kontoret, og skal føre tilsyn med opplæringa i lærebedriftene tilslutta Opplæringskontoret gjennom fagleg leiar i det faget lærekontrakten gjeld.

Opplæringskontoret må ha løpande kontakt med utdanningsavdelinga.

Dagleg leiar har det øvste administrative ansvaret for drifta av kontoret og skal:

- drive kontoret etter instruksar og regelverk som til ei kvar tid gjeld
- førebu saker for styret og etter avtale med styreleiar, kalle inn til styremøte
- vere sekretariat for styret
- saman med Yrkesopplæringsnemnda ha ansvar for formidling av elevar til læreplassane i Opplæringskontoret

## § 9 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektsendringar blir handsama på årsmøte og skal godkjennast av Yrkesopplæringsnemnda.

Oppløysing av Opplæringskontoret kan berre skje på ordinært årsmøte og krev 2/3 fleirtal.

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE



# ÅRSMELDING 2017

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

## Føremål

På vegne av medlemsbedrifter på søre Sunnmøre, er føremålet til Opplæringskontoret å legge til rette opplæring for lærlingar og lærekandidatar i tråd med Opplæringslova.

Opplæringskontoret er eit samarbeidsorgan mellom fleire bedrifter som har teke på seg opplæringsansvar i samsvar med fastsette læreplanar i aktuelle fag.

Opplæringskontoret skal koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring og medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet.

Kontoret skal representere kommunane og medlemsbedrifter ut mot elevar i vidaregåande skule, samt vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift. Kontoret skal aktivt arbeide med informasjonsformidling på opplæringsstaden.

Kontoret skal gje råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring.

## Administrasjon

Anne-Mari Pilskog er dagleg leiar.  Ho er tilsett i 100 % stilling.
Kontoret leiger lokale med Ulshav AS i Ulsteinvik.
Opplæringskontoret brukar Nordea som bankforbindelse og Herøy Kommune fører rekneskap.

Revisjon vart utført Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide.

## Styresamansetting 2017

Styret bestod i 2017 av eitt medlem frå kvar kommune med personleg vara,

Ein frå dei private medlemsbedriftene med vara, og ein frå arbeidstakarorganisasjonar, med vara. Lærlingane hadde ein representant med vara. Lærlingrepresentanten vart valt for eit år. Lærlingen har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Utdanningsavdelinga vart kalla inn til alle styremøte og årsmøte. Dei har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett

Styret har i 2017  hatt 4 ordinære styremøte.

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

| | | |
|---|---|---|
| Styreleiar: | Kari Riise | Ulstein kommune |
| Vara: | Cato Hansrud | |
| Nestleiar: | Trude Kristin Dalen | Hareid kommune |
| Vara: | Mariann Båtnes | |
| Styremedlem: | Bård Dalen | Sande kommune |
| Vara: | Kari Johanne Skarmyr | |
| Styremedlem: | Sigrid Marie Lillebø | Vanylven kommune |
| Vara: | Janita Nybø Wefring | |
| Styremedlem: | Gro Anette Frøystad Voldsund | Herøy kommune |
| Vara: | Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth | |
| Styremedlem: | Martin Løseth | Dei private medlemsbedriftene |
| Vara: | Anett Mari Hodneland Tarberg | |
| Styremedlem: | Tina Solheim (Tina avslutta læretida hausten 2017) Lærling representant | |
| Vara: | Marita Wedlog | |
| Arbeidstakarorg: | Hilde Ringen Hofseth | |
| Vara: | Eli Karin Kvalsund | |
| Valkomiteen: | Jan Vidar D. Hjelmeseth og Janita Nybø Wefring er valt for 1 år. | |

## Saker som styret har handsama/blitt orientert om

- Rekrutteringsarbeid.
- Karrieredagar på Høgskulen i Volda
- Status Budsjett, økonomi og anna dagleg drift
- Kurs for instruktørar
- Kurs og samlingar som dagleg leiar har teke del i
- Samlingar for lærlingar
- Digitale lærebøker
- Prosjektstilling for 2018
- Generell informasjon om Opplæringskontoret

## Styreseminar

30 januar gjennomførte styret i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre eit styreseminar på Ulstein hotell. Alle i styret med vara var invitert til samlinga. Revisor Bodil Skeide deltok på delar av samlinga.

Styret gav attendemelding om at dette var ei nyttig samling.
På samlinga vart det satt fokus på kva arbeidsoppgåver Opplæringskontoret på søre Sunnmøre skal ha.

Viktig at vi tenker på kva rolle styret og dagleg leiar har.

Gjennom dagen var vi innom ulike tema:

- Organisering
- Kvalitetssystem.
- Økonomi/budsjett /rekneskap
- Digitale lærebøker
- Arbeidsgivaransvar
- Årsmelding
- Vegen vidare

## Likestilling

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.
Opplæringskontoret arbeider målretta for å fremje lova sine formål innanfor vårt arbeid med å sikre eit godt opplæringstilbod til ungdommar.

I styret er det 6 kvinner og 2 menn, 2 av 8 varamedlemmar er menn.
Det er ei oppgåve for valnemnda og årsmøtet å få ein betre kjønnsbalanse i styret.

## Arbeidsmiljø

Det er i perioden ikkje registrert yrkesskade eller uhell som har ført til skade. Sjukefråværet har i perioden vore lågt. Det fysiske arbeidsmiljøet er vurdert som trygt.
Personalreglement for Herøy kommune vert nytta som personalreglement for Opplæringskontoret. Styret har arbeidsgivaransvar for dagleg leiar.

## Forureining

Gjennom den daglege drifta av Opplæringskontoret, blir det ikkje registeret noko forureining.
Men sidan Opplæringskontoret har fleire medlemsbedrifter som ligg i andre kommunar enn der Opplæringskontoret leiger kontorlokale brukar ein bil for å kome seg til.
Utifrå målsettinga til Opplæringskontoret med å vere tilgjengeleg for både lærling, instruktør og lærebedrift, er det uråd å ikkje må bruke bil, for å kunne forflytte seg mellom lærebedriftene.
Men i den store samanheng er ikkje dette noko som ein vurderer som ein risiko.

## Økonomi, rekneskap og årsresultatet

Herøy kommune har ansvaret for føring av rekneskapen til Opplæringskontoret.

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide har revisjonen for Opplæringskontoret.

Økonomien til kontoret har vore stabil dei siste åra.

På årsmøtet i 2016 vart det vedtatt at ein skulle ha ei overføring på 15.000 kr pr. halvår pr. lærling til lærebedriftene

| ***Årsrekneskapen viser følgjande :*** | | ***2017*** | ***2016*** |
|---|---|---|---|
| *Driftsinntekter* | *kr* | *2964* | *2459* |
| *Driftsutgifter* | *kr* | *2194* | *2152* |
| *Brutto driftsresultat* | *kr* | *770* | *307* |
| *Renteinntekter* | *kr* | *1* | *1* |
| *Netto driftsresultat/årsresultat* | *kr* | *771* | *308* |
| | | | |
| *Omløpsmidlar (bank og fordringar)* | *kr* | *2.445* | *1.721* |
| *Kortsiktig gjeld* | *kr* | *136* | *183* |
| *Langsiktig gjeld* | *kr* | *0* | *0* |
| | | | |
| *Eigenkapital* | *kr* | *2.310* | *1.538* |

*I 2017* var tilskotet betalt ut til lærebedriftene i to omgangar, kr 562.750 vart tilbakeført våren og kr 699.500 tilbakeført for hausten 2017.Dette var summen som vart fordelt mellom medlemsbedriftene.

At kvar kommune aukar talet på lærlingar, er med på å styrke økonomien til kontoret i framtida.

## Disponering av overskot/dekking av underskot

Styret vil tilrå at overskotet i 2017 pålydande 770,677,63 blir overført til disposisjonsfond.

Det skal gå vidare til utvikling og til dekking av auke i årsverk i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

## Vidare drift.

Opplæringskontoret driv godt og har god økonomi. Grunnlag for vidare drift er tilstade og det er ingen signal om endring av drifta,

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

## Lærlingar knytt til Opplæringskontoret i 2017

Pr 01.01.17 hadde vi totalt 43 lærlingar.

| Lærefag | Kommunar /bedrifter | Kontraktar |
|---|---|---|
| Helsearbeidarfaget | Hareid | 4 |
| | Ulsteinvik | 11 |
| | Herøy | 7 |
| | Sande | 2 |
| | Vanylven | 3 |
| | Sum Helsefag | 27 |
| Barn og ungdomsarbeidarfaget | Hareid | 3 |
| | Ulstein | 1 |
| | Herøy | 2 |
| | Sande | 0 |
| | Vanylven | 1 |
| | Gnist Myklebust | 1 |
| | Solsikka barnehage | 0 |
| | Gnist Holstad | 1 |
| | Troll-lia barnehage | 1 |
| | Blåtinden barnehage | 1 |
| | Møre barne og ungdomsskule | 0 |
| | Sum BUA | 11 |
| Institusjonskokkfaget | Ulstein | 1 |
| | Sunnmørefolkehøgskule | 1 |
| | Herøy | 0 |
| | Hareid | 1 |
| | Vanylven | 0 |
| | Sande | 0 |
| | Sum kokk | 3 |
| IKT Servicefaget | Herøy | 1 |
| | Sum ikt | 1 |
| Logistikkfaget | Ulstein | 1 |
| | Sum logistikk | 1 |
| Totalt sum | | 43 |

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# Oversikt over tilskot gjennom året 2017

Gjennom året 2017 har Opplæringskontoret for søre Sunnmøre behandla 74 kontraktar.
Desse kontraktane er Basis 1 og basis 2.

## Basistilskot 1

Tilskot til lærebedrifter som signerer lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter opplæringslova § 4-5.
Basistilskot 1 for 2017 er på **149 030** kroner per lærling eller lærekandidat for eit år med fulltidsopplæring.
Det gis ikkje tilskot for verdiskapingsdelen, men tilskotet fordelast jamt over heile læretida i bedrift, dvs. også for verdiskapingsdelen. Kontrakten gjer tilskotsberekningar frå den dato læreforholdet tek til.

## Basistilskot 2

Tilskot til bedrifter som signerer lærekontraktar etter opplæringslova § 4-5 tredje ledd, og for lærekontraktar signert av lærlingar som tidlegare har brukt opp sin rett til vidaregåande opplæring.
Satsen for basistilskot 2 for lærekontraktar er **4 853 kroner** per lærling per månad i heile læretida i bedrift, totalt **58 239 kroner** i året. Eit år vert rekna som 12 månader. I denne ordninga er det ikkje skilnad på opplæringstid og verdiskapingstid.

Av 74 lærlingane, avslutta 24 læreforholdet sitt i løpet av 2017.
7 lærekontrakter vart heva i løpet av 2017.
17 avslutta med fagprøve. Medan det vart signert 31 nye lærekontraktar i 2017.
19 av dei er inn i sitt første og andre læreår, dei avsluttar læretida i 2018.

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

## I løpet av året 2017 gjekk 17 lærlingar opp til fagprøve

| Lærefaga | Oppmeldte | Resultat |
|---|---|---|
| Barn og ungdomsarbeidarfaget<br>Helsearbeidarfaget<br>Institusjonskokkfaget<br>IKT- servicefaget | 17 | 11 fekk Bestått meget godt<br>6 fekk Bestått |




## I løpet av 2017 hadde vi 7 hevingar

I året 2017 var det nokre fleire hevingar enn tidlegare år.

Årsak til det er vanskeleg å vurdere, men 3 av kontraktane var opplæringskontrakter, som viste seg å vere meir krevjande enn vi hadde grunnlag for å vurdere då kontrakten vart gjort.

Kontoret må vere mykje meir kritiske før vi signere opplæringskontrakter i nokre av lærefaga, spesielt i helse og oppvekstfag. Tre av kontraktane vart heve grunna ønskje av lærlingen sjølv, pga. skifta av læreplass til andre kommunar og fylke.

| Lærefag | Hevingar |
|---|---|
| Institusjonskokkfaget | 2 |
| Barn og ungdomsarbeidarfaget | 3 |
| Helsearbeidarfaget | 2 |
| Sum | 7 |

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# Nye kontraktar dei siste 11 åra

I 2017 vart det signert 31 nye lærekontrakter



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# Medlemsbedrifter og lærlingar i 2017

Pr. 31.12.17 er der 14 medlemsbedrifter og 52 aktive lærlingar i Opplæringskontoret.
Dette er ei auke på 1 bedrift og 9 lærlingar frå 2016. Opplæringskontoret har gjennom sine lærebedrifter godkjenning av 8 ulike lærefag.

Tal på lærekontraktar fordelt på fag.



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# Kontrakter pr. 31.12.2017

| Lærefag | Kommune/bedrift | Kontrakt | Merknad |
|---|---|---|---|
| Barn og ungdomsarbeidarfaget | Hareid kommune | 3 | |
| | Ulstein kommune | 3 | |
| | Vanylven kommune | 1 | |
| | Herøy Kommune | 3 | |
| | Troll-lia bh | 1 | |
| | Blåtinden barnehage | 0 | |
| | Gnist Holstad | 0 | |
| | Sum | 11 | |
| Helsearbeidarfaget | Hareid kommune | 5 | |
| | Ulstein kommune | 14 | (3 i permisjon) |
| | Herøy kommune | 7 | |
| | Sande kommune | 4 | (1 opplæringskontrakt) |
| | Vanylven kommune | 5 | |
| | Sum | 35 | |
| Institusjonskokkfaget | Hareid kommune | 1 | |
| | Ulstein kommune | 1 | |
| | Sande kommune | 1 | |
| | Herøy kommune | 0 | |
| | Vanylven kommune | 0 | |
| | Sunnmøre folkehøgskule | 1 | |
| | Sum | 4 | |
| Resepsjonsfaget | Ulstein hotell | 1 | |
| | Sum | 1 | |
| Logistikkfaget | Ulstein kommune | 1 | |
| | Sum | 1 | |
| | Total sum | 52 | |

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# Tilsetting av lærlingar

Dei fleste lærlingane startar i august, ein kan også starte lærekontrakten på eit anna tidspunkt. I 2017 vart det signert 31 nye kontraktar, det 6 fleire enn i 2016.

# Tilsyn

Dagleg leiar fører tilsyn med opplæringstilhøva for den einskilde. Dette vert gjort på ulike måtar som til dømes SMS, e-post, telefonkontakt, samtalar og besøk på arbeidsplassen i løpet av året. Alle lærlingar får besøk på sin arbeidsplass minst ein gong i halvåret. Halvårssamtalar blir dokumentert. Notat frå anna kontakt med lærling og arbeidsplass blir lagt i mappa til lærlingen.

Nokre lærlingar treng meir oppfølging enn andre, og truleg gir tett oppfølging betre læring. Opplæringskontoret skal vere" berre ein telefon unna" og det vert lagt vekt på å vere tilgjengelig for både lærling, instruktør og lærebedrift. Dette inne å kunne reise på bedriftsbesøk på kort varsel og kunne rydde tid til å ta imot lærlingar og instruktørar på kontoret utan at dei nødvendigvis må ha avtale på førehand. Dagleg leiar har god oversikt av opplæringssituasjonen til den enkelte lærling. Kontakta med medlemsbedriftene, instruktørar og dei faglege leiarar er med på å kvalitetssikre opplæringa og gi lærlingar ein god start i arbeidslivet

# Fråvær

Lærlingane er inkluderte av IA- avtalen. Det kan sjå ut til at stort fråvær på vidaregåande skule også fører med seg høgt sjukefråvær som lærling. Det betyr truleg berre at nokon har større helseproblem enn andre i periodar av livet. Likevel må ein fokusere på dette i intervju, samlingar og samtalar. Det er og viktig at dei som arbeider i lag med lærlingen syter for at lærlingen blir mint om krava i arbeidslivet. Oppmøte, pausar og fråvær må takast på alvor frå starten av. Den enkelte har gjerne gode og rettmessige grunnar til fråvær, men arbeidsplassen må vite at ein kan rekne med dei tilsette. For dei fleste er oppmøte ikkje noko problem. Men for enkelt lærlingar fører fråvær til ein del ekstra arbeid for Opplæringskontoret og arbeidsgivar. Ein må bruke tid på samarbeid med PPT, NAV, barnevernstilsette og andre instansar. Av og til har unge menneske store personlege problem. Fråvær kan vere ein indikasjon på det. I slike tilfelle er det viktig at dei unge får tilbod om hjelp av ulikt slag. Her prøver Opplæringskontoret å vere aktiv og tidvis kreativ på å løyse problema .

# Kurs og samlingar for lærlingar

I løpet av to år er det ynskjeleg at lærlingane får ta del på nokre kurs. Det betyr at enkelte kurs kan arrangerast annakvart år / toårsrullering. Nokre samlingar er for alle lærlingane i tillegg til samlingar for faggruppene. Nokre samlingar / kurs er knytt til den enkelte kommune. Informasjon om eigen kommune, og arbeidsmiljølova kan vere aktuelle tema på desse kursa. Ein bør arbeide for å ha ca. 9 samlingar i året. Ein bør maks bruke ein halv arbeidsdag pr. samling.
I 2017 vart det gjennomført 7 ulike samlingar og kurs for lærlingar. I tillegg har lærlingane i Helsearbeidarfaget i Ulstein, Hareid og Herøy fri anna kvar onsdag frå kl.12.00- 15.00 frå sine avdelingar, slik at dei kan jobbe med lærlingpermen/kompetansemåla.

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# Rekruttering

Opplæringskontoret har arbeidd med rekruttering på ulike måtar i året

-Skulebesøk til Ørsta vidaregåande, Herøy vidaregåande, og til Herøy ungdomsskule.
-Stand på Karrieredagar i Volda som vart gjennomført 27-28 september.
-Stand på Jobbmesse i Ørsta i regi av Nav, 20 april.

I starten på 2017 bestod rekrutteringspatrulje for Helse og Oppvekstfag av to lærlingar og ein tidlegare lærling. Desse jentene besøkt nesten alle 10- klasser på søre Sunnmøre, vidare har dei besøkt vg1 helse og oppvekst, vg2 helsearbeidarfaget og vg2 barn- og ungdom og fortalt om yrka sine.

Frå hausten 2017 tok fire nye førsteårslærlingar over jobben i rekrutteringspatruljen. Dei har vore i Asker på kurs i regi av KS. Yvonne Sjåstad har i år, som i fjor, ansvar i å organisere rekrutteringspatruljen. Opplæringskontoret hadde stor auke i søkjartala, dette gir ein positiv effekt på fagopplæringa.







# Instruktørkurs og fagdag.

Instruktørane er ansvarlege for den daglege oppfølginga av lærlingane, vise dei til rette på arbeidsplassen og samarbeider med lærling om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.

For instruktørar er det viktig å bli kursa og følgt opp.

19.September hadde Opplæringskontoret i samarbeid med Ørsta og Volda kommune og eit 6, 5 timar kurs for nye instruktørar. 51 instruktørar deltok på kurset.

Med eit slikt samarbeid, vert det ei større fagleg breidde på kurset.

Den 22 november vart det arrangert ein fagdag for instruktørane med tema psykisk helse.

Foredragshaldarar var Ingrid Ulheim og Hege Seljebø, dei j begge jobbar som rådgivarar ved Ålesund PPT.





# Kvalitetssikring

Tett oppfølging av lærlingane og instruktørane er viktig for å sikre kvalitet i opplæringa. Læreplanen i faget og arbeidsoppgåvene på den enkelte arbeidsplass legg rammene for innhaldet i opplæringa.
Det er viktig med jamleg vurdering av lærlingen si utvikling i forhold til måla i læreplanen. For at vi skal vere ei god lærebedrift som sikrar eige rekrutteringsgrunnlag og gir lærlingane god opplæring, er det viktig at vi kontinuerleg driv vurdering og ser på korleis vi som lærebedrift planlegge, gjennomfører og evaluerer opplæringa.
I samband med endring i læreplanen for helsearbeidarfaget har Opplæringskontoret utforma nye loggbøker til lærlingane i helsefag.
Lærlingane må dokumentert opplæringa si, og utføringa av arbeidet sitt gjennom skrifteleg planlegging.
Alle lærlingar skal også gjennom året ha rett til to halvårsvurdering etter opplæringslova § 3-1.*Rett til vurdering*
Dette er med å kvalitetssikre opplæringa som blir gitt av medlemsbedriftene.

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

## Profilering

Opplæringskontert har prioritert å bruke opplæringskontoret si eiga Facebook side, dette er ein enklare måte å nå ut med informasjon.

I 2017 kjøpte Opplæringskontoret annonseplass i avisa som kom ut i samband med Karrieredagane på søre Sunnmøre.

Opplæringskontoret kjøpte også inn drikkeflaske, minnepenn, penn og handlenett til alle nye lærlingar i 2017. Dagleg leiar har PC -sekk med kontoret sin logo på.








## Vidaregåande skule

Dagleg leiar, i samarbeid med medlemsbedrifter bør prioriter å forsterke samarbeidet med dei vidaregåande skulane i vårt distrikt. Yrkesfagleg fordjuping, er den arenaen medlemsbedriftene kan bruke for å rekruttere til dei ulike yrka i kommunesektoren. Vi har mykje å hente på å skape kontakt med unge som kanskje vil søkje til ledige læreplassar, eller som på anna vis kan vere attraktive som arbeidstakarar. Kommunane må gå nye vegar for rekruttere i åra framover

## Utdanningsavdelinga i fylket

Opplæringskontoret sin viktigaste samarbeidspartnar er Utdanningsavdelinga i fylket.
Opplæringskontoret deltok i 2017 på ulike samlingar og møte i regi av Utdanningsavdelinga, og opplever samarbeidet med fagkonsulentane og andre tilsette som godt og viktig for kontoret.

## Forum for Yrkesfag

Forum for yrkesfag er eit samarbeidsorgan for Opplæringskontora i Møre og Romsdal. Forumet arbeider særleg med marknadsføring av yrkesfaglege utdanning og elles saker der opplæringskontora har felles interesse. Forumet representerer dessutan Opplæringskontor i samarbeid med utdanningsavdelinga. FFY administrerast av eit styre med 4 representantar frå ulike opplæringskontor.

## Yrkesopplæringsnemnda

Dagleg leiar for Opplæringskontoret er KS sin representant i yrkesopplæringsnemnda i Møre og Romsdal. Gjennom året har dagleg leiar vore på fem møte i yrkesopplæringsnemnda.

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# Til slutt

Dagleg leiar har fridom til å kunne utvikle Opplæringskontoret og lærlingordninga knytt til medlemsbedriftene. Samarbeidet med styret, skulane, instruktørane og dei mange involverte fungerer godt.
Lærlingordninga i kommunal sektor er med på å sikre og heve kompetansen i heile regionen. Å skape forståing for denne moglegheita er ei viktig oppgåve for dagleg leiar. Styret og dagleg leiar vil framover vidareføre arbeidet med å byggje opp og kvalitetssikre samarbeidet om lærlingordninga på søre Sunnmøre.
Å ha ei velfungerande lærlingordning er eit viktig bidrag til å sikre framtidig rekruttering . Lærlingordninga er "vinn - vinn" for den enkelte, for lokalsamfunnet og storsamfunnet.

Styreleiar Kari Riise

Dagleg leiar Anne-Mari Pilskog

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

Smårisevadet 15
6065 Ulsteinvik
Mob.: 95 83 11 80
E-post: opl.sore@outlook.com

# MEDLEMSSKAPSAVTALE

**Medlems namn:**___________________________________

**Postadresse:**_____________________________________

**Post nr. /- stad:**___________________________________

**Telefon/Mobil:**___________________________________

**Organisasjons nr:**__________________________________

**Bankkonto nr:**____________________________________

**Kontaktperson:**___________________________________

**er medlem i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre med dei rettar og pliktar som står i vedlagt vedtekter, revidert mars 2017.**

________________
Stad og dato

______________________
(medlemsbedrift)

____________________
Styreleiar
Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

Rollefordeling og ansvar i forhold til lærling i bedrift

<table>
<tr><th>Opplæringskontoret</th><th>Fagleg leiar</th><th>Instruktør</th></tr>
<tr>
<td>Administrere lærlingordninga for kommunar/lærebedrift og har hovudansvaret for at opplæringa skjer etter gjeldande lover og forskrifter.<br><br>
• Inngå lærekontrakt (part i kontrakten)<br>
• Sørgjer for at lærlingen blir plassert på bedrifter som kan dekkje måla i læreplanen<br>
• Ansvar for oppstart og rulling av lærlingar i samarbeid med lærebedrift/kommunar.<br>
• Ansvar for registrering av relasjonar mellom bedrift, lærling og instruktør (informasjonen kan formidlast vidare til løns- og personalkontor om ønskeleg)<br>
• Følgjer opp inter opplæringsplan (olkweb)<br>
• Følgje opp lærlingen gjennom læretida<br>
• Melde frå til fylke om sjukemelding og mykje fråvær<br>
• Besøk til alle lærlingar og instruktørar 1. gong i halvåret (halvårssamtalen)<br>
• Søkjer om ekstra midlar til bedrift der ein har lærling med sakkunnig uttale.<br>
• Hjelper til med tiltak for bedrift/lærling ved behov<br>
• Organisering av samlingar/kurs for lærlingar, instruktør og fagleg leiar<br>
• Er møteleiar på møter som vedkjem opplæringa.<br>
• Kallar inn aktuelle partar i forhold til ulike møter som vedkjem opplæringa.<br>
• Melder lærlingane opp til fagprøve<br>
• Ansvar for evt. heving eller endring av kontrakt.</td>
<td>Den på arbeidsplassen som er fagleg ansvarleg for at lærlingen får opplæring etter læreplanen .<br>
Du må ha hatt fagbrev i minst 2 år.<br>
Du må ha høgare utdanning i faget.<br>
Du må ha lang arbeidserfaring frå faget.<br><br>
• Løns- personalansvar - arbeidsavtale, turnus, ferie, arbeidstid<br>
• Utpeike instruktør<br>
• Legge til for ei god opplæring (at lærling-veileder får gå i lag, tid til arbeid med olkweb)<br>
• Tilrettelegge for at lærling/veileder får delta på kurs/fagdag/lærlingsamling<br>
• Samarbeide med opplæringskontoret<br>
• Legge til rette for eit godt arbeidsmiljø og læringsmiljø<br>
• Delta på halvårssamtale om ønskelig og/eller ved behov<br>
• Melde frå ved endring av fagleg leiar</td>
<td>Den som har ansvaret for den daglege oppfølging av lærlingen.<br>
• Introdusere lærlingen på arbeidsplassen<br>
• Ha kjennskap til læreplanen gjennom olkweb<br>
• Kunne bruke olkweb (planlegge opplæring, godkjenne det skrifteleg arbeid til lærlingen)<br>
• Gjennomføre planlagt opplæring<br>
• Legge til rette for eit godt læringsmiljø<br>
• Gi rettleiing og tilbakemelding undervegs<br>
• Sørge for at lærlingen får varierte arbeidsoppgåver, og at lærlingen får nye utfordringar etter kvart som ein er klar for det<br>
• Motivere lærlingen til å gjere ein innsats for å nå måla for opplæringa<br>
• Gjennomføre lærlingsamtalar under vegs i læretida<br>
• Delta på halvårssamtale med lærling og opplæringskontor (eventuelt fagleg leiar)<br>
• Gi lærlingen tilbakemelding/vurderingar på ein konstruktiv og ærleg måte<br>
• Kontakte opplæringskontoret om det skal vere noko problem/utfordringar<br>
• Delta på instruktørkurs/samlingar<br>
• Ta godt vare lærlingen alle saman.<br>
<u>HUSK at lærlingen er bedrifta sin lærling</u><br>
Instruktør må melde i frå til Opplæringskontoret snarast i saker som omhandlar:<br>
• Dårleg oppmøte<br>
• Misnøye i læreforholdet<br>
• Lengre tids fråvær / sjukdom / permisjon<br>
• Utfordringar med å gjennomføre opplæringa<br>
Andre saker som har konsekvensar for læreforholdet</td>
</tr>
</table>

**Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre** | Smårisevadet 15 | 6065 Ulsteinvik
Anne Mari Pilskog | 95 83 11 80 | anne.mari@opplaeringytre.no | Yvonne Sjåstad | 48 14 06 41 | yvonne@opplaeringytre.no

Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

# OPPLÆRINGSKONTORET

# KVA ER DET?
# KVA GJER VI?

17.12.18 Anne-Mari Pilskog

# Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

- Oppstart 1994 i Hareid (Reform 94)
- Ulstein, Herøy og Sande vart medlem i 1999
- Vanylven i 2008
- I 2013 gjekk kontoret gjennom ei omorganisering.
- Opplæringskontoret vart ei sjølvstendig bedrift, registeret i Brønnøysund

  (registeret som ei foreining)
- Opplæringskontoret har eit styre med 7 medlemmar + vara og  læring representant
  - Kvar kommune har ein representant i styret, dei private har ein representant, arbeidstakarorganisasjonane har ein representant .
  - Utdanningsavdelinga i fylke har møte og talerett.

- I dag har Opplæringskontoret 20 medlemsbedrifter
- Pr i dag har kontoret 60 lærlingar fordelt på 6 ulike lærefag
- Herøy kommune har ansvaret for rekneskapen og Søre Sunnmøre kommunerevisjon ved Bodil Skeide har revisjon

# Kven jobbar der og kva gjer vi !

- Kontoret har 2 tilsette
- Dagleg leiar i 100%
- Opplæringskonsulent i 70% (frå 01.01.19)
- Jobben vår er å følgje opp lærlingar, instruktørar og faglege leiarar
- Vi skal yte den beste servicen for våre medlemsbedrifter

«Berre ein telefon i frå»

# Arbeidsoppgåver

Administrere lærlingordninga for kommunar/lærebedrift og har hovudansvaret for at opplæringa skjer etter gjeldande lover og forskrifter.

- Inngå lærekontrakt (part i kontrakten)
- Syter for at lærlingen blir plassert på bedrifter som kan dekkje måla i læreplanen
- Ansvar for oppstart og rullering av lærlingar i samarbeid med lærebedrift/kommunar.
- Ansvar for registrering av relasjonar mellom bedrift, lærling og instruktør (informasjonen kan formidlast vidare til løns- og personalkontor om ønskeleg)
- Følgjer opp inter opplæringsplan (olkweb)
- Følgje opp lærlingen gjennom læretida
- Melder frå til fylke om sjukemelding og mykje fråvær
- Besøk til alle lærlingar og instruktørar ein gong i halvåret (halvårssamtalen)
- Søkjer om ekstra midlar til bedrift der ein har lærling med sakkunnig uttale.
- Hjelper til med tiltak for bedrift/lærling ved behov
- Organisering av samlingar/kurs for lærlingar, instruktørar og faglege leiarar
- Er møteleiar på møter som vedkjem opplæringa.
- Kallar inn aktuelle partar i forhold til møter som vedkjem opplæringa.
- Melder lærlingane opp til fagprøve
- Ansvar for evt. heving eller endring av kontrakt.

# Fagkompetansen til Opplæringskontoret

- Fagbrev
- Hjelpepleiar
- Yrkesfaglærar (restaurant og matfag og helse og oppvekstfag)
- Lang og variert erfaring innan fagopplæring
- Ulike nettverk

  FFY

  Karrieredagar

  Yrkesopplæringsnemnda (KS, andre periode)

  Nettverk helse og oppvekst

  Utarbeiding av læreplanar for vg3 (våren 2019)

# Rekruttering

- Skulebesøk
  - til alle vidaregåande  og ungdomsskular i området.
- Tek del på ulike messer
- Ansvar for organisering av Rekrutteringspatruljen
- Profilering på sosiale media
- Annonsere ledige læreplassar
- Bruke nettverk og Vigo i arbeidet med rekruttering
- Organisere søkjarlister i dei ulike lærefaga
- Ansvar for innkalling til intervju i samarbeid med bedrift
- Sjekke opp referanse (i YFF og med kontaktlærar)
- Gi tilbod om læreplass i samarbeid med bedrift

# Digitale lærebøker

Dette året har Opplæringskontoret jobba med å få på plass digitale lærebøker Olkweb.

- Kva har det bidratt til?

  - God oversikt over kompetansemåla og dermed ei tydlegare bevisstgjering av desse
  - Konkretisering av kompetansemål gjennom delmål, dette er så langt gjort i Helsearbeidarfaget, Institusjonskokkfaget og Barn og ungdomsarbeidarfaget.
  - Dette gir ei meir lik opplæring for alle.
  - Lærling kan laste opp dokumentasjon direkte i systemet (filer og bilder)
  - Betre kontroll/oppfølging av den skriftlege gjennomføringa via olkweb, både for oss på kontoret og for instruktør
  - Vi har moglegheit for å gi instruktør support på det lærlingen skriv.

    (Lettare tilgang enn i forhold til permen)
  - Moglegheit for ein vurderingsfunksjon i staden for å sende ut papir

    (ikkje tatt i bruk enda, men er ei målsetting å få til)
  - Oversikt over aktivitetar for lærlingar/veiledarar (møter, kurs og liknande.)
  - Lett tilgjengelege dokument, skjema og liknande i ressurssenter
  - Gir moglegheit for gode individuelle tilpassingar med læreplan, t.d. dei med individuell opplæringsplan.
  - Tilskot funksjon, skal brukast til våren 2019

# Økonomi og styring

- Alle tilskot går direkte til Opplæringskontoret
  - Ikkje ekstra-tilskotet, det går direkte til den enkelte bedrift.

- Årsmøtet i Opplæringskontoret vedtek kor stort tilskot som skal gå tilbake til bedriftene og kva som skal gå til drift.
  - Det vil sei at alle medlemsbedrifter har innflytelse på dette
  - Tilskotet blir utbetalt to gongar i året, juli og desember

- Opplæringskontoret er godt drifta og har god økonomi Grunnlaget for drifta er basert på antall lærlingar
- Dagleg leiar har ansvar for drifta. Følgje opp budsjett, vedtekter, kvalitetssystem som Utdanningsavdelinga i Fylket har og Opplæringslova -Udir.

# Vidare framover?

- Få til samarbeid med Helse Sunnmøre
- Jobbe for at alle skal bestå fagprøva
- Vere meir synlege i sosiale media
- Jobbe vidare med gode kvalitetssystem
- Instagram
- I år var Ulstein og Hareid dei to kommune som hadde flest lærlingar (helsefag) i forhold til årsverk
- Målet må verte at bedriftene som ligger under Opplæringskontoret tek både 1,2,3,4,5 osv.

- Det viktigaste målet er å gi ungdomane eller unge vaksne ei fagutdanning som gir dei arbeid i vår region. Med god fagkunnskap og rette haldingar.

# Til slutt.

- Dagleg leiar saman med styret har fridom til å utvikle Opplæringskontoret vidare for å vere eit tidsrett kontor for framtidige utfordringar
- Samarbeidet med styret, skulane, instruktørane og dei mange involverte fungerer godt.
- Lærlingordninga i kommunal sektor  er med på å sikre og heve kompetansen i heile regionen.
- Å skape forståing for denne moglegheita er ei viktig oppgåve for dagleg leiar. Styret og dagleg leiar vil framover vidareføre arbeidet med å byggje opp og kvalitetssikre samarbeidet om lærlingordninga på søre Sunnmøre.
- Å ha ei velfungerande lærlingordning er eit viktig bidrag til å sikre framtidig rekruttering .
- Lærlingordninga er "vinn - vinn" for den enkelte, for lokalsamfunnet og storsamfunnet.
- Takk for meg.

# MEDLEMSAVTALE

mellom

**Hornindal kommune**
(seinare nemnd som Bedrifta)

og

**Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane**
(seinare nemnd som Opplæringskontoret)

Bedrifta og Opplæringskontoret skal i samarbeid gjennomføre profilering, rekruttering og opplæring av lærlingar i samsvar med behov i bedrifta, gjeldande opplæringslov, forskrifter, anna relevant regel- og avtaleverk, læreplan i dei aktuelle fag og vedtekter for opplærings-kontoret.

1. Opplæringskontoret forpliktar seg til å yte den service og rådgjeving som framgår av vedtekter.

2. Bedrifta er kjend med gjeldande vedtekter for Opplæringskontoret og kva desse inneber for gjennomføring av læreforhold.

3. Bedrifta forpliktar seg til å leggje forholda til rette slik at Opplæringskontoret kan utføre dei tenester og rådgjeving som framgår av vedtekter.

4. Bedrifta har arbeidsgjevaransvar for lærlingen.

5. Bedrifta oppnemner ein lokal kontaktperson som har ansvaret for den administrative kontakten med Opplæringskontoret. Endring av kontaktperson må meldast til opplæringskontoret.

6. Bedrifta må forsikre seg om at lærlingen får fullgod opplæring. Det må nyttast erfarne og i størst mogeleg grad fagutdanna personar til dagleg oppfølging av lærlingen. Bedrifta kjem med framlegg om kvalifisert fagleg leiar som må godkjennast av Opplæringskontoret. Endring av fagleg leiar må meldast til Opplæringskontoret.

7. Bedrifta må utarbeide ein individuell opplæringsplan, og attestere i opplæringsboka som lærlingen skal føre.

8. Bedrifta betaler medlemskontingent, og får overført tilskot for lærlingen etter vedtak i styret.

Førde, 28. februar 2008

For Opplæringskontoret
OPPLÆRINGS-KONTORET
OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE
Hans-Børge Lillehaug
Dagleg leiar

For bedrifta
Eirik Natvik
Rådmann

OPPLÆRINGS-
KONTORET
FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

# Vedtekter
# for
# Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane – OKOS

Fastsett av fylkestinget i sak 6/98 og revidert av fylkestinget i sak 22/05.

## § 1 - Formål

Opplæringskontoret for offentleg sektor – OKOS - skal i samarbeid med medlemsbedriftene, skuleverket og Fagopplæringsnemnda gjennomføre opplæring av lærlingar/lærekandidatar i samsvar med krava i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og læreplanane i dei aktuelle fag.

I tillegg til opplæringslova gjeld forskrift til opplæringslova av 28.6.1999 kap 11.

Kontoret kan og administrere anna relevant opplæring og praksistrening.

## § 2 - Medlemsbedriftene

Bedrifter i offentleg sektor som er godkjende lærebedrifter kan bli medlemer av opplæringskontoret dersom dei samla kan gje opplæring innan opplæringskontoret sitt verkeområde og fastsette læreplanar, jfr forskrift til opplæringslova § 11-1 og § 11-2.

Oppseing av medlemskapen skal skje skriftleg med tre månaders varsel. Gjeldande lærekontraktar skal då overførast til den einskilde lærebedrifta.

Opplæringskontoret teiknar lærekontrakt med lærlingen og kan instruere medlemsbedrifter til å gje lærlingen arbeidsoppgåver som sikrar opplæring i samsvar med læreplanen i det aktuelle fag. Lærlingar vert tilsett i den einskilde medlemsbedrift. Medlemsbedrifta har arbeidsgjevaransvar for lærlingane som for andre tilsette så lenge lærlingen er tilsett i institusjonen/avdelinga.

Medlemsbedrifter kan ikkje tilsette lærlingar utan at dette er godkjent av opplæringskontoret.

Fylkeshuset | Askedalen 2 | 6863 LEIKANGER | Tlf.: 57 65 61 00 | Faks: 57 65 61 01 | Bankgiro: 3781.07.00050
postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no | www.sf-f.kommune.no | Org.nr.: NO 941 388 841 MVA

Dato for tiltredinga, og tidsramma for læreforholdet, framgår av lærekontrakten. Det skal utformast skriftleg samarbeidsavtale mellom opplæringskontoret og medlemsverksemdene som fastlegg ansvarsfordeling mellom dei to partane.

Opplæringskontoret kan omplassere lærlingar til andre medlemsbedrifter dersom medlemsbedriftene, som i utgangspunktet har tilsett lærlingen, ikkje kan gje den opplæring som læreplanen krev, eller andre forhold tilseier overflytting av lærlingen.

**§ 3 - Lærefag**

Opplæringskontoret er fleirfagleg og skal kunne teikne lærekontraktar i alle dei fag kontoret er godkjend for av Fagopplæringsnemnda.

**§ 4 - Opplæringskontoret sine oppgåver**

Opplæringskontoret si oppgåve er å vere eit serviceorgan for medlemsbedriftene. Desse omfattar mellom anna:

- Sørgje for at det vert oppretta lærekontrakt/opplæringskontrakt med lærlingane/lærekandidatane.
- Sørgje for at lærlingane får opplæring i samsvar med den aktuelle læreplan.
- Sørgje for at lærlingen framstiller seg til fag/svenneprøven.
- Sørgje for at det er faglege leiarar innan alle dei fag opplæringskontoret er godkjent i.
- Ha kontakt med ansvarleg leiar, fagleg leiar, tilsynsrepresentant og lærling i medlemsbedriftene.
- Gje råd og bidra til å løyse konfliktar som måtte oppstå under læreforholdet.
- Arbeide for å auka rekruttering av lærlingar i medlemsbedriftene i samvar med overordna mål i den enkelte bedrift.
- Halde medlemsbedriftene informert om nye lærefag.
- Samarbeide med lærebedrifter og opplæringskontor utanom opplæringskontoret for fylkeskommunale og andre lærlingar om gjennomføring av læreforhold.

**§ 5 - Økonomi**

Opplæringskontoret si drift skal finansierast med offentlege tilskot som blir stilt til rådvelde for kontoret, som igjen fordeler desse til deltakande bedrifter/institusjonar.

Storleiken på beløpet som skal fordelast til bedriftene er avhengig av den administrasjonsavgifta som styret fastset.

Medlemskontingenten vert innkravd årleg.

**§ 6 - Organisering**

Opplæringskontoret er ein del av den fylkeskommunale verksemda, jfr komml. § 11.

Kontoret skal ha ein dagleg leiar. Fylkesrådmannen har personalansvaret for leiaren. Leiaren rapporterer til styret i faglege spørsmål.

## § 7 - Styret – samansetnad og val

Opplæringskontoret skal leiast av eit styre på fem medlemer med personlege varamedlemer som vert valde av fylkesutvalet slik:

- 2 medlemer etter forslag frå KS Sogn og Fjordane
- 1 medlem etter forslag frå den arbeidstakarorganisasjonen som har flest medlemer i medlemsbedriftene
- 1 politisk medlem frå fylkeskommunen
- 1 medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

Styret si funksjonstid følgjer den fylkeskommunale valperioden.

## § 8 – Styret sine oppgåver og mynde

Styret har driftsansvaret for opplæringskontoret og skal m.a.

- Ha det overordna opplæringsfaglege ansvaret
- Vedta målsetjingar og handlingsplanar for kontoret
- Fastsetje årleg medlemskontingent
- Fastsetje administrasjonsavgifta pr lærling
- Fastsetje retningsliner for fordeling av tilskot
- Fastsetje godtgjersle m.v. til instruktørane i bedriftene
- Utarbeide årsmelding for kontoret
- Utarbeide budsjettforslag for kontoret

## § 9 – Møterett, sekretariat m.v

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i styret, jfr komml. § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av den han gir fullmakt.

Sekretariatet for Fagopplæringsnemnda har møte- og talerett i styret og skal innkallast til styremøta.

Fylkesrådmannen har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte.

For styremøta gjeld elles Reglement for sakshandsaming i politiske utval.

## §10 - Nedlegging

Ved nedlegging av opplæringskontoret skal gjenverande verdiar fordelast til medlemane i høve deira tal lærekontraktar. Verdiar knytt til lærlingetilskot skal førast attende til fylkeskommunen.

Ved nedlegging av opplæringskontoret skal lærekontraktar overførast til den einskilde medlemsbedrifta.

OPPLÆRINGS-
KONTORET
FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

# Medlemsbedrifter
## 2008

Aurland kommune
Balestrand kommune
Bremanger kommune

Eid vidaregåande skule
Firda vidaregåande skule
Fjaler kommune

Flora vidaregåande skule
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Førde kommune

Gaular kommune
Gloppen kommune
Gulen kommune

Hafstad vidaregåande skule
Hatlehaugen barnehage (HF)
Hornindal kommune

Hyllestad kommune
Høyanger kommune

Jølster kommune
Leikanger kommune
Luster kommune

Luster vidaregåande skule
Lærdal kommune
Mo og Jølster vg. skule

Måløy vidaregåande skule
Naustdal kommune
NAV Sogn og Fj.

Selje kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogndal vidaregåande skule

Solund kommune
Stryn vidaregåande skule
Vik kommune

Øyrane vidaregåande skule
Årdal kommune

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Kari Mette Sundgot | Arkivsak nr.: | 2018/2074 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 36/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | |

**OVERFØRING AV INVESTERINGSRAMMER FRÅ 2018 TIL 2019**

**Administrasjonen si tilråding:**

Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2018 til 2019 slik det går fram av tabell i saksframlegg.

**Vedleggsliste:**

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
I samband med rekneskapsavslutninga 2018 har vi hatt ein gjennomgang på investeringsprosjekt som ikkje er avslutta og som har restramme som må overførast til 2019. Gjennomgang er gjort med kommunalsjef Teknisk og einingsleiarane der. Prosjekta skal finansierast av bruk av lån eller bundne fond. Låneopptak er allereie gjennomført i 2018, så det ein no treng godkjenning på er å overføre restmidlar til nytt budsjett år.

**Saksopplysningar/fakta:**
Gjennom 2018 har vi hatt fokus på rapportering av investeringar, både økonomisk og status på oppstart og gjennomføring. Resultat av dette er at vi i 2018 har gjennomført 78,1 % av planlagde investeringar, mot 50 % i 2017.
Tabellen under viser ei oversikt over dei prosjekt som vi ønskjer å overføre ikkje nytta budsjettmidlar i 2018. Beløpa som kjem fram i tabellen er altså vedtekne rammer i 2018 som ikkje er nytta. Som det går fram i tabellen er prosjekta delt inn i netto investeringsutgift,

moms utgift og momsrefusjon samt finansiering. I og med at dei fleste prosjekt skal finansierast med lån som allereie vart tatt opp i 2018 er dette presisert med konto 09101. Samla oversikt på det som vert overført frå budsjett 2018 til budsjett 2019 er:

**Utgift:**

| | |
|---|---|
| Netto investeringar | 87 267 739,- |
| Momsutgift | 14 124 820,- |
| Brutto investeringar | 101 392 559,- |

**Finansiering:**

| | |
|---|---|
| Bruk av tidlegare års låneopptak | 81 966 705,- |
| Momskompensasjon | 14 124 820,- |
| Investeringsfond | 5 301 034,- |

| PROSJEKT | | Overføring frå 2018 til 2019 | Kommentarar |
|---|---|---|---|
| **IKT Volda kommune:** | | | |
| 02001 | Kjøp av IKT-utstyr | 111 731,96 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | 27 932,99 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 27 932,99 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - 111 731,96 | |
| **Interkommunale IKT investeringar:** | | | |
| 02001 | Kjøp av IKT-utstyr | 1 152 529,85 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | 288 132,46 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 288 132,46 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - 1 152 529,85 | |
| **Oppgradering Win Tid/Min Tid:** | | | |
| 02000 | Kjøp av driftsmiddel | 42 108,00 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | 10 527,00 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 10 527,00 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - 42 108,00 | |
| **Buss Helse og omsorg:** | | | |
| 02100 | Kjøp av transportmiddel | 800 000,00 | Budsjettvedtak kom seint i 2018, kjøp tidleg 2019 |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | 200 000,00 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 200 000,00 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - 800 000,00 | |
| **Omsorgssenteret - Inventar og utstyr:** | | | |
| 02000 | Kjøp av driftsmiddel | 746 356,91 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | 186 589,23 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 186 589,23 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - 746 356,91 | |
| **Skinner i tak for takheiser:** | | | |
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 2 400 000,00 | Budsjettvedtak kom seint i 2018, kjøp tidleg 2019 |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | 600 000,00 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 600 000,00 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - 2 400 000,00 | |
| **Omsorgssenteret, sentralkjøkken:** | | | |

| PROSJEKT | | | Overføring frå 2018 til 2019 | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 400 000,00 | Samla investeringsramme er vedtatt i B2019. Dette er planleggingsmidlar |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 100 000,00 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 100 000,00 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - | 400 000,00 | |
| **Investering velferdsteknologi:** | | | | |
| 02001 | Kjøp av IKT-utstyr | | 710 681,05 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 177 670,26 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 177 670,26 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - | 710 681,05 | |
| **Prestegården Gnisten:** | | | | |
| 02000 | Kjøp av driftsmiddel | | 233 235,04 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 58 308,76 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 58 308,76 | |
| 09480 | Bruk av ubundne investeringsfond | - | 233 235,04 | |
| **Volda u-skule:** | | | | |
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 354 669,21 | Samla investeringsramme er vedtatt i B2019. Dette er planleggingsmidlar |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 88 667,30 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 88 667,30 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - | 354 669,21 | |
| **Ny Øyra skule (ki):** | | | | |
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 1 000 000,00 | Midlar sett av til garantiar |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 250 000,00 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 250 000,00 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - | 1 000 000,00 | |
| **Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging:** | | | | |
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 725 966,55 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 181 491,64 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 181 491,64 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - | 725 966,55 | |
| **Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen:** | | | | |
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 4 045 564,39 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 1 011 391,10 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 1 011 391,10 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - | 4 045 564,39 | |
| **Leikeplassar (skular/barnehagar):** | | | | |
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 640 000,00 | |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 160 000,00 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 160 000,00 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - | 640 000,00 | |
| **ROP (rus og psykisk helse) :** | | | | |
| 02300 | Nybygg, vedlikehald, byggetenester | | 1 000 000,00 | Midlar sett av til garantiar |
| 04290 | Moms-utgift investering med kompensasjon | | 250 000,00 | |
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - | 250 000,00 | |

| PROSJEKT | Overføring frå 2018 til 2019 | Kommentarar |
|---|---|---|
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 1 000 000,00 | |
| **EPC gjennomføringstiltak:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 13 804 801,43 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 3 451 200,36 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 3 451 200,36 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 13 804 801,43 | |
| **Mork skule - kapasitetsutviding:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 83 053,48 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 20 763,37 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 20 763,37 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 83 053,48 | |
| **Oppgradering Prestagata 38:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 1 807 038,40 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 451 759,60 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 451 759,60 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 1 807 038,40 | |
| **4.etasje omsorgsenteret:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 401 182,85 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 100 295,71 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 100 295,71 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 401 182,85 | |
| **Barneavlastinga - ombygging/oppgradering:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 202 102,20 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 50 525,55 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 50 525,55 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 202 102,20 | |
| **Folkestadtun - oppgradering:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 104 067,38 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 26 016,85 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 26 016,85 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 104 067,38 | |
| **Etablering 2 bustadsmodular - Rotset:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 1 995 508,18 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 259 416,06 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 259 416,06 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 1 995 508,18 | |
| **Solskjerming kommunale bygg- omsorg:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 97 329,05 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 24 332,26 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 24 332,26 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 97 329,05 | |
| **Ferdigstilling Brannstasjon - krav frå arbeidstilsyn:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 924 712,24 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 221 930,94 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 221 930,94 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 924 712,24 | |
| **Friluftsliivstiltak (rt):** | | |

| PROSJEKT | Overføring frå 2018 til 2019 | Kommentarar |
|---|---|---|
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 149 757,00 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 37 439,25 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 37 439,25 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 149 757,00 | |
| **Næringsområde Øvre Rotset:** | | |
| 02800 Grunnkjøp (m/avgifter og gebyr) | 5 067 799,01 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 1 266 949,75 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 1 266 949,75 | |
| 09480 Bruk av ubundne investeringsfond | - 5 067 799,01 | |
| **Elvadalsprosjektet:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 1 848 106,90 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 462 026,73 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 462 026,73 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 1 848 106,90 | |
| **Utbygging bustadfelt K 10, Klepp:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 500 000,00 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 125 000,00 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 125 000,00 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 500 000,00 | |
| **Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 408 506,91 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 102 126,73 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 102 126,73 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 408 506,91 | |
| **Flomførebygging:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 8 663 258,04 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 2 165 814,51 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 2 165 814,51 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 8 663 258,04 | |
| **Fast dekke kommunale areal/vegar:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 81 310,14 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 20 327,54 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 20 327,54 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 81 310,14 | |
| **Avløp samleinvestering:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 11 307 745,65 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 11 307 745,65 | |
| **Vatn samleinvestering (LF):** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 10 976 015,97 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 10 976 015,97 | |
| **Samleveg Urbakkfoten:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 1 145 490,78 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 286 372,70 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 286 372,70 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 1 145 490,78 | |
| **Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 2 619 406,30 | |

| PROSJEKT | Overføring frå 2018 til 2019 | Kommentarar |
|---|---|---|
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 654 851,58 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 654 851,58 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 2 619 406,30 | |
| **Bygging av breiband Halkjelsvik - Folkestad:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 929 999,04 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 232 499,76 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 232 499,76 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 929 999,04 | |
| **Myravegen - vann og avløp:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 462 406,37 | |
| 09101 Bruk av årets opprinnelege låneopptak | - 462 406,37 | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 461 640,77 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 461 640,77 | |
| **Søre Bjørkedal avløpsreinsing:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 4 000 000,00 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 4 000 000,00 | |
| **Folkestad avløpsleidning:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 2 382 330,00 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 2 382 330,00 | |
| **Nødnett (RIH):** | | |
| 02000 Kjøp av driftsmiddel | 389 610,00 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 97 402,00 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 97 402,00 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 389 610,00 | |
| **Brann - Beredskapsmateriell og kjøretøy:** | | |
| 02100 Kjøp av transportmiddel | 1 200 000,00 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 300 000,00 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 300 000,00 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 1 200 000,00 | |
| **Feiing:** | | |
| 02000 Kjøp av driftsmiddel | 183 484,00 | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 200 000,00 | |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 50 000,00 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 50 000,00 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 383 484,00 | |
| **Symjehall:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 420 000,00 | Samla investeringsramme er vedtatt i B2019. Dette er planleggingsmidlar |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 105 000,00 | |
| 07290 Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 105 000,00 | |
| 09101 Bruk av tidlegare års låneopptak | - 420 000,00 | |
| **Kinosal og kultursal:** | | |
| 02300 Nybygg, vedlikehald, byggetenester | 88 233,55 | Samla investeringsramme er vedtatt i B2019. Dette er planleggingsmidlar |
| 04290 Moms-utgift investering med kompensasjon | 22 058,39 | |

| PROSJEKT | | Overføring frå 2018 til 2019 | Kommentarar |
|---|---|---|---|
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | - 22 058,39 | |
| 09101 | Bruk av tidlegare års låneopptak | - 88 233,55 | |

**Vurdering og konklusjon:**
Vi rår til at kommunestyret godkjenner overføring av investeringsmidlar frå 2018 til 2019 slik det går fram av tabell over.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Fleire av investeringsprosjekta er retta inn mot tiltak innan helse og miljø.

**Økonomiske konsekvensar:**
Overflyttinga har ingen økonomisk påverknad på vedteke budsjett 2019 då kapitalkostnadane allereie er innarbeidd i budsjettet.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Kommunerevisjonen
Kommunalsjefar

**Klageinstans:**

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Ove Bjerkvik | Arkivsak nr.: | 2013/554 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 210 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 37/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | |

## ÅRSMELDING OG SKATTEREKNESKAP 2018

**Administrasjonen si tilråding:**

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2018 til vitende.

**Vedleggsliste:**
**Årsmelding**
**Skatterekneskapen**
**Årsmelding interkommunal arbeidsgjevarkontroll**
**Kontrollrapport revisjon**
**Uttale frå kontrollutvalet**

**Saksopplysningar/fakta:**
Orienteringssak vedk. årsmelding og skatterekneskapen for 2018 jf vedlagte dokument.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Skatteoppkrevjaren i Volda

# Årsmelding for 2018

# Skatteoppkrevjaren i Volda kommune

Innhold

**1. Generelt om skatteoppkrevjaren sine oppgåver** ... 3

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret ... 3
1.1.1 Ressurser ... 3
1.1.2 Organisering ... 4
1.1.3 Ressurser og kompetanse ... 4

1.2 Internkontroll ... 5

1.3 Skatteutval ... 5

1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen ... 5

**2. Skatterekneskapen** ... 5

2.1 Framlegg av skatterekneskapen ... 5

2.2 Vurdering av skatteinngangen ... 5
2.2.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret ... 5
2.2.2 Kommunen sin andel av skatteinngangen i rekneskapsåret ... 6

2.3 Margin ... 6
2.3.1 Margin for inntektsåret 2017 ... 6
2.3.2 Margin for inntektsåret 2018 ... 6
2.3.3 Kommentarer til marginavsetninga ... 6

**3. Innfordring av krav** ... 7

3.1 Restanseutvikling ... 7
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav ... 7
3.1.2 Kommentar vedk. restansesituasjonen og restanseutviklinga ... 8
3.1.3 Restanser eldre år ... 9
3.1.4 Kommentarer vedk. oppfølgjing av restanser eldre år ... 9

3.2 Effektivitet av innfordringsarbeidet ... 9
3.2.1 Vurdering av skatteoppkrevjarkontoret sitt resultat pr. 31.12.2018 ... 9
3.2.2 Vurdering av innfordringsavktiviteten, og i kva grad den verkar inn på innfordringsresultatet ... 10
3.2.3 Eventuelle tiltak skatteoppkrevjarkontoret har sett i verk for å betre effektiviteten i innfordringsarbeidet ... 10
3.2.4 Omtale av særskilte forhold ... 10

3.3 Særnamskompetanse ... 10

**4. Arbeidsgjevarkontroll** ... 10

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen ... 10

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller ... 10

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen ... 11

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen ... 11

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører ... 11

4.6 Utførte informasjonstiltak ... 11

# 1. Generelt om skatteoppkrevjaren sine oppgåver

**Kort omtale av arbeidsområdet:**

- Bokføring/kontroll/avstemming av skatterekneskap.
- Fordeling av skatteinntektene mellom dei ulike skattekreditorane.
- Skatteavrekning for personlege og upersonlege skattytarar
- Kontroll og avstemming av mottatte A-meldinger
- Innfordring av skatt og arbeidsgjevaravgift
- Tvangsinnfordring – tvangssal, konkurs, gjeldsordning m.m.
- Arbeidsgjevarkontroll/informasjonstiltak
- Sekretærfunksjon for skatteutvalet

## *1.1 Skatteoppkrevjarkontoret*

### 1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling

| | Årsverk | %-andel fordelt |
|---|---|---|
| Antall årsverk ved SKO som kun er nytta til SKO-funksjonen i rekneskapsåret | | |
| | 1,8 | 100 % |
| Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk | -------------- | ------------- |
| Skatterekneskap | 0,2 | 11 % |
| Innfordring av skatt/arbeidsgjevaravgift | 0,6 | 33 % |
| Arbeidsgjevarkontroll | 0,7 | 39 % |
| Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar | 0,1 | 6 % |
| Skatteutval | 0,1 | 6 % |
| Administrasjon | 0,1 | 6 % |

## 1.1.2 Organisering




Den kommunale skatteoppkrevjaren er fagleg underlagt instruks frå skattedirektoratet og administrativt underlagt rådmannen i kommunen.

Skatt -og innfordringsseksjonen er organisert som eigen seksjon under økonomistaben og har i tillegg til skatt også ansvar for innfordring av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav som td husleige, barnehage, pleie og omsorgstenester m.m.

Skatteoppkrevjaren er leiar for seksjonen som har 2 tilsette + interkommunal kontrollør for arbeidsgjevarkontroll.

1,8 årsverk går hovudsakleg med til arbeid med skatterekneskap, innfordring av skatter og avgifter og arbeidsgjevarkontroll. I år rapporterer arbeidsgjevarkontrollen at dei har brukt 0,7 årsverk til kontrollarbeid.

0,3 årsverk er knytt til innfordring av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav, samt administrasjon av dette. Innfordringskonsulenten har også ansvar for Volda sin del av det interkommunale innkjøpssamarbeidet, og dette utgjer om lag 0,2 årsverk.

Prosessen med sammenslåing av kommunane Volda og Hornindal er også godt i gang, og her deltek også innfordringskonsulenten med arbeid knytt til kartlegging av interkommunale avtaler ol.
I tillegg har rekneskapsstaben hatt behov for ekstrahjelp dette året pga permisjonar og vakanse.
Totalt utgjer dette arbeidet om lag 0,5 årsverk.

I 2012 vart det inngått avtale mellom Volda og Ålesund kommune vedk. kjøp av tenester knytt til arbeidsgjevarkontrollen . Volda sin del av kontrollsamarbeidet utgjorde i 2018 omlag 6,43 % og tilsvarer ca 70 % av ei heil stilling. Avtalen gjeld frå 01.08.2012 og tenesta vert uført av arbeidsgjevarkontrollen ved Nordre Sunnmøre Kemnerkontor i Ålesund.

## 1.1.3 Ressurser og kompetanse

- **Skatterekneskap**
  Løpande ajorhald og føring av rekneskapen er tilfredstillande både med hensyn til ressurser og kompetanse.
  Det er stort sett skatteoppkrevjar som utfører dette arbeidet.

- **Innfordring**
  Kompetanse på innfordringsarbeidet vert vurdert som god, og vert i hovudsak uført av skatteoppkrevjar.

- **Arbeidsgjevarkontroll**
  Vakant stilling som rekneskapskontrollør vart i 2013 tatt ut og erstatta med interkommunal arbeidsgjevarkontroll. Kompetansen vert rekna som god.

### 1.2 Internkontroll

Det vart utarbeidd nye skriftlege rutiner for skatteområdet i 2009.
Rutinene skal reviderast/oppdaterast regelmessig som ein del av internkontrollen ved kontoret.
Oppdatering av rutinene er utført i 2018.

### 1.3 Skatteutval

Nye skatteutval vart oppretta med verknad frå 01.01.2009 jfr endring i Skattebetalingslova § 15-1.
Endringa medførte at det skulle opprettast eit skatteutval for kvart skattekontor. Det betyr at ein har fått 5 regionale skatteutval for heile landet.
Volda kommune er knytt til region Midt-Norge som består av Møre og Romsdal, Sør Trøndelag og Nord Trøndelag. Skatteutvalet er inndelt i 3 avdelinger - 1 avdeling pr fylke og har 4 medlemmer i kvar avdeling.
Medlemmane er oppnemnt av fylkestinget i kvart fylke, og skal oppnemnast etter same kriterie som skattekontoret og skatteklagenemda.
Skatteutvalet kan ettergi inntil kr. 200.000,- av velgjerds og rettferdsgrunnar. Er beløpet høgare går saka vidare til skattekontoret/skattedirektoratet.

Skatteoppkrevjaren er sakshandsamar for Skatteutvalet. Det var 1 sak til handsaming i 2018 med ettergjeving på kr 14.054, medan det året før ikkje var saker til handsaming.

### 1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har ikkje funne forhold som gir grunnlag for å gi pålegg for 2018.

## 2. Skatterekneskapen

### 2.1 Framlegg av skatterekneskapen

**Framlegg av skatterekneskapen**
Skatteoppkrevjaren i Volda kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2018 er bokført, avstemt og framlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf Instruks for skatteoppkrevjarar av 8. april 2014 § 3-3 nr.2.

Årsrekneskapen for 2018 ligg ved årsmeldinga og er signert av skatteoppkrevjaren.

### 2.2 Vurdering av skatteinngangen

#### 2.2.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

| Skatteinngang 2018 | | | | |
|---|---|---|---|---|
| År | 2018 | 2017 | endring i kr | endring i % |
| Fordelt til Folketrygden – arbeidsgiveravgift | 191 515 296 | 179 947 100 | 11 568 196 | 6,43 % |
| Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift | 217 343 960 | 209 164 173 | 8 179 787 | 3,91 % |
| Fordelt til Fylkeskommunen | 47 749 588 | 44 768 523 | 2 981 065 | 6,66 % |
| Fordelt til Staten | 279 732 481 | 271 608 905 | 8 123 576 | 2,99 % |
| Fordelt til kommunen | 222 531 548 | 209 347 313 | 13 184 235 | 6,30 % |
| Plassering mellom kommuner | -1262721 | 0 | -1 262 721 | |
| Totalt | 957 610 152 | 914 836 014 | 42 774 138 | 4,68 % |

Den totale skatteinngangen har hatt ei positiv utvikling for 2018, og har auka med 4,68 % i forhold til 2017. Alle skattekreditorane har hatt oppgang i inntektene. Dette indikerer bl.a. at sysselsettinga har vore høg og at lønsveksten er god.

Innbetalt skatt vert fordelt mellom skattekreditorane etter kapittel 8 i skattebetalingslova. Fordelingsprosentane kan variere noko frå år til år, og er fordelt slik i 2017 og 2018:

| Inntektsår | Skatteordning | Kommune | Fylke | Folketrygd | Staten | Herav fellesskatt | Herav toppskatt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2018 | Etterskuddspliktige | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 100,00 | 96,50 | 3,50 |
| 2018 | Forskuddspliktige | 30,77 | 6,60 | 30,77 | 31,86 | 65,68 | 34,32 |
| 2018 | Renter og gebyr | 30,77 | 6,60 | 30,77 | 31,86 | 65,68 | 34,32 |
| 2017 | Etterskuddspliktige | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 100,00 | 96,50 | 3,50 |
| 2017 | Forskuddspliktige | 30,86 | 6,61 | 30,37 | 32,16 | 71,75 | 28,25 |
| 2017 | Renter og gebyr | 30,86 | 6,61 | 30,37 | 32,16 | 71,75 | 28,25 |

### 2.2.2 Kommunen sin andel av skatteinngangen i rekneskapsåret

Som ein ser av tabellen under pkt 2.2.1, så har kommunen hatt ei auke i skatteinntektene på 13,1 mill kr i forhold til året før. Dette gir ein prosentvis auke på 6,3 % og resultatet ligg godt over forventa skatteinntekt.
Det var budsjettert med 218,1 mill medan reell skatteinngang var på 222,5 mill. Dette gir ei meirinntekt på skatt med 4,4 mill. kr. i 2018.
Det gode resultatet viser at lønsutviklinga og sysselsetting for tida er stabil. I tillegg er effektiv innfordring og positivt marginoppgjer også med og påverkar resultatet i positiv retning.

## *2.3 Margin*

### 2.3.1 Margin for inntektsåret 2017

| Forklaring | Beløp |
|---|---|
| Innestående margin for inntektsår 2017, pr. 31.10.2018 | 2 930 821 |
| For mykje avsett margin for inntektsår 2017 | 2 930 821 |
| For lite avsett margin for inntektsår 2017 | |

### 2.3.2 Margin for inntektsåret 2018

Marginavsetning for inntektsåret 2018 pr 31.12.2018: kr 64 214 218

**Marginprosent**
Prosentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 23.11.1992

### 2.3.3 Kommentarer til marginavsetninga

Marginavsettinga skal dekke framtidige utbetalinger av tilgode skatt. For inntektsåret 2017 kom vi ut med positiv margin, dvs for mykje avsett margin. Dette kan variere noko frå år til år jfr tabellen nedanfor.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Avsett margin i % | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 |
| Overskytande margin | ÷ 4 026 395 | 1 564 901 | 603 171 | 2 389 400 | 2 930 821 |
| Kommunen sin andel | ÷1 168 057 | 453 191 | 173 411 | 729 722 | 890 088 |

Marginprosenten vert fastsett av kommunestyret, og har ikkje vore endra sidan 1992.
Prosentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 23.11.1992

Marginavsetning for rekneskapsåret 2017 pr 31.12.2017 var kr 73.667.525
Prosentsats for rekneskapsåret: 10 %
Skatteoppkrevjaren vurderer frå år til år om det er behov for justering av marginprosenten.

# 3. Innfordring av krav

## *3.1 Restanseutvikling*

### 3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

| Skatteart | Restanse 31.12.2018 | Herav berostilt restanse 31.12.2018 | Restanse 31.12.2017 | Herav berostilt restanse 31.12.2017 | Endring i restanse Reduksjon (-) Auke (+) | Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Auke (+) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum restanse pr. skatteart | | | | | | |
| Arbeidsgiveravgift | 434 451 | 0 | 458 085 | 0 | -23 634 | 0 |
| Artistskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forsinkelsesrenter | 689 845 | 19 945 | 612 916 | 19 945 | 76 929 | 0 |
| Forskuddsskatt | 26 425 | 0 | 0 | 0 | 26 425 | 0 |
| Forskuddsskatt person | 1 341 611 | 46 000 | 1 749 037 | 118 067 | -407 426 | -72 067 |
| Forskuddstrekk | 525 208 | 0 | 373 412 | 0 | 151 796 | 0 |
| Gebyr | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Innfordringsinntekter | 317 707 | 1 620 | 269 268 | 1 620 | 48 439 | 0 |
| Inntekt av summarisk fellesoppgjør | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kildeskatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Restskatt | 351 836 | 0 | 575 528 | 0 | -223 692 | 0 |
| Restskatt person | 6 075 562 | 230 925 | 4 826 485 | 230 925 | 1 249 077 | 0 |
| Tvangsmulkt | 822 002 | 0 | 603 557 | 0 | 218 445 | 0 |
| Sum restanse diverse krav | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Diverse krav | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum restanse** | **10 584 647** | **298 490** | **9 468 288** | **370 557** | **1 116 359** | **-86 097** |

Ulike tvangstiltak vert nytta for å få inn restansane. Dette er utlegg, utleggstrekk, betalingsavtaler, motrekning i tilgodebeløp hos kommune, fylke og stat, tvangssal og konkurs.

Skatteoppkrevjaren i Volda har særnamskompetanse for skatte- og avgiftskrav. Dette er med på å gi ei meir effektiv innfordring med mindre tidsforbruk.

I 2018 vart det utført 82 utleggsforretningar mot 52 året før. Pantegebyr overført til Volda kommune utgjorde kr. 218.856,-.
Skatteoppkrevjaren har tilgang til m.a. grunnlagsdataregisterert, eigedomsregisteret, motorvognregisteret og lausøreregisteret. Dette er med på å effektivisere arbeidet med tvangsinnfordringa.

Frå inntektsåret 2007 innførte skattedirektoratet "stille aksept"for sjølvmeldingar på lønnstakarar og pensjonistar. Dette har medført ein betydeleg nedgang av antal skjønslikna personar, og det er no kun personleg næringsdrivande som vert skjønslikna dersom dei ikkje leverer skattemelding.

## 3.1.2 Kommentar vedk. restansesituasjonen og restanseutviklinga

Av ulike årsaker vil totalrestansen svinge noko frå år til år.

Etter tabellen under pkt 3.1.1 ser ein at total restanse pr 31.12.2018 har auka med kr 1.116.359,- eller 12 % i forhold til 2017.

Restanse på restskatt person har hatt ein auke på kr 1.249.077,- i forhold til året før, medan restskatt for upersonlege skattytarar har hatt ein nedgang på kr 223.692 ,-.
Den markante auken av restanse på restskatt person skuldast i hovudsak at arbeidsgjevarkontrollen har avdekka store beløp som er unndratt beskatning for både 2015 og 2016.

Arbeidsgjevaravgift har hatt ein nedgang i restansen med kr 23.634,-, medan forskotstrekket har hatt ein auke på kr 151 796 i forhold til året før.

Restanse på forskotsskatt person har minka med kr 407 426,- og forskotsskatt upersonlege har auka med kr 26.425,- i forhold til året før.

Det er avskrive og ettergjeve restansar i 2018 på skattytarar med totalt kr 1.083.375,- mot kr 1.173.463,- året før. Dette er restansar frå konkursar, gjeldsordningar, dødsbo og andre ufåande skattar som er tapsført.

2018 syner eit år med relativ stor auke i totalrestansen. Dette heng i hovudsak saman med høg andel av fastsetting av skatt på personinntekt etter forslag til vedtak frå arbeidsgjevarkontrollen.

## Utvikling i fastsett skatt:

(Beløp oppgitt i mill.kr)

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | Endring siste år | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Antal skattytere | 6 775 | 6 868 | 6 885 | 8 015 | 6 926 | -1 089 | -13,59 % |
| Fastsett skatt | 636 | 650,7 | 677,1 | 679,8 | 688,9 | 9,1 | 1,34 % |
| Forskott | 691,9 | 697,5 | 729,6 | 731,3 | 738,3 | 7,0 | 0,96 % |
| Til gode skatt | 72,5 | 67,5 | 72,4 | 69,8 | 70,3 | 0,5 | 0,72 % |
| Restskatt | 16,8 | 20,8 | 20,1 | 19,2 | 20,2 | 1,0 | 5,21 % |

Endring i fastsett skatt for inntektsåret 2017 har hatt ei auke på kr 9,1 mill eller 1,34 % i forhold til året før.

### 3.1.3 Restanser eldre år

| Inntektsår | Sum restanse (debet) | Herav skatteart "Restskatt – person" |
|---|---|---|
| 2016 | 1 738 761 | 1 129 864 |
| 2015 | 619 959 | 475 647 |
| 2014 | 545 697 | 464 433 |
| 2013 – 19XX | -4 593 808 | ---------------------------------------- |

### 3.1.4 Kommentarer vedk. oppfølgjing av restanser eldre år

Restansane for eldre år er sikra med utleggsforretning der resultatet enten er pant i ulike formuesgoder eller utleggsforretning der det ikkje er funne teneleg utlegg. Restansane vert regelmessig følgt opp for vurdering av vidare innfordring. Dette kan være ulike former for tvangsbegjæringer som utleggstrekk, tvangssal, konkursvarsel. I enkelte tilfeller har skuldnar fått opna offentleg gjeldsordning eller det er innvilga betalingsordningar.

Kontoret har fylgt opp rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12. forrige år og sikra at krav ikke vert forelda uten at det er sett i verk tiltak.

Pr 31.12.2018 var 2 krav forelda på til saman kr 139.544,-. Skatteoppkrevjar har vurdert vidare innfordring på desse som lite teneleg og dermed latt dei bli forelda.

## *3.2 Effektivitet av innfordringsarbeidet*

### 3.2.1 Vurdering av skatteoppkrevjarkontoret sitt resultat pr. 31.12.2018

**Innfordra skatt/avgift av sum krav til innfordring siste år målt i %**

| Skatteart | Resultatkrav 31.12.18 | | Resultat pr. 31.12.18 | | Resultat regionen | Diff Krav/resultat |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Totalt innbetalt | | Totalt innbetalt | Totalt innbetalt | Totalt innbetalt |
| Restskatt 2016 personlege | | 98,0 | | 94,6 | 95,0 | **-3,4** |
| Forskotsskatt 2017 Personlege | | 99,7 | | 99,6 | 99,0 | **-0,1** |
| Restskatt 2016 upersonlege | | 99,4 | | 98,2 | 99,4 | **-1,2** |
| Forskotsskatt 2017 upersonlege | | 99,9 | | 99,9 | 99,9 | **0,0** |
| Forskotstrekk 2017 | | 99,9 | | 100 | 99,9 | **0,1** |
| Arb.gj.avgift 2017 | | 99,8 | | 99,9 | 99,8 | **0,2** |

Innfordringsresultat pr 31.12 vert målt etter totalt innbetalt.

Totalt innbetalt restskatt personlege s/y ligg 3,4 % under resultatkravet. Dette skuldast i hovudsak relativt stor avdekking av arbeidsgjevarkontrollen på inntekter unndratt beskatning for 2014, 2015 og 2016. Det er i 2018 fastsett endra skatteoppgjer på desse s/y og innkrevinga mot fleire av dei er vanskeleg pga at dei ikkje er søkegod – dvs har verken formue eller inntekt der det er rom for utleggstrekk.

Resultatet på forskotsskatt personlege s/y ligg 0,1% under kravet, men over resultatet for regionen.

Totalt innbetalt restskatt upersonlege s/y ligg 1,2 % under resultatkravet.
At resultatet er så pass svakt skuldast i hovudsak restanser knytt til konkursar som enno ikkje er avslutta.

Elles er det berre mindre avvik på dei andre skatteartane - noko som tyder på at innfordringsarbeidet er tett på og gir bra resultat.

### 3.2.2 Vurdering av innfordringsavktiviteten, og i kva grad den verkar inn på innfordringsresultatet

Innfordringsaktiviteten er god for Volda kommune, og står i klar samanheng med innfordringsresultatet. Volda ligg veldig godt an resultatmessig samanlikna med dei andre kommunane i regionen, og ligg godt over gjennomsnittet for regionen og resultat på landsbasis.

SOFIE er eit effektivt og moderne innfordringssystem og har no vore i bruk i 12 år. Debitortilpassa innfordring vert aktivt brukt, og vi ser heilt klart gevinstar både når det gjeld innfordringsresultat og ikkje minst innsparing av tid og ressursar ved kontoret.

### 3.2.3 Eventuelle tiltak skatteoppkrevjarkontoret har sett i verk for å betre effektiviteten i innfordringsarbeidet

Innføring av debitortilpassa innfordring (DTI) for innkrevjing av restskatt frå 2010 har fungert godt, og ein ser ein klar samanheng mellom betring i resultat som gir raskere og meir korrekt innfordring under dei ulike strategiane. DTI betyr at opplysningar om økonomiske forhold og evt. betalingshistorikk for tidlegare restskattar vert sett i system og innfordra etter ulike betjeningsstrategier.

### 3.2.4 Omtale av særskilte forhold

Det har ikkje oppstått særskilte forhold som påverkar innfordringsresultatet for 2018.

### 3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Volda har hatt særnamskompetanse for skatte- og avgiftskrav sidan 01.06.1989.
Frå 01.01.2009 vart denne kompetansen lovbestemt i skattebetalingslova av 17.06.05.
Særnamskompetansen gir heilt klart fordelar, og er med på å gi ei meir effektiv innfordring med mindre tidsforbruk.

## 4. Arbeidsgjevarkontroll

### 4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Frå 01.08.2012 vart det i samarbeid med kommunane Ulstein og Sande inngått avtale med Ålesund kommune vedk. kjøp av tenester knytt til arbeidsgjevarkontroll. Kontrollordninga omfattar 11 årsverk totalt.

Avtalen går ut på å kjøpe tenester tilsvarande om lag ei 50-70 % stilling og vert fordelt på deltakarkommunane rekna etter ein fordelingsnøkkelen basert på innbyggartal.

Tenesta vert uført av arbeidsgjevarkontrollen ved Nordre Sunnmøre Kemnerkontor i Ålesund og samarbeidet omfattar totalt 17 kommunar.

### 4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Tal på planlagde kontrollar i 2018:

Det var planlagt 16 kontrollar for 2018.

Desse utgjer: 5 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

Tal på utførte kontrollar i 2018:

Det er utført 10 kontrollar i 2018

Desse utgjer: 3,1 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

Tal på kontrollar utført i 2017:

Det er utført 6 kontrollar i 2017

Desse utgjer: 1,8 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

## *4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen*

Det er utført 10 kontrollar og det vart avdekt følgjande:

Inntekt/utbytte som ikkje er innrapportert til skattekontoret: kr 1.030.229,-

Grunnlag for arbeidsgjevaravgift som ikkje er avgiftsberekna: kr 1.030.229,-

Avdekkingsresultatet gjeld 5 arbeidsgjevarar og for 2 av dei vil det bli vurdert melding til politiet for brot på skatte- og avgiftsreglane.

## *4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen*

Kjøp av kontrolltenester frå Nordre Sunnmøre Kemnerkontor fungerer bra og vi har god dialog med kontrollørane vedkomande løpande kontrollar.

Vi har fått utført 10 av 16 planlagde kontrollar i 2018 og er på rett veg i forhold til det svake resultatet i 2017.
Men vi er fortsatt eit stykke i frå kravet om kontroll av 5% av alle arbeidsgjevarar i kommunen.
Årsaka til dette er bl.a at fleire av kontrollane er utført i samband med konkurs -eller tvangsavviklingssaker. Det har dermed gått med store ressursar for å få gjennomført desse kontrollane. I tillegg har fleire av lønnsrevisorane slutta siste året. Det har dermed gått med relativt mykje tid på opplæring av nytilsette kontrollørar.

## *4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører*

Det har i 2018 vore samarbeid med A-krim i saker som er aktuelle vedr. arbeidslivskriminalitet.
A-krimsenter er etablert i Oslo, Bergen Trondheim og Tromsø og består av representanter frå Skatteetaten, Toll, Politi, Arbeidtilsynet, kemner og NAV.

## *4.6 Utførte informasjonstiltak*

I desember vart det arrangert eit dagskurs for arbeidsgjevarar og næringsdrivande i kommunen.
Kurset vart halde ved Ivar Aasentunet i Ørsta i regi av den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen frå Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Det var 23 deltakarar på kurset mot 31 året før. Informasjonsdagen er lagt opp med forelesingar rundt aktuelle tema på lønsområdet presentert av spesialrådgjevarar frå Oslo kemnerkontor. Dette er eit kursopplegg som har vist seg å være populært, og vi tek sikte på å tilby arbeidsgjevarane dette kvart år framover.

Sted/dato: Volda, 20.01.2019

Ove Bjerkvik

**Skatteoppkrevjaren sin signatur**

**Vedlegg:** Årsrekneskap for 2018 - signert av skatteoppkrevjaren.

# Skatterekneskapen 2018

Årsrekneskap for 1519 Volda for inntektsåret 2018 avlagt etter kontantprinsippet.

| | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Likvider | 66 657 628 | 65 381 906 |
| Skyldig skattekreditorene | -2 389 459 | -3 235 345 |
| Skyldig andre | -53 949 | -4 750 |
| Innestående margin | -64 214 218 | -62 141 808 |
| Udisponert resultat | -3 | -3 |
| **Sum** | **-1** | **0** |
| Arbeidsgiveravgift | -191 515 296 | -179 947 100 |
| Finansskatt lønn | -2 683 621 | -2 036 938 |
| Kildeskatt mv - 100% stat | -56 920 | -25 327 |
| Naturressursskatt | -1 238 653 | 0 |
| Personlige skatteytere | -709 921 026 | -683 384 154 |
| Tvangsmulkt | -382 168 | -318 139 |
| Upersonlige skatteytere | -51 835 306 | -48 693 027 |
| Renter | -336 402 | -480 857 |
| Innfordring | 359 241 | 49 528 |
| **Sum** | **-957 610 151** | **-914 836 014** |
| Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift | 191 515 296 | 179 947 100 |
| Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift | 217 343 960 | 209 164 173 |
| Fordelt til Fylkeskommunen | 47 749 588 | 44 768 523 |
| Fordelt til Staten | 279 732 481 | 271 608 905 |
| Fordelt til kommunen | 222 531 548 | 209 347 313 |
| Videresending plassering mellom kommuner | -1 262 721 | 0 |
| **Sum** | **957 610 152** | **914 836 014** |
| **Sum totalt** | **0** | |

Volda 20.01.2019

Ove Bjerkvik
skatteoppkrevjar

## FORKLARING TIL ÅRSREKNESKAPEN

**Generelt**
Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Dette viser skattar og avgifter mv som er innbetalt i løpet av året, korleis desse fordeler seg på skatteartane, samt korleis innbetalte skattar og avgifter er fordelte mellom skattekreditorane.

Innbetalte skattar og avgifter blir fordelte mellom skattekreditorane i samsvar med gjeldande fordelingstal.

**Hovudpostane i Årsrekneskapen**

Likvider
Skatteoppkrevjaren sine likvider inneheld innestående på bankkonto for skatt og eventuell kontantbehaldning.

Skuldig til skattekreditorane
Her ligg resultatet frå periodisk oppgjer for desember som blir utbetalt seinast 10. januar. Dersom kolonnen viser eit positivt beløp, har skattekreditorane gjeld til skatteoppkrevjaren. Dette beløpet forfell til betaling 20. januar.

Skuldig til andre
Posten inneheld uidentifiserte og uplasserte innbetalingar som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

Udisponert resultat
Dette skal vere eit mindre beløp og gjeld øreavrunding.

Innbetalte skattar og avgifter, Renter, Innfordring
Dette er innbetalt arbeidsgjevaravgift, kjeldeskatt, personlege skattytarar, selskapsskatt, renter, innfordring etter frådrag for margin m.m. som er fordelt mellom skattekreditorane.

Fordelt til skattekreditorane
Her kjem fram innbetalte skattar og avgifter, og korleis desse er fordelte mellom skattekreditorane.

Krav som er ufordelte
Dette skal vere eit mindre beløp og gjeld øreavrunding.

Vidaresending plassering mellom kommunar
Dette gjeld innbetalingar som er mellomrekna og overført til andre kommunar sin rekneskap

I

# ÅRSMELDING
## INTERKOMMUNAL ARBEIDSGIVERKONTROLL

# ÅR 2018

## ARBEIDSGIVERKONTROLL

### 1. Generelt om arbeidsgiverkontroll

### 1.1 Samarbeidspartnere

Den Interkommunale arbeidsgiverkontrollen ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor er et samarbeider mellom flere kommuner. Tilknyttet kommuner i samarbeidet for 2018 er; Ålesund, Giske, Hareid, Haram, Herøy, Norddal, Sandøy, Skodje, Stranda, Sula, Stordal, Sande, Volda, Ulstein, Ørskog, Ørsta og Sykkylven. Ålesund kommune er vertskommune for samarbeidet, og samarbeidet er organisert etter kommuneloven § 28b, administrativt vertskommunesamarbeid. Den interkommunale arbeidsgiverkontrollen er organisert i et eget team som ligger under kemneren.

Samarbeid om arbeidskriminalitet inngått i 2017 med skatteetaten, politi, arbeidstilsynet, statensvegvesen og Nav har vært gjeldende også i 2018. Arbeidsgiverkontrollen er kontaktleddet og utøvende part. Kontrollobjekter tilhørende eksterne SKO (i vårt samarbeid) som kan bli grunnlag for kontroll, vil den tilknyttede SKO bli kontaktet i forkant eller etter påtreff under utekontroller.

### 1.2 Styringsgruppa

Styringsgruppen består av tre medlemmer. Kemneren i Nordre Sunnmøre er fast medlem. De øvrige velges av og blant skatteoppkreverne i de samarbeidende kommuner.

<u>Sittende medlemmer har vært:</u>

| | |
|---|---|
| Kemner i Nordre Sunnmøre | Lindis Skeide Nyland |
| Skatteoppkrever i Volda | Ove Bjerkvik |
| Skatteoppkrever i Herøy | Jan Driveklepp |

Det har vært avholdt et arbeidsmøte i 2018 foruten årsmøte.
Møtet ble avholdt 22.mai. Referat ble sendt til alle tilknyttet skatteoppkrevere.

Det ble tatt opp status, resultat, fremdrift og utfordringer.

### 1.6 Ressurs fordeling

Arbeidsgiverkontrollen har i 2018 hatt 11 stillinger. En kontrollør sluttet 8. august og en 1.desember. En vikar har vi hatt i en måned. Ny ansatt startet hos oss 1.november.

Kontrollene i den enkelte kommune er fordelt etter fordelingsnøkkel basert på folketallet i kommunene. Registrering av årsverk følger Skatt Midt- Norge sin beregning, med 210 DV pr årsverk.

I årsplan for 2018 var beregnet tilgjengelig ressurs brutto 2175 DV, eksklusiv teamleder 60 % administrativ tid.

Det er samlet brukt 4 årsverk i kontroll for de skatteoppkreverne med avtale om arbeidsgiverkontroll. Sko- rapport med angitt årsverk er sendt kemner og skatteoppkrever. Totalt er det for interkommunal samarbeid har tilgjengelig ressurs vært ca 2171 DV, eksklusiv administrativ tid. Det er da ikke hensyn tatt sykefravær og permisjoner.

Snitt sykefravær er har vært 3,7 % (145 DV). Prosenten er beregnet i vår HMR system
Registret reisetid utgjør ca 20 dagsverk og 130 dager er registrert som kursdager.
Til sammenligning var år 2017 registret med 119 dager kursdager.
Kurs/opplæring er fordelt etter prosentvis andel på kommunene.

## 2. Organisering

### 2.1 Medarbeidere 2018

Teamleder:
Sigrun Andersen

Lønnsrevisorer i 2018:
Marita Nogva, Kay Robert Brastad, Asbjørn Martin Fiedler Rørvik, Trude Grindvik, Hanne Elin Ytrelid, Lars Heggdal, Åse Brandal Sandnes, Mats Foss Jørgenvåg, Sofia Veniamakis og Trond Atle Slettedal, Anna Maria Dybvik og vikar Romans Kamzols.

### 2.2 Opplæring / etterutdanning

Registret kurstid er
120 dager ekstern, inkl. fagdager / oppdateringskurs ved Skatt Midt- Norge.

Kurs beskrivelse med antall deltagere fra oss:
NARF kurs 1 stk.(2 d)
NKK – Arbeidsgiverkontrollen 2 stk (4 d)
Skatteetaten fagdag A-krim 10 stk (10 d)
Skatteetaten års kurs 1 (1d)
A-krim - undersøkelse 4 stk (10 d)
Egne kurs/ informasjonsdag 10 (1 d)
Riksprosjekt kunnskap (2d)
Webinar 11 stk (17 D)
A-krim høyskole ca 17 DV
Kontrollopplæring Oslo kemnerkontor 26 DV
Skatteetatens kontrollopplæring i Stavern ca 22 DV

Andre interne kurs kommune, opplæring i system på nyansatte.

## 3. Arbeid og resultatoppnåelse

### 3.1 Resultat pr 31.12.2018

| Kommune | Planlagt etter 5% kontroller | Gjennomført tellende kontroller | PLK | Resultat i prosent av lev. |
|---|---|---|---|---|
| NSK* | 175 | 137 | 22 | 3,9 |
| Hareid | 8 | 4 | | 2,4 |
| Herøy | 22 | 11 | 2 | 2,5 |
| Sande | 5 | 3 | | 3,2 |
| Stranda | 13 | 6 | | 2,3 |
| Sula | 14 | 9 | | 3,2 |
| Ulstein | 18 | 10 | | 2,8 |
| Volda | 16 | 10 | | 3,1 |
| Ørsta | 21 | 9 | 1 | 3,7 |
| SUM | 292 | 199 | 25 | |

* Nordre Sunnmøre kemnerkontor (NSK) står for 9 kommuner samlet.
* Planlagt jf årsplan

Krav til antall kontroller var 292, dette ble lagt til grunn i årsplanen. Vi har oppnådd 199 tellende kontroller. I tillegg er det avholdt 25 PLK (ikke tellende).
Til sammenligning i 2017 hadde vi 215 tellende kontroller og 11 PLK som ikke var tellende. Samlet kontroller tellende og PLK i 2018 er 224 stk mot 2017 som var 226.

Størst avvik på antall kontroller sett mot krav er for følgende kommuner:
Ørsta, Herøy, Stranda, Sykkylven og Ørsta.

Endringer for arbeidsgiverkontrollen i 2018:
En som er sluttet 7. august, en vikar i 1 måned ( fra november er under NSK), samt en ny ansatt i november i Interkommunal samarbeid. Marita Nogva hadde redusert stilling 10 % frem til juli måned. Og 1. desember tiltrådd ny stilling under NSK.

Vi hadde fire nye i 2017, en med start i desember 2017, enkelte her trenger fortsatt oppfølging Kvalitetssikring medfører bruk av ressurser og er viktig spesielt til de kontroller som medfører anmeldelse. Å finne rette balansen i ressursbruk kan være en medvirkende årsak til svakt resultat i tillegg til ressursbruk i opplæring.

### 3.2 Tidsforbruk

Sum kontrolltid (2171-145-120) 1906 DV /224 = 8,51 i snitt pr kontroll
Sett mot 2017 var gjennomsnitt kontrolltid sum 2023/ på antall kontroller 226, med snitt pr kontroll på 8,95 DV.

Tverretatlig samarbeid (inkluderer DV ved kontroll møter etc ) er registret med sum alle 296 DV, NSK har hovedvekten av DV da mye av kontrollene er på virksomheter tilknyttet NSK.

### 3.3 Resultat av kontrollarbeidet 2018

For inntektsåret 2018 er dette telt;

1. Beløp egenrettet (inntekt og grunnlag aga) på selskapsnivå, sum 2 632 801
2. Beløp fra fullførte rapporter i rapporteringsåret med endringsforslag, forslag oversendt SKE for vedtak: 25 504 405 (inntekt og grunnlag aga)

Antall fullførte kontroller innen 4 mnd 148
Antall fullførte kontroller innen 6 mnd 48
Antall fullførte kontroller innen 1 år 3

Vi har følgende totalresultat i år,
antall tellende kontroller er sum 199 og består av:
antall AK rapporter er 72 stk
antall AK med avdekning er 64 stk, av disse er 39 stk med endringsforslag.
antall FK 97 stk
antall OT (undersøkelseskontroller) er 30 stk
antall FK med avdekning er i 5 stk
antall OT med treff er 1 stk

antall kontroller som er etter konkurs er 27 stk, mot 2017 med 37 stk
For NSK er det i 2018 sendt inn 14 anmeldelser mot 11 i 2017.

| Interkommunal arbeidsgiverkontroll | 2018 | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| Endring forslag inntekt, inkl egenretting | 14 426 432 | 32 130 922 | 13 535 395 |
| Endring AGA gr.lag inkl egenrettet: | 10 122 783 | 18 143 400 | 13 493 730 |

Vedtak har ikke vært rapporteringspunkt til skatteetaten i 2018.

Vi har 18 rapporter pr 31.12.18 som ikke er vedtaksbehandlet.
Til sammenligning pr 31.12. i 2017 var 34 rapporter ikke vedtaksbehandlet.

PLK i 2018 er det 12 av 25 kontroller med foreslått gebyr på, forslag sum kr 122 040. 10 av 12 PLK er behandlet med sum kr 97 180. 1 er vedtatt med avvikende beløp og 1 er ikke behandlet
Til sammenlikning, PLK i 2017 var det i 7 av 11 kontroller foreslått gebyrer totalt med sum kr 94 410,-, vedtak ble tilsvarende.

**Informasjonstiltak**

Informasjons – dagene våre trakk 128 deltagere (eks. våre interne). Det ble i år gjennomført informasjonsdag i Ålesund og Ørsta.

## 4. Regnskap 2018.

Regnskap for år 2018 er avstemt og viser et mindre overforbruk enn budsjettert.
Fakturaoppgjør er utsendt 15.1.2019.

## 5. Konklusjon

Arbeidsgiverkontrollen har i 2018 ferdigstilt 199 tellende bokettersynsrapporter og 25 rapporter som personallistekontroller. Dette er mindre enn skatteetatens sitt resultatkrav og mindre enn forventet. Utfordring i år har vært flere ferske lønnsrevisorer, mye kompetanse bygging og noe sykefravær. Vi økte ressurser i 2017 totalt, men omstillingen ved å få inn nye, opplæringsprosessen og sykefravær har allikevel krevd ressurser som har gått på bekostning av kontrollarbeid. De erfarne har måttet bidra i opplæring og får da reduksjon på egne kontroller.

Vi mener kvaliteten på kontrollene og rapportene er gode.

Følgende dagsverk føres over til 2019:

| Kommune | Overført DV til neste år |
|---|---|
| NSK | -35 |
| Hareid | 32 |
| Herøy | -15 |
| Sande | 16 |
| Stranda | -53 |
| Sula | 70 |
| Ulstein | 9 |
| Volda | -23 |
| Ørsta | 24 |

Vedlegg: kopi av regnskap 2018

**Ålesund, den 17.1.2019**

**Sigrun Andersen**
teamleder

Skatteetaten

| Datoen vår | Datoen din/dykkar | Sakshandsamar |
|---|---|---|
| 15.02.2019 | | Arnfinn Christian Kvernstad |
| 800 80 000<br>Skatteetaten.no | Referansen din/dykkar | Telefon<br>90031666 |
| Org.nr<br>974761076 | Referansen vår<br>2019/5300879 | Postadresse<br>Postboks 9200 Grønland<br>0134 OSLO |

Kommunestyret i Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

# Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Volda kommune

## 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2016.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

## 2. Om skatteoppkrevjaren

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

| Tal årsverk 2018 | Tal årsverk 2017 | Tal årsverk 2016 |
|---|---|---|
| 1,8 | 1,8 | 1,6 |

## 3. Måloppnåing

## Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2019. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Volda kommune viser per 31. desember 2018 ein skatte- og avgiftsinngang[1] til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 957 610 152 og utestående restansar[2] på kr 10 584 647, av dette krav stilla på vent kr 298 490.

## Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2018 for Volda kommune.

| | Resultatkrav 2018 (i %) | Innbetalt av sum krav 2018 (i %) | Innbetalt av sum krav 2017 (i %) | Innbetalt av sum krav for regionen 2018 (i %) |
|---|---|---|---|---|
| Restskatt personlege skattytarar 2016 | 98,00 % | 94,58 % | 98,63 % | 96,94 % |
| Forskotstrekk 2017 | 99,90 % | 99,99 % | 99,99 % | 99,95 % |
| Forskotskatt personlege skattytarar 2017 | 99,70 % | 99,64 % | 99,61 % | 99,51 % |
| Forskotskatt upersonlege skattytarar 2017 | 99,90 % | 99,94 % | 100,00 % | 99,95 % |
| Restskatt upersonlege skattytarar 2016 | 99,40 % | 98,21 % | 96,82 % | 99,08 % |
| Arbeidsgjevaravgift 2017 | 99,80 % | 99,98 % | 99,91 % | 99,86 % |

Restskatt personlege skatteytarer 2016 ligg 3,4 % under resultatkravet. Skatteoppkrevjaren forklarer at det i hovedsak skuldast relativt stor avdekking av arbeidsgjevarkontrollen på inntekter unndratt beskatning. Det er i 2018 fastsatt endra skatteoppgjer på desse og innkrevjinga mot fleire av dei er vanskeleg.

Restskatt upesonlege ligg 1,2 % bak resultatkravet. Skatteoppkrevjaren forklarer at det i hovedsak skuldast restanser knytt til konkurs som enda ikkje er avslutta.

## Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren for Volda kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for kommunen per 31. desember 2018 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

| Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga | Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane) | Tal utførte kontrollar 2018: | Utførte kontrollar 2018 (i %) | Utførte kontrollar 2017 (i %) | Utført kontroll 2018 region (i %) |
|---|---|---|---|---|---|
| 323 | 16 | 10 | 3,1 % | 1,8 % | 4,2 % |

[1] Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

[2] Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

Resultatet for arbeidsgjevarkontrollen var 3,1 % mot eit krav på 5 %. Skatteoppkrevjaren skriv i sin årsrapport at årsaka er at fleire av kontrollane er utført i samband med konkurs- eller tvangsavviklingssaker. Det har dermed gått med relativt store ressursar for å få gjennomført desse kontrollane. I tillegg har fleire av lønnsrevisorane slutta siste året. Det har dermed gått med relativt mykje tid på opplæring av nytilsette kontrollørar.

Skatteoppkrevjarkontoret har og rapportert å ha delteke med 10 dagsverk i tverretatlege kontrollsamarbeid.

## 4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ei årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skattoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2018 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing.

Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll i 2018.

**Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll**
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

**Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen**
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

**Skatte- og avgiftsinnkrevjing**
Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Ida Moen

Skatteetaten

Arnfinn - Christian Kvernstad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarene rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skatterekneskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Volda kommune
Kontrollutvalet for Volda kommune
Rådmann/administrasjonssjef for Volda kommune
Riksrevisjonen

VOLDA KOMMUNE –
KONTROLLUTVALET

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

# UTSKRIFT

frå

# MØTE PROTOKOLL

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| 07/19 | 232 | 04.03.2019 | 11.03.2019 | KS |

## KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

**Samrøystes vedtak/uttale**

1. Kontrollutvalet forventar at skatteoppkrevjaren oppfyller kravet til talet på arbeidsgivarkontrollar. Tilstrekkelege resursar må avsetjast til arbeidsgivarkontroll.

2. Kontrollutvalet har elles ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018.

**Vedlegg**

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, av 15.02.2019
- Årsrapport 2018 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2019
- Årsrekneskap 2018 for skatterekneskapen, av 20.01.2019
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018, av 17.01.2019

**Saksopplysningar**

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, 3,1% (10 kontrollar mot krav på 16) (1,8% i 2017 og 4,1 % i 2016), medan kravet er 5%.

Skatteoppkrevjaren skriv i sin årsrapport for 2018 at årsaka er at fleire av kontrollane er utført i samband med konkurs- eller tvangsavviklingssaker. Det har gått med relativt store ressursar til gjennomføring av desse kontrollane. I tillegg har fleire av lønnsrevisorane slutta det siste året, som igjen har medført til at det har gått relativt mykje tid til opplæring av nye kontrollørar.

Innkrevjinga:

- Restskatt personlege skattytarar 2016 ligg 3,4% under resultatkravet. Dette skyldas i følgje skatteoppkrevjar relativt stor avdekking av arbeidsgivarkontrollen på inntekter unndratt beskatning. Det er i 2018 fastsatt endra skatteoppgjer på desse og innkrevjinga mot fleire av dei er vanskelege.
- Restskatt upersonlege ligg på 1,2% bak resultatkravet. Dette forklarer skatteoppkrevjar i hovudsak skyldast restanser knytt til konkurs som ikkje er avslutta.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 er kr 222 531 548. I 2017 var skatteinngangen kr 209.347.313. Dvs. ein auke på kr 13 184 235, eller om lag 6,30 %.
- Budsjettert skatteinngang for 2018 var kr 218,1 mill. medan reell skatteinngang var 222,5 mill. Meirinntekt på skatt vert då 4,4 mill.

**Rett utskrift**
Åram, 13. Mars 2019

VEST KONTROLL

Karoline Sighaug
Karoline Sighaug
Konsulent

**Utskrift til:** **Kommunestyret**
**(Skal leggast ved rådmannen/ skatteoppkrevjaren si sak for Kontrollrapport –Årsrapport 2018 for skatteoppkrevjarfunksjonen til kommunestyret).**

**Kontrollutvalet**

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| 07/19 | 232 | 04.03.2019 | 11.03.2019 | KS |

07

# KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

**Forslag til vedtak/uttale**
Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018.

**Vedlegg**
- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, av 15.02.2019
- Årsrapport 2018 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2019
- Årsrekneskap 2018 for skatterekneskapen, av 20.01.2019
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018, av 17.01.2019

**Saksopplysningar**
Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:
- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, 3,1% (10 kontrollar mot krav på 16) (1,8% i 2017 og 4,1 % i 2016), medan kravet er 5%.

Skatteoppkrevjaren skriv i sin årsrapport for 2018 at årsaka er at fleire av kontrollane er utført i samband med konkurs- eller tvangsavviklingssaker. Det har gått med relativt store ressursar til gjennomføring av desse kontrollane. I tillegg har fleire av lønnsrevisorane slutta det siste året, som igjen har medført til at det har gått relativt mykje tid til opplæring av nye kontrollørar.

Innkrevjinga:
- Restskatt personlege skattytarar 2016 ligg 3,4% under resultatkravet. Dette skyldas i følgje skatteoppkrevjar relativt stor avdekking av arbeidsgivarkontrollen på inntekter

unndratt beskatning. Det er i 2018 fastsatt endra skatteoppgjer på desse og innkrevjinga mot fleire av dei er vanskelege.

- Restskatt upersonlege ligg på 1,2% bak resultatkravet. Dette forklarer skatteoppkrevjar i hovudsak skyldast restanser knytt til konkurs som ikkje er avslutta.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 er kr 222 531 548. I 2017 var skatteinngangen kr 209.347.313. Dvs. ein auke på kr 13 184 235, eller om lag 6,30 %.
- Budsjettert skatteinngang for 2018 var kr 218,1 mill. medan reell skatteinngang var 222,5 mill. Meirinntekt på skatt vert då 4,4 mill.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Karoline Sighaug
Karoline Sighaug
Konsulent

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2015/1006 |
| | | Arkivkode: | 113 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 38/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |

## LØYVING TIL VOLDSFJORDKRYSSING AS - KOMMUNESTYRET 13. DESEMBER 2018, SAK PS 137/18

**Administrasjonen si tilråding:**
**Det vert synt til vedtak i kommunestyret frå møtet 13.desember 2018 PS-sak 137/18 pkt. 15 vedkomande utbetaling av 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS. Formannskapet vedtek med grunnlag i ovannemnde vedtak, tilsend dokumentasjon og utgreiinga å utbetale resterande løyvd sum kr. 676.155,- til selskapet.**

**Vedleggsliste:**
1. Skriv frå Voldsfjordkryssing AS d.s. 13.januar 2019 vedkomande løyving til Voldsfjordkryssing AS
2. Referat frå geralforsamling -Voldsfjordkryssing AS - 2018-møte 18.juni 2018
3. Voldsfjordkryssing – Vedtekter 8062018
4. Økonomisk oversikt pr. 31.12.2018

**Uprenta saksvedlegg:**
Ingen

**Samandrag av saka:**
Volda kommunestyre løyvde i Budsjettet for 2019 kr. 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS for vidare utviklingsarbeid. På grunnlag av vedlagde skriv frå selskapet rår rådmannen til at summen vert utbetalt.

**Saksopplysningar/fakta:**
Volda kommunestyre løyvde i Budsjettet for 2019 (PS sak 137/18) pkt. 15 kr. 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS for vidare utviklingsarbeid.

Vedtaket lyder slik;

15. *I budsjettet for 2019 vert det ført opp ei løyving på 1 mill. kr til vidare utviklingsarbeid. Volda kommune forutset at Voldsfjordkryssing as snarast mogleg får laga eit planprogram/analyse for kryssing av Dalsfjorden innanfor denne ramma.*

*Før løyvinga kan utbetalast må Voldsfjordkryssing as presentere korleis denne løyvinga skal brukast og gi ein oversikt over økonomien i selskapet for Formannskapet.*

Av skrivet som ligg ved denne saka går det fram at løyvinga skal nyttast til ;

*«Av prioriterte oppgåver som selskapet vil arbeide med no framover i næraste tid kan nemnast:*

- *Planprogram/KU-utgreiing/KDP over Voldsfjorden*
- *Kvalitetssikring av «Konsept-løysing» som er utarbeidd for flytebru over Voldsfjorden. Denne har Voldsfjordkryssing AS avtale med SINTEF OCEAN (forskningsinstitusjon) om å gjenomføre. SO vil knyte aktuelle industripartnarar inn i prosjektet for å få inn turvande kompetanse. Voldsfjordkryssing vil sjølve vere administrativ prosjektleiar*
- *Samfunsmessig/politisk påverknad. Voldsfjordkryssing har fått utvikla ein animasjon for prosjektet – samfunsmessig betydning – praktisk bygging – Voldsfjordbrua som pilot – Voldsfjordbrua som standard type for norske fjordar. Denne animasjonen skal presenterast til marknaden og dei politiske miljøa via ulike «kanalar»*
- *Økonomisk analyse for bygging og drift av brua (her vil ekstern kompetanse bli nytta), og ulike modellar vil bli vurderte (som t.d. OPS)*
- *Utarbeiding av prosjektrapport som skal innehalde det naudsynte grunnlaget for å utforme formell søknad til Samferdselsdepartementet om formell godkjenning av «Bru over Voldsfjorden» som ferjeavløysingsprosjekt.*

Selskapet vil vidare initiere oppstart av utarbeiding av planprogram/analyse for kryssing av Dalsfjorden.

Av skrivet går det fram at dei skisserte prosjekta ikkje er fullfinansierte ved det tilskotet som Volda kommune har løyvt til Voldsfjordkryssing AS for 2019. Styret vil arbeide med korleis ein kan skaffe andre midlar.

**Vurdering og konklusjon:**
Selskapet har gjennom vedlagde skriv presentert korleis løyvinga skal brukast.

Pr. dato ligg det ikkje føre noko vedtak om godkjenning av årsrekneskap for 2018, men det er lagt ved ei oversikt over selskapet sin økonomi pr. 31.12.2018. I oversikta er driftsinntektene kr. 968.846,- og er tilskot og gåver frå Volda kommune, Hornindal kommune og Sparebanken Møre. Driftskostnadene er kr. 398.369 (Eit driftsresultat på kr. 570.477,-).

**Samfunnsdelen i kommuneplan:**
Er tidlegare vurdert.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Vert å avklare i reguleringsplanarbeidet som vil følgje saka (evt. konsekvensanalyser o.a).

**Økonomiske konsekvensar:**
Volda kommune har tidlegare gått inn i selskapet med ein aksjekapital på kr. 300.000,-. Midlane til vidare utgreiing er avsett i budsjettet for 2019. I tillegg er det i budsjettet for 2019 avsett midlar til dekking av utestående krav frå LMG,Voldsfjordkryssing kr. 200.000,- og Planprogram Voldsfjordkryssing med kr. 330.000,-.

Gjennom vedtak i kommunestyret har Volda kommune inkludert denne saka førebels løyvd tilsaman kr. 1.830.000,- til prosjektet.

Pr. dato har Volda i tillegg til aksjekapitalen utbetalt kr. 853.845,- til prosjektet.
Av løyvd sum på Budsjettet for 2019 på tilsaman 1.530.000,- står det såleis att kr. 676.155,- til utbetaling.

Rådmannen vil tilrå utbetaling av den summen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Voldsfjordkryssing AS
Økonomikontoret

VOLDSFJORDKRYSSING

Volda kommune'

Att.: Ordføraren

Rådhuset

6100 VOLDA

Volda den 13. januar 2019

LØYVING TIL VOLDSFJORDKRYSSING AS - KOMMUNESTYRET 13. DESEMBER 2018, SAK PS 137/18.

Det vart i denne saka m.a. vedteke følgjande:

«I budsjettet for 2019 vert det ført opp ei løyving på 1 mill til vidare utviklingsarbeid. Volda kommune forutset at Voldsfjordkryssing AS snarast mogeleg får laga eit planprogram/analyse for kryssing av Dalsfjorden innanfor denne ramma.

Før løyvinga kan utbetalast må Voldsfjordkryssing presentere korleis denne løyvinga skal brukast og gi ein oversikt over økonomien i selskapet for Formannskapet.»

7. desember 2018 fekk ordføraren oversendt på mail frå regnskapsførar Torill Rødven Eide, regnskapen for Voldsfjordkryssing pr. 30. november 2018 (vedlagt balansen og resultatregnskapet).

24. september 2018 sende Voldsfjordkryssing AS inn søknad til Volda kommune om tilføring av midlar til drift av selskapet. I denne søknaden vart det gjort greie for kva prioriterte oppgåver selskapet vil arbeide med no vidare framover, vi refererer frå denne søknaden:

«Av prioriterte oppgåver som selskapet vil arbeide med no framover i næraste tid kan nemnast:

- Planprogram/KU-utgreiing/KDP over Voldsfjorden
- Kvalitetssikring av «Konsept-løysing» som er utarbeidd for flytebru over Voldsfjorden. Denne har Voldsfjordkryssing AS avtale med SINTEF OCEAN (forskningsinstitusjon) om å gjennomføre. SO vil knyte aktuelle industripartnarar inn i prosjektet for å få inn turvande kompetanse. Voldsfjordkryssing vil sjølve vere administrativ prosjektleiar
- Samfunsmessig/politisk påverknad. Voldsfjordkryssing har fått utvikla ein animasjon for prosjektet – samfunsmessig betydning – praktisk bygging – Voldsfjordbrua som pilot – Voldsfjordbrua som standard type for norske fjordar. Denne animasjonen skal presenterast til marknaden og dei politiske miljøa via ulike «kanalar»
- Økonomisk analyse for bygging og drift av brua (her vil ekstern kompetanse bli nytta), og ulike modellar vil bli vurderte (som t.d. OPS)


| POSTADRESSE | ORG.NR | TELEFON | NETTSIDE |
|---|---|---|---|
| Stormyra 2, 6100 Volda. | 916 866 615 | +47 468 28 059 | www.voldsfjordkryssing.no |

- Utarbeiding av prosjektrapport som skal innehalde det naudsynte grunnlaget for å utforme formell søknad til Samferdselsdepartementet om formell godkjenning av «Bru over Voldsfjorden» som ferjeavløysingsprosjekt.

Dette prosjektoppsettet er framleis gjeldande. Men i samsvar med kommunestyrevedtaket frå 13. desember 2018, vil selskapet vidare initiere oppstart av utarbeiding av planprogram/analyse for kryssing av Dalsfjorden. Voldsfjordkryssing AS vil bere kostnaden for dette, men det praktiske arbeidet (sjølvom ein nyttar ekstern konsulent), vil måtte gjerast i eit nært samarbeid med Planavdelinga i Volda kommune.

Dei skisserte prosjekta er ikkje fullfinansierte ved det tilskottet som Volda kommune har løyvt til Voldsfjordkryssing AS for 2019. Men styret vil arbeide med korleis ein kan skaffe andre midlar, vi viser her til vedtektene for selskapet som vi til informasjon for formannskapet har lagt ved. – Vi legg til informasjon også ved protokollen frå siste generalforsamling for selskapet.

Vi nemner til sist at Sparebank 1 Regnskapshuset SMN AS/Torill Rødven Eide er regnskapsførar, og statsautorisert revisor Geir A. Vatne reviderer regnskapen.

Vi vonar vi med dette har give den informasjonen som det er bede om i kommunestyrevedtaket, og at det løyvde beløpet kan utbetalast.

Med helsing

Voldsfjordkryssing AS

| | |
|---|---|
| Ola Krumsvik - styreleiar | Odd A. Folkestad – dagleg leiar |
| (sign.) | (sign.) |

VEDLEGG

- Vedtektene for Voldsfjordkryssing AS
- Protokoll frå siste generalforsamling
- Animasjonar - Voldsfjordkryssing

# Protokoll frå ordinær generalforsamling i Voldsfjordkryssing AS

**Torsdag den 28. juni 2018 vart det halde ordinær generalforsamling i Voldsfjordkryssing AS.**

**Følgjande sakliste låg føre:**

1. **Opning av generalforsamlinga**
   **Møtande aksjeeigarar og fullmakter**
2. **Val av møteleiar og protokollunderskrivarar**
3. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
4. **Premiere: Animasjon/film: VOLDSFJORDKRYSSINGA**
5. **Melding om at Voldsfjordkryssing AS har fått skattefritak**
6. **Godkjenning av årsregnskap for 2017**
7. **Endring av §9 i vedtektene (selskapet skal frå og med regnskapsåret 2018 ha revisor)**
8. **Val**
   **STYRET:**
   **Styreleiar**
   **2 styremedlemer**
   **1 varamedlem**
   **VAL AV REVISOR**
   **VAL AV VALNEMND**
9. **Godtgjersler til:**
   **Styreleiar**
   **Styremedlemer**
10. **Kapitalutviding – Fullmakt til styret**

---

1. Den ordinære generalforsamlinga vart opna av styreleiar Ola Krumsvik.
   Oversikt over aksjeeigarar som møtte eller hadde gitt fullmakt til annan: 26 aksjeeigarar som til saman representerte 606 av aksjane, 63% av aksjekapitalen møtte. I selskapet er det i alt 127 aksjeeigarar med i alt 970 aksjar.

2. Val av møteleiar og 2 til å underskrive protokollen
   Som møteleiar vart vald Ola Krumsvik
   Til å skrive under protokollen vart desse valde:
   Martin Brænne
   Merete Dale.

3. Godkjenning av innkalling og sakliste
   Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

4. Premiere: Animasjon/film: Voldsfjordkryssing.
   Denne vart vist for generalforsamlinga. Filmen skal nyttast til informasjon og samfunnspåverknad.

5. Melding om at Voldsfjordkryssing AS har fått skattefritak
   Styret hadde i møte 13.06.2018 gjort følgjande tilråding til vedtak for generalforsamlinga: «Skatteetaten si avgjerd frå 25.02.2018 om at Voldsfjordkryssing AS har fått skattefritak, vert teken til vitende». – Generalforsamlinga gjorde samrøystese vedtak i samsvar med styret si tilråding.

6. Årsregnskapet for 2017
   Styret hadde i møte 13.06.2018 gjort følgjande tilråding til vedak for generalforsamlinga: «Årsregnskapen for 2017 vert godkjent slik den er lagt fram frå regnskapsførar Sparebank1 Regnskapshuset – regnskapsførar Toril Rødven Eide.» - Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga frå styret.

7. Endring av §9,3 i vedtektene (Selskapet skal ha revisor)
   Styret hadde i møte 13.06.2018 gjort vedtak om å tilrå generalforsamlinga til å gjere følgjande vedtak:

«§9,3 i vedtektene skal med verknad frå 01.01.2018 endrast. §9 skal no lyde slik: «Ordinær generalforsamling vert halde kvart år innan utgangen av juni månad i samsvar med aksjelova. Innkalling og dagsorden til generalforsamlinga vert sendt aksjonærane med minst 2-to-vekers varsel.

I generalforsamlinga skal handsamast:

1. fastsetjing av resultatregnskap og balanse
2. Val av styre
3. *Val av revisor*
4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.»

Generalforsamlinga gjorde samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga frå styret.

8. Val

Valnemnda hadde reist følgjande tilrådingar om val:
Val til styret:

- Styreleiar – Ola Krumsvik – funksjonstid til ordinær generalforsamling 2019
- Styremedlemer – Arild Johannes Iversen og Edvin Dale, begge med funksjonstid fram til ordinær generalforsamling 2020
- Varamedlem – Inger Gjengedal Håvik – funksjonstid fram til ordinær generalforsamling 2020.

Generalforsamlinga gjorde samrøystes val i samsvar med valnemnda si tilråding. Styret er etter dette no samansett slik:

Medlemer:

- Styreleiar Ola Krumsvik
- Margrete Trovåg
- Arild Johannes Iversen
- Edvin Dale
- Magni Aa Berge

Varamedlemer:

- Mats Gunnar Andersson
- Inger Gjengedal Håvik

Val av revisor:

Valnemnda og styret hadde begge gjort forslag til generalforsamlinga om at statsautorisert revisor Geir A. Vatne vart vald til revisor, ref. her vedtektsendring - sak 7.

Generalforsamlinga valde samrøystes Geir A. Vatne til revisor.

Val av valnemnd:

3 personar som skal førebu komande val i Voldsfjordkryssing AS.

Her var det ikkje fremma forslag frå valnemnda. Det vart fremma benkeforslag om at valnemnda 2017-18 skulle gjenveljast. Dette slutta generalforsamlinga seg samrøystes til.

Valnemnd for 2018-19 ser dermed slik ut:

- Jørgen Amdam, leiar
- Martin Brænne
- Jan Heltne.

9. Fastsetjing av godtgjersler

Godgjersle til styreleiar

- Generalforsamlinga vedtok samrøystes at den årlege godtgjersla til styreleiar skal vere på kr. 20.000,-.

Godtgjersle til styremedlemer/varamedlemer

- Generalforsamlinga vedtok samrøystes at godtgjersle skal vere kr. 1.500,- pr. møte.

10. Kapitalutviding – fullmakt til styret

Styret hadde i møte 13/6.2018 gjort vedtak om å oppmode generalforsamlinga om å gjere følgjande vedtak:
«Dersom styret i løpet av perioden fram til neste ordinære generalforsamling, skulle meine det vert trong om kapitaltilførsel til selskapet, vert det vist til §5 i selskapet sine vedtekter. Dette innebær at styret også har fullmakt til å planlegge og gjenomføre ein eventuell emisjon. Denne skal i så fall gjenomførast i samsvar med aksjelova sin §10 slik at eksisterande aksjonærar har fortrinnsrett til aksjeteikning, og maksimumsbeløpet for

nyteikning vert sett til 50% av noverande aksjekapital som er på kr. 970.000.» Generalforsamliga gjorde samrøystes vedtak slik med styret hadde tilrådd.

Deretter vart generalforsamlinga heva.

| | |
|---|---|
| Dato: 28.09.2018 | Dato: 01.10.2018 |
| ................................................ | ................................................ |
| Martin Brænne | Merete Dale |

5/5

# Vedtekter for Voldsfjordkryssing AS

(§3 endra ved vedtak i generalforsamling 28.06.2017, ny §5 vedteken ved generalforsamling 28.06.2017, endring av §9 - tidlegare §8 vedteken i generalforsamling 28.06.2017, ny §12 vedteken i generalforsamling 28.06.2017 – endring av §9 vedteken i generalforsamling den 28.06.2018)

§1 Selskapet sitt namn er Voldsfjordkryssing AS.

§2 Selskapet si forretningsadressse skal vere Volda kommune

§3 Selskapet sitt hovedføremål:

a) Erstatte ferja Volda-Folkestad – med brusamband over Voldsfjorden
b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad – med brusamband over Dalsfjorden
c) Vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.

§4 Selskapet sin aksjekapital er kr. 970.000,- delt på aksjar pålydande kr. 1.000,-.

§5 Selskapet skal ha høve til å ta imot tilskot til å fremje føremålet sitt. Det er også høve til å ta opp lån og til å utvide aksjekapitalen til å fremje føremålet.

Eventuelt overskot skal tilleggjast selskapet sin eigenkapital.

§6 Kommunar, fylkeskommunar, næringsliv og privatpersonar kan eige eller erverve aksjar i selskapet

§7 Selskapet sitt styre skal ha 3 – 7 medlemer alt etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Styret blir valt for 2 år. Styret sin leiar blir vald av generalforsamlinga

§8 Selskapet vert teikna av formannen i styret.
Eit samla styre kan gi prokura.

§9 Ordinær generalforsamling vert halde kvart år innan utgangen av juni månad i samsvar med aksjelova. Innkalling og dagsorden til generalforsamlinga vert sendt aksjonærane med minst 2-to-vekers varsel.

I generalforsamlinga skal handsamast:

1. Fastsetjing av resultatregnskap og balanse
2. Val av styre
3. Val av revisor
4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.

§10 Overdraging av aksjar skal meldast og godkjennast av styret

§11 Det vert ellers vist til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgivning

§12 Oppløysing av selskapet skal treffast i generalforsamling med 2/3 fleirtlal. Det skal veljast eit avviklingsstyre som skal stå føre avviklinga.

Pålydande aksjekapital pluss skjermingsrente skal betalast attende til aksjonærane om selskapet har midlar til dette. Selskapet si formue ellers, skal etter oppløysing, tilfalle andre selskap med tilsvarande føremål.

****************************************************

# Resultatregnskap

| | Note | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Annen driftsinntekt | 1 | 968 846 | 0 |
| **Sum driftsinntekter** | | **968 846** | **0** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Lønnskostnad | 2 | 189 600 | 229 526 |
| Annen driftskostnad | | 208 769 | 88 056 |
| **Sum driftskostnader** | | **398 369** | **317 582** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **570 477** | **(317 582)** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | | 176 | 324 |
| **Sum finansinntekter** | | **176** | **324** |
| **Finanskostnader** | | | |
| Annen rentekostnad | | 224 | 0 |
| Annen finanskostnad | | 1 921 | 0 |
| **Sum finanskostnader** | | **2 145** | **0** |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **(1 969)** | **324** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **568 508** | **(317 258)** |
| **OVERF. OG DISPONERINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | | 51 330 | 0 |
| Fremføring av udekket tap | | 517 178 | (317 258) |
| **SUM OVERF. OG DISP.** | | **568 508** | **(317 258)** |

# Balanse pr. 31.12.2018

| | Note | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Prosjekteringskostnader | 6 | 853 846 | 200 000 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **853 846** | **200 000** |
| **SUM ANLEGGSMIDLER** | | **853 846** | **200 000** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 3 | 209 016 | 496 117 |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **209 016** | **496 117** |
| **SUM EIENDELER** | | **1 062 862** | **696 117** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 4,5 | 970 000 | 970 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **970 000** | **970 000** |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 4 | 51 330 | 0 |
| Udekket tap | 4 | 0 | (517 178) |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **51 330** | **(517 178)** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **1 021 330** | **452 822** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 3 266 | 5 996 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 19 291 | 17 637 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 18 975 | 219 663 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **41 533** | **243 296** |
| **SUM GJELD** | | **41 533** | **243 296** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **1 062 862** | **696 117** |

Volda, den

| | | |
|---|---|---|
| Ola Kjell Krumsvik<br>Styreleder | Margrete Trovåg<br>Styremedlem | Arild Johannes Iversen<br>Styremedlem |
| Edvin Dale<br>Styremedlem | Magni Aa Berge<br>Styremedlem | Odd Arne Folkestad<br>Daglig leder |

# Noter 2018

## Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

**Omløpsmidler og kortsiktig gjeld**

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter siste dag i regnskapsåret, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi (Laveste verdis prinsipp).

**Anleggsmidler og langsiktig gjeld**

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk for virksomheten. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler føres opp i balansen og avskrives over driftsmidlets forventede økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes ikke å være av forbigående art. Nedskrivinger blir reversert når grunnlaget for nedskrivingen ikke lenger finnes å være til stede.

**Inntektsføring**

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

**Fordringer**

Kundefordringer føres opp i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til påregnelig tap. Avsetning til påregnelig tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Andre fordringer er også gjenstand for en tilsvarende vurdering.

## Note 1 - Annen driftsinntekt

Selskapet har mottatt tilskudd og gaver fra Hornindal kommune, Volda kommune og Sparebanken Møre

## Note 2 - Lønnskostnad

Selskapet har hatt 0,5 årsverk i regnskapsåret.

| **Spesifikasjon av lønnskostnader** | **I år** | **I fjor** |
|---|---|---|
| Lønn | 166 170 | 201 163 |
| Arbeidsgiveravgift | 23 430 | 28 364 |
| **Totalt** | **189 600** | **229 526** |

**Ytelser til ledende personer og revisor**

| | |
|---|---|
| Daglig leder | 152 357 |
| Styremedlemmer | 14 500 |

Det er ikke utbetalt pensjonsytelser eller andre ytelser enn lønn til daglig leder og styremedlemmer.

# Noter 2018

## Note 3 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 21 019 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 9 958.

## Note 4 - Selskapskapital

Selskapet har 970 aksjer pålydende kr 1 000 pr. aksje, samlet aksjekapital utgjør kr 970 000.

Selskapet har 124 aksjonærer. Følgende 5 aksjonærer eier mer enn 5 % av aksjene:

| Navn | Foretaksnr | Antall | Eierandel |
|---|---|---|---|
| Volda kommune | 939 760 946 | 300 | 30,93 % |
| Sparebank 1 Søre Sunnmøre | 937 899 785 | 100 | 10,31 % |
| Furutunet AS | 993 105 910 | 60 | 6,19 % |
| Gloppen kommune | 964 969 124 | 50 | 5,15 % |
| Eid kommune | 938 521 816 | 50 | 5,15 % |

## Note 5 - Fortsatt drift

Årsoppgjøret er avlagt under forutsetning om fortsatt drift. Det bekreftes at denne forutsetningen er tilstede. Selskapets økonomiske og finansielle stilling kan beskrives som god.

## Note 6 – Prosjekteringskostnader

Det er aktivert prosjekteringskostnader, disse er balanseført til kostpris. Verdi av nedlagte prosjekteringskostnader er avhengig av at prosjektet Voldsfjordkryssing blir gjennomført.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2017/407 |
| | | Arkivkode: | D11 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 39/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |

## VOLDA SVØMMEHALL - TILBOD OM TEKNISK VURDERING.

**Administrasjonen si tilråding:**

**Formannskapet løyver kr. 60.000,- til teknisk vurdering av Volda svømmehall. Dette for å få vurdert om det er mogleg innanfor forsvarlege økonomiske rammer å forlenge «levetida» for Volda svømmehall og leigetida med Høgskulen i Volda med inntil 2,5 år i påvente av nytt svømmeanlegg i Volda. Frist for leveranse av rapport vert primært sett til 15. april d.å.**

**Dekning: Formannskapet sin reservepost.**

**Dersom ein ikkje har klart å avdekkje behov for ytterlegare undersøkingar i forkant av igansetting av arbeidet med rapporten, så skal det godkjennast særskilt av Volda kommune.**

**Samandrag av saka:**

Volda kommune ser at tida fram til leigetida av Volda svømmehall går ut (31.12.2020) er så kort at det ikkje vil vere mogleg å få bygt eit nytt svømmeanlegg innan den tid.

Kommunen har difor vore i kontakt med Høgskulen i Volda og Statsbygg med tanke på gjort ei teknisk vurdering av Volda svømmehall for å få vurdert kva som må til for å kunne få utvide leigtida med om lag 2,5 år i påvente av nytt svømmeanlegg i Volda.

**Saksopplysningar/fakta:**

Volda kommunestyre har gjort vedtak om at det ikkje vil vere framtidsretta for kommunen å utvide leigetida for symjehallen med 10 år frå 2021 og i den tida nytte til saman over 15 mill. for at dagens symjehall skal vere operativ i 10 år til. På den andre sida har kommunen ei lovpålagt plikt til å gje symjeopplæring for å nå krava til symjedugleik.

Ein ser at tida fram tida fram til leigetida av Volda svømmehall går ut (31.12.2020) er så kort at det ikkje vil vere mogleg å få bygt eit nytt svømmeanlegg innan den tid.

For å få vurdert kva som må til for å kunne få utvide leigtida med om lag 2,5 år i påvente av nytt svømmeanlegg i Volda har kommunen vendt seg til Statsbygg og Høgskulen.
For å få eit grunnlag både for statsbygg, høgskulen og Volda kommune om ei utviding av leigetida utover 2020 kan late seg gjere må det gjerast ei teknisk vurdering av Volda symjehall.

Det ligg føre eit tilbod på ei slik vurdering der Statsbygg m.a. nyttar dei same personane som kjenner bygget frå den førre tilstandsrapporten.

Tilbodet som er på kr. 60.000,- inneheld:

«

- *Gjennomgang av tidligere rapporter*
- *Visuell kontroll av svømmehall innvendig og utvendig.*
- *Gjennomgang med driftspersonell for vurdering av tilstand til tekniske anlegg.*
- *Risikovurdering*
- *Utarbeidelse av enkel rapport/notat med vurderinger og evt nødvendige midlertidige tiltak.*

*Tilstand vurderes ut ifra vår kunnskap om bygget, konstruksjonene og tekniske anlegg fra tidligere prosjekter, visuell kontroll og evt. målinger av fukt, overdekning, bom ol på overflaten.*

*Dersom det på befaringen viser seg å være behov for mer detaljerte undersøkelser kommer det i tillegg.»*

**Vurdering og konklusjon:**

Med tanke på konklusjonane som kom fram av rapporten sist og høgskulen sine signal om omprioritering av midlane i samband med det nye mediabygget, er rådmannen i tvil om ein ny rapport vil kunne endre standpunktet om avslutting av leigeforholdet pr. 31.12.2020.

På den andre sida har kommunen ei lovpålagt plikt til å gje symjeopplæring for å nå krava til symjedugleik. Samstundes som ein må sette trykk på planlegginga og bygginga av eit nytt svømmeanlegg i Volda i samsvar med økonomiplanen, må ein difor sjå på kva moglegheiter ein har dei næraste åra etter 2020 for å gje tilfredsstillande symjeopplæring.

Eg vil difor tilrå at ein løyver inntil 60.000,- til teknisk vurdering av Volda svømmehall slik at ein får avklart om det innanfor forsvarlege økonomiske rammer er mogleg å forlenge «levetida» for Volda svømmehall og leigetida med HIVOLDA med inntil 2,5 år

Ein ber om at ein snarast mogleg, og helst før ein går i gang med utgreiinga, avklarar om det trengs meir undersøkjingar enn det som går fram av tilbodet.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Asbjørn Moltudal |
| Rådmann | ass.rådmann |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Statsbygg
Høgskulen i Volda kommune
Oppveksjefen

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2013/821 |
| | | Arkivkode: | 242 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 40/19 | Formannskapet | 19.03.2019 |
| | Kommunestyret | |

## NÆRINGSFONDET(KRAFT)- ÅRSRAPPORT 2018

**Administrasjonen si tilråding:**
*Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2018 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.*

**Vedleggsliste:**
1. Status årsrapportering 2018
2. Tilsagnsliste

**Uprenta saksvedlegg:**
K-sak 174/16, møte 15.12.16, om retningsliner for bruken.

**Samandrag av saka:**
Rapporten om bruken av Næringsfondet (kraft) for året 2018 vert med dette lagt fram. Eg rår til at rapporten vert teken til vitende, slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.

I vedtektene for forvaltning og bruk av Næringsfond(kraft) i Volda kommune § 8
heiter det at skal leggast fram ei melding til kommunestyret om bruken av fondet kvart år.
Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

*Tilveksten til fondet:*
Kraftfondet hadde i 2018 ein tilvekst på kr. 786.054,-. Av dette utgjorde konsesjonsavgifta frå Tussa Energi AS kr. 609.899,-, og frå Småkraft AS kr. 143.905,-. Renterenteinntektene var kr.32.249,70 .

*Løyvingar frå fondet:*
Totalt vart det i 2018 (med tidlegare vedtak) løyvd kr. 797.000,- frå fondet, jfr. *vedlegg 2*.
Det vart utbetalt til saman kr. 742.000,-. I dette ligg m.a. tilskotet til Volda Næringsforum 2018 kr. 360.000,- , kr. 150.000,- til Sunnmøre Kulturnæringshage AS og kr. 75.000,- til Dei Nynorske Festspela .

To utbetalingar på til saman kr. 30.000,- vart heldne attende då rekneskap for prosjekta i 2018 ikkje var innlevert før rekneskapen vart oppgjort. «StudiebygdA Portal er ikkje lenger aktuell.

Elles er løyvingane i 2018 i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i Budsjettet for 2018.

**Vurdering og konklusjon:**
Når det gjeld retningsliner for bruken av fondet og konkrete løyvingar for 2018 elles vert det vist til K-sak 6/14, møte 30.1.14, der det går fram at kommunestyret ynskjer å prioritere marknadsføring av dei mange ulike festivalane i Volda. Dette vart stadfesta i K.sak 174/16

Rådmannen rår til at årsrapporten vert teken til vitende slik den går fram av saksutgreiinga og *vedlegg 1 og 2*

**Økonomiske konsekvensar:**
Stønad frå næringsfondet(kraft) belastar ikkje kommunen sitt driftsbudsjett. Næringsfond(kraft) vert frå 2018 tilført om lag kr. 753.804,- pr. år i konsesjonsavgifter (frå Tussa Energi AS og Småkraft AS). I tillegg kjem renter.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Asbjørn Moltudal |
| Rådmann | Ass. rådmann |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
6404 Molde
Rekneskapsseksjonen, her
Revisor

Vedlegg nr. 1

## Tilsagnsliste Kraftfond

| År | Tilsagns-nummer | Prosjektnamn | Støttemottakar | Tilsagnsdato. | Gyldig til | Beløp | Tilbakeført | Utbetalt for 2018 | Utbetalt tidl. Tilsagn | Status | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2018 | 1 | Sunnmøre kulturnæringshage | Sunnmøre kulturnæringshage | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 150 000 | 0 | 150 000 | | Ferdig | |
| 2018 | 2 | Volda Næringsforum | Volda Næringsforum | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 360 000 | 0 | 360 000 | | Ferdig | |
| 2018 | 3 | Dei Nynorske Festspela | aasentunet | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 75 000 | 0 | 75 000 | | Ferdig | |
| 2018 | 4 | Studentveka 2017 | Studentveka i Volda | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 20 000 | 0 | 0 | | Igangsatt | |
| 2018 | 5 | X2 Festivalen | X2 | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 50 000 | 0 | 50 000 | | Ferdig | |
| 2018 | 6 | Kammermusikkfestivalen | Kammermusikkfestivalen | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 20 000 | 0 | 20 000 | | Ferdig | |
| 2018 | 7 | Dokumentarfilm-festivalen | Den Norske Dokumentarfilmfestivalen | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 20 000 | 0 | 0 | | Igangsatt | |
| 2018 | 8 | Animasjonsfilmfestivalen | AnimationVolda | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 20 000 | 0 | 20 000 | 20 000 | Ferdig | |
| 2018 | 9 | Naturfestivalen | Naturfestivalen | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 10 000 | 0 | 0 | 10 000 | Igangsatt | |
| 2018 | | Utbetringar i huset | Mekko Keramikkverkstad | 17.04.2018 | 17.04.2019 | 27 000 | | 27 000 | | Ferdig | F.sak 67/18 |
| 2018 | | Aksjekjøp | Rovdefjordbrua | 15.11.2017 | 15.11.2019 | 10 000 | | 10 000 | | Ferdig | F.sak 190/17 |
| 2018 | 10 | StudiebygdA Portal | Høgskulen i Volda | 01.01.2018 | 31.12.2020 | 35 000 | 0 | 0 | | Ikkje aktuellt | |
| | | | | | | **797 000** | **0** | **712 000** | **30 000** | | |
| | | | | | | | | Utbetalt 2018 | 742 000 | | |

Vedlegg nr. 2

## Status for årsrapportering

| År | 2018 | | | | |
|---|---|---|---|---|---|

Samleoversikt fondsstatus

Akkumulerte tall for samtlege rapporteringspliktige fond:

| **Beskrivelse** | **Inn på fond** | **Tilsagn 2018** | **Ut av fond** | **Saldo k.rekneskap** |
|---|---|---|---|---|
| Inngåande saldo på fond pr.01.01.2018 | | | | 1 492 847,78 |
| Fondsrenter: | 32 250,00 | | | |
| Fondstilskot: | 753 804,00 | | | |
| Tilsagnstilskot | | 797 000,00 | 742 000,00 | |
| Saldo eitt tilsagnsår | 786 054,00 | 797 000,00 | 742 000,00 | 44 054,00 |
| | | | | **1 536 901,78** |

**PS 41/19 Orienteringssaker**

# VOLDA KOMMUNE
## Opplæring og oppvekst

# NOTAT

Formannsskapet

**Sak: Orienteringssaker - formannskapet - samlesak**

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2017/39* | *2985/2019* | *033* | *OPP/PERKON* | *22.02.2019* |

**UNDERVISNINGSKOMPETANSE I VOLDASKULEN**

I Sunnmørsposten 1. februar kom det fram at ein av fire matematikklærarar i Møre og Romsdal manglar tilstrekkeleg fordjuping i faget. Det same gjeld ein av tre engelsklærarar, og ein av fem norsklærarar.

Stoda i Voldaskulen skil seg ikkje mykje frå det ein ser i fylket. Framleis har vi lærarar som ikkje stettar dei formelle krava til undervisningskompetanse. Formannsskapet har bede oppvekstsjefen om ei orientering om kva Volda kommune vil gjere for å løyse dette.

I forskrift til opplæringslova §§ 14-2 og 14-3 kjem det fram kva krav som vert sett til kompetansen til dei som skal undervise i norsk, matematikk og engelsk på barnesteget og ungdomssteget, samt dei fleste andre fag på ungdomssteget.

På barnesteget er kravet 30 studiepoeng, medan ein på ungdomssteget skal ha 60 studiepoeng i norsk, matematikk og engelsk.

Når desse krava vart innført for nokre år sidan, var stoda i dei fleste kommunar at mange lærarar ikkje stetta desse krava. For dei lærarane som før 1. januar 2014 hadde tilfredsstillande kompetanse etter dågjeldane krav for tilsetting i undervisningsstilling, har fram til 1. august 2025 dispensasjon frå dette kravet.

Det tyder at ein del lærarar fram til 2025 har dispensasjon frå kompetansekravet og kan undervise i faga utan at det går på tvers av lov eller forskrift.
På same tid gir det eit signal både til den enkelte tilsett og skuleeigar at det er ein jobb å gjere fram til 2025.

Det er hovudsakleg gjennom nytilsetting og vidareutdanning målet skal bli nådd.
I Volda kommune vert det ikkje tilsett lærarar utan rett formalkompetanse i dei faga dei skal undervise. På denne måten vil talet på lærar utan rett formalkompetanse bli redusert over tid.

For lærarar utan rett formalkompetanse er det tilbod om vidareutdanning gjennom den statlege ordninga *Kompetanse for kvalitet.* Det er eit tilbod som gir lærarar høve til å ta vidareutdanning utan økonomisk kostnad. På det næraste fullfinansierer staten studiet for for dei som tek naturfag og matematikk, medan det for andre fag vert ein delkostnad for kommunen. Lærarar som manglar formalkompetanse i fag dei underviser i vert oppmoda om å søke om vidareutdanning, men skuleeigar kan ikkje pålegge tilsette slik vidareutdanning. Når det gjeld prioritering mellom søkarar, er det semje med Utdanningsforbundet om kva kriterier som skal leggast til grunn.

Sidan 2014 har 25 lærarar i Voldaskulen teke vidareutdanning gjennom ordninga. Dei har fordelt seg slik mellom dei ulike faga

| Fag | Matematikk | Norsk | Engelsk | Naturfag | Kunst og handverk | Spes.ped | Tysk |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal lærarar | 9 | 7 | 2 | 3 | 2 | 1 | 1 |

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

# VOLDA KOMMUNE
## Rådmann

# NOTAT

**Til:** Formannskapet
**Frå:** Rådmann Rune Sjurgard
**Sak:** Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd / Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2018/1099* | *3297/2019* | *151* | *ADM/RUNSJU* | *26.02.2019* |

**OVERSENDINGSFRAMLEGG TIL ADMINISTRASJONEN VEDRØRANDE BUDSJETTHANDSAMINGA**

I samband med budsjetthandsaminga vart det sendt over framlegg til administrasjonen for vurdering. Desse vert gjengjeve og kommentert nedanfor.

**Frå formannskapet i sak 180/18:**
*Administrasjonen blir beden om å utgreie ei prøveordning med ein time aktivitetstid pr. veke i heimetenesta. Ordninga skal ikkje erstatte ordinær heimesjukepleie og praktisk bistand. Tilbodet skal bli gjeve til brukarar over 67 år med heimebaserte tenester eller brukarar som er i prosess med å få slike tenester. Føremålet er å gje dei ein betre kvardag gjennom aktivitet og deltaking.*

> Rådmannen sin kommentar
> Det er naturleg å sjå dette i samanheng med tenesteutviklinga i ny kommune. Tenestene i gamle Volda og gamle Hornindal må harmoniserast og utviklast felles for heile den nye kommunen. Forslaget har også ei kostnadsside som må utgreiast. Rådmannen ser det som naturleg at dette vert vurdert når den nye kommunen har kome i drift.

*Administrasjonen blir beden om å utgreie om elevar med særskilde behov skal få gratis opphald i skulefritidsordninga frå og med 5. klasse til og med 7. klasse.*

> Rådmannen sin kommentar
> Dette har ei kostnadsside, og tiltaket er ikkje prioritert i budsjettet. Kommunestyret har i sak 5/19 vedteke køyrereglar for økonomistyring der formålet å redusere utgiftene. Vidare skal ein m.a skal leggje seg på eit nivå og standard på tenester som er godt nok forå tilfredsstille krava i lov og forskrift.

*Administrasjonen blir beden om å lage ein handlingsplan mot fattigdom i barnefamiliar. Viktige målsettingar skal vere:*
*- Etablering av felles kunnskapsgrunnlag*
*- Auka samhandling mellom kommunale tenester*
*- Auka samarbeid med frivillige organisasjonar*
*- Auka brukarmedverknad*

Rådmannen sin kommentar
Punktet tek opp eit viktig tema. Regjeringa set dette også på dagsorden og arbeider m.a for å samordne satsingsområda på tvers av departementa. I Volda kommune vert det arbeidd med ulike enkelttiltak som utlånsordning for sportsutstyr, barnefokus i Nav og utgreiing av retningsliner for skjønsutmåling av sosialhjelp til barnefamiliar. Det manglar ei samordning av virkemidla både nasjonalt og lokalt. Ein handlingsplan vil det vere behov for, men rådmannen ser ikkje at administrasjonen har kapasitet til å få fram denne i løpet av året, og foreslår at dette er eit tiltak som ein arbeide med å få fram i ny kommune i løpet av 2020.

*Administrasjonen blir beden om å legge fram ei sak der ein synleggjer i kva grad kommunen sine retninglinjer og praktisering av BPA-ordninga er i tråd med intensjonen i lova om Brukarstyrt personleg assistent (BPA) for funksjonshemma*

Rådmannen sin kommentar
Dette punktet vert sendt over til tenesteutval for helse og omsorg for nærare vurdering.

**Frå formannskapet i orienteringssak 184/18 – innmeldte framlegg i samband med budsjett og økonomiplan som det ikkje vart teke stilling til:**

Innmeldt av tenesteutval for helse og omsorg
*THO ber om at Helse- og omsorgssektoren gjennomfører ei intern kartlegging på kva for rutiner og arbeidspraksis som med fordel kan erstattast eller styrkast med digital teknologi. Det er eit ynskje at tilbakemelding frå tilsette nærast lov- og avtaleverk, og nærast brukarane, blir vektlagt. Kommunestyret ber om å få rapport på dette i relevant tid i høve budsjettprosessen for 2020.*

Rådmannen sin kommentar
Dette kjem innunder prosjektet for velferdsteknologi. Det er utarbeidd prosjektplan med fastsette mål og organisering for prosjektet. Prosjektet har eigen prosjektleiar og er oppstarta med fokus på tenesteutvikling i nye Volda. Merkantile rutiner vert også kartlagt for effektivisering i samband med implementering av ny versjon av økonomissystem med HR-modul.

Innmeldt av tenesteutval for oppvekst og kultur
1. Under digitalisering, strukturendringar m.m. s.65. *Austefjord barnehage er vedteken ikkje nedlagt og skal strykast frå lista.*

2. *TOK ser at drift og innsparing det er lagt opp til i budsjettet for 2019 for skule og barnehage ikkje samsvarar med dei reelle utfordringane i sektoren.*

3. *TOK ber at kommunestyret gjer ei justeringar i budsjettarbeidet slik at sektoren får ein reell vekst snarare enn ein reduksjon.*

Rådmannen sin kommentar
Ressurstildelinga til barnehage- og skuledrifta vert styrt av norm på pedagog- og vaksentettleik i barnehage og lærarnorm i grunnskulen. Barnehagane og skulane får ressursar som skal gjere dei stand til å stette normkrava.

Det er ikkje eit krav at plantida til pedagogar i barnehage vert fylt av anna personale. Slik sett held vi oss innan krava, men plantida fører til færre vaksne saman med borna i barnehagane den tida pedagogane har avtalefesta plantid. Frå ein fagleg ståstad er det eit ynskje å kunne fylle plantida ti pedagogane med anna personale.

Ved Volda ungdomsskule og Øyra skule vert det innanfor eige budsjett prioritert å ha to kontaktlærarar i klassene. Dette representerer ein kostnad på om lag kr 500 000,- pr skule.

Ei prioritering tyder at det går ut over driftsbudsjettet til dei to skulane. Å ha to kontaktlærarar er ikkje lovpålagt, men skulane finn at denne prioriteringa er formålstenleg.

Med andre ord er det budsjettert med ei drift som skal stette lovkrava, men her er gode faglege argument for tiltak som vil styrke kvaliteten på tenestene utover det lovpålagde.

Økonomiplanen legg opp til store investeringar som medfører at nye Volda innan ei fireårsperiode må redusere drifta med ca 40 millionar kroner. Dersom investeringsprogrammet vert gjennomført så aukar kapitalutgiftene med ca 30 mill. Ser ein i høve til samanliknbare kommunar så kan Volda kommune redusere drifta vesentleg både innanfor skule og barnehage. Samanliknar ein med Ørsta for skule, så vil nye Volda ha ei drift som ligg kr 11 mill høgare. Investeringsprogrammet inneber eit retningsval der ein vert nødt til å redusere antal skular og barnehagar og utnytte kapasiteten i bygningsmassen. Dette er også forankra i K-sak 5/19 om køyrereglar for økonomistyring.

Innmeldt av forvaltningsutvalet
*Etterlyser midlar til gatelys, vedlikehald av vegar og arbeid knytt til skiltplanen i sentrum, som er saker utvalet har hatt oppe.*

Rådmannen sin kommentar
Teknisk sektor si drift for 2019 vert basert på den ramma som kommunestyret har vedteke.

Innmeldt av eldrerådet
*Eldrerådet tek framlegget til budsjett til vitande. Eldrerådet vil likevel utrykke ei viss uro over at store invisteringar i kommunen vil svekke framtidig drift, som t. d. helse og omsorgssektoren. Likeeins at sekretærstillinga vert synleggjort, t.d. med ein stillingsbrøk.*

Rådmannen sin kommentar
Uroa kan verte reell dersom ein gjennomfører investeringane og samtidig opprettheld dyr drift og ikkje endrar tenestestrukturen. Kommunestyret har lagt ein plan for økonomistyring i sak 5/19.

Innmeldt av kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne
*FUNK vil be om å verte involvert i høve dei planane som ligg føre for invisteringar i skule, kulturhus, legekontor osb i god tid slik at ein får mulighet til å påvirke og sikre universiell utforming.*

*I samband med deltaking i den nye PP-tenesta vart det sett inn ein tidsavgrensa ekstraressurs. FUNK vil be om at den vedtekne evalueringa av tenesta vert gjennomført før resurssen vert teken vekk.*

*FUNK ser svært positivt på at ein aktiv og meiningsfull kvardag er sett som eit teneste og utviklingsmål innanfor helse og omsorg.*
- *Vi vil påpeike at brukerane har ulike behov og at eit likt tilbod ikkje gir eit likeverdig tilbod.*
- *Vi ønsker difor at ein legg vekt på at ein fleksibel organisering og internt samarbeid slik at tilboda vert funksjonelle for den enkelte brukar.*

Rådmannen sin kommentar
Byggjenemnda skal ivareta involvering av brukarinteresser i samband med planlegging av nybygga.

I samband med oppretting av ny interkommunal PP-teneste, gjekk Volda og Ørsta inn med ei stilling i ein overgangsperiode på to år. Ulstein kommune, som vertskommune, har ikkje vidareført denne ressursen for hausten 2019. Ei evalueringa av tenesta for Volda kommune sin del vil kome før sommaren 2019

Punktet om tenestene innanfor helse og omsorg vert å vurdere av helse- og omsorgssjefen og tenesteutval for helse og omsorg.

Innmeldt av ungdomsrådet
*Sett frå eit ungdommeleg perspektiv viser vi til side 69 i saksdokumentet, dei fire første punkta:*
** Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule*
** Kino og kultursal*
** Idrettshall*
** Svømmehall*
*Tek ein med lokale til ungdomsklubben i kulturhuset er dette dei viktigaste område for ungdomen.*
*Elles tek ungdomsrådet saka til vitande*

Rådmannen sin kommentar

Innspelet var kjent for kommunestyret under handsaminga av budsjett og økonomiplanen og i hovudsak teke omsyn til kommunestyret sine prioriteringar. Det same gjeld lokale til ungdomsklubb som inngår i kulturhuskonseptet som skal planleggjast vidare.

Innmeldt av representanten Odd A. Folkestad
*I samsvar med gjeldande lovverk har elevar som ikkje får tilfredstillande utbytte av den ordinære opplæringa etter sakkunnig vurdering rett til spesialundervisning.*

*Dei elevane dette gjeld, skal enkeltvis vurderast av fagfolk som så etter grundig fagleg vurdering tilrår eit opplegg for spesialundervisning for den einskilde elev dette gjeld. Det fagorgan som Volda kommune nyttar til dette arbeidet er den Interkommunale Pedagogiske Tenesta der Volda kommune er medlem. Dersom kommunen meiner skulen kan gi heile eller deler av det tilrådde opplæringstilbodet innanfor rammene av den ordinære opplæringa, må eit avvik frå den faglege tilrådinga frå PPT, - for den einskilde elev -, begrunnast i enkeltvedtaket som kommunen skal fatte.*
*Det er Volda kommune som skal dekke alle utgifter til spesialundervisninga, også til friskular (jf § 3-6 i Friskulelova).*
*Volda kommune/Oppvekstsektoren skal følgje eigne enkeltvedtak slik at skulane får tilført dei midlane, evt. den refusjonen, som enkeltvedtaket legg til grunn.*

*Volda kommunestyre vil presisere at ein føreset at det som framgår av dette vedtaket, er ei avklaring til alle barne-/ungdomsskular i kommunen.*

Rådmannen sin kommentar
Saksgangen knytt til spesialundervisning i Volda kommune fyl lov og forskrift. I Volda kommune vert det arbeidd målretta med å vri ressursbruk frå spesielle tiltaka over til den ordinære og tilpassa undervisninga for å styrke denne og på den måten gje fleire elevar utbyte av den ordinære undervisninga.

I vurderinga av kva ressursar den enkelte skule har trong for å kunne kome i møte tilrådingane i dei sakkunnige tilrådingane frå PPT, vert det sett krav til at det ordinære tilbodet skal kunne kome i møte delar av dei behova som vert skildra i den sakkunnige tilrådinga. I nokre saker er det mogeleg, i andre ikkje. Dette kjem fram i den dialogen som er med den enkelte skule.

Dei same forventningane vert stilt til private skular, som vert handsama på same måte som kommunale skular. Ein privat skule har klaga til Fylkesmannen på Volda kommune si tildeling av ressursar til spesialundervisning. Fylkesmannen har funne faren for lovbrot for låg til at han vil prioritere eit tilsyn med Volda kommune si likehandsaming av private skular.

Kostra-tala viser at det vert avsett monalege ressursar til spesialundervisning, noko tabellen viser. Tala fortel at Volda kommune framleis har ein veg å gå med å vri ressursar frå det spesielle til styrking av det ordinære.

# VOLDA KOMMUNE
## Rådmann

KOSTRA 2017

| | Netto driftsutgifter pr elev | Årstimar til spes.underv | Årstimar til spes.und. pr elev |
|---|---|---|---|
| Volda | 115 940 | 16 153 | 14,0 |
| Hornindal | 115 682 | 1 240 | 8,4 |
| Ørsta | 105 148 | 14 378 | 10,4 |

Innmeldt av representanten Margrete Bjerkvik
*Kr 85 000 til overflateredningsdrakter for brannvesenet.*
*Dekning disposisjonsfondet*

Rådmannen sin kommentar
Dette er ei prioriteringssak. Det vart ikkje fremja for realitetshandsaming. Dersom dette er pålagt på det prioriterast av teknisk sektor ved omprioritering innanfor eiga ramme.

Dagens Volda kommune skal avviklast pr 31.12.19 og samanslåingsprosessen må ha høg prioritet resten av dette året. Administrasjonen har doble roller der ein driftar eksisterande kommune samtidig med å gjennomføre prosjektet med å få den nye kommunen klar til drift. Dette inneber avgrensa kapasitet til å følgje opp større utgreiingar som ein i den gamle kommunen har ynskje om.

**Kopi:**
Helse og omsorgssjefen
Oppvekstsjefen
Teknisk sjef
Økonomisjefen
Tenesteutval for helse og omsorg til orientering
Forvaltningsutvalet til orientering
Tenesteutval for oppvekst og kultur til orientering

# VOLDA KOMMUNE
**Ordførar**

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2013/1592 | 17300/2018 | G00 | ORDF/ JORAMD | 14.12.2018 |

## URO OVER UREALISTISKE ØKONOMISKE RAMMER I HELE MØRE OG ROMSDAL

Helse Møre og Romsdal har stor økonomisk ubalanse i drifta samtidig som det skal byggjast nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal. Sjukehusa i Ålesund og Volda har store rehabiliterings- og utbyggingsbehov. Det er gjort kjent at foretaket må kutte med 500 millionar i løpet av dei neste tre åra. Styret har etter benkeforslag pålagt adm direktør å leggje fram ein plan i januar for nedtrekk av 200 stillingar som tiltak på kort sikt.

Situasjonen i Helse Møre og Romsdal verkar svært dramatisk slik kommunane er gjort kjent med gjennom media. Foretaket har nyleg vore gjennom ein prosess med utviklingsplan med involvering av kommunane (planperioden 2019 – 22 og med framtidsutsikter til 2035). I følgje samhandlingsavtale, punkt 5 mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF, 2015, skal partane: *«...informere og involvere den andre parten i planprosesser og annet arbeid som har betydning for utformingen av helsetenester for den annen part, blant annet organisering og endring av rutiner».* I den medieomtalte kuttprosessen opplever vi involvering av kommunane som fråverande.

Skjeringspunkta i samhandlinga mellom kommunar og helseforetak er mange og det same gjeld utfordringane med omsyn til heilheitleg pasientforløp. Dette vert komplisert med ein skilnad i oppgåvefokus der kommunane har livsløpsperspektivet, medan spesialisthelsetenesta har diagnoseperspektivet. Pasienten bur i kommunen og er på besøk i helseforetaket. Dramatiske kutt i helseforetaket vil få direkte konsekvens for kommunane som yter tenester til same pasient. Kommunane kan ikkje kompensere for kutt i helseforetaket, så god kommunikasjon mellom partane vert avgjerande for sikre gode nok tenester til pasienten. Men vi vurderer det slik at samhandling åleine ikkje er nok. Dette handlar like mykje om økonomiske rammer.

Økonomien synest å vere særleg utfordrande i helseforetak som skal byggje nye sjukehus. Dette kjem fram i eit drøftingsnotat frå KS av 28.11.18, jfr utdrag:

> *«I oppdragsdokumentet fra Helse- og omsorgsdepartementet til RHF'ene har det i flere år stått at sykehusene ikke skal overføre oppgaver til kommunene før disse er i stand til å gi et like godt eller bedre helsetjenestetilbud. Kommunene erfarer jevnlig at ensidige beslutninger i sykehusene gir konsekvenser, dvs nye oppgaver, i det kommunale tjenestetilbudet Dette har*

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
954 63 942
www.volda.kommune.no
Org. nr:
939 760 946
Bankgiro:
3991.07.81727

*ingen konsekvenser for sykehusene, men har betydelige konsekvenser for kommunene og aller mest for pasientene.*
*(...)*
*Det må arbeides for at gjeldende avtaleverk mellom kommuner og foretak endres og videreutvikles for å skape bedre møteplasser, gode prosesser, og klarere rettigheter og plikter mellom partene. Det må vurderes om det nasjonale tvisteløsningsorganet kan anvendes bedre enn i dag, hvor partene selv ikke klarer å finne de gode løsningene.»*

Kommunane på Søre Sunnmøre vil gjere statsråden merksam på at dei akutte og planlagde nedskjeringane i Helse Møre og Romsdal vil svekke spesialisthelsetenesta i regionen i betydeleg grad. Ut frå tidlegare erfaringar vil nedskjeringane medføre overføring av oppgåver til kommunane utan sams planlegging for pasienten sitt beste. Dette skjer raskare enn kommunane kan klare å innrette seg på med omsyn organisering og kompetansebygging. Kommunane vil dermed ikkje ha tilstrekkelege ressursar til slik oppgåveløysing.

I situasjonar der det kan verte oppgåveoverføring frå sjukehus til kommunehelsetenesta, må absolutt følgjande område avklarast og diskuterast:

- *Gir endringa like gode eller betre tenester for pasienten*
- *Er endringa forsvarleg*
- *Er kompetanseoverføring avklart mellom partane, herunder rekruttering og nødvendig kompetanse*
- *Er økonomiske forhold og finansiering av tiltaket sikra og avtalt mellom partane*

Vi opplever at Helse Møre og Romsdal sine økonomiske rammevilkår ikkje står i stil med dei utfordringane helseforetaket står overfor, og at dette ligg på eit nivå over det styret og administrativ direktør for Helse Møre og Romsdal er i stand til å løyse innanfor sine rammer, Vi finn det derfor nødvendig å vende oss direkte til helseministeren som ansvarleg instans.

Vi ber statsråden foreta ei analyse av Helse Møre og Romsdal sin økonomiske situasjon, og vurdere foretaket si berekraft opp mot dei plikter foretaket har for å levere tenester med pasienten i sentrum. Vi er urolege for at helseforetaket manglar handlingsrom til å ivareta eigne oppgåver, og at det vert ei skyving av oppgåver og utgifter på kommunane i eit forhasta tempo som kan gå utover pasienten sitt beste. Vi vil vidare be statsråden om å vurdere alternativ finansieringsmodell for bygging av sjukehus som sikrar stabile og realistiske rammevilkår i drifta. Til slutt vil vi be statsråden gjere ei vurdering av den interne fordelinga av midlar innanfor foretaka i region Helse Midt-Norge.

Med helsing

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jørgen Amdam<br>Volda kommune | Knut Erik Engh<br>Ulstein kommune | Anders Riise<br>Hareid kommune | Stein Aam<br>Ørsta kommune |
| Dag Vaagen<br>Sande kommune | Arnulf Goksøyr<br>Herøy kommune | Lena Landsverk Sande<br>Vanylven kommune | |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| HELSE MØRE OG ROMSDAL HF | Åsehaugen 1 | 6026 | ÅLESUND |
| SUNNMØRE REGIONRÅD IKS | Postboks 1521 | 6025 | ÅLESUND |
| KS | Postboks 1378 Vika | 0114 | OSLO |
| ØRSTA KOMMUNE RÅDMANN, STAB OG STØTTE v/ Rådmannen | Dalevegen 6 | 6153 | ØRSTA |
| ØRSTA KOMMUNE v/ Ordføraren | Dalevegen 6 | 6153 | ØRSTA |
| VANYLVEN KOMMUNE v/ Rådmannen SENTRALADMINISTRASJON | | 6143 | FISKÅ |
| VANYLVEN KOMMUNE v/ Ordføraren | RÅDHUSET | 6143 | FISKÅ |
| SANDE KOMMUNE v/ Ordføraren | Rønnebergplassen 17 | 6084 | LARSNES |
| SANDE KOMMUNE v/ Rådmannen | Rønnebergplassen 17 | 6084 | LARSNES |
| HERØY KOMMUNE v/ Rådmannen SENTRALADMINSTRASJON | Postboks 274 | 6099 | FOSNAVÅG |
| HERØY KOMMUNE v/ Ordføraren | Postboks 274 | 6099 | FOSNAVÅG |
| ULSTEIN KOMMUNE v/ Rådmannen SENTRALADMINISTRASJON | Postboks 143 | 6067 | ULSTEINVIK |
| ULSTEIN KOMMUNE v/ Ordføraren | Postboks 143 | 6067 | ULSTEINVIK |
| HAREID KOMMUNE v/ Rådmannen SENTRALADMINISTRASJON | Rådhusplassen 5 | 6060 | HAREID |
| HAREID KOMMUNE v/ Ordføraren | Rådhusplassen 5 | 6060 | HAREID |
| VOLDA KOMMUNE v/ Rådmannen SENTRALADMINISTRASJON | Stormyra 2 | 6100 | VOLDA |
| VOLDA KOMMUNE v/ Ordføraren | Stormyra 2 | 6100 | VOLDA |

DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

*Statssekretæren*

Volda kommune

| Deres ref | Vår ref | Dato |
| --- | --- | --- |
| 2013/1592 | 18/5301-7 | 7. mars 2019 |

## Uro over urealistiske økonomiske rammer i Helse Møre og Romsdal

Jeg viser til brev fra Volda kommune på vegne av flere kommuner til helse- og omsorgsdepartementet av 14. desember 2018. Helseminister Bent Høie har bedt meg besvare henvendelsen. Jeg beklager sent svar. Regjeringen har stort fokus på å sikre sykehusene gode og forutsigbare rammevilkår. I budsjettet for 2019 er sykehusenes driftsbevilgning økt med 1,35 mrd. kroner. Dette gir rom for å øke pasientbehandlingen med om lag 1,7 prosent.

Vi er kjent med at det er en utfordrende økonomisk situasjon i Helse Møre og Romsdal. Omstillingsbehovet må ses i lys av at foretaket over flere år har brukt mer enn det inntektene gir grunnlag for, og at det er nødvendig å gjennomføre tiltak som sikrer at tjenesten kan ytes innenfor de økonomiske rammene til foretaket framover. Det er samtidig et krav at omstillinger som medfører overføring av oppgaver til kommunene skal skje i samarbeid med kommunene. Vi er kjent med at omstillingstiltakene etter planen skal legges fram til ny vurdering for styret i mars.

Dagens finansieringsmodell for helseforetakene har et bredt flertall på Stortinget bak seg. Regjeringen har nedsatt et offentlig utvalg som jobber med å gjennomgå kriteriene for fordelingen mellom regionene som skal være ferdig november 2019. Det kan få betydning for den nasjonale fordelingen mellom de fire regionene, men det er det altfor tidlig å si noe om.

Når det gjelder bygging av nye sykehus så vil jeg vise til at Regjeringen i Granavolden-plattformen har slått fast at vi ønsker å legge bedre til rette for investeringer i sykehusbygg og ny teknologi gjennom å vurdere endringer i investeringsordningene for sykehus.

Postadresse: Postboks 8011 Dep 0030 Oslo
Kontoradresse: Teatergt. 9 Telefon* 22 24 90 90
Org no.: 983 887 406

Med hilsen

Anne Grethe Erlandsen

**Stranda kommune**
**Rådmannen**

Åse Elin Hole

Mottakere ifølge liste

**Vår ref.: 19/423-1** **Dykkar ref.:** **Arkiv:** **Dato: 04.03.2019**

**KOMMUNANE PÅPEIKAR FOR DÅRLEGE PROSESSAR OG KREV Å VERTE INVOLVERT FOR Å SIKRE HEILSKAPLEG OG GOD PASIENTBEHANDLING**

Helse Møre og Romsdal har ein krevjande økonomisk situasjon, og kommunane har stor forståing for at helseforetaket må gjere endringar for å møte dette.

Samstundes forventar vi forståing for at også kommunane har økonomiske og praktiske utfordringar i dette biletet. Verken spesialisthelsetenesta eller kommunehelsetenesta har berekraftig drift med å halde fram slik som ein driv i dag. Vi står altså overfor ein situasjon der både helseforetaket og kommunane må gjere store endringar knytt til organisering og økonomiske realitetar der behova er større enn tilgjengelege ressursar.

Både kommunane og helseforetaket har av fleire årsaker auka press på tenestene. Dei viktigaste faktorane her er den demografiske utviklinga, forventning om bruk av nye og dyre medisinar og behandlingsmetodar samt auka behov for ressurskrevjande og tverrfaglege tenester. Særleg utfordrande vert det operative samarbeidet når begge partar er underfinansierte, og der den eine parten på forhasta tid skal gjennomføre endringar som fordrar nye samarbeid på tvers av både organisasjonar og fag.

Det er dei same pasientane som treng hjelp av både helseforetaket og kommunane. Begge partar har «sørge for ansvar» for desse pasientane. Dette føreset at den eine parten ikkje kan ha definisjonsmakt overfor den andre. Vår vurdering er derfor at dette er ei felles utfordring som ikkje kan løysast av ein enkelt part åleine. Løysingane må kome fram i fellesskap mellom kommunane og helseforetaket.

Dette er også tydeleg nedfelt i samhandlingsavtalen mellom kommunane og Helseforetaket i Møre og Romsdal. Der heiter det mellom anna at samhandling er uttrykk for helse og omsorgstenesta si evne til oppgåvefordeling seg i mellom for å nå eit felles omforeint mål, samt evna til å gjennomføre oppgåvene på ein koordinert måte (Samhandlingsavtalen pkt 1, Innledning).

Samhandlingsavtalen pkt 3, Samhandlingsområder, viser til Helse og omsorgstenestelova § 6.2 som stiller krav til partane om at det skal vere «*enighet om hvilke helse- og omsorgsoppgaver forvaltningsnivåene er pålagt ansvaret for og en felles oppfatning av hvilke tiltak partene til enhver tid skal utføre*».
Samhandlingsavtalen punkt 5, seier vidare at «*Større endringer som planlegges av en av partene, skal gjennomføres med en god gjensidig prosess. Partene forplikter seg til å informere og involvere den andre parten i planprosesser og annet arbeid som har betydning for utformingen av helsetjenester for den annen part, blant annet organisering og endring av rutiner*»

| Postadresse: | Besøksadresse: | E-post | Telefon | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|
| 6200 STRANDA | Øyna 13 | post@stranda.kommune.no | 70 26 80 00 | 964 980 098 |

Dette er ei gjensidig juridisk fopliktande avtale, og punkta må etterlevast av begge partar. Helseforetaket arbeider no med innsparingstiltak i fleire delar av organisasjonen. Dei endringane som helseforetaket står framføre vil også påvirke kommunane si tenesteyting og økonomi, samt samhandlinga mellom kommunane og helseforetaket. Så langt opplever vi at prosessen har vore for intern innad i helseforetaket og at kommuinane i liten grad har vore involvert.

Samstundes erkjenner vi at kommunane over tid ikkje har opptrådt samordna og aktivt overfor helseforetaket. Kommunesida har også eit medansvar for å ta initiativ. Helseforetaket er den store parten, og større endringar som vert gjort der vedkjem pasientforløpet i kommunane og kommunane som part. Det er derfor avgjerande viktig at helseforetaket tek aktivt initiativ til informasjon og reell involvering av fagkompetanse frå kommunane i desse prosessane. Så langt ser vi at kommunane er informert, men ikkje konkret involvert, og såleis kan ein seie at prosessane som fram til no har vore for dårlege. Vi ser det som uheldig at arbeidsgruppene som helseforetaket oppnemne starta opp utan representasjon av fagkompetanse frå kommunehelsehelstenesta. Skal vi lykkast i endringsarbeidet må Helseforetaket og kommunane ha større openheit, likeverd og praktisk involvering i felles prosessar. Dette er grunnleggjande for å ha tillit til kvarandre.

Oppsummert opplever vi helseforetaket ikkje har opptrådt i samsvar med samhandlingsavtalen i måten de har organisert og gjennomført innsparingsprosessen fram til no. Dette må de snarast få på rett kjøl, og kommunane ønskjer å delta. Det handlar om felles pasientar der vi har ulike roller og ansvar for eigne budsjett. Målet er at vi gjennom god organisering, rolleforståing og samarbeid saman skaper god og heilskapleg pasientbehandling.

Vi har forventingar til at direktøren i si innstilling til styret 27. mars, og at styret i si handaming, legg samhandlingsavtalen til grunn og sikrar gode prosessar vidare framover der kommunehelsetenesta sin fagkompetanse er tungt representert for å finne felles løysingar i heile pasientforløpet. Dette handlar om pasienten i fokus. Gode og omforeinte løysingar utvikla av fagkompetansen hos begge partar er god kvalitet og gir samtidig god ressursutnytting. Det er grunnleggjande at begge partar erkjenner og rettar seg etter dette.

Kommunane føreset at dei endringane helseføretaket gjer, ikkje svekkar tilbodet til pasientar som treng spesialisert behandling innan psykisk helsevern og rehabilitering. Med den omlegginga som er tilrådd til styret, er vi ikkje trygga i at pasientane vil ha eit godt spesialisert tilbod gjennom heile døgnet. Kommunane er ikkje budde til å ta over tilbod som tidlegare vart gitt gjennom døgntilbod som no er tilrådd skal løysast på dagtid.

Igjen handlar dette om å ha respekt for kvarandre - helseføretak og kommunane. Budsjetta for kommunane tek ikkje høgde for denne type endringar.

Vi ber om at dette brevet vert lagt fram for styret i Helseforetaket i Møre og Romsdal i samband med saka om innsparingstiltak.

Med vennleg helsing
for Rådmennene på Sunnmøre

Åse Elin Hole
Rådmann

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.*

**Mottakar:**
Administrerande direktør i Helse Møre og Romsdal
Styret i Helse Møre og Romsdal

Kopi til:
Giske kommune v/rådmannen
Haram kommune v/rådmannen
Hareid kommune v/rådmannen
Herøy kommune v/rådmannen
Norddal kommune v/rådmannen
ORKIDE - Nordmøre regionråd v/dagleg leiar Ellen Engdahl
Romsdal regionråd v/dagleg leiar Alf Reistad
Sande kommune v/rådmannen
Sandøy kommune v/rådmannen
Skodje kommune v/rådmannen
Stordal kommune v/rådmannen
Sula kommune v/rådmannen
Sunnmøre Regionråd IKS v/dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Sykkylven kommune v/rådmannen
Ulstein kommune v/rådmannen
Vanylven kommune v/rådmannen
Vestnes kommune v/rådmannen
Volda kommune v/rådmannen
Ørskog kommune v/rådmannen
Ørsta kommune v/rådmannen
Ålesund kommune v/rådmannen

KOPI

# NOTAT

**Til:** Formannskapet
**Fra:** Rådmannen

**Tema:** **Helseplattformen og Trondheim kommune**

**Dato:** 26.02.2019

Medieoppslag de siste dagene kan skape et inntrykk av at Trondheim kommune er i tvil om valg av løsning og leverandør til Helseplattformen. Det stemmer ikke. Vi står fullt og helt bak prosjektet Helseplattformen og valget av Epic som leverandør.
Vi mener vi sammen med Helse Midt-Norge har valgt den løsningen som fyller helsetjenesten sine kvalitets - og fagkrav best, til beste for pasienten.
Og vi har full tillit til at dette er det riktige valget for regionen.

Det har vært gjennomført en stor offentlig anskaffelsesprosess basert på en omfattende felles kravspesifikasjon. Trondheim kommune og de andre kommunene har deltatt med fagfolk i utformingen av krav til løsning. Kommune og sykehus har vært enige om alle krav. Kommunen har vært tett på i den konkurransebaserte dialogen hvor leverandørene har kommet med sine tilbud. Noen leverte tilbud som inkluderte flere løsninger og leverandører. Ingen av dem nådde opp i konkurransen. Den valgte løsningen for en felles journalløsning er den løsningen som er mulig å realisere innenfor en tidshorisont på 5-10 år. Selv om den tekniske løsningen er omfangsrik, har Epic lagt til rette for at systemet/løsningen kan snakke sammen med andre løsninger, basert på internasjonale standarder. Dette gir oss et stort handlingsrom både for integrasjoner og innovasjon. Nye systemer skal i fremtiden kunne kobles sammen med løsningen, og de eksisterende systemene som skal integreres kan videreføres sammen med Epic-løsningen.

I medieomtalen er det også blitt referert til Sundhedsplattformen i Danmark der det har vært og er utfordringer i bruk av løsningen. Helseplattformen, inkludert flere medarbeidere fra Trondheim kommune, har vært på flere besøk i København, og vi har fått gode og viktige innspill som vi kan lære av. Et viktig læringspunkt er å starte planlegging og organisering av innføringsprosjektet tidlig nok, slik at de involverte aktørene er godt nok forberedt. Vi mener vi er godt forberedt på å sette i gang innføringen av et nytt samhandlingsverktøy på tvers av helsetjenestene i Midt-Norge slik at vi kan realisere målbildet en innbygger - en journal.

Helge Garåsen
kommunaldirektør for helse og velferd

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no] Sendt: 27.02.2019 15:08:08 Til: Postmottak Volda Kopi: Svein Berg-Rusten; Paul Ottar Tornes; Sonja Håvik Tittel: VS: Helseplattformen og Trondheim kommune

Ber om at e-posten nedanfor og vedlegget vert lagt fram som orinenteringssak for fsk.

***Rune Sjurgard***
*rådmann*
*Rådmann*
*Mobil 90053752*
*www.volda.kommune.no*

---

**Fra:** Ole Gunnar Kjøsnes <ole.gunnar.kjosnes@ks.no>
**Sendt:** onsdag 27. februar 2019 13:01
**Til:** Anita Ulstad <anita.ulstad@verran.kommune.no>; Anne Kathrine Slunggård <Anne.Kathrine.Slungard@stjordal.kommune.no>; Arne Ketil Auran <arne.ketil.auran@frosta.kommune.no>; Arnfinn Brasø <arnfinn.braso@orland.kommune.no>; Beathe Sandvik Meland <Beathe.Sandvik.Meland@froya.kommune.no>; Birger Hellan <birger.hellan@snillfjord.kommune.no>; Birgit Reisch <bire@rindal.kommune.no>; Bodil Johanne Lie <Bodil-Johanne.Lie@namdalseid.kommune.no>; Carl-Jakob Midttun <carl-jakob.midttun@malvik.kommune.no>; Dagfinn Skjølsvold <dagfinn.skjolsvold@oppdal.kommune.no>; Emil Raaen <emil.raaen@bjugn.kommune.no>; Geir Ove Storstein <geir-ove.storstein@agdenes.kommune.no>; Hege Sørlie <hege.sorlie@naroysund.kommune.no>; Heidi Horndalen <Heidi.Horndalen@tydal.kommune.no>; Helge Thorsen <Helge.Thorsen@naroy.kommune.no>; Inge Falstad <Inge.Falstad@meraker.kommune.no>; Inge Ryan <inge.ryan@namsos.kommune.no>; Ingvill Kvernmo <ingvill.kvernmo@orkdal.kommune.no>; Jan-Yngvar Kiel <jan-yngvar.kiel@skaun.kommune.no>; Jostein Grimstad <jostein.grimstad@verdal.kommune.no>; Karl Audun Fagerli <karl.audun.fagerli@lierne.kommune.no>; Katrine Lereggen <katrine.lereggen@melhus.kommune.no>; Kjersti Kvalvik <Kjersti.Kvalvik@namsskogan.kommune.no>; Kjetil Mjøsund <kjetil.mjosund@klabu.kommune.no>; Knut Dukane <knut.dukane@midtre-gauldal.kommune.no>; Laila Eide Hjertø <leh@hitra.kommune.no>; Liv Elden Djokoto <Liv.Elden.Djokoto@hoylandet.kommune.no>; Marius Jermstad <marius.jermstad@holtalen.kommune.no>; Morten Wolden <morten.wolden@trondheim.kommune.no>; Odd Inge Mjøen <oddmj@trondelagfylke.no>; Ola Stene <ola.stene@levanger.kommune.no>; Ola Peder Tyldum <Ola.Peder.Tyldum@royrvik.kommune.no>; Per Ola Johansen <per.johansen@afjord.kommune.no>; Per Øivind Sundell <per.sundell@rennebu.kommune.no>; Peter Ardon <peter.ardon@inderoy.kommune.no>; Petter Lindseth <Petter.Lindseth@meldal.kommune.no>; Roar Leirset <roar.leirset@osen.kommune.no>; Roy Harald Ottesen <roy-harald.ottesen@vikna.kommune.no>; Roy-Bjarne Hemmingsen <roy.hemmingsen@roan.kommune.no>; Rune Strøm <rune.strom@flatanger.kommune.no>; Solveig Slyngstad <solveig.slyngstad@leka.kommune.no>; Stig Roald Amundsen <stig.roald.amundsen@selbu.kommune.no>; Svein Helland <Svein.Helland@grong.kommune.no>; Svein Henry Berdal <svein-henry.berdal@orkdal.kommune.no>; Torger Aarvaag <torger.aarvaag@hemne.kommune.no>; Torunn Austheim <torunn.austheim@steinkjer.kommune.no>; Trond Stenvik <trond.stenvik@overhalla.kommune.no>; Truls Eggen <truls.eggen@snasa.kommune.no>; Vigdis Bolås <vigdis.bolaas@indrefosen.kommune.no>; Ådne Røkkum <adne.rokkum@bjugn.kommune.no>; Amund Hellesø <Amund.helleso@vikna.kommune.no>; Anders Lindstrøm <anders.lindstrom@verran.kommune.no>; Are Hilstad <are.hilstad@meldal.kommune.no>; Arnhild Holstad <arnhild.holstad@namsos.kommune.no>; Bente Estil <bente.estil@lierne.kommune.no>; Berit Flåmo <berit.flamo@froya.kommune.no>; Bjørn Iversen <bjorn.iversen@verdal.kommune.no>; Bjørn Arild Gram <bjorn.arild.gram@steinkjer.kommune.no>; Einar Eian <einar.eian@roan.kommune.no>; Gunnar Krogstad <gunnar.krogstad@melhus.kommune.no>; Hans Vintervold <hans.vintervold@roros.kommune.no>; Hans Oskar Devik <hans.oskar.devik@royrvik.kommune.no>; Hege Nordheim-Viken <hege.nordheim-viken@hoylandet.kommune.no>; Ida Stuberg <ida.stuberg@inderoy.kommune.no>; Ingrid Aune <ingrid.aune@malvik.kommune.no>; Ivar Vigdenes <ivar.vigdenes@stjordal.kommune.no>; Jan Håvard Refsethås <jan.havard.refsethas@holtalen.kommune.no>; John Lernes <john.lernes@snillfjord.kommune.no>; John Einar Høvik <john.einar.hovik@osen.kommune.no>; Jon P Husby <jon.p.husby@skaun.kommune.no>; Kari Anita Furunes <Kari.Anita.Furunes@meraker.kommune.no>; Kirsti Tømmervold <kirsti.tommervold@klabu.kommune.no>; Kirsti Johanne Welander <kirsti.welander@oppdal.kommune.no>; Odd Jarle Svanem <odd.jarle.svanem@hemne.kommune.no>; Oddbjørn Bang <oddbjorn.bang@orkdal.kommune.no>; Oddvar Indergård <oddvar@agdenes.kommune.no>; Ogne Undertun <ogne.undertun@bjugn.kommune.no>; Ola Øie <ola.oie@rennebu.kommune.no>; Ola T. Heggem <ola.heggem@rindal.kommune.no>; Olav Jørgen Bjørkås <ojb@flatanger.kommune.no>; Ole Bjarne Østby <ole.bjarne.ostby@tydal.kommune.no>; Ole Laurits Haugen <olh@hitra.kommune.no>; Ole Morten Balstad

<ole.morten.balstad@selbu.kommune.no>; Per Helge Johansen <per.helge.johansen@leka.kommune.no>; Per Olav Tyldum <per.olav.tyldum@overhalla.kommune.no>; Rita-Irene Ottervik <rita.ottervik@trondheim.kommune.no>; Robert Svarva <robert.svarva@levanger.kommune.no>; Rune Wik <rune.wik@fosnes.kommune.no>; Sivert Moen <sivert.moen@midtre-gauldal.kommune.no>; Skjalg Arne Åkerøy <skjalg.akeroy@grong.kommune.no>; Steinar Aspli <steinar.aspli@naroy.kommune.no>; Steinar Lyngstad <Steinar.Lyngstad@Namdalseid.kommune.no>; Steinar Saghaug <Steinar.Saghaug@indrefosen.kommune.no>; Stian Brekkvassmo <stian.brekkvassmo@namsskogan.kommune.no>; Tom Myrvold <tom.myrvold@orland.kommune.no>; Tone Våg <tone.vag@snasa.kommune.no>; Tore O. Sandvik <torsa@trondelagfylke.no>; Trine Haug <Trine.Haug@frosta.kommune.no>; mrsk@live.no; Vibeke Stjern <vibeke.stjern@afjord.kommune.no>; Anders Skipenes <anders.skipenes@frana.kommune.no>; Andreas Chr. Nørve <andreas.chr.norve@vanylven.kommune.no>; Anita Ørsal Oterholm <anita.oterholm@halsa.kommune.no>; Anne Berit Løset <anne.berit.loset@stordal.kommune.no>; Anne Grete Klokset <anne.grete.klokset@nesset.kommune.no>; Anny Sønderland <anny.sonderland@sandoy.kommune.no>; Arne Ingebrigtsen <arne.ingebrigtsen@kristiansund.kommune.no>; Arne Sverre Dahl <arne.sverre.dahl@molde.kommune.no>; Bente Glomset Vikhagen <bente.vikhagen@skodje.kommune.no>; Berit Irene Hannasvik <berit.hannasvik@averoy.kommune.no>; Birgit Eliassen <birgit.eliassen@gjemnes.kommune.no>; Birgit Iversen Eckhoff <birgit.eckhoff@smola.kommune.no>; Einar Vik Arset <einar.arset@ulstein.kommune.no>; Håvard Sagli <havard.sagli@aure.kommune.no>; Ingrid Husøy Rimstad <Ingrid.Husoy.Rimstad@aukra.kommune.no>; Karl Andrè Birkhol <karl.birkhol@norddal.kommune.no>; Ketil Ugelvik <ketil.ugelvik@midsund.kommune.no>; Knut Haugen <knut.haugen@surnadal.kommune.no>; Leon Aurdal <leon.aurdal@sula.kommune.no>; Liv Stette <Liv.Stette@alesund.kommune.no>; Marianne Aasen <marianne.s.aasen@gmail.com>; May-Helen Molvær Grimstad <mhmg@sykkylven.kommune.no>; Odd-Arild Bugge <odd.arild.bugge@tingvoll.kommune.no>; Oddbjørn Indregård <oddbjorn.indregard@sande-mr.kommune.no>; Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>; Ole Bjørn Moen <ole-bjorn.moen@eide.kommune.no>; Ottar Brage Guttelvik <ottar.brage.guttelvik@mrfylke.no>; Ragnhild Velsvik Berge <ragnhild.velsvik.berge@hareid.kommune.no>; Randi Dyrnes <randi.dyrnes@sunndal.kommune.no>; Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; Synnøve Vasstrand Synnes <sysy@orskog.kommune.no>; Tone Roaldsnes <tone.roaldsnes@vestnes.kommune.no>; Toril Hovdenak <toril.hovdenak@rauma.kommune.no>; Turid Hanken <turid.hanken@haram.kommune.no>; Wenche Solheim <Wenche.Solheim@orsta.kommune.no>; Åse Elin Hole <asehol@stranda.kommune.no>; Anders Riise <Anders.Riise@hareid.kommune.no>; Arne Sandnes <arne.sandnes@norddal.kommune.no>; Arnulf Goksøyr <arnulf.goksoyr@heroy.kommune.no>; Bernhard Riksfjord <bernhard.riksfjord@aukra.kommune.no>; Dag Vaagen <dag.vaagen@sande-mr.kommune.no>; Dag Olav Tennfjord <dag.olav.tennfjord@skodje.kommune.no>; Egil Strand <egil.strand@eide.kommune.no>; Eva Hove <eva.hove@stordal.kommune.no>; Eva Vinje Aurdal <eva.vinje.aurdal@alesund.kommune.no>; Geir Inge Lien <ordforar@vestnes.kommune.no>; Harry Valderhaug <hava@giske.kommune.no>; Ingrid O. Rangønes <ingrid.rangones@averoy.kommune.no>; Ingunn Oldervik Golmen <ingunn.golmen@aure.kommune.no>; Jan Ove Tryggestad <jantry@stranda.kommune.no>; Jim Arve Røssevoll <jim-arve.rossevoll@sula.kommune.no>; Jon Sverre Aasen <jon.aasen@mrfylke.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Kjell Neergaard <kjell.neergaard@kristiansund.kommune.no>; Knut Sjømæling <knut.sjomaling@gjemnes.kommune.no>; Knut Erik Engh <knut.erik.engh@ulstein.kommune.no>; Knut Helge Harstad <Knut.Helge.Harstad@orskog.kommune.no>; Lars Olav Hustad <lars.hustad@rauma.kommune.no>; Lena Landsverk Sande <lena.landsverk.sande@vanylven.kommune.no>; Lilly Gunn Nyheim <lilly.gunn.nyheim@surnadal.kommune.no>; Milly Bente Nørsett <milly.bente.norsett@tingvoll.kommune.no>; Odd Helge Gangstad <odd.helge.gangstad@midsund.kommune.no>; Odd Jostein Drotninghaug <odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no>; Oddvar Harry Myklebust <oddvar.myklebust@sandoy.kommune.no>; Ola E. Rognskog <ola.rognskog@halsa.kommune.no>; Roger Osen <roger.osen@smola.kommune.no>; Rolf Jonas Hurlen <rolf.jonas.hurlen@nesset.kommune.no>; Stein Aam <stein.aam@orsta.kommune.no>; Ståle Refstie <stale.refstie@sunndal.kommune.no>; Torgeir Dahl <torgeir.dahl@molde.kommune.no>; Tove Henøen <tove.henoen@frana.kommune.no>; Vebjørn Krogsæter <vebjorn.krogsaeter@haram.kommune.no>; mrsk@live.no; stale.vaag@wacker.com; Ståle Vaag (stale.vaag@hemne.kommune.no) <stale.vaag@hemne.kommune.no>
**Kopi:** Gunnar Bendixen <Gunnar.Bendixen@ks.no>; Marit Moe <Marit.Moe@ks.no>; Åse Aspås <Ase.Aspas@ks.no>; Annikken Kjær Haraldsen <annikken.kjaer.haraldsen@ks.no>; Anne Karen Hegge <Anne.Karen.Hegge@ks.no>; Eva I. Lauglo <eva.lauglo@ks.no>
**Emne:** Helseplattformen og Trondheim kommune

Medieoppslag de siste dagene kan skape et inntrykk av at Trondheim kommune er i tvil om valg av løsning og

leverandør til Helseplattformen. Det stemmer ikke. Trondheim kommune står fullt og helt bak prosjektet Helseplattformen og valget av Epic som leverandør.
Til orientering vises til vedlagt notat som fremlegges for formannskapet i Trondheim kommune

Med vennlig hilsen

**Ole Gunnar Kjøsnes**
Daglig leder KS-kontoret i Trondheim
Stedfortredende regiondirektør Midt-Norge

Mobil: 952 87 858

ole-gunnar.kjosnes@ks.no
http://www.ks.no

VOLDA NÆRINGSFORUM

# Referat frå årsmøtet i Volda Næringsforum

Onsdag 20. februar 2019, kl. 19.00 – 21.00 (Volda Turisthotell)
Oppmøte: 30 medlemmer var representert på årsmøtet.

**Årsmøtesaker m/referat**

1. Registrering av røysteføre og fullmakter
   30 medlemmar møtte og det kom inn 11 fullmakter til styreleiar.

2. Godkjenning av innkalling og saksliste
   Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.

3. Val av ordstyrer og referent
   Ordstyrar vart Hallvard Bjørneset (styreleiar), referent vart Frank Vatne.

4. Val av to representantar til å underskrive protokollen
   Dan Bjørneset og Odd Martin Velsvik vart valde.

5. Årsmelding
   Årsmeldinga vart lest opp av ordstyrar. Det vart knytt nokre kommentarar til denne undervegs. Grunna dagleg leiar si sjukmelding og intensivt arbeid med omstrukturering av organisasjonen, har styret og VNF sitt arbeid vore meir innoverretta enn det som var ynskjeleg og planlagt.

   Det kom ikkje spørsmål til årsmeldinga, og ho vart godkjent utan merknader.

   Før neste punkt på agendaen orienterte Roar Vikene kort om etableringa av ei eiga medlemsside for VNF på Facebook. Denne vil spare ein del e-postutsendingar og opne for betre kommunikasjon i medlemsmassen. Vikene har i sjukmeldingsperioden fungert som VNF sin administrative ressurs.

6. Årsrekneskap
   Roar Vikene orienterte om årsrekneskapen og notane. Det vart i orienteringa lagt vekt på å synleggjere arbeidet som er lagt ned i å få oversikt og kontroll med inntekts- og kostnadssida i VNF. Vidare gjekk Roar inn på kostnadsreduserande tiltak dei siste fire månadene i 2018. Medlemskontingent vart fakturert seint i 2018, og ny kontingent for 2019 vert sendt ut snarleg etter årsmøtet.

   På spørsmål om kor inntektssvikten kom i høve til 2017 er svaret i hovudsak at det har kome inn prosjektmidlar dei førre åra. Prosjektmidlar har til dømes vore knytt til prosjekt som «Mellom bygningane». Det kom ikkje inn prosjektmidlar i 2018.

   Årsrekneskapen godkjent utan merknader

7. Budsjett for 2019
   Roar Vikene orienterte om budsjett for 2019, og det er budsjettert med eit overskot på 65 000 kroner. Vekst i talet på medlemmar i 2019 og ein auke med 10 000 kroner i tilskotet frå Volda kommune gjer at inntektssida er lagt til 790 000 kroner. Utgiftssida er anslagsvis lagt til 725 000 kroner, og styret ser 2019 som eit mellomår der ein skal tilpasse seg ein ny driftssituasjon.

   Asbjørn Moltudal (Volda kommune) orienterte kort om «kompensasjonsmidla for høgare arbeidsgivaravgift» og korleis desse midla kan bli fordelte. Om lag 1,1 mill. kroner kan disponerast av VNF etter søknad, men midla inngår ikkje i rekneskapen til VNF.

   Budsjettet for 2019 vart vedteke utan merknader.

8. Fastsetjing av serviceavgift for 2019
   Gjeldande serviceavgift vart samrøystes vedteken vidareført.

9. Forslag og saker frå medlemmar
   Det var ingen innmelde saker i forkant av årsmøtet, og det kom ingen saker opp til diskusjon på møtet.

10. Val
    Valkomiteen si innstilling vart lagt til grunn og VNF får følgjande styre det neste året. For å sikre at om lag halve styret er på val kvart år er Frank Vatne valt for 1 år.

| | |
|---|---|
| Styreleiar | Mette Ryste, Sparebanken Møre (1 år) |
| Nestleiar | Lilli Røv, Globalskolen (1 år) |
| Styremedlem | Arne Lothe, Sparebank1 Søre Sunnmøre (2 år) |
| Styremedlem | Roar Vikene, Adcom Søre Sunnmøre (1 år) |
| Styremedlem | Jon Heltne, Spinneriet Kjøpesenter (2 år) |
| Styremedlem | Frank Vatne, Tussa-24 (1 år) |
| Styremedlem | Odd Martin Velsvik, Mesterhus (2 år) |
| | |
| Varamedlem | Jan Heltne, Kraftlaks |
| Varamedlem | John Abraham Nymark, Interoptik Nymark |
| Varamedlem | Karsten Olsen, SkOlsen |

Årsmøtet vart avslutta klokka 20.25.

Volda, 20.02.19

Dan H. Bjørneset

Odd Martin Velsvik

Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Rune Sjurgard

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Cathrine Helle-Tautra / 71274104 | 16/49214-30 | | 20.02.2019 |

## Felles samferdselspakke Volda Ørsta - vidare arbeid

Viser til skriv dykk sendte i oktober i fjor og no i februar. Det vart sendt eit notat til Vegdirektoratet i oktober 2018 der vi bad om avklaringar knyta til plassering av bomsnitt og nyttevurderingar for samferdselspakken. Vi venter framleis på svar og vil ta kontakt for å avtale eit møte om vidare arbeid straks avklaringane frå Vegdirektoratet føreligg.

Statens vegvesen sitt syn på notatet datert 10. desember 2018:
E39 Volda-Furene er regulert med to køyrbare løp, Tunnelklasse E. Det er kontakt opp mot Vegdirektoratet om å kunne byggje eit løp som fyrste byggetrinn, slik som til dømes det er gjort på E6 i Gudbrandsdalen. Statens vegvesen har vurdert prisdifferanse mellom å byggje berre eitt løp opp mot å byggje eit løp og forberede for løp nummer to, og differansen er ikkje vesentleg. Hovudårsakene til prisdifferansen er at det er valt andre løysingar i reguleringsplanen enn i kommunedelplanen.

Svar på punkt fire og fem frå sak PS 107/18:
***4. Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunnelen har auka i høve til dei opphavlege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.***

Statens vegvesen har i planlegging av E39 Volda-Furene sett at kostnadane for E39 Volda-Furene kan bli noko høgre enn lagt til grunn i Nasjonal transportplan 2018-2029. Vegvesenet har allereie sett at det kan vere mogleg å redusere kostnadane noko, og vil arbeide vidare for å ta ned kostnadane ytterlegare.

Korleis ei eventuell kostnadsauke skal dekkjast inn vil bli vurdert i samband med rullering av Nasjonal transportplan.
***5. Kommunestyret ber om at det vert starta drøftingar med statens***


| Postadresse | Telefon: 22 07 30 00 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg. | Statens vegvesen |
| Region midt | firmapost-midt@vegvesen.no | 6412 MOLDE | Regnskap |
| Postboks 2525 | | | Postboks 702 |
| 6404 MOLDE | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

***vegvesen/samferdselsdepartementet med sikte på nødvendig utbetring av dagens E39 gjennom Volda sentrum og særleg kryssing av Øyraelva. Volda kommune oppmodar om at tiltaket primært vert finansiert med løyving frå programområdemidlar/riksvegar.***

Statens vegvesen ser at det er behov for å utbetre E39 gjennom Volda sentrum og skape eit betre bumiljø i området. Ny E39 Volda–Furene vil vere det viktigaste verkemiddelet for å få til dette. I Vegvesenet sitt handlingsprogram 2018–2023 er det prioritert programområdemidlar til tiltak for gåande og syklande i Volda og Ørsta. Det er ein føresetnad at det vert tilslutning til delvis bompengefinansiering av ein samferdselspakke.

Dagens E39 mellom Volda ferjekai og Furene kryss med fv.45 er tenkt omgjort til fylkesveg når E39 Volda–Furene opnar. Det er opp til Møre og Romsdal fylkeskommune å eventuelt prioritere midlar til tiltak på denne strekninga etter ei slik omklassifisering om det ikkje vert del av ei bompengepakke.

Strategiseksjonen
Med hilsen

Leif Magne Lillebakk
Seksjonsleiar

Cathrine Helle-Tautra

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Likelydende brev sendt til
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA

ØRSTA KOMMUNE

**REFERAT**

**Til:**
Deltakarane

**Frå:**
Referent

| **Møtedato:** 08.02.2019 | **Møtetid frå – til:** 0800 - 16.00 | **Stad:** Hotell Ivar Aasen, Ørsta |
|---|---|---|
| **Møteleiar:** Ragnhild Velsvik Berge og Lena Landsverk Sande | | **Referent:** Wenche Solheim |

**Tilstades:**
Ulstein:
Knut Erik Engh, ordførar
Verner Larsen, rådmann
Marit Botnen, kommunalsjef
Hareid:
Anders Riise, ordførar
Ragnhild Velsvik Berge, rådmann
Egil Mortensen, økonomileiar
Monica Svoren, møtte for kommunalsjef
Vanylven:
Lena Landsverk Sande, ordførar
Arnhild Nordaune, kommunalsjef
Herøy:
Arnulf Goksøyr, ordførar
Olaus Jon Kopperstad, rådmann
Geir Egil Olsen, økonomileiar
Renate Rossi-Kaldhol, kommunalsjef

**Sakliste:**
Sak 1: Barnevernsvakt
Aina Opsvik, leiar interkommunalt barnevern
Sak 2: Helseplattformen, orientering
Tommy Dahl og Tor Erling Evjen
Sak 3; Effektiv drift av kommunale tenester
Bjørn A Brox, Agenda Kaupang AS
Sak 4:Orientering/oppdatering om statusen for drifta av Vest kontroll ved Jostein Støylen og styreleiar Ronald Hagen

Volda:
Jørgen Amdam, ordførar
Rune Sjurgard, rådmann
Kari Mette Sundgot, økonomisjef
Svein Berg-Rusten, kommunalsjef
Sande:
Dag Vaagen, ordførar
Oddbjørn Indregård, konst rådmann
Bård Dalen, helse- og omsorgsleiar
Ørsta:
Karen Høydal, varaordførar
Stein Aam, (frå kl 1500) ordførar
Wenche Solheim, rådmann
Jan Inge Bueide, økonomileiar
Inger Liadal, seksjonsleiar
Kristin Vik, seksjonsleiar
Oddvar Marøy, stabsleiar
Hornindal:
Stig Olav Lødemel, (frå kl 1500) ordførar

| | | |
|---|---|---|
| **1.** | **Barnevernsvakt.**<br>Aina Opsvik orienterte om lovkrav og behov for barnevernsvakt med barnevernfagleg kompetanse. Det er to mulig alternativ som har vore sett på.<br>• Etablere ei lokal ordning på søre med delte stillingar vakt/ordinært barnevern<br>• Etablere felles barnevernvakt på sunnmøre med Ålesund som vertskommune<br><br>*Konklusjon:*<br>*Ein ser at ei lokal løysing på søre vil vere ei meir sårbar teneste med store krav til dei tilsette. Ein ynskjer at det vert jobba vidare med ei løysing saman med Ålesund.* | |
| **2.** | **Helseplattformen**<br>Tommy Dahl og Tor Erling Evjen orienterte om framdrift for opsjonskommunane. Søre er sist i «utrullingsløypa» og skal implementere i 2022 – 2023. Det er framleis mykje som er usikkert, også kva dette vil koste. Eit estimat på 350 (360) pr innbyggjar?<br>Avtale med leverandør, Epic, skal signerast 10. mars med nyetablert selskap: Helseplattformen AS.<br>Ragnhild V. Berge er i samordningsrådet for opsjonskommunane – Helse Midt på vegne av sjustjerna<br>Tor Erling Evjen er delprosjektleiar for opsjonskommunane i samarbeidet - 85 kommunar pr i dag.<br>Tommy Dahl har særskilt ansvar for regionen vår. Prosjektleiar for sjustjerna og koordinator mellom Tor Erling Evjen og helseplattformen, og oss i kommunane. Det er etablert faggrupper med representantar frå alle kommunane.<br><br>*Konklusjon:*<br>*Det er lite truleg at kommunane kan velje å ikkje utløyse opsjonen. Vi må bu oss teknisk, fagleg og økonomisk på kva dette vil krevje frå om lag 2021.* | |
| **3.** | **Effektiv drift av kommunale tenester**<br>Dette var dagens hovudinnlegg og Bjørn A Brox, Agenda Kaupang AS hadde tid både før og etter lunsj. Han har jobba for Ulstein kommune og har nytta dette arbeidet for å gjennomføre ei samanlikning for alle kommunane i sjustjerna. I tillegg er samanlikning med kommunegruppe 11 og ei «flink» kommune (Gjerdrum) viktig.<br><br>Rapporten (økonomianalysen) som var sendt ut på førehand vart gått gjennom. Hovudfokus var pleie og omsorg. Utgangspunkt er at ein kan lære av dei beste<br><br>*Konklusjon:*<br>*Dette tema er viktig og nyttig, og det var positivt at denne gruppa bestod av toppleiarar på ulike nivå.*<br>*Det er ei forventning til helse/PLO nettverket om å følge opp funna som er presenterte i dag i det vidare arbeidet.* | |

| | | |
|---|---|---|
| | *Kva kan vi lære av Vanylven i høve ressurskrevjande brukarar?*<br><br>*Økonomileiarane vart utfordra med spørsmålet: korleis kan de hjelpe oss med vidare analysar?*<br><br>*Send innspel til koordinator Ragnhild i Hareid!*<br>*Denne gruppa må møtast igjen☺* | |
| | **LUNSJ kl 1100 – 12.45** | |
| **4.** | **Orientering/oppdatering om statusen for drifta av Vest kontroll** ved Jostein Støylen og styreleiar Ronald Hagen.<br>Forhandlingane med Førde (sekom) er avslutta.<br><br>*Konklusjon:*<br>*Vest kontroll må jobbe vidare med rekruttering av kommunar i regionen og dette hastar.*<br>*Ordførar i Ørsta har hatt kontakt med ordførarane i Stryn, Stranda og Sykkylven, og kan delta på møter med Vest kontroll.*<br>*Både ordførarar og rådmenn skal følgje opp, men det må koordinerast frå Vest kontroll.* | |

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no] Sendt: 06.03.2019 12:24:51 Til: Sonja Håvik Kopi: Jørgen Amdam Tittel: VS: Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 21.02.19

Ber om at linken vert sett opp som orienteringssak for formannskapet.


***Rune Sjurgard***
*rådmann*
*Rådmann*
*Mobil 90053752*
*www.volda.kommune.no*


---

**Fra:** Sunniva Utnes <sunniva.utnes@volda.kommune.no> **På vegne av** Postmottak Volda
**Sendt:** onsdag 6. mars 2019 07:51
**Til:** Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Berit Lyngstad <berit.lyngstad@volda.kommune.no>
**Emne:** VS: Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 21.02.19

---

**Fra:** May-Ann Bruun <May-Ann.Bruun@ks.no>
**Sendt:** 5. mars 2019 16:04
**Til:** Korseberg, Jan-Egil <jan.egil.korseberg@rir.no>; Aukra kommune <post@aukra.kommune.no>; Aure kommune <postmottak@aure.kommune.no>; Averøy kommune <post@averoy.kommune.no>; Eide kommune <postmottak@eide.kommune.no>; Fræna kommune <postmottak@frana.kommune.no>; Giske kommune <post@giske.kommune.no>; Gjemnes kommune <post@gjemnes.kommune.no>; Halsa kommune <post@halsa.kommune.no>; Haram kommune <postmottak@haram.kommune.no>; Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>; Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>; Kristiansund kommune <postmottak@kristiansund.kommune.no>; Midsund kommune <postmottak@midsund.kommune.no>; Molde kommune <postmottak@molde.kommune.no>; Møre og Romsdal fylkeskommune <post@mrfylke.no>; Nesset kommune <postmottak@nesset.kommune.no>; Norddal kommune <post@norddal.kommune.no>; Rauma kommune <postmottak@rauma.kommune.no>; Sande Kommune <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Sandøy kommune <post@sandoy.kommune.no>; Skodje kommune <postmottak@skodje.kommune.no>; Smøla kommune <postmottak@smola.kommune.no>; Stordal kommune <postmottak@stordal.kommune.no>; Stranda kommune <post@stranda.kommune.no>; Sula kommune <postmottak@sula.kommune.no>; Sunndal kommune <post@sunndal.kommune.no>; Surnadal kommune <post@surnadal.kommune.no>; Sykkylven kommune <postmottak@sykkylven.kommune.no>; Tingvoll kommune <postmottak@tingvoll.kommune.no>; Ulstein Postmottak <postmottak@ulstein.kommune.no>; Postmottak Vanylven <postmottak.vanylven@vanylven.kommune.no>; Vestnes kommune <postmottak@vestnes.kommune.no>; Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>; Ørskog kommune <post@orskog.kommune.no>; Ørsta postmottak <postmottak@orsta.kommune.no>; Ålesund kommune <postmottak@alesund.kommune.no>; Stein Aam <stein.aam@orsta.kommune.no>; Aasen, Jon <jon.aasen@mrfylke.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Andersen, Britt Giske <britt.andersen@atlanterhavsparken.no>; Aurdal, Eva Vinje <eva.vinje.aurdal@alesund.kommune.no>; Aurdal, Eva Vinje <eva.vinje.aurdal@mrfylke.no>; Austigard, Frøydis <dising@online.no>; Belden, Mette <mette.belden@mrfylke.no>; Berg, Margareth Hoff <margareth.berg@mrfylke.no>; Bergundhaugen, Randi <rbergun@online.no>; Dahl, Torgeir <torgeir.dahl@molde.kommune.no>; Drotninghaug, Odd Jostein <odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no>; Knut Erik Engh <knut.erik.engh@ulstein.kommune.no>; Frisvoll, Randi Walderhaug <randi.walderhaug.frisvoll@mrfylke.no>; Kristian Fuglseth <Kristian.Fuglseth@hareid.kommune.no>; Gangstad, Odd Helge <odd.helge.gangstad@midsund.kommune.no>; Gjerde, Gunn Berit <gunn.gjerde@gmail.com>; Arnulf Goksøyr <arnulf.goksoyr@heroy.kommune.no>; Harstad, Knut Helge <knut.helge.harstad@orskog.kommune.no>; Helseth, Ragnhild <ragnhild.helseth@kristiansund.kommune.no>; Henøen, Tove <tove.henoen@frana.kommune.no>; Paul Kristian Hovden <pkhovden@gmail.com>; Hove, Eva <eva.hove@stordal.kommune.no>; Hurlen, Rolf Jonas <rolf.jonas.hurlen@nesset.kommune.no>; Hustad, Lars Olav <lars.hustad@rauma.kommune.no>; Arild Iversen <Arild.Iversen@volda.kommune.no>; Johannessen, Svein-Riune <svein-rune.johannessen@alesund.kommune.no>; Kjølmoen, Per Vidar <per.vidar.kjolmoen@mrfylke.no>; Krogsæter, Vebjørn <vebjorn.krogsaeter@haram.kommune.no>; Lien, Geir Inge <geir.inge.lien@mrfylke.no>; Lien, Geir Inge <ordforar@vestnes.kommune.no>; Lode, Kjell <kjell.lode@gmail.com>; Molvær, Monica

<monica.molvar@mrfylke.no>; Myklebust, Oddvar H. <oddvar.myklebust@sandoy.kommune.no>; Neergaard, Kjell <kjell.neergaard@kristiansund.kommune.no>; Nordseth, Iver <iver.gunnar.nordseth@mrfylke.no>; Nyheim, Lilly Gunn <lilly.gunn.nyheim@surnadal.kommune.no>; Nørsett, Milly Bente <milly.bente.norsett@tingvoll.kommune.no>; Ohrstrand, Maritta <mohrstra@online.no>; Osen, Roger <roger.osen@smola.kommune.no>; Pedersen, Sindre <sindrecpedersen@gmail.com>; Rangønes, Ingrid O. <ingrid.rangones@averoy.kommune.no>; Refstie, Ståle <stale.refstie@sunndal.kommune.no>; Anders Riise <Anders.Riise@hareid.kommune.no>; Riksfjord, Bernhard <bernhard.riksfjord@aukra.kommune.no>; Rognskog, Ola <ola.rognskog@halsa.kommune.no>; Renathe Rossi-Kaldhol <renathe.rossi-kaldhol@heroy.kommune.no>; Rykhus, Sidsel <sidsel.rykhus@molde.kommune.no>; Røsand, Roald <roald.rosand@kristiansund.kommune.no>; Røssevoll, Jim Arve <jim.arve.rossevoll@sula.kommune.no>; Lena Landsverk Sande <lena.landsverk.sande@vanylven.kommune.no>; Sandnes, Arne <arne.sandnes@norddal.kommune.no>; Sjømæling, Knut <knut.sjomaling@gjemnes.kommune.no>; Smenes, Victoria <victoria.smenes@mrfylke.no>; Camilla Storøy <camilla.storoy@heroy.kommune.no>; Strand, Egil <egil.strand@eide.kommune.no>; Sunndal kommune - Singsdal, Jørgen <singsdal@hotmail.com>; Sve, Frank <frank.sve@mrfylke.no>; Svinvik, Margrethe <margrethe.svinvik@surnadal.kommune.no>; Sætremyr, Anita H. <anita@saetremyr.no>; Tennfjord, Dag Olav <dag.olav.tennfjord@skodje.kommune.no>; Torve, Tove-Lise <tove-lise.torve@mrfylke.no>; Tryggestad, Jan Ove <jantry@stranda.kommune.no>; Tvedt, Øystein <oystein.tvedt@alesund.kommune.no>; Tøsse, Charles <charles.tosse@mrfylke.no>; Dag Vaagen <dag.vaagen@sande-mr.kommune.no>; Valderhaug, Harry <hava@giske.kommune.no>; Vik, Magnhild <mavik99@hotmail.com>; Værnes, Svein <svein.vaernes@sula.kommune.no>; Watters, Anne Karin <anne.karin.watters@sykkylven.kommune.no>; Aukra kommune - Kjøll, Helge jr. <rektor@molde.fhs.no>; Aure kommune - Brekken, Hanne Berit <hanne.berit.brekken@aure.kommune.no>; Averøy kommune - Aae, Ivar <ivar.aae@gmail.com>; Averøy kommune - Kongshaug, Svein <svein.kongshaug@gmail.com>; Averøy kommune - Løvold, Ann Helen <javelfar@online.no>; Averøy kommune - Sandvik, Stein <stein.sandvik@stjorn.no>; Averøy kommune - Søbstad, Nina <ninasobstad@gmail.com>; Averøy kommune - Sørvik, Ann-Kristin <ann-kristin.sorvik@averoy.kommune.no>; Eide kommune - Dyrhaug, Birgit <birgit.dyrhaug@eide.kommune.no>; Fræna kommune - Brekken, Sofie Elisabeth Hermann <sehb@online.no>; Fræna kommune - Dyrnes, Jan Arve <jad@unimicro.no>; Fræna kommune - Fiske, Elise <elisefiske@hotmail.com>; Fræna kommune - Jensen, Sten <Sten-jen@online.no>; Fræna kommune - Magerøy, Turid <tmageroy@gmail.com>; Fræna kommune - Malmedal, Trond <trond.malmedal@online.no>; Fræna kommune - Stavik, Arne <astavik85@gmail.com>; Giske kommune - Giskås, Trude Fjærli <trude.fjerli.giskaas@mimer.no>; Giske kommune - Roald, Olav Sindre <roald@solheim-mobelverksted.no>; Gjemnes kommune - Hogset, Heidi <heidi.hogset@himolde.no>; Gjemnes kommune - Schjølberg, Jan Karstein <jan.scholberg@nesset.kommune.no>; Halsa kommune - Reiten, Ellbjørg Harriet <ellbjorg.h.reiten@outlook.com>; Haram kommune - Hildre, Ewa <ewahildre@hotmail.com>; Haram kommune - Ulla, Siv Katrin <sivkatrin@hotmail.com>; Annika Brandal <annika.brandal@hareid.kommune.no>; Stian Runne Brandal <Stian.Runne.Brandal@hareid.kommune.no>; Oskar Grimstad <oskar.grimstad@hareid.kommune.no>; Ottar Røyset <ottar.Royset@hareid.kommune.no>; Ole Brubakk <ole.brubakk@heroy.kommune.no>; Solveig Båtsvik <solveig.batsvik@heroy.kommune.no>; Bjarne Kvalsvik <bjarne.kvalsvik@heroy.kommune.no>; Ann-Katrin Storøy <ann-katrin.storoy@heroy.kommune.no>; Kristiansund kommune - Fiske, Mildrid <mildrid.fiske@kristiansund.kommune.no>; Kristiansund kommune - Indergaard, Laila Annica <annica.indergaard@gmail.com>; Kristiansund kommune - Karlsvik, Line <linekarlsvik9@gmail.com>; Kristiansund kommune - Lyngås, Øyvind <oylyng55@gmail.com>; Kristiansund kommune - Nikolaisen, Trond <tronik@outlook.com>; Kristiansund kommune - Orseth, Asle Andrè Audestad <a.a.orseth@gmail.com>; Kristiansund kommune - Sagen, Torbjørn <torbjorn.sagen@kristiansund.kommune.no>; Midsund kommune - Godø, Frits Inge <frits.godo@midsund.kommune.no>; Molde kommune - Blakstad, Geir <geir.blakstad@istad.no>; Molde kommune - Gagnat, Hege Merethe <hege.merethe.gagnat@mrfylke.no>; Molde kommune - Haugland, Ann Monica <annmonicahaugland@hotmail.com>; Molde kommune - Langøy, Gerd Marit <gerd.marit.langoy@gmail.com>; Molde kommune - Myhre, Thorbjørn <thorbmy@online.no>; Molde kommune - Ringstad, Hallgeir <hallgeir.ringstad@mazeppa.no>; Molde kommune - Solheim, Ann Elida <annogaksel@gmail.com>; Molde kommune - Stenløs, Frank Petter <stenloes@hotmail.com>; Molde kommune - Sæther, Frank Ove <frank-o.saether@molde.kommune.no>; Molde kommune - Tennøy, Britt Janne <brittjanne@me.com>; Molde kommune - Tolaas, Gerda <gerda.tolaas@molde.kommune.no>; Molde komnune - Dahle, Marit Røykenes <m.da@online.no>; Møre og Romsdal fk - Asbjørnsen, Randi <randi.karin.asbjornsen@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Austigard, Frøydis <froydis.austigard@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Austnes, Cine Finstad <cine.finstad.austnes@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Bruseth, John John <john.john.bruseth@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Elde, Bjarne Storfold <bjarne.storfold.elde@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Fløystad, Nils <nils.floystad@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Golmen, Ingunn Oldervik <ingunn.o.golmen@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Hanken, Syver

<syver.hanken@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Hoem, Line Hatmosø <line.hatmoso.hoem@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Iversen, Arild <arild.iversen@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Johansen, Jan Steinar Engeli <jan.steinar.engeli.johansen@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Jørgenvåg, Elisabeth <elisabeth.jorgenvag@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Krogsæter, Marit Nerås <marit.neras.krogsater@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Kursetgjerde, Erik <erik.kursetgjerde@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Kvalsvik, Bjarne <bjarne.kvalsvik@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Nakken, Heidi <heidi.nakken@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Nyheim, Lilly Gunn <lilly.gunn.nyheim@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Rykhus, Sidsel <sidsel.rykhus@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Røsand, Toril <toril.rosand@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Sandnes, Bjørn <bjorn.sandnes@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Stenseth, Geir <geir.stenseth@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Støbakk, Knut <knut.stobakk@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Sæther, Jack Narve <jack.narve.sether@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Sørheim, Kristin Marie <kristin.marie.sorheim@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Tryggestad, Jan Ove <jan.ove.tryggestad@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Vestheim, Runar <runar.vestheim@mrfylke.no>; Møre og Romsdal fk - Wold, Yvonne <yvonne.wold@mrfylke.no>; Nesset kommune - Morewood, Edmund <edmund.morewood@nessetpolitiker.no>; Norddal kommune - Berdal, Per Magnus <polperber@norddal.kommune.no>; Norddal kommune - Løvoll, Olav <pololalov@norddal.kommune.no>; Norddal kommune - Valdal, Viktor <polvikval@norddal.kommune.no>; Rauma kommune - Hop, Arne <arnehop@gmail.com>; Rauma kommune - Søvik, Janne <janneshovde@hotmail.com>; Rindal kommune - Dalsegg, Magnar <magnar.dalsegg@rindal.kommune.no>; Sande kommune - Muren, Arnljot <arnljotmuren@hotmail.com>; Helge Støylen <hs@brimer.no>; Sandøy kommune - Bakke, Åse Kristin Ask <ak.ask.bakke@hotmail.com>; Skodje kommune - Strand, Aina Gundersen <aina.strand@skodje.kommune.no>; Smøla kommune - Jünge, Ingrid Rødahl <ingrid_soroy@hotmail.com>; Smøla kommune - Roksvåg, Svein <s.roksvaag@gmail.com>; Smøla kommune - Rødahl, Ragnhild <rodahlr65@gmail.com>; Stordal kommune - Hjelle, Kjersti Ruset <kjersti.ruset.hjelle@stordal.kommune.no>; Stordal kommune - Remme, Jan Are <jan.are.remme@stordal.kommune.no>; Stordal kommune - Øvrebust, Palma Flåen <palma.ovrebust@stordal.kommune.no>; Stranda kommune - Ansnes, Torill <toran27@stranda.kommune.no>; Stranda kommune - Rimstad, Svein Erik <sverim@stranda.kommune.no>; Stranda kommune - Ringdal, Arild <aririn@stranda.kommune.no>; Sula kommune - Bjørkavåg, Vibeke <vibeke.bjorkavag@sula.kommune.no>; Sula kommune - Molvær, Jostein <jostein.molvar@sula.kommune.no>; Sunndal kommune - Seljebø, Janne Merete Rimstad <janne.seljebo@sunndals.net>; Sunndal kommune - Solli, Maja <maja.solli@gmail.com>; Surnadal kommune - Bjerknesli, Lise <lise.bjerknesli@gmail.com>; Surnadal kommune - Hoem, Oddny Elisabeth <oddnyeh@svorka.net>; Surnadal kommune - Røv, Helge <hero@online.no>; Surnadal kommune - Øyås, Nils Håvar <nilshavar@hotmail.com>; Sykkylven kommune - Roald, Kanutte <kanutte.roald@sykkylven.kommune.no>; Sykkylven kommune - Ulstein, Olav Harald <olav.harald.ulstein@sykkylven.kommune.no>; Sykkylven konmune - Birgitte S. Bonesmo <birgitte.bonesmo@sykkylven.kommune.no>; Tingvoll kommune - Aasprang, Peder Hanem <peder.aasprang@tingvoll.kommune.no>; Ulstein kommune - Anderson, Lisa Mari Breivik <lisamari@godegreier.no>; Ulstein kommune - Grimstad jr., Magne <magne@osberget.no>; Ulstein kommune - Grødal, Pål <pal.grodahl@gmail.com>; Ulstein kommune - Kleiven, Knut <knut.kleiven@tussa.com>; Ulstein kommune - Meinseth, Tor <tor.meinseth@tussa.com>; Steinar Torvik <steinar.torvik@havyard.com>; Bjarne Sætrenes <bjarne.saetrenes@vanylven.kommune.no>; Vestnes kommune - Fiksdal, Anne Marie <annemfi@msn.com>; Vestnes kommune - Gjerde, Karsten Perry <kagjerd@online.no>; Vestnes kommune - Suoranta, Aud Sissel Løvoll <aud.sissel@mimer.no>; Volda kommune - Espset, Roald <roald@espset.com>; Volda kommune - Holsvik, Henning <holsvik@gmail.com>; Volda kommune - Strøm, Gunnar <gst@hivolda.no>; Odd Harald Sundal <Odd.Harald.Sundal@volda.kommune.no>; Sølvi Dimmen <solvi.dimmen@ulstein.kommune.no>; Volda kommune - Våge, Hild <hildvage@gmail.com>; Ørskog kommune - Aure, Geir Peter <geir.peter.aure@orskog.kommune.no>; Ørsta kommune - Ellingsen, Anne <akirsel@online.no>; Karen Høydal <kho@revmatiker.no>; Ålesund kommune - Anne Kristin Bryne <anne.kristin.bryne@alesund.kommune.no>; Ålesund kommune - Bøstrand, Sunniva <sunnivabostrand@gmail.com>; Ålesund kommune - Devold, Edvard <edde@hials.no>; Ålesund kommune - Nakken, Sindre <sindre.nakken@alesund.kommune.no>; Ålesund kommune - Oskarson, Knut Anders <knut.anders.oskarson@alesund.kommune.no>; Ålesund kommune - Stenseth, Geir <geir.stenseth@alesund.kommune.no>; Ålesund kommune - Terri Ann Senior <terri.senior@gmail.com>; Ålesund kommune - Øvstebø, Tore Johan <tore.johan.ovstebo@alesund.kommune.no>
**Kopi:** Gunnar Bendixen <Gunnar.Bendixen@ks.no>; Alf Åge Berg <AlfAge.Berg@ks.no>; Hilde Nauste Myhre <Hilde.Nauste.Myhre@ks.no>
**Emne:** Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 21.02.19

Til
Kommunane i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune
Utsendingar til Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal m/ vara
Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal

**Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal**
Protokoll frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal den 21. 02.19 er publisert her:
http://opengov.cloudapp.net/Meetings/KS/Meetings/Details/958261?agendaItemId=239882 .

Med venleg helsing
May-Ann Bruun
rådgjevar KS Møre og Romsdal
adviser

Epost Email: may-ann.bruun@ks.no
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00
Mobil Cellular: (+47) 907 39 870
http://www.ks.no

KOMMUNESEKTOREN SIN ORGANISASJON
The Norwegian Assosiation of Local and Regional Authorities

# HØRING

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fra: | Hovedstyret | Dato: | 01.03.2019 |
| Til: | Fylkesstyrene, KS Bedrift og medlemmene i KS | Dokument nr.: | 15/00785-28 |
| Kopi til: | | | |

## Høring - Endring av vedtekter for KS - Representasjon til Fylkesmøter og Landsting

Hovedstyret i KS vedtok 25.01.19 å sende forslag til endring av vedtektene for KS om representasjon til Landsting og fylkesmøter på høring til fylkesstyrene og medlemmene. Forslaget til endring av vedtektene skal behandles på ekstraordinært Landsting 28.05.19.

Hovedstyret behandlet 04.03.19 sak om hvorvidt vedtektenes punkt om kontingent også skulle behandles på det ekstraordinære Landstinget. Det ble vedtatt at vedtektene om kontingent ikke endres i denne omgang.

**Høringsfristen er satt til 27.03.19.**

Endringer i kommune- og fylkeskommunestrukturen får konsekvenser for representasjon i KS landsting og fylkesmøter. Endringene i representasjon for de kommuner og fylkeskommuner som slår seg sammen vil gi en annen fordeling av representanter i fylkesmøtene og av delegater til Landstinget.

Neste ordinære landsting er i februar 2020. Dersom dette Landstinget skal fungere på en representativ måte, må ny fordeling av delegater være gjort på forhånd. Det er viktig at Landstinget 2020 har et representasjonsgrunnlag som er omforent slik at de vedtak som der treffes blir fullt ut akseptert i alle deler av organisasjonen og dens medlemmer.

Det legges derfor opp til et ekstraordinært Landsting i mai i år. Dette Landsting skal kun behandle de vedtektsendringer som er nødvendige for å sikre ny representasjonen både til fylkesmøtene og Landstinget. Derfor fremmes også et forslag om å gi mulighet for å utvide antall medlemmer i fylkesstyrene når flere fylker slå seg sammen.

Hovedstyret har igangsatt et arbeid med mulig revidering også av andre bestemmelser i vedtektene.
Dette skal behandles på vanlig vis i det ordinære landstinget i 2020.

**Ny modell for representasjon fra fylkeskommuner og kommuner til Landstinget**
Hovedstyret har innstilt på at antall delegater til landstinget bør beholdes omtrent på det nivå som de forrige landsting, dvs. 250-260 delegater. Dette gir mulighet til et balansert styrkeforhold mellom fylkeskommuner og kommuner.

Forslaget som nå sendes på høring innebærer en noe endret fordeling kommunene i mellom der mellomstore og store kommuner får noe sterkere representasjon.

Dersom man hadde anvendt dagens vedtekter på valg av utsendinger til Landstinget 2020, ville Landstinget – på grunn av endinger i kommune- og fylkesstrukturen - blitt redusert fra 218 til 146 (i tillegg kommer Hovedstyret og utsendinger fra KS Bedrift). En annen konsekvens er at det vil bli svært liten forskjell i antall utsendinger mellom små og store fylker. Tallet vil kun variere mellom 12 og 14 utsendinger.

Hvis vi ser på fylkeskommunenes antall delegater i 2020 med dagens vedtekter, vil f.eks. de tre fylkeskommunene som går inn i nye Viken fylkeskommune samlet gå fra å ha 12 delegater til 4 delegater. Kommunedelegatene fra Viken ville blitt redusert fra 26 til 10. Til sammenligning vil Møre og Romsdal fylkeskommune ha uendret antall delegater – 4 fra fylkeskommunen og 8 fra kommunene. Dvs. at de sender nesten like mange delegater til Landstinget som de nye og langt større fylkene.

Føringer for ny modell:

- Det skilles mer mellom små og store fylker både for antall delegater fra kommuner og fylkeskommuner.
- Balansen opprettholdes mellom fylkeskommunene og kommunene – ca 1/3 av delegatene kommer fra fylkeskommunene.
- Pga. stor ulikhet i folketall i fylkeskommunene øker antall delegater fra fylkeskommunen noe ved økende innbyggertall.

Fylkeskommunenes delegater starter med 4 for fylker under 300.000 og øker med 1 utsending for hver 100.000. Kommunens delegater starter med 9 for fylker under 300.000 og øker med 2 utsendinger pr. 100.000.

Modellen gir til sammen 221 delegater – mot dagens 218 (eks. Hovedstyret og KS Bedrift):

| **Innbyggere** | Antall fylker | Delegater Fylkes-kommunen | **Totalt fra fylkes-kommunene** | Delegater kommuner | **Totalt fra kommuner** |
|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 300.000 | 3 | 4 | **12** | 9 | **27** |
| 300 - 400.000 | 2 | 5 | **10** | 11 | **22** |
| 400 - 500.000 | 3 | 6 | **18** | 13 | **39** |
| 500 - 600.000 | | 7 | | 15 | |
| 600 - 700.000 | 2 | 8 | **16** | 17 | **34** |
| 700 - 800.000 | | 9 | | 19 | |
| 800 - 900.000 | | 10 | | 21 | |
| 900 -1000.000 | | 11 | | 23 | |
| 1000 – 1100.000 | | 12 | | 25 | |
| 1100 – 1200.000 | | 13 | | 27 | |
| 1200 – 1300.000 | 1 | 14 | **14** | 29 | **29** |
| **SUM** | | | **70** | | **151** |

### Ny modell for representasjon fra fylkeskommunene og kommunene til fylkesmøtet

Føringer for ny modell:

- Alle kommunene skal være representert.
- Kortere intervaller utfra folketall gjenspeiler bedre varierende kommunestørrelse.
- Store kommuner og spesielt storbyene, får økt representasjonen.
- For fylkeskommunene starter antallet delegater på 13, som er det samme antallet som alle fylkeskommunene har fast i dag. Ved økende innbyggertall øker representasjonen noe.
- For å få en mer rettferdig fordeling kommunene i mellom må det godtas at summen av kommunedelegater til fylkesmøtene øker.

*Delegater fra kommuner til fylkesmøtene:*

| | | |
|---|---|---|
| Inntil 3000 | innb. | 1 delegat |
| 3001-10 000 | « | 2 delegater |
| 10 001-20 000 | « | 3 « |
| 20 001-30 000 | « | 4 « |
| 30 001-40 000 | « | 5 « |
| 40 001-50 000 | « | 6 « |
| 50 001-60 000 | « | 7 « |
| 60 001-70 000 | « | 8 « |
| 70 001-90 000 | « | 9 « |
| 90 001-120 000 | « | 10 « |
| 120 001-150 000 | « | 11 « |
| 150 001-180 000 | « | 12 « |
| 180 001-210 000 | « | 13 « |
| 210 001-240 000 | « | 14 « |
| 240 001-270 000 | « | 15 « |
| 270 001-300 000 | « | 16 « |
| 300 001- | « | 17 « |

*Delegater fra fylkeskommunene til fylkesmøtene:*
Inntil 300 000 innbyggere: 13 delegater.
For hver 100 000 innbyggere i tillegg øker representasjonen med 1 delegat.

| Fylker 2020: | Innb. 2018 | Delegater fra fylkeskommunene til fylkesmøtet: | Delegater fra kommunene til fylkesmøtet: | Delegater fra fylkeskommunen og kommunene til fylkesmøtet: |
|---|---|---|---|---|
| Viken | 1 227 958 | 23 | 184 | 207 |
| Oslo | 673 469 | | | |
| Innlandet | 364 528 | 14 | 97 | 111 |
| Vestfold og Telemark | 422 449 | 15 | 71 | 86 |
| Agder | 303 754 | 14 | 59 | 73 |
| Rogaland | 473 526 | 15 | 74 | 89 |
| Vestland | 632 769 | 17 | 103 | 120 |
| Møre og Romsdal | 266 856 | 13 | 63 | 76 |
| Trøndelag | 458 744 | 15 | 84 | 99 |
| Nordland | 243 335 | 13 | 70 | 83 |
| Troms og Finnmark | 242 666 | 13 | 65 | 78 |

**Størrelsen på fylkesstyrene:**
I tillegg til vedtektenes punkt om valg til Landsting og fylkesmøtene, bør også punktene som omhandler valg av fylkesstyret, 11.2 og 11.7, endres.

Dagens vedtekter (pkt. 11.7) sier at fylkesstyret består av 6-8 medlemmer inkl. representant for KS Bedrift. For å imøtegå at det ved tidligere fylkessammenslåing har det vært et ønske om å ha mulighet til å lage større fylkesstyrer, foreslås det at antall medlemmer i fylkesstyret endres fra 6-8 til 7-11. Dersom man etablerer fylkesstyrer over de nye fylkesgrensene økes antall medlemmer til maks 15.

**Forslag til tekst nye vedtekter**

**§4 Valg av landstingsrepresentanter**
Dagens 4.1:
Kommunenes landstingsdelegater med varadelegater velges for landstingsperioden på første fylkesmøte i perioden. Kommunenes representanter i Fylkesmøtet velger så mange landstingsdelegater som det samlede innbyggertall i fylket pr. 1.1. i valgåret tilsier:

| | |
|---|---|
| Inntil 100 000 innbyggere | - 5 delegater |
| 100 001 til 150 000 innbyggere | - 6 delegater |
| 150 001 til 200 000 innbyggere | - 7 delegater |
| 200 001 til 300 001 innbyggere | - 8 delegater |
| 300 001 til 400 000 innbyggere | - 9 delegater |
| 400 001 og flere innbyggere | - 10 delegater |

**Nytt forslag 4.1.**
Kommunenes landstingsdelegater med varadelegater velges for landstingsperioden på første fylkesmøte etter kommune- og fylkestingsvalget. Kommunenes representanter i Fylkesmøtet velger så mange landstingsdelegater som det samlede innbyggertall i fylket pr. 1.1. i valgåret tilsier:

| | |
|---|---|
| Inntil 300 000 innbyggere | - 9 delegater |
| 300 001 til 400 000 innbyggere | - 11 delegater |
| 400 001 til 500 000 innbyggere | - 13 delegater |
| 500 001 til 600 000 innbyggere | - 15 delegater |
| 600 001 til 700 000 innbyggere | - 17 delegater |
| 700 001 til 800 000 innbyggere | - 19 delegater |
| 800 001 til 900 000 innbyggere | -21 delegater |
| 900 001 til 1 000 000 innbyggere | - 23 delegater |
| 1 000 001 til 1 100 000 innbyggere | -25 delegater |
| 1 100 001 til 1 200 000 innbyggere | - 27 delegater |
| 1 200 001 til 1 300 000 innbyggere | - 29 delegater |
| 1 300 001 og flere innbyggere | - 31 delegater |

Dagens 4.3:
Fylkeskommunens landstingsdelegater med varadelegater velges blant Fylkestingets representanter og Fylkesrådene for fire år innen utgangen av oktober måned det år fylkestingsvalget er holdt, j.fr. § 17 nr.1 i Kommuneloven. Hver fylkeskommune velger delegater basert på folketall pr. 1.1. det år valg til fylkesting holdes etter følgende skala:

| | |
|---|---|
| Inntil 100 000 innbyggere | - 2 delegater |
| 100 001 til 150 000 innbyggere | - 3 delegater |
| 150 001 og flere innbyggere | - 4 delegater |

**Nytt forslag 4.3:**
Fylkeskommunens landstingsdelegater med varadelegater velges blant Fylkestingets representanter og Fylkesrådene for landstingsperioden innen utgangen av oktober måned det år fylkestingsvalget er holdt, j.fr. § 17 nr.1 i Kommuneloven. Hver fylkeskommune velger delegater etter samlede innbyggertall i fylket pr. 1.1. i valgåret, etter følgende skala:

| | |
|---|---|
| Inntil 300 000 innbyggere | - 4 delegater |
| 300 001 til 400 000 innbyggere | - 5 delegater |
| 400 001 til 500 000 innbyggere | - 6 delegater |
| 500 001 til 600 000 innbyggere | - 7 delegater |
| 600 001 til 700 000 innbyggere | - 8 delegater |

| | |
|---|---|
| 700 001 til 800 000 innbyggere | - 9 delegater |
| 800 001 til 900 000 innbyggere | - 10 delegater |
| 900 001 til 1 000 000 innbyggere | - 11 delegater |
| 1 000 001 til 1 100 000 innbyggere | - 12 delegater |
| 1 100 001 til 1 200 000 innbyggere | - 13 delegater |
| 1 200 001 til 1 300 000 innbyggere | - 14 delegater |
| 1 300 001 og flere innbyggere | - 15 delegater |

**§ 10 Fylkesmøtet**

Dagens 10.9:

Hver kommune velger representanter med varamedlemmer til Fylkesmøtet på bakgrunn av folketallet pr. 1.1. det år valg til kommunestyret avholdes, etter følgende skala:

| | |
|---|---|
| Inntil 5000 innbyggere | - 1 representant |
| 5001 til 11 000 innbyggere | - 2 representanter |
| 11 001 til 25 000 innbyggere | - 3 representanter |
| 25 001 til 50 000 innbyggere | - 4 representanter |
| 50 001 til 90 000 innbyggere | - 5 representanter |
| 90 001 til 140 000 innbyggere | - 6 representanter |
| 140 001 til 200 000 innbyggere | - 7 representanter |
| 200 001 og flere innbyggere | - 8 representanter |

**Nytt forslag 10.9:**

Hver kommune velger representanter med varamedlemmer til Fylkesmøtet på bakgrunn av folketallet pr. 1.1. det år valg til kommunestyret avholdes, etter følgende skala:

| | |
|---|---|
| Inntil 3000 innbyggere | - 1 delegat |
| 3001 til 10 000 innbyggere | - 2 delegater |
| 10 001 til 20 000 innbyggere | - 3 delegater |
| 20 001 til 30 000 innbyggere | - 4 delegater |
| 30 001 til 40 000 innbyggere | - 5 delegater |
| 40 001 til 50 000 innbyggere | - 6 delegater |
| 50 001 til 60 000 innbyggere | - 7 delegater |
| 60 001 til 70 000 innbyggere | - 8 delegater |
| 70 001 til 90 000 innbyggere | - 9 delegater |
| 90 001 til 120 000 innbyggere | - 10 delegater |
| 120 001 til 150 000 innbyggere | - 11 delegater |
| 150 001 til 180 000 innbyggere | - 12 delegater |
| 180 001 til 210 000 innbyggere | - 13 delegater |
| 210 001 til 240 000 innbyggere | - 14 delegater |
| 240 001 til 270 000 innbyggere | - 15 delegater |
| 270 001 til 300 000 innbyggere | - 16 delegater |
| 300 001 og flere innbyggere | - 17 delegater |

Dagens 10.12:

Fylkeskommunenes representanter til Fylkesmøtet består av fylkesordføreren og 12 fylkestingsmedlemmer eller fylkesråder (j.fr § 3).

**Nytt forslag 10.12:**
Hver fylkeskommune velger representanter med varamedlemmer til Fylkesmøtet blant Fylkestingets representanter og Fylkesrådene på bakgrunn av folketallet pr. 1.1. det år valg til fylkesting avholdes, etter følgende skala:

| | |
|---|---|
| Inntil 300 000 innbyggere | - 13 delegater |
| 300 001 til 400 000 innbyggere | - 14 delegater |
| 400 001 til 500 000 innbyggere | - 15 delegater |
| 500 001 til 600 000 innbyggere | - 16 delegater |
| 600 001 til 700 000 innbyggere | - 17 delegater |
| 700 001 til 800 000 innbyggere | - 18 delegater |
| 800 001 til 900 000 innbyggere | - 19 delegater |
| 900 001 til 1 000 000 innbyggere | - 20 delegater |
| 1 000 001 til 1 100 000 innbyggere | - 21 delegater |
| 1 100 001 til 1 200 000 innbyggere | - 22 delegater |
| 1 200 001 til 1 300 000 innbyggere | - 23 delegater |
| 1 300 001 og flere innbyggere | - 24 delegater |

**§ 11 Fylkesstyret:**
Dagens 11.2:
Det kan velges et felles Fylkesstyre på tvers av fylkesgrensene. Øvre antall fylkesstyremedlemmer kan da økes til 10.

Dagens 11.7:
Fylkesstyret består av fra 6 til 8 medlemmer med varamedlemmer, hvorav en representant med varamedlem valgt av Bedriftsstyret.

**11.2 og 11.7 slås sammen til nytt 11.2, forslag:**
Fylkesstyret består av 7 til 11 medlemmer med varamedlemmer, hvorav en representant med varamedlem valgt av Bedriftsstyret. Dersom man etablerer fylkesstyrer over (de nye) fylkesgrensene økes antall medlemmer til maks 15.

Gunn Marit Helgesen

Fra: Gunn Nikolaisen[Gunn.Nikolaisen@ks.no]
Sendt: 06.03.2019 15:05:55
Til: Lasse Hansen; Tor Magne Fredriksen
Tittel: Høring - Endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting

---

**Til kommuner og fylkeskommuner!**
KS sender med dette forslag til endring av vedtektene for KS som omhandler valg av representanter til Fylkesmøter og Landsting på høring til alle medlemmene og KS Bedrift. Høringen er også sendt fylkesstyrene i KS.

**Høringsfristen er 27.03.19.**

Endring av vedtektene skal behandles på ekstraordinært Landsting i KS 28.05.19.

Spørsmål knyttet til høringen kan rettes til Tor Magne Fredriksen, tmf@ks.no, tlf. 911 59 023.

Med vennlig hilsen

Gunn Marit Helgesen
styreleder

Fra: Jørgen Amdam[jorgen.amdam@volda.kommune.no]
Sendt: 11.03.2019 15:26:41
Til: Sonja Håvik
Tittel: VS: Ønske om samarbeid mellom Volda og Latvia

---

Hei- kan du legge dette fram for FS som orienteringssak?

***Jørgen Amdam***
*ordførar*
*Ordførar*
*Direkte 95463942 Mobil 95463942*
*www.volda.kommune.no*

---

**Fra:** Ødegaard, Kristian <Kristian.Odegaard@mfa.no>
**Sendt:** torsdag 28. februar 2019 15:00
**Til:** Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>
**Kopi:** Dizbite-Ose, Dace <Dace.Dizbite-Ose@mfa.no>; Royal Norwegian Embassy in Riga <emb.riga@mfa.no>; Svanes, Kristian <Kristian.Svanes@mfa.no>
**Emne:** Ønske om samarbeid mellom Volda og Latvia

Kjære ordfører Jørgen Amdam,

**Henvendelse om samarbeidet mellom vennskapskommuner Volda og Saldus.**

Den norske ambassaden i Riga er blitt kontaktet av Lana Radcenko, prosjektleder i den latviske kommunen Saldus. De ønsker å gjenopprette den gode kontakten og samarbeidet med Volda kommune og har bedt oss om hjelp til å formidle henvendelsen til dere.

Volda har vært vennskapskommune med Saldus siden slutten av 90-tallet. Ifølge Lana Radcenko har Saldus tatt imot representanter fra Volda kommune siste gang i 2013. Saldus kommune ønsker nå å delta i et Nordisk-baltisk mobilitetsprogram « Offentlig administrasjon», og jobber med prosjektsøknaden. De ser nye muligheter til å gjenopprette den gode kontakten med Volda kommune innen rammene av dette prosjektet.

Ambassaden besøkte Saldus kommune i januar der vi hadde et møte med ordføreren i Saldus. Jeg hadde da også gleden av å være med på den offisielle åpningen av to nye produksjonsanlegg av norske selskaper - en moderne fabrikk til Ålesundsselskapet Karlsberg og en fabrikk til plastprodusenten Plast-tech. De mange norske selskaper blir sett på som viktige utenlandske investorer i Saldusregionen.
Det er en imponerende maritim klynge av norske selskaper i Saldus, mange av bedriftene har sitt utspring fra Sunnmøre. Gjennom investeringer og utvikling av lokal industri bidrar Norge til verdiskaping, velferd, sysselsetting og utvikling i denne regionen. Vi besøkte i januar også en videregående skole i Saldus hvor det blir undervist i norsk språk.

Vi ser fram til en reaksjon fra dere på henvendelsen fra Saldus, og kan evt. sette dere i kontakt med representanter fra Saldus kommune.

Med vennlig hilsen

Kristian Ødegaard
Ambassadør
Den norske ambassade I Riga
Email: kristian.odegaard@mfa.no
Tel: +371 67 81 41 00
Mobil: +371 26599565
www – Facebook – Campaign page

02_NOUNSC_PINK__PAY_OFF_241

Dace Dižbite - Ose
Rådgiver – næringsliv og EØS - midlene
Royal Norwegian Embassy, Riga
Mobile: +371 27863687
Office: +371 678 14 100
www – Facebook - Twitter

02_NOUNSC_PINK__PAY_OFF_241

ØRSTA KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE v/ordførar

Stormyra 2
6100 VOLDA

| Saksnr | Løpenr. | Arkiv | Saksansvarleg | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2019/217 | 1992/2019 | Q14 | INGLOE | 08.02.2019 |

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - VOLDA KOMMUNE OM BRØYTING I ADALEN

**Saksprotokoll- Ørsta formannskap - 05.02.2019**

**Handsaminga** (8 r.f.)

Saka vart drøfta.

Ørsta formannskap meinte at dette er ei oppgåve for Statens vegvesen.

Det vart ikkje gjort vedtak om støtte til brøyting av Aldalen

Med helsing

Inger Johanne E. Løeng
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

politisk sekretariat
www.orsta.kommune.no

Postadresse: Dalevegen 6, 6153 Ørsta
E-post: postmottak@orsta.kommune.no
Telefon: 700 49 700

Org. nr: 939 461 450
Bankgiro: 3992.07.30144

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

ØRSTA KOMMUNE

Dalevegen 6
6153 ØRSTA

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2018/1867 | 1508/2019 | Q14 | SVK/ BENTKRO | 28.01.2019 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - BRØYTING AV ALDALEN JANUAR - MARS 2019**

Vi melder med dette frå at Volda formannskap den 22.01.19, hadde føre ovannemnde som sak 7/19, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Vegen over Aldalen vert halden open så lenge det fins midlar frå Statens vegvesen og Volda og Ørsta kommunar. Når desse midlane er brukt opp, vert vegen stengt.***
2. ***Volda kommune løyver inn til 50.000 kr. frå formannskapet sin disposisjonskonto til å halde vegen over Aldalen open.***
3. ***Volda kommune har ikkje kompetanse til å vurdere skredfare. Føresetnaden for å halde oppe vegen etter punkt 2 er at Statens Vegvesen tek ansvar for å vurdere skredfare.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel
konsulent
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*
Kopi til:
Edvin Løfoll
Kari Mette Sundgot
Rune Totland


Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058887 Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Edvin Løfoll | Arkivsak nr.: | 2018/1867 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | Q14 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 7/19 | Formannskapet | 22.01.2019 |

**BRØYTING AV ALDALEN JANUAR - MARS 2019**

***Administrasjonen si tilråding:***

1. *Vegen over Aldalen vert halden open så lenge det finst midlar frå Statens vegvesen. Når desse midlane er brukt opp, vert vegen stengd.*

2. *Volda kommune har ikkje kompetanse til å vurdere skredfare. Føresetnaden for å halde oppe vegen etter punkt 1 er at Statens Vegvesen tek ansvar for å vurdere skredfare.*

## *Handsaming:*

Malvin Kile frå teknisk sektor var tilstades for orientering og svare på spørsmål.

**Frå ordførar Jørgen Amdam:** Forslag til vedtak i sak 7/19

1. Volda kommune løyver inn til 50.000 kr. frå formannskapet sin disposisjonskonto til å halde vegen over Aldalen open.
2. Vegen over Aldalen vert halden open så lenge det fins midlar frå Statens vegvesen og Volda og Ørsta kommunar. Når desse midlane er brukt opp, vert vegen stengt.
3. Volda kommune har ikkje kompetanse til å vurdere skredfare. Føresetnaden for å halde oppe vegen etter punkt 2 er at Statens Vegvesen tek ansvar for å vurdere skredfare.

Gunnar Strøm foreslo å snu om på pkt. 1 og 2. Formannskapet samla seg om den endringa.

**Røysting (9 røysteføre)**:

Ved røysting fekk ordførar sitt framlegg 9 røyster og adm.si tilråding fall.

## *Samrøystes vedtak i Formannskapet - 22.01.2019*

1. ***Vegen over Aldalen vert halden open så lenge det fins midlar frå Statens vegvesen og Volda og Ørsta kommunar. Når desse midlane er brukt opp, vert vegen stengt.***
2. ***Volda kommune løyver inn til 50.000 kr. frå formannskapet sin disposisjonskonto til å halde vegen over Aldalen open.***
3. ***Volda kommune har ikkje kompetanse til å vurdere skredfare. Føresetnaden for å halde oppe vegen etter punkt 2 er at Statens Vegvesen tek ansvar for å vurdere skredfare.***

**Vedleggsliste:**
Avtale mellom SVV og Volda kommune fram til 21 desember 2018.

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Statens vegvesen (SVV) si utbetring av E39 gjennom Rotsethorntunellen medfører stenging på natt, med tilhøyrande kolonnekøyring til faste tider. Fram til 21 desember 2018, hadde SVV og Volda kommune (VK) skriftleg avtale om brøyting der VK nytta sine entreprenørar til dette etter rekning mot SVV. Kostnader til dette vart i si heilheit dekt av SVV. SVV hadde ikkje ønske om å lenge denne avtalen, men har etter påtrykk frå grendalag løyvd kr 100.000,- (ink.mva.) for brøyting av vegen framover i 2019. Det har kome kostnader etter 21 desember som belastar denne nye løyvinga, men desse er svært låge enno. Men dersom det vert eit år i nærleiken av normale tilhøve, vil ikkje dette beløpet dekke kostnadene med å halde vegen open.

**Saksopplysningar/fakta:**
Grunna desse endringane må det difor anten løyvast pengar frå Volda ( ev. også Ørsta kommunar i tillegg til løyvingane frå SVV), eller gjerast framlegg om å stenge vegen etter at løyvingane frå SVV er brukte. VK allereie har fakturert SVV for mellom 170 – 190.000,- etter avtalen som gjekk fram til 21 desember. Både VK og Ørsta kommune har tidlegare vedtak om å halde vegen vinterstengd.

Vidare må det gjerast vedtak i begge kommune (Volda og Ørsta) om å løyve midlar, alternativt halde vegen open så lenge midlane frå SVV strekk til for deretter å stenge.
Ørsta kommune opplyser at dei har ein avtale med SVV om at vegen kan disponerast av SVV fram til 15 april 2019, der føresetnaden er at SVV dekkjer alle kostnader.

Vidare ønskjer administrasjonen at ein får SVV til å halde fram med å ta ansvar for vurdering av ras og opning/stenging av vegen knytt til denne risikoen. Dette var med i avtalen mellom SVV og VK, som gjekk ut 21 desember. Ingen av kommunane har kompetanse eller ordningar for slik kompetanse som er gode nok til å ta dette ansvaret i dag. Dette medfører både kostnader og intern/ekstern ressursbruk, noko vi ikkje har lagt til rette for i dag.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er Statens Vegvesen sitt arbeid i Rotset-tunellen som utløyser denne saka. Rotset-tunellen er ein del av riksveg E 39 som ligg under Statens Vegvesen sitt ansvar. Statens Vegvesen er ansvarleg for at tunellen er open i tilstrekkeleg grad for å ivareta samfunnet sin interesser utover behov i beredsskapssamanheng. Dette har Statens Vegvesen gjort, og grendelaget i Hjartåbygda har ynskje om eit betre tilbod.

Saka handlar om Volda kommune skal bruke av eigne ressursar for å opne opp for eit betre tilbod enn det staten som vegeigar har lagt opp. Dette vil i så fall måtte løysast ved å halde Aldalen vinteropen som alternativ veg om natta når tunellen er stengt.

VK har lagt opp til store investeringar i åra som kjem. I økonomiplanperioden er det lagt opp til kr 633 mill eks mva i investeringar og auka kapitalkostander på om lag kr 30 mill. Det vert ein formidabel jobb å nå innsparingskravet på ca 40 mill for å forrente kapitalkostnadene og

dekkje inn driftsbalansen i perioden. Ein bør lage seg økonomiske køyrereglar der ein som prinsipp ikkje bør opne opp for tilleggsløyvingar for å auke aktiviteten og ein bør leggje utgiftsnivået på det som vert vurdert som godt nok.

Ut frå slike føresetnader vurderer ikkje rådmannen det slik at Volda kommune bør påta seg ansvar utover det staten har vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta samfunnet sitt behov for tilgjengelegheit langs E 39 gjennom Rotset-tunellen i anleggsperioden.

Volda formannskap kan vurdere dette annleis, og ordførarane i Volda og Ørsta har signalisert gode intensjonar og forhandla med Statens Vegvesen om ei løysing for å halde Aldalsvegen vinteropen.

Rådmannen ser to moglege alternativ til løysing:

A) Halde vegen open så langt Statens Vegvesen si løyving held.
B) Halde vegen open heile vinteren gjennom at Volda kommune dekkjer kostnadene utover løyvinga frå Statens Vegvesen. Dekning ved bruk av formannskapet sin reservepost ved budsjettkorrigering i mai.

Ut frå ei samla vurdering finn administrasjonen å rå til at ein held vegen open så lenge det finst midlar frå SVV ( kr 80.000,- eks.mva.) for deretter å stenge vegen fram til vintersesongen er over.

Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.

**Økonomiske konsekvensar:**
Svært vanskeleg å stipulere, men truleg mellom kr 50.000,- og 150.000,- (eks.mva.) som eit minimum. Dette vil i alle høve vere avhengig av kva verforhold det kan verte utover vinteren.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Dersom ikkje SVV skal ha ansvaret for rasvurdering samt stenging/opning av vegen, vil dette medføre ein god del bruk av eigne ressursar samt usikkerheit i samband med vurderingar. VK har ikkje den kompetansen som trengs for å gjere gode vurderingar i høve rasfare.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Økonomiavdelinga
Ørsta kommune
Teknisk sektor

# VOLDA KOMMUNE
## Rådmann

Telenor

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2019/155 | 4181/2019 | N64 | ADM/ PAUTOR | 14.03.2019 |

**TILBAKEMELDING PÅ VARSEL OM NEDLEGGING AV TELESENTRALAR I VOLDA KOMMUNE**

Telenor varsla nedlegging av telesentralane for Bjørkedalen og Straumshamn i samband med modernisering av infrastrukturen, brev motteke: 24.01.2019 og 04.03.2019.

Begge brev varslar nedlegging 31.12.2020, og i det siste brevet er det lagt til varsel om slutt på feilretting frå og med 01.05.2019, altså eit og eit halvt år før nedlegging.

Det er i dag ingen erstatningar for koparnettverket som stettar beredskapsbehov. Til dømes er mobilnettverket svært ustabilt, ref. brev frå Stramshamn grendeutval og Bjørkedal grendelag, datert 10.03.2019.

Kommunen meiner det ikkje er akseptabelt og heller ikkje forsvarleg med stopp av feilretting så lenge sentralen skal vere i drift og abonnentane ikkje har alternative løysingar. Sentralane må vere operative heilt fram til nedleggingsdato.

Kommunen ber difor Telenor om å utsetje stopp av feilretting og nedlegging av telesentralar til det er etablert nettverk som stettar krav for beredskap, samt behova til innbyggjarar og næringsliv. Kommunen ber og om dialog i samband med Telenor si plan for sanering av alle telesentralar i Volda kommune, og ønskjer difor eit informasjonsmøte som tilbydd.

Kommunen har høg prioritet på utbygging av høghastigheitsnett til alle innbyggjarar og har pågåande utbygging av stamnett-fiber i tre område:

- Volda-Grodås langs E39
- Volda-Folkestad
- Volda-Lauvstad

Kommunen har fått tildelt midlar frå NKOM hausten 2019 for etablering av høghastigheitnett for områda Austefjorden lags E39 og Dravlaus. Kommunen vil og søkje om midlar frå NKOM no i 2019.


Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda | postmottak@volda.kommune.no Telefon: 902 09 297 | www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946 | Bankgiro: 3991.07.81727

Alt dette samla bør vere nok til å gje Telenor tryggheit i framdrifta og vere nok til at dykk utset nedlegging.

Telesamband er avgjerande viktig for innbyggjarane si tryggheit, og breiband infrastruktur er avgjerande for utviklinga i eit lokalsamfunn. Vi går ut frå at dette er noko de er klar over ettersom de opnar for dialog/møte om saka. Vi ynskjer at slikt møte vert halde saman med representantar frå grendelaga på Straumshamn og Bjørkedalen. Vi foreslår følgjande alternative datoar: 25.03, 29.03, 01.04, eller 05.04, og at møtet vert halde i Volda rådhus.

Vi ber om snarleg attendemelding.

Ettersom nedlegging av telesentralane har konsekvensar for beredskapen finn vi det naturleg å orientere fylkesmannen i Møre og Romsdal om dykkar planar.

Med helsing

Paul Ottar Tornes
prosessleiar digitalisering

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:
Kontaktperson for grendalaga - Hans Peter
Eidseflot
Bjørkedal grendalag
Straumshamn grendautval
FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL Postboks 2520 6404 MOLDE
Formannskapet i Volda kommune
Jørgen Amdam